



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 28.04.2016
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til politisk sekretariat om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Orientering av Jostein Støylen om Kontrollutvalet.

Fosnavåg, 21.04.16

Arnulf Goksøyr
ordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 51/16	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 52/16	Protokoll frå førre møte.
PS 53/16	Delegerte saker
PS 54/16	Referatsaker
PS 55/16	Intensjonsavtale mellom Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven.
PS 56/16	Oppretting av Bemanningsteam i pleie- og omsorg, med prøveprosjekt på Myrvåg omsorgssenter
PS 57/16	Økonomisk avslutning - 51152 - Veg over Kleppeåsen
PS 58/16	Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad - slutthandsaming
PS 59/16	Klage på vedtak - Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av FV 10 Moltustranda
PS 60/16	Avvikling av Dragsundbygg IKS - overtaking av selskapet
PS 61/16	Tilstandsrapport for grunnskulen 2015
PS 62/16	Leigesatsar Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016
PS 63/16	Fosnavåg kino - auke stillingsheimel
PS 64/16	Årsmelding for kontrollutvalet 2015
PS 65/16	Plan for reduksjon i driftsutgifter/nedbemanning.
PS 66/16	Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015 - Statusrapportering
PS 67/16	Val av varamedlem i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019
PS 68/16	Fritak frå politiske verv - Bjørnar Torvholm Sævik
PS 69/16	Val av politiske representantar til Fosnavåg Konserthus AS

Delegerte saker frå avdelingane

DS 85/16	Gnr 5 m.fl - Frådeling av tomter til utbyggingsformål
DS 86/16	Gnr 76 Bnr 38 - Frådeling av eksisternade nausttomt
DS 87/16	Marine Harvest Eggesbønes AS 38/285- Løyve til riving av tilbygg og etablering av parkeringsplass
DS 88/16	Jostein Nærø - 24/88 - fasadeendring
DS 89/16	Gudjon Ørn Emilson - 37/387 - garasjebygg
DS 90/16	Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Mellombels bruksløyve
DS 91/16	Jan Helge Langberg - 81/24 - Garasje
DS 92/16	Ferdigattest rehabilitering skorstein - 37/146
DS 93/16	Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Ferdigattest
DS 94/16	Jan Petter Osnes - 31/86 - Garasje
DS 95/16	Storneset grannelag 56/29 - Løyve til oppføring av gapahuk
DS 96/16	Redningsselskapet - 34/1 - Flytebrygge
DS 97/16	Martin Bøe - 16/134 - Garasje
DS 98/16	Per Ola Kleppe - 83/1 - Ombygging/fasadeendring
DS 99/16	Ferdigattest 31/112
DS 100/16	Sigmund Aksnes - 56/61 og 106 - Garasjebygg
DS 101/16	Ferdigattest naust i rekke 54/71
DS 102/16	Elisabeth Gigernes - 27/79 - tilbygg
DS 103/16	Herøy kommune 83/18,19 Rammeløyve for oppføring av tilbygg og igangsetjing av grunn- og rivingsarbeid
DS 104/16	Geir Kleppe - 86/2 - Redskapsbod
DS 105/16	Herøy kommune 34/84 - Løyve til oppføring av støttemur
DS 106/16	Ferdigattest - 31/188 - heile prosjektet
DS 107/16	Herøy kommune 83/18,19 - Igangsetjingsløyve for oppføring av tilbygg til Leikanger skule

DS 108/16	Westplast AS 25/47 - Igangsetjingsløyve for utlegging av betongflåte
DS 109/16	Ferdigattest - tilbygg 50/13
DS 110/16	Lidvar Husøy - 46/82 - Støttemur og terrasse
DS 111/16	Vidar Knotten - 35/159 - Tilbygg
DS 112/16	Terje Hungnes - 16/84 - Naust, kai og flytebrygge
DS 113/16	Skotholmen as - 11/162 - Riving av bygg

Referatsaker

RS 11/16	Særutskrift AMU-sak 4/16 - Årsrapport AMU 2015
RS 12/16	Særutskrift AMU-sak 5/16 - Sjukefråvær 3. tertial og heile 2015
RS 13/16	Orientering om vedtak i Samferdselsutvalet 03.02.2016
RS 14/16	Særutskrift - K-sak 48/16. Endring av valdag for folkerøysting om kommunereform
RS 15/16	Møteprotokoll 29.02.16
RS 16/16	Orientering om rammeavtale grunnentreprenørtenester
RS 17/16	Utskrift frå møteboka sak 05/16
RS 18/16	Spørsmål i kommunestyret - Sal av kommunale eigedomar

PS 51/16 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 52/16 Protokoll frå førre møte.

PS 53/16 Delegerte saker

PS 54/16 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
70/16	Formannskapet	19.04.2016
55/16	Kommunestyret	28.04.2016

INTENSJONSAVTALE MELLOM HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN OG VANYLVEN.

Møtebehandling:

Uttale frå Fagforbundet i Herøy kring intensjonsavtalen «Runde kommune» vart delt ut i møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Kommunestyret vedtek å legge intensjonsavtalen datert 30.03.2016 fram for folkerøysting 19.mai.

Tilråding:

Kommunestyret vedtek å legge intensjonsavtalen datert 30.03.2016 fram for folkerøysting 19.mai.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune	postboks 2500	6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	postboks 2520	6404 MOLDE
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060 HAREID
Ulstein kommune	Postboks 143	6067 ULSTEINVIK
Sande kommune		6084 LARSNES
Vanylven kommune	Rådhuset	6143 FISKÅ

Vedlegg

- 1 Intensjonsavtale for Hareid, Herøy, Sande, Ulstein og Vanylven
- 2 Økonominotat for YSS 4.4.2016
- 3 Fellesnemnd for YSS

Saksopplysningar:

Det vert vist til tidlegare kommunestyresaker om kommunereforma

- Kommunestyremøte 19.6.2014, K-sak 80/14
- Kommunestyremøte 17.12.2014, K-sak 170/14
- Kommunestyremøte 28.5.2015, K-sak 68/15
- Kommunestyremøte 25.6.2015, K-sak 84/15
- Kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 7/16
- Kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 8/16
- Kommunestyremøte 17.3.2016, K-sak 48/16

Den formelle oppstarten med arbeidet av kommunereform starta med brev av 27. august 2014 frå statsråd Jan Tore Sanner, der kommunane blir bedt om å ta del i prosessar med sikte på å vurdere og avklare om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar – målet for kommunereforma er uttrykt slik:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane våre
- Heilskapeleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og robuste kommunar
- Styrke lokaldemokratiet og gje større kommunar fleire oppgåver

Arbeidet med kommunereforma var inndelt i tre fasar:

- Oppstartsfasen 2014 (hausten)
- Utgreiingsfasen 2015
- Beslutningsfasen 2016 (våren)

Vurdering og konklusjon:

Forhandlingsutvalet for Herøy kommune fekk i kommunestyremøte 28.1.2016, K-sak 7/16, fylgjande mandat: *Herøy kommunestyre gir forhandlingsutvalet mandat til å forhandle fram ein intensjonsavtale både med Sande åleine og med Hareid, Ulstein, Sande og Vanylven om å danne ein ny kommune.*

Forhandlingsutvalet vart nedsett 10.12.2015, K-sak 202/15, og har bestått av Arnulf Goksøyr, Camilla Storøy, Svein Gjølseth og rådmann. Solveig Båtsvik, Ann-Kathrin Storøy og Kjell Runde har vore vara til utvalet

I perioden 16.12.2015 t.o.m. 30.3.2016 har det i alt vore 7 møter med alle forhandlingsutvala. I tillegg har det vore 5 arbeidsmøter i styringsgruppa beståande av ordførarane med vekselvis deltaking av rådmennene. Rådgjevar Per Ivar Lied får Sunnmøre Regionråd har vore tilretteleggar og møteleiar. Frå mars, då forhandlingane gjekk over i «reelle forhandlingar», har Lied hatt status som forhandlingsleiar.

Referat frå møta har blitt publisert på Herøy kommune si heimeside.

I møte 30.3.2016 i Ulsteinvik vart endeleg framforhandla intensjonsavtale signert av alle ordførarane på vegne av sine kommunar.

Herøy sitt forhandlingsutval har fungert godt og bidrege målretta mot å få fram ein best mogleg intensjonsavtale.

Det vert tilrådd at kommunestyret i Herøy legg intensjonsavtalen datert 30.3.2016 ut til folkerøysting 19.mai.

Fosnavåg, 11.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn



RUNDE KOMMUNE

INTENSJONSAVTALE HAREID, HERØY,
ULSTEIN,SANDE,VANYLVEN

Runde kommune skal vere

- ***ein global spydspiss for havbasert verdiskaping***
- ***den mest attraktive kommunen å busette seg i på Sunnmøre***

gjennom

- ***attraktive og definerte tettstadar og bustadområde***
- ***ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad***
- ***eit framifrå kultur- og idrettsmiljø***

Forhandlingsutvala i dei fem kommunane

Innhald

1. Innleiing.....	2
2. Visjon.....	2
3. Samfunnsutvikling.....	3
4. Kommunal organisering.....	4
5. Målform.....	5
6. Gode tenester.....	5
7. Arbeidsgjevarpolitikk/tilsette.....	5
8. Lokaldemokrati.....	6
9. Kommuneøkonomi.....	6
10.Fellesnemnd.....	6
11.Innbyggjarinvolvering.....	7
12.Verdiar i det vidare arbeidet.....	7

1. Innleiing

Stortinget har vedtatt å gjennomføre ei nasjonal kommunereform der alle kommunar skal utgreie alternativ til dagens struktur.

Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid har som intensjon å danne ein ny felles kommune frå 1.januar 2020 - Runde kommune. Det er kommunestyra som avgjer om kommunane skal slå seg saman eller ikkje, etter dialog med og medverknad frå innbyggjarane.

Måla for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er berekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

Dei fem kommunane er for dei fleste ein kvardagsregion med felles bu- og arbeidsmarknad, høg pendlingsfrekvens mellom kommunane, relativt korte avstandar, og sterke samhandlande næringsklynger. Kommunane har allereie i dag eit omfattande interkommunalt samarbeid. Ei samanslåing kan i tillegg gi ei rekkje mulegheiter og gevinstar:

- betre politisk samordning og overordna prioritering
- betre strategisk og administrativ styring
- større samla innovasjonskraft
- betre utnytting av dei einskilte geografiske områda sin eigenart og preferanse
- større kraft som samfunnsutviklar
- gi kommunen fleire oppgåver og større mynde
- solide fagmiljø, robuste og fleksible tenester
- kostnadseffektivitet

2. Visjon

Runde kommune skal vere nyskapande og attraktiv, med lokal identitet og regional slagkraft. Vi skal vidareutvikle kommunen som global spydspiss for havbasert verdiskaping.

Prioriterte mål

- *den mest attraktive kommunen å busette seg i på Sunnmøre*
- *samordna innsats, større handlekraft og omstillingsevne på alle område*
- *bygge ut viktig infrastruktur, betra kollektivtilbod, større samordna satsing på næringsutvikling, nye og eksisterande arbeidsplassar,*
- *yte tenester av god kvalitet nær innbyggjarane, utvikle sterke fagmiljø og arbeidsplassar i alle kommunedelsenter, ha eit aktivt forhold til tenesteinnovasjon og ny velferdsteknologi*
- *samarbeid mellom kommune, vidaregåande skular og høgare utdanning*
- *eit levande lokaldemokrati der innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar har reell medverknad*
- *sunn økonomi og effektiv kommunal drift*
- *arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av tillit, respekt, rausheit og likeverd*

3. Samfunnsutvikling

Runde kommune skal vere den mest attraktive kommunen å busette seg i på Sunnmøre gjennom attraktive og definerte tettstadar og bustadområde, ein interessant og mangfaldig arbeidsmarknad og eit framifrå kultur- og idrettsmiljø.

Attraktive tettstadar blir vurdert som ein føresetnad for vidare vekst og utvikling. Sterke teneste- og næringsklynger i Fiskå, Larsnes, Fosnavåg, Ulsteinvik og Hareid vil vere ein fordel for omlandet og bygdene rundt. Både små og store tettstadar og bygder skal bestå, og utvikle seg ut frå sin eigenart og potensiale. Ein felles samla kommune vil ha ei heilt anna utviklingskraft dei neste tiåra gjennom felles planverk, økonomisk handlekraft, større fleksibilitet og handlingsrom, meir areal til bustad og næring og koordinert utbygging av infrastruktur i heile kommunen.

Samordna innsats, større handlekraft og omstillingsevne. Sentralisering har vore ei konstant utfordring dei siste tiåra og er ein del av samfunnsbildet. Uavhengig av framtidig kommunestruktur vil sentralisering, demografi og manglande tilflytting vere ei utfordring også i tiåra som kjem. Ein større kommune kan møte desse utfordringane offensivt med samordna innsats, større handlekraft og omstillingsevne.

Dei vidaregåande skulane og høgskule/universitet er viktige for kompetansebygging og samfunnsutvikling. Runde kommune vil aktivt støtte opp under eit breitt tilbod av vidaregåande opplæring. Kommunen ønsker eit aktivt samspel med fylkeskommunen og høgskulane i Volda og Molde og NTNU Ålesund. Regionale utdanningsinstitusjonar er viktig for sikre tilflytting til regionen og rekruttering til arbeidslivet.

Strategi

Runde kommune skal løfte fram eit felles planverk med ledig næringsareal i heile kommunen, og med attraktive buareal, slik at næringslivet får tak i arbeidskrafta dei treng. Kommunen skal ha fokus på nyskaping og samhandling med næringsliv og utdannings- og forskingsinstitusjonar, slik at vår region i sterkare grad vinn fram i konkurransen om kapital og arbeidskraft. Slik kan Runde kommune

- *ta rolla som leiande regional samfunnsutviklar og fremje funksjonelle tettstadar med god infrastruktur og kommunikasjon i alle delar av kommunen*
- *vere eit kraftsenter for IKT og teknologi. Samarbeide med næringslivet for å skape eit innovativt IKT-miljø for å utvikle arbeidsplassar på sikt*
- *yte tenester av god kvalitet til innbyggjarane, utvikle sterke fagmiljø, og varierte og framtidsretta arbeidsplassar til begge kjønn*

Tiltak:

- Bygge ut viktig infrastruktur: Sande fastlandssamband, Rovdefjordsambandet (Kystvegen) og HAFast (E-39) må realiserast snarast råd. Inntil alle er landfaste er målet døgntinuerlege ferjesamband. Arbeide for å utbetre hovudtransportårene og fjerne flaskehalsar i kommunen. Prioritere vidare utbygging av digital infrastruktur.
- Kollektivtilbodet må styrkast gjennom betre samordning og frekvens. Viktige transportaksar og knutepunkt må identifiserast og prioriterast. Stad skipstunell vil muleggjere ny kysthurtigbåtrute mellom Bergen og Ålesund. Oppretthalde samfunnsbåten/pendlarruta i Sande til fastlandssambandet er realisert.

- Arbeidsplassar og næringsutvikling: Større koordinert satsing på risikokapital, gründerveiledning, attraktive næringsareal, infrastruktur, samarbeid næringsliv-skule, og samfunnsplanlegging. Den nye kommunen må saman med næringsliv og utdannings- og forskingsinstansar utvikle gode næringsplanar, herunder marin næringsplan. Reiselivet i regionen har stort potensiale som kan gi positive ringverknader i ei samordna satsing, f.eks ved å utvikle ei klynge for kystturisme.
- Den nye kommunen skal legge til rette for å styrke dagens handels- og tettstadar. Tiltak kan vere tettstadsutviklingsplanar med disponible investeringsmidlar til å gjennomføre tiltak for auka trivsel og bulyst i alle sentra.
- Tenesteinnovasjon: Ein større kommune med tyngre fagmiljø vil kunne sette av økonomiske og personalmessige ressursar til å drive tenesteinnovasjon innan fleire tenester, og slik utvikle og førebu kommunen for framtida.
- Aktiv dialog med fylkeskommunen og næringsliv for å sikre samfunnsrolla til dei vidaregåande skulane i Ulstein, Herøy og Vanylven. Arbeide for å fornye og utvikle studietilbod og skulane.

4. Kommunal organisering

Målet med Runde kommune er å skape ein ny sterk organisasjon for å utvikle regionen i samspel med næringslivet og frivillig sektor inn i framtida. Både tettstadar og bygder skal ta del og finne sin plass i ei heilskapleg utvikling. Runde kommune vil vere ein stor arbeidsplass med om lag 2500 tilsette der dei aller fleste har sitt arbeid spreidd på ulike stadar som i dag. Dei kommunale tenestene og dermed arbeidsplassane skal vere nær brukarane, samtidig som dei tilsette vil vere del av eit større og meir robust fagmiljø med spesialiserte tenester tilgjengelege.

Følgjande prinsipp vil ligge til grunn for Runde kommune:

- *Kommunesenteret og rådhuset skal leggjast til Myrvåg. Her skal den strategiske leiinga med ordførar, rådmann og rådmannen sitt leiarteam, samt andre strategiske stabsfunksjonar, vere lokaliserte. Øvrige fagstillingar og stabsfunksjonar skal fordelast mellom dei andre kommunedelsentra. Fagstillingane og fagleg leiing skal i størst muleg grad vere lokaliserte på eller nær tenestestaden.*
- *Basistenestene (barnehage, SFO, skule, kulturskule, eldreomsorg, legesenter, helsestasjonar, bibliotek, servicetorg, symjebasseng) skal i hovudsak vere plasserte som i dag.*
- *Spesialiserte fagmiljø/mellomleiing som ikkje er lagt til Myrvåg vert fordelt slik: Hareid 20%, Ulstein 25%, Herøy 25%, Sande 15% og Vanylven 15%. Politisk og administrativ leiing i Myrvåg skal ikkje vere ein del av dette reknestykket. Dette skal samle og styrke fagmiljøa, samstundes som alle kommunedelsentra får viktige kompetansearbeidsplassar og eit ansvar som dei forvaltar for heile kommunen.*

Fellesnemnda (kap 8) skal innan 2019 føreslå konkret tenesteorganisering etter ein grundig prosess der alle kommunane, arbeidstakarorganisasjonar og politisk nivå er involvert. Fellesnemnda skal også ta stilling til om **krinsgrensene** skal endrast for best muleg å møte venta folketalsutvikling vurdert mot eksisterande tenesteorganisering, samt vurdere normer for minimums- og maksimumsavstandar til barnehagar og skular.

Tenester og oppgåver som i dag er organiserte i **interkommunalt samarbeid** må vurderast der siktemålet er at flest muleg av desse oppgåvene skal løysast av den nye kommunen.

5. Målform

Språk er og skaper identitet. Runde kommune skal ha nynorsk som målform. Den nye kommunen skal ha ein medviten språkbruk og ha ein eigen språkbruksplan.

6. Gode tenester

Kommunen skal vektlegge å gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane i den nye kommunen. Kommunal tenesteyting som barnehagar, skular og omsorgstenester skal framleis vere lokaliserte i nærleiken av der folk bur.

Runde kommune skal harmonisere dagens tenester i dei fem kommunane, og vidareføre kvalitativt gode tenester på ein koordinert måte for heile regionen. Den nye kommunen skal utvikle tenestene slik at dei møter utfordringane i framtida.

Runde kommune skal bidra til å vidareføre eit omfattande idretts- og kulturtilbod som blir drive av frivillige lag, organisasjonar og kyrkja. Den samla frivillige innsatsen er avgjerande for innbyggjarane og lokalsamfunna, og avlastar kommunen på sine ansvarsområde. Runde kommune skal vidareføre satsing på, og tilrettelegging for, det lokale frivillige arbeidet.

Strategi og tiltak

- *Innbyggjarane i kommunen skal oppleve kvalitativt gode tenester der dei bur*
- *Utvikle nye eller ta over tenester som ein tidlegare ikkje har klart i eigen regi*
- *Innovasjon og ny velferdsteknologi i kommunal service og tenester*
- *Utvikle likeverdige tenester lett tilgjengeleg for brukarane, der kvalitet, økonomi, nyskaping og berekraft står sentralt*
- *Bygge solide fagmiljø i alle delar av kommunen.*
- *Vidareføre det gode samarbeidet med frivillig sektor og støtte til idrett og kultur*

7. Arbeidsgivarpolitikk/ tilsette

Den nye kommunen skal ha ein tydeleg, raus og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal gjennomførast i ein god prosess og i nært samarbeid med dei tillitsvalde og medarbeidarane. Ein ny kommune skal vidareutvikle dei inspirerende fagmiljøa, og sikre ein godt innretta organisasjon for å realisere visjon, mål og gode tenester.

Strategi og tiltak

- *Alle tilsette sine noverande rettar vert aksepterte i ein ny kommune i samsvar med lov- og avtaleverk.*
- *Over tid er det naturleg å ta ut effektiviseringsgevinstar gjennom naturleg avgang for å frigjere ressursar til utvikling og tenesteproduksjon. Likevel skal ingen tilsette måtte slutte som følgje av kommunereforma.*
- *Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP, SPK eller kommunal pensjonskasse*
- *Fellesnemnda skal lage eit omstillingsdokument som harmoniserer ulike reglement*

8. Lokaldemokrati

Engasjement, deltaking og ei kjensle av å ha påverknad er avgjerande for eit levande lokaldemokrati. Politikarane i den nye felleskommunen må tenkje heilskap og langsiktig utvikling. Ei større kommune kan gi visse utfordringar for nærdemokratiet. God lokal forankring i ein større kommune krev at ein politisk og administrativt er aktiv overfor innbyggjarane. Dette kan gjerast til dømes ved å etablere kommunedelutval, digitale plattformer eller andre gode involveringsmåtar. Den nye kommunen skal ha ein organisasjonsmodell, politisk og administrativt, som fremjar eit levande lokaldemokrati, muleggjere medverknad, og evne til omstilling og innovasjon.

Strategi og tiltak

- *Runde kommune skal vere organisert etter formannskapsmodellen (som dagens kommunar). I første periode skal kommunestyret ha 47 medlemmar og formannskapet 15.*
- *Vurdere ei ordning med kommunedelutval med direkte val etter § 12 Kommuneleva. Det må drøftast nærare kva delegasjon/ økonomimynde som skal ligge til desse utvala.*
- *Aktivt involvere eit breitt samansett Ungdomsråd i den nye kommunen.*
- *Kommunen skal stå for ein meir aktiv kommunikasjon gjennom nye digitale plattformer, fleire folkemøter, innbyggjarundersøkingar, formannskapshøyringar, og liknande. Det skal utgreiast konkrete løysingar for e-demokrati i den nye kommunen.*
- *Vurdere frikjøp for politikarar for sikre balanse til administrasjonen.*
- *Kommunen er avhengig av og skal støtte den frivillige innsatsen. Utvide ansvaret til politisk sekretariat til også å ivareta /engasjere frivillig sektor*

9. Kommuneøkonomi

Runde kommune skal ha ein sunn økonomi, drive effektivt og levere gode tenester. I perioden fram mot samanslåing pliktar kommunane å utøve ei forsvarleg drift. Kommunane skal ta kollektivt ansvar for gode prosessar og føreseielege handlingar, og må i fellesskap ta stilling til prosjekt som belastar drifta etter samanslåing. Etter 2020 vil eit nytt felles kommunestyre ha ansvaret for økonomiske prioriteringar basert på felles og heilskapleg utvikling.

Strategi og tiltak

- Alle fem kommunane skal levere positive driftsresultat og arbeide kontinuerleg med naudsynte omstillings- og effektiviseringsprossar.
- Nivå for kommunale avgifter og brukarbetalingar blir harmonisert frå 2020.
- Runde kommune skal ha ein sunn økonomi utan eigedomsskatt
- Kommunane skal rapportere viktige økonomital til kvarandre gjennom tertialrapportar, og ha tett dialog omkring vesentlege endringar i driftsnivå, gjeldsnivå og om investeringar som har netto kostnad inn i perioden for ny kommune.

10. Fellesnemnd

Fellesnemnda har etter Inndelingslova §26 ansvar for å samordne og førebu samanslåinga i perioden frå det er gjort endeleg vedtak i Stortinget våren 2017 og fram til samanslåinga vert sett i verk 1. januar 2020. Kommunestyra veljer etter lokale vedtak om samanslåing tre medlemmar kvar til eit samordningsutval som fungerer fram til Fellesnemnda formelt er valt.

Kommunane skal oppnemne tre medlemmar frå kvar kommune til Fellesnemnda. Dei konkrete arbeidsoppgåvene til Fellesnemnda skal vedtakast av kvart kommunestyre som likelydande tekst. Det operative arbeidet skal utførast av ein prosjektorganisasjon utifrå ein prosjektplan. Dei tilsette vil ha medverknad gjennom eit nytt partssamansett utval for den nye kommunen.

11. Innbyggjarinvolvering

Dei fem kommunane vil alle ha ei tett innbyggjarinvolvering og koordinere tidspunkt for dette. Det skal gjennomførast innbyggjarhøyring/ rådgivande folkeavstemming innan 19.05.16. Offentleg informasjon frå kommunane skal vere grundig og balansert.

12. Verdier i det vidare arbeidet

Arbeidet med ein ny felles kommune skal vere prega av tillit, respekt, rausheit og likeverd. Vi vil arbeide for ei best muleg ny kommune der vi skal tenkje mulegheiter og løysingar for vekst og velstand i tettstadar og bygder.

Ulsteinvik
30.03.16

Avtaleteksten gir ei overordna strategisk skisse til bygging av den nye kommunen, og er eit produkt av omforeinte løysingar mellom partane.

Partane anbefaler avtalen oversendt deltakarkommunane til vidare politisk handsaming.

Anders Riise
Ordførar
Hareid kommune

Arnulf Goksøy
Ordførar
Herøy kommune

Dag Vaagen
Ordførar
Sande kommune

Knut Erik Engh
Ordførar
Ulstein kommune

Lena Landsverk Sande
Ordførar
Vanylven kommune

Økonominotat

1. Målsettingar

a. Effektiv og slagkraftig struktur

Kommunane bør velje løysingar som gagnar ein framtidig felles kommune, og fornying av infrastruktur og endring i tenester og administrasjon bør gagne både den enkelte kommune og den nye kommunen. Slik vert det muleg å hente ut driftsmessige og kvalitetsmessige synergjar i tenestene, på både kort og lang sikt.


b. Kollektivt ansvar

I perioden fram mot samanslåing pliktar kommunane å utøve ei forsvarleg drift. Dette vil lette overgangen frå å vere ei kommune i den noverande strukturen, til å bli del av den nye kommunen. Ein føreset positive driftsresultat og legg til grunn at investeringsvolumet i dei einskilde kommunane ikkje skal generere uforsvarleg høge kapitalkostnader inn i driftsrekneskapen etter samanslåing. Kommunane skal ta kollektivt ansvar for gode prosessar og føreseielege handlingar, og må i fellesskap ta stilling til prosjekt som belastar drifta etter samanslåing. Open dialog basert på tillit vert viktig.

2. Statusbilde 31.12.2015

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, konsern

Kommune	2011	2012	2013	2014	2015	Snitt
Vanylven	0,9	2,8	7,5	2,1	3,2	3,3
Sande	3,4	3,4	0,6	-0,5	-3,3	0,7
Herøy	5,1	2,9	-5,1	-6,2	-0,3	-0,7
Ulstein	-0,6	2,4	8,5	1,8	2,7	3,0
Hareid	0,1	1,3	2	1,8	2	1,4



Kjelde: ssb.no/kostra

Diagrammet viser utvikling og snittresultat siste fem åra for kommunane. KS rår til at driftsresultatet for kommunar i snitt bør ligge på minimum 1,8% framover for å kunne handtere svingingar i utgifter og kapital-slit over tid.

Verdioversikt

Kommunane har ulike verdiar i sine porteføljar. Tabellen nedanfor viser eit utplukk verdiar, slik som frie fond i kvar kommune, aksjeverdiar, om kommunane dreg på akkumulerte underskot, verdien på anleggsmidlar (det som er investert, t.d. bygg og vegar) og arbeidskapital (den delen av likviditeten som ikkje er bunde opp i kortsiktig gjeld).


	Hareid	Herøy	Sande	Ulstein	Vanylven
	2015	2015	2015	2015	2015
Frie driftsfond		7 615 000	-	21 508 049	5 328 000
Kapitalfond (til inv.)		12 073 000	34 361 806	52 457 234	520 000
Verdiar i Tussa	124 620 000	318 060 000	17 360 000	53 940 000	122 140 000
Arbeidskapital	13 219 000	132 482 000	81 986 000	1) 275 556 230	28 968 000
Akkumulert over-/underskot (+/-)	-5 574 000		-1 601 036		
Anleggsmidlar inkl pensjon	791 948 000	1 676 449 000	603 558 000	2 029 679 107	788 114 000
Pensjonsmidlar av anleggsmidlar	354 943 000	666 222 000	267 791 000	509 240 580	328 347 000
Anleggsmidlar ekskl. pensjon	437 005 000	1 010 227 000	335 767 000	1 520 438 527	459 767 000
Total gjeld inkl. VAR	327 600 000	765 000 000	238 715 806	1 417 033 000	237 700 000
Av dette formidlingslån	-19 271 000	-64 700 000	-25 414 914	-50 702 000	-6 500 000
1) Pr. 31.12.2015 var unytta lånemidlar i UEKF 185,4 mill. kr					

(Utvida tabell for åra 2011-2015 finn du på kommunane sin web-sider under kommunereform)


Gjeld

Gjelda pr. innbyggjar i Sande, Herøy, Vanylven og Hareid er om lag lik pr. 2015, med eit gjennomsnitt på 67.000 kr/innbyggjar, medan gjelda i Ulstein kommune er på vel 140 000 pr. innbyggjar. Dette er dobbelt så høgt som gjennomsnittet for dei øvrige kommunane. Andelen av gjeld som har inntekt og evna til å betene gjeld er ikkje vurdert i dette samandraget, men varierer sterkt mellom kommunane.


Tal frå kostra eksklusiv unytta lånemidlar og formidlingslån:



Kjelde: ssb.no/kostra




Kjelde: ssb.no/kostra




Denne grafen viser planlagd gjeldsutvikling basert på vedtekne budsjett- og økonomiplanar fram mot 2020. Gjeldsgrad per innbyggjar inkluderer alle lån, inkl. formidlingslån til andre og lån til VAR, og samsvarar såleis ikkje med Kostratal frå ssb.no.

	2015	2016	2017	2018	2019
Ulstein	168 094	170 694	166 534	162 583	159 010
Vanylven	73 004	75 369	75 782	75 914	74 548
Sande	93 285	103 054	108 486	112 941	116 927
Herøy	85 265	89 630	89 763	89 120	88 994
Hareid	63 134	66 680	72 172	77 530	80 170


3. Utvalde nøkkeltal for kommunal drift siste fem år for dei fem kommunane



Kjelde: ssb.no/kostra



Kjelde: ssb.no/kostra



Kjelde: ssb.no/kostra

4. Forventning til økonomiske disponeringar fram til 2020

a. Driftsresultat

Fram mot etablering av ny kommune må kravet til netto driftsresultat harmoniserast på ein måte som vert oppfatta som rettferdig, og utan unødige å gripe inn i kommunane sin handlefridom. Alle fem kommunane skal levere eit netto driftsresultat i balanse og arbeide med nødvendige omstillingsprosessar fram mot 2020.

b. Gjeld, investeringar og forvaltning av verdier i mellomperioden.

Det synest klart at ei harmonisering av gjeldsnivået er logisk og nødvendig over tid. Ulstein tek med seg høg gjeld inn i fellesskapet, men også betydelege verdier i anlegg og infrastruktur, relativt stor andel sjølvfinansierande gjeld og lave driftskostnader pr. innbyggjar. Samtidig er nok den moderate gjeldsgraden i dei øvrige kommunane eit teikn på etterslep, og fleire vesentlege investeringstiltak står for tur. Dersom drifta gjev rom for det kan kommunane investere opp til eit nærare avtalt nivå fram til 2020.

5. Dialog om økonomi i mellomperioden

For å legge til rette for gode prosessar skal kommunane rapportere til kvarandre gjennom tertialrapportar. Kommunane skal ha tett dialog omkring vesentlege endringar i driftsnivå og om investeringar som har netto kostnad inn i perioden for ny kommune.

Norske kommunar er pålagt å budsjettere for fire år om gongen. I åra fram mot 2020, der økonomiplanen for enkeltkommunane også berører perioden for ny kommune, skal fellesnemnda utarbeide rammer for økonomiplanane. Desse rammene må ligge til grunn for prioriteringar i økonomiplanarbeidet. Meir om fellesnemnda sin oppgåver og plikter i kap. 9. i intensjonsavtalen.

I vurdering av rammer for den enkelte kommune, skal ein ta omsyn til utviklinga i viktige indikatorar som driftsresultat, overskot og generell budsjettdisiplin. Kommunar som overheld kravet om netto driftsresultat og har overskot, kan disponere overskotet i neste års budsjett. Ved underskot må den enkelte kommune dekke inn kostnaden.

Etter Inndelingslova § 26 skal kommunane opprette ei Fellesnemnd som skal samordne og førebu arbeidet med å etablere og bygge den nye kommunen. Etter at Stortinget har gjort endeleg vedtak om samanslåing våren 2017, skal Fellesnemnda halde fram detaljarbeidet med innhald i og organisering av ny kommune fram til samanslåing 1. januar 2020.

Fellesnemnda skal ha 3 personar fra kvar kommune, og varamedlemmar fra kvar kommune. Fellesnemnda veljer sjølv leiar og nestleiar.

Mandat og oppdrag

Fellesnemnda sitt ansvar er gitt i Inndelingslova §26 og i intensjonsavtalen for Runde kommune. Dei mest sentrale oppgåvene vil vere:

- Fellesnemnda skal tilsetje prosjektleiar i den nye kommunen; stillinga skal lysast ut eksternt. Dagens rådmenn fungerer som rådmenn i noverande enkeltkommunar til ny kommune trer i kraft 1. januar 2020.
- Tilsetjingsforholdet for noverande rådmenn skal avklarast innan same tidsfrist.
- Fellesnemnda skal ivareta medverknad frå tilsette og tillitsvalte.
- Fellesnemnda sine medlemmar er samtidig arbeidsgivar sine representantar i partssamansett utval for sammenslåingsprosessen. Partssamansett utval kan ha inntil 3 (hovud-)tillitsvalde frå kvar kommune. Arbeidsgivar har leiar (dobbelstemme ved evt stemmelikheit) i partssamansett utval.
- Fellesnemnda skal ta stilling til revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
- Fellesnemnda skal etterspørre og avklare alle prinsipielle forhold vedrørande samanslåingsprosessen.
- Fellesnemnda må og utarbeide framlegg til struktur for korleis eldreråd, ungdomsråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal organiserast på overordna nivå.
- Kommunane har i perioden fram til 1.1.2020 ansvar for ordinær drift, og skal halde Fellesnemnda løpande orientert om nøkkeltal og utvikling. Spørsmål som kan ha betydning for den nye kommunen bør først drøftast i Fellesnemnda.
- Fellesnemnda kan uttale seg i saker som er til behandling i kommunane sine ordinære utval. Fellesnemnda har eit spesielt ansvar for å vurdere saker med økonomiske eller arealpolitiske konsekvensar. Kommunane skal involvere Fellesnemnda i førebuinga av økonomiplan med årsbudsjett. Det er likevel formannskapet som avgir budsjettinnstilling til kommunestyret.
- Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus i alle avgjerder. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsettast til etter at nytt felles kommunestyre er konstituert. Forhold som likevel blir vurdert som nødvendig å ta stilling til blir avgjort med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikheit har leiar av Fellesnemnda dobbeltstemme.
- Fellesnemnda peikar ut ein komite som skal utarbeide forslag til nytt kommunevåpen og ordførarkjede.
- Fellesnemnda skal foreslå kva interkommunale samarbeid (i vid forstand) som kan/bør halde fram og kva som kan/bør opphøyre/overtakast av felleskommunen.



Herøy kommune
v/ formannskapet og kommunestyret

Fagforbundet kan ikkje registrere å ha fått moglegheita til å bli med å påvirke innhaldet i Intensjonsavtalen, «Runde kommune», Jf. Hovedavtalen §1. Fagforbundet ser på denne avtalen som eit arbeidsdokument i samband med ei kommunesamanslåing for kommunane Herøy, Hareid, Sande, Ulstein og Vanylven. I den underskrivne avtalen finn Fagforbundet fleire svakheiter når det gjeld arbeidsgjevarpolitikken ved ei kommunesamanslåing. Ettersom det skal vere folkeavstemming 19. mai kan ikkje Fagforbundet råde medlemmane sine til å stemme for denne avtalen slik den står. Fagforbundet vil med dette krevje å få inn nokre punkt i intensjonsavtalen – «Runde kommune»

7. Arbeidsgjevarpolitikk.

Ei kommunesamanslåing er ei verksemdoverdraging, Jf. Arbeidsmiljølova § 16. Arbeidsgjevarpolitikken skal spela på lag med fagforeiningane og fylja lov- og avtaleverket på ein god måte. Målet er å byggje ein kompetent og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som kan stimulere til god rekruttering og godt omdøme.

«**Runde kommune**» skal etablere ein arbeidsgjevarpolitikk som bidreg til å samle og utvikle arbeidstakarane, og som skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar.

«**Runde kommune**» skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, legge til rette for godt trepartsamarbeid, og legge til rette for mangfald og fagleg utvikling blant tilsette.

Strategi og tiltak.

- I høg grad av medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane både under og etter etablering av den nye kommunen.
- Den administrative omorganiseringa skal gjennomførast ved ein god prosess i nært samarbeid med arbeidstakarane og deira tillitsvalte.

Fagforbundet Herøy oppmodar formannskapet og kommunestyret i Herøy kommune til å ta initiativ til å revidere avtalen før folkeavstemminga.

Fosnavåg 15.04.16

Eli Karin Kvalsund
HTV Fagforbundet Herøy



Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RVB	Arkivsaknr:	2016/141
		Arkiv:	403

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/16	Komite for Helse og omsorg	10.03.2016
57/16	Formannskapet	05.04.2016
56/16	Kommunestyret	28.04.2016

OPPRETTING AV BEMANNINGSTEAM I PLEIE- OG OMSORG, MED PRØVEPROSJEKT PÅ MYRVÅG OMSORGSSENTER

Møtebehandling:

Pleie og omsorgsleiar Ragnhild V. Berge og avdelingsleiar, Myrvåg omsorgssenter avd. B, Siv Jensen orienterte.

Formannskapet kom med slikt nytt punkt 3:
Prosjektet skal evaluerast og til politisk handsamast etter 6 månader.

Rådmannen si tilråding med nytt punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 05.04.2016

1. Det vert oppretta 2.0 stillingsheimlar i bemanningsteamet ved Myrvåg omsorgssenter. Prosjektet har ein prøveperiode på 6 månader, med muligheit for vidareføring av tiltaket i permanent drift. Tilsetting skjer etter gjeldande lov og avtaleverk. Prosentvis fordeling mellom fagheimlar vil til ei kvar tid variere med tilgjengelig kompetanse.
2. Stillingane vert finansierte med inntekter frå refusjon sjukeløn

Møtebehandling:

Avdelingsleiar Myrvåg A Siv Jensen og pleie- og omsorgsleiar Ragnhild Velsvik Berge møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 10.03.2016

3. Det vert oppretta 2.0 stillingsheimlar i bemanningsteamet ved Myrvåg omsorgssenter. Prosjektet har ein prøveperiode på 6 månader, med muligheit for vidareføring av tiltaket i permanent drift. Tilsetting skjer etter gjeldande lov og avtaleverk. Prosentvis fordeling mellom fagheimlar vil til ei kvar tid variere med tilgjengelig kompetanse.
4. Stillingane vert finansierte med inntekter frå refusjon sjukeløn

Tilråding:

5. Det vert oppretta 2.0 stillingsheimlar i bemanningsteamet ved Myrvåg omsorgssenter. Prosjektet har ein prøveperiode på 6 månader, med muligheit for vidareføring av tiltaket i permanent drift. Tilsetting skjer etter gjeldande lov og avtaleverk. Prosentvis fordeling mellom fagheimlar vil til ei kvar tid variere med tilgjengelig kompetanse.
6. Stillingane vert finansierte med inntekter frå refusjon sjukeløn

Særutskrift:

Pleie- og omsorgsavdelinga

HTV for NSF, Fagforbundet

HVO

Personal- og organisasjonsavdelinga

Vedlegg:

1. Vikarutgifter og refusjonsinntekter
2. Storleik
3. Bruk av vikar
4. Tilsetting
5. Praktisk organisering økonomi

Saksopplysningar:

Pleie- og omsorgsavdelinga har siste ti åra hatt fokus på **uønska deltid**. To arbeidsgrupper har gjort eit større arbeid med kartlegging av deltid i eigen organisasjon. Ein har konkludert med at organisering av vikarbruken er eit effektivt

verktøy i kampen mot uønska deltid. Ein ser vidare at **overtidsproblematikken** over år er aukande. Herøy kommune vedtok «Retningslinjer for uønska deltid» i januar 2014.

Lov og avtaleverk har i samme tidsperioden **styrka retten til fast tilsetning** tilsvarande faktisk arbeidstid, jmf. AML §§ 14-4a og 14-9(5). Dette har ført til at vi har mange tilsette som har fått fast tilsetning i ressursar/stillingsheimlar vi ikkje har i dag. Desse vert brukte som vikarar, men vi ser klart at vi treng å organisere dette på ein betre måte. Rådmannen har sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå fleire avdelingar som skal kome med framlegg til gode rutiner for å følgje opp dette. Prosjektleder for prosjekt bemanningsteam er deltakar i arbeidsgruppa.

Samhandlingsreformen har sidan innføringa i 2012 gitt kommunen nye utfordringar i form av endra pasientflyt, auka tenesteansvar og faglege utfordringar til alle døgnets tider. Dette krev ei organisering som sikrar at vi har rett kompetanse på rett stad til rett tid.

Som nemnt har pleie- og omsorgsavdelinga over tid hatt fokus på problemstillinga med uønska deltid og behov for vikar, men på grunn av manglande midlar til frikjøp av stilling for å arbeide med dette, samt at temaet har måtte vike til fordel for meir presserande arbeidsoppgåver, har ein ikkje kome i mål med å finne den gode løysinga på dette.

Etter fleire forsøk på ekstern finansiering fekk ein i 2014 positivt svar på tilskotsmidlar til prosjektorganisering for innføring av bemanningsteam. Prosjektgruppe bemanningsteam vart oppretta med representantar frå arbeidsgjevarsida, arbeidstakarorganisasjonane, verneombod og personal- og organisasjonsavdelinga. Tilskotsmidlane vert brukte til frikjøp av prosjektleder i 20% stilling i 18 månader, ut oktober 2016. Det er viktig å behalde prosjektleiinga gjennom den praktiske prøveperioden, då vedkomande har eit viktig rettleiings- og oppfølgingsansvar.

Aktuelt:

Bemanningsteamet skal vere eit verktøy for å oppnå målsettinga til pleie- og omsorgsavdelinga om fagleg forsvareleg dekning av fagkompetanse, reduksjon av ufrivillig deltid og reduksjon av bruken av overtid. Dette vil igjen gi godt omdømme når det gjeld å rekruttere og behalde personale, noko som i seg sjølv er rekrutterande.

Prosjektet går over tre faser, og er no inne i sin andre fase:

Fase 1: 01.02.15 – 30.06.15: felles forståing for prosjektet, utarbeide lokale retningslinjer

Fase 2: 01.08.15 – 30.04.16: praktisk organisering/storleik, informasjon, utlysing, tilsetting

Fase 3: 01.05.16 – 30.11.16: praktisk utprøving ved Myrvåg omsorgssenter

Prosjektgruppa har sett på eigen organisasjon, og tatt lærdom av andre sine erfaringar. Hovudkjelde her er FAFO rapport 2015:25, «Større stillingar, betre drift», Moland. Gjennom å sjå tilbake i tid, får ein kunnskap som gir betre føresetnad for planlegging for framtida. Det er laga oversikter over utgifter til vikarar og refusjonsinntekter dei siste tre åra for å sjå kva midlar som vert brukt i dag. Prosjektgruppa ser samanheng mellom måten ein organiserer vikarbruken på i dag, og aukande mengde av krav om fast stilling etter både Arbeidsmiljølova §14-4a og § 14-9(5).

Samhandlingsreforma sine utfordringar aukar kravet til tilstadeverande kompetanse i pleie- og omsorg. Det er vanskelig å rekruttere kvalifiserte tilkallingsvikarar, og fast tilsette må då på kort varsel ta på seg ekstravakter som utløyser overtid. Bemanningsteamet vil løyse mange av desse utfordringane.

Prosjektgruppa har gjort ei aktuell kartlegging av uønska deltid i pleie- og omsorgsavdelinga. I tillegg har dei undersøkt årsakene til ønska deltid i eigen organisasjon. Datainnsamlinga er ikkje ferdig pr dato, men vert om ynskjeleg lagt fram på møtet når saka vert handsama. Det er utarbeidd rutinar for god økonomisk styring, rett bruk av vikaren og tilsettingsprosessen. Rutinane er vedlagt saka.

Bemanningsteamet er i prosjektperioden eit tilbod som skal dekke vikarbehovet til avdeling A,B og distrikt 3 i Myrvåg. På kvardagar vert der to vikarar tilgjengelig, ein på dag og ein på kveld. Dette tilsvarande 2,0 årsverk. Stillingane skal fordelast mellom fleire fast tilsette. Tilsetting i teamet skal knyttast til tilsetting i ei av avdelingane som er med i prosjektet, og stillingane vert dermed lyst ut internt med målsetting å redusere uønska deltid, jamfør Herøy kommune sine retningslinjer for uønska deltid.

Leiing av bemanningsteamet vert ein funksjon som vert lagt til mellomleiarnivå. Bruk av kompetansen i temaet skjer etter eigen bemanningsplan.

Innan utgangen av året vil prosjektet legge fram ein rapport med evaluering av prøveordninga. Dette basert på gjennomførte skalamålingar i for- og etterkant. Målsettinga er å snarast etablere eit tilsvarande bemanningsteam knytt til Herøy omsorgssenter.

Prosjektet handlar om å tørre å overbooke. Auka arbeidsbelastning reduserer på sikt tenestekvaliteten. Det same gjer bruk av tilfeldige vikarar med ulik kompetanse. Deltakarane i det nasjonale programmet, som ligg til grunn for FAFO-rapport 2015:25, melder at tiltak knytt til grunnbemanning bidreg til redusert bruk av vikarar og auke av kvalitet.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse: Bruk av fast vikar i turnus vil gi auka forutsigbarheit for dei tilsette som veit når dei skal på jobb. For dei som står på vakt med ansvar for å skaffe vikar ved korttidsfråvær er dette ofte eit sterkt stressmoment. Likeeins ved akutte behov for å sikre fagleg forsvarleg drift. Med denne ordninga får ein bruke tid på pasienten i staden for å ringe etter vikar.

Konsekvensar for beredskap: Vikaren er der når du treng han, og rett kompetanse sikrer at beredskapsnivået er optimalt. Slik det er i dag må ein ofte bruke ad-hoc-løysingar

Konsekvensar for drift: Den forventa gevinsten er å dekke opp fråvær, sikre pasienttryggleiken, dekke opp ekstra behov for personellressursar, bidra til generell kvalitetssikring og kunnskapsspreiing på tvers av avdelingar. Vidare er dette eit viktig tiltak for å nå kommunen si målsetting om å kunne tilby minimum 60 % stilling.

Med unntak av ferievikar vert brorparten av dei frie vikarmidlane oppbundne. To årsverk er kostnadsrekna til 1,4 million inklusive alle utgifter. Gjennomsnittleg refusjon sjukeløn dei siste fem åra tilsvare 1,7 million. Tiltaket kan dermed finansierast utan friske midlar.

Prosjektet vil gi rett kompetanse på rett stad, til rett tid. Ein har tru på at det å setje vikarbruken i system vil gi god kost nytte, både i høve kvalitet og økonomi.

Fosnavåg, 29.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Ragnhild Velsvik Berge
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ragnhild Velsvik Berge

MYRVÅG OMSORGSSENTER VIKARUTGIFTER – REFUSJONSINNTEKTER

Konto		Ansvar	2011	2012	2013	2014	2 015
10200 Vikarar	3251	Avdeling A - Omsorg	566 291,35	740 420,60	787 648,46	744 392,39	926 450,84
10201 Sjukevikarar	3251	Avdeling A - Omsorg	342 287,71	333 802,77	245 500,51	209 828,27	397 486,11
10209 Variable tillegg vikarar	3251	Avdeling A - Omsorg	411 659,04	430 859,41	567 890,49	496 428,84	570 604,61
10400 Overtid	3251	Avdeling A - Omsorg	75 673,12	130 781,34	80 392,32	174 731,81	130 276,99
		3251 Avdeling A - Omsorg	1 397 922,22	1 637 876,12	1 683 444,78	1 627 395,31	2 026 833,55
10200 Vikarar	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	271 016,22	247 043,36	283 350,76	316 264,00	267 352,99
10201 Sjukevikarar	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	219 461,82	248 946,57	147 393,96	157 358,29	227 445,27
10209 Variable tillegg vikarar	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	218 075,12	216 404,16	287 226,29	282 883,71	337 625,74
10400 Overtid	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	72 094,80	72 293,94	53 222,14	88 275,96	61 323,49
		3252 Avdeling A - Heimesjukepleie	780 647,96	784 688,03	771 193,15	844 781,96	893 747,49
10200 Vikarar	3254	Avdeling B - Omsorg	602 218,86	797 003,69	747 750,59	644 548,59	437 156,27
10201 Sjukevikarar	3254	Avdeling B - Omsorg	346 517,86	368 760,34	655 834,92	507 715,28	585 218,31
10209 Variable tillegg vikarar	3254	Avdeling B - Omsorg	420 061,86	485 309,91	621 990,09	671 404,85	612 252,84
10400 Overtid	3254	Avdeling B - Omsorg	51 432,57	112 884,18	162 427,63	181 229,05	148 513,58
		3254 Avdeling B - Omsorg	1 420 231,15	1 763 958,12	2 188 003,23	2 004 897,77	1 783 141,00
			3 598 801,33	4 186 522,27	4 642 641,16	4 477 075,04	4 703 722,04
Konto		Ansvar	2 011	2 012	2 013	2 014	2 015
17100 Refusjon sjukeløn	3251	Avdeling A - Omsorg	-349 976,79	-385 853,00	-421 526,00	-199 949,00	-493 855,00
17101 Refusjon av foreldrepengar	3251	Avdeling A - Omsorg	-146 967,00	-541 613,00	-93 360,00	-168 700,00	-254 865,00
17102 Refusjon feriepengar	3251	Avdeling A - Omsorg	-20 233,00	-55 782,00	-25 848,00	-13 946,00	-44 306,00
		3251 Avdeling A - Omsorg	-517 176,79	-983 248,00	-540 734,00	-382 595,00	-793 026,00
17100 Refusjon sjukeløn	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	-275 125,00	-206 605,00	-186 988,00	-188 468,00	-247 385,00
17101 Refusjon av foreldrepengar	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	-123 573,00		-81 906,00	-136 555,00	
17102 Refusjon feriepengar	3252	Avdeling A - Heimesjukepleie	-36 763,00	-22 846,00	-17 922,00	-20 582,00	-32 185,00
		3252 Avdeling A - Heimesjukepleie	-435 461,00	-229 451,00	-286 816,00	-345 605,00	-279 570,00
17100 Refusjon sjukeløn	3254	Avdeling B - Omsorg	-270 817,00	-385 634,00	-892 782,00	-711 074,00	-687 769,00
17101 Refusjon av foreldrepengar	3254	Avdeling B - Omsorg	-179 401,00	-98 208,00	-245 848,00	-44 336,00	-68 582,00
17102 Refusjon av feriepengar	3254	Avdeling B - Omsorg	-21 493,00	-45 619,00	-52 813,00	-45 333,00	-42 511,00
		3254 Avdeling B - Omsorg	-471 711,00	-529 461,00	-1 191 443,00	-800 743,00	-798 862,00
			-1 424 348,79	-1 742 160,00	-2 018 993,00	-1 528 943,00	-1 871 458,00

BEMANNINGSTEAM

STORLEIK

Ressursar tilsvarende TO årsverk vil dekke opp:

- To vikarar dagleg, ein på dag og ein på kveld, mandag til fredag, heile året (OBS: minus ferie)
- Det må bereknast litt kostnader for forskjøvet vakt når vikaren har dag-/seinvakt i turnus og trengs på natt.
- Det er berekna kostnadar for tilsetting av spl med over 10 års ansiennitet

	Grunnløn	Feriepengar 12,0%	Pensjon 15,5%	AG avgift 14,1%
Kostnad Vikar 2,0 årsverk	852 800,-	955 136,-	1 103 182,-	1 258 730,-
Kostnad Vikar kveldstillegg	72800,-	81 536,-	94 174,-	107 452,-
SUM				1 366 182,-

PROSJEKT BEMANNINGSTEAM: RETNINGSLINJER FOR BRUK AV VIKAR

Ressursar i bemanningsteamet skal primært sikre dei tilknytte avdelingane vikar med fagkompetanse ved korttidsfråvær. Slik brukast ikkje mykje tid på å skaffe vikarar.

Det er difor viktig at det ikkje vert planlagt bruk av ressursar i vikarbank på BAT møte i eiga avdeling. Om ressursar i vikarbank brukast på langtidsfråvær, må dette planleggast etter at BAT møta i alle tilknytte avdelingar er over. Ansvarleg for bemanningsteamet koordinerer samarbeidet mellom alle tilknytte avdelingar i slike høve.

Bruk av vikaren:

Det er ikkje alle dagar det er fråvær. Bruk av kompetansen i bemanningsteamet skjer etter følgende prioritering:

1. Dekke opp fråvær i ei av dei tre avdelingane
2. Dekke opp der det trengs ekstra bemanning pga pasientar med spesielle behov
3. Utføre – eller frigjere personal som kan utføre – oppgåver for å kvalitetssikre tenester.
Dømer er: kontroll av medisinerom, oppdatering av pasientjournal, kontroll på laboratorie, prøvetaking
4. Halde seg oppdatert ved å gå på den avdelinga der ein har minst erfaring

Om ikkje anna er avtalt, er møtestad alltid moderavdelinga. Det er næraste leiar, i samarbeid med ansvarleg for bemanningsteamet, sitt ansvar å bruke vikaren rett.

PROSJEKT BEMANNINGSTEAM: RETNINGSLINJER FOR TILSETTING

Ressursar i bemanningsteamet vert internt utlyste ved ledigheit. Arbeidstakar må sjølv søke på stillinga. Deltaking i kartlegging av uønska deltid er ikkje ein søknad om auka stillingsstorleik. Ei stilling i bemanningsteamet er ei deltidsstilling og skal knyttast til fast tilsetting på ei avdeling i pleie- og omsorgsavdelinga. Den tilsette har helgearbeid i moderavdelinga og personalansvaret ligg til moderavdelinga.

Når du takkar ja til tilsetting i bemanningsteamet, seier du også ja til:

- Å arbeide på tre avdelingar, men med vakter i turnus. Bemanningsteamet har BAT og planlegger arbeidstid etter gjeldande lokale avtaler om Bevegeleg ArbeidsTid.
I praksis betyr dette:
 - BAT er turnusarbeid og BAT turnus må vere ferdig 2 veker før oppstart. Du kan slik ha same fleksibiliteten på vaktene i bemanningsteamet som dei som står i turnus i moderavdelinga.
 - Å arbeide på tre avdelingar betyr at du ALLTID veit når du skal arbeide, men det er ikkje sikkert at du veit kvar du skal vere før ved oppmøte.
- Å kunne arbeide dagvakt, kveldsvakt eller nattevakt når behovet er der. All endring av arbeidstid skjer i samsvar med gjeldande lov – og avtaleverk.
I praksis betyr dette:
 - Bemanningsteamet er til for å sikre oss vikarar med rett fagkompetanse. Slik skaper vi kvalitet i tenestene. Om din kompetanse trengast på kvelds- eller nattevakt og du står på dagvakt (eller vice versa) MÅ vakter i bemanningsteamet kunne forskyvast.

Det vert tilsett etter følgjande prioritering.

1. Har den tilsette rett kompetanse
2. Blant dei tilsette med rett kompetanse:
 - a. har ein tilsett rett til å bli omplassert
 - b. finnast ein tilsett som er blitt overtallig, eller står i fare for å bli det
 - c. har ein tilsett rett til fast arbeid etter AML § 14-4a eller AML § 14-9 (5)
3. Tilsetting av tilsette med stilling under 60% storleik for å oppnå 60% stilling. Dette i tråd med Herøy kommune sine mål om at alle tilsette i Herøy kommune skal ha minimum 60% stilling innan 01.01.2017. Unntak: reine rekrutterings- og helgestillingar og stillingar i brannvesenet.
Prioritering skjer etter gjeldande tilsettingskriterier, jamfør gjeldane lov og avtaleverk.
4. Tilsetting av tilsette med fast stilling over 60% storleik, prioritering skjer etter gjeldande tilsettingskriterier, jamfør gjeldane lov og avtaleverk.

PROSJEKT BEMANNINGSTEAM: PRAKTISK ORGANISERING ØKONOMI

Finansiering av bemanningsteam skjer på to måtar. Vi skil mellom utgifter til fast lønn og utgifter til variabel lønn.

Fast lønn:

- Lønnsmelding: vikaren får fast lønn, inkl. fast ulempelønn, tilsvarende ressursen han har i bemanningsteam.
- Bemanningsteam har eige ansvarsnr og er eit eige turnusområde i Shift Manager
- Vikaren har stillingsheimel i (fast lønn) i tillegg til vikarheimel på alle avdelingar som er tilknytta vikarbanken.
- kvart kvartal (31.3., 30.6. 30.9. og 31.12.) vert det laga statistikk over bruk av vikarane. Oversikt sendast til økonomiavdelinga som kostnadsfører på rett avdeling.

Bemanningsteamet har budsjettert kr 0,- i lønnsutgifter. Gjennom omfordeling av kostnader viser reknskapet kr 0,- ved kvart kvartal.

Variabel lønn:

- Shift Manager: all variabel lønn vert utbetalt via elektronisk lønnskøyring i Shift Manager. Dette vert kostnadsført rett avdeling i Shift Manager.
 - FV med kort eller langt varsel
 - Overtid



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JULZAH	Arkivsaknr:	2014/58
		Arkiv:	Q14

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
66/16	Formannskapet	19.04.2016
57/16	Kommunestyret	28.04.2016

ØKONOMISK AVSLUTNING - 51152 – VEG OVER KLEPPEÅSEN

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 1.389.195 (eks. mva)
2. Meirforbruket på 389.195 (eks. mva) vert finansiert ved låneopptak

Tilråding:

3. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 1.389.195 (eks. mva)
4. Meirforbruket på 389.195 (eks. mva) vert finansiert ved låneopptak

Særutskrift:
Utviklingsavdeling, her
Økonomiavdelinga, her

Bakgrunn:

Del av vegen som m.a. går til Leikanger skule og barnehage var knapt køyrbar delar av året, spesielt ved frost og tele, og hadde stort behov for ei opprusting. Vegen var smal, oppbygning og asfalt dårleg.

Saksopplysningar:

Det vart i budsjettet for 2015 avsett 1 mill. kroner til drenering, masseutskifting, forsterking, breiddeutviding og asfaltering til prosjektet. Vegen over Kleppeåsen har ei total lengde på ca. 1,4 km og prosjektet omfatta om lag 450 meter av denne vegen.

Arbeidet starta i juni 2015 og var ferdigstilt i august 2015. Totalt vart det utbetra ca. 450 m av vegen inkl. eit lite stykke med reasfaltering.

Utførande entreprenør var Aurvoll og Furesund AS.

Økonomi:

Rekneskap ved økonomisk avslutning:

Løyving i 2015 budsjettet	1.000.000
Forbruk/Anleggskostnad	1.389.195
Meirforbruk	389.195

Prosjektrekneskapen viser eit meirforbruk på 389.195 kroner (eks. mva). Dette skyldast hovudsakleg at det var umogleg å stipulere nøyaktige kostnader før arbeidet starta, og at vegen var i dårlegare forfatning enn antatt.

Vurdering og konklusjon:

Meirforbruket vert tilrådd finansiert ved låneopptak.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Utan å kunne angi ein sum vil opprustinga av vegen medføre mindre drifts- og vedlikehaldsutgifter.

Fosnavåg, 25.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Julia Zahl



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	BSS	Arkivsaknr:	2013/566
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
68/16	Formannskapet	19.04.2016
58/16	Kommunestyret	28.04.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD - SLUTTHANDSAMING

Møtebehandling:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert **30.3.2016**.

Tilråding:

Herøy kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12 detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad med tilhøyrande reguleringsføresegner, begge sist datert **30.3.2016**.

Særutskrift:

- Eigedomsavdelinga.
- Erling Eide, Skulevegen 15, 6095 Bølandet.
- Anton Eide, Skulevegen 9, 6095 Bølandet.
- Inger-Lise Frøystadvåg, Frøystadvågvegen 135, 6095 Bølandet.
- Oddmund Kvalsvik, Torvika 39, 6095 Bølandet.
- Kristoffer Johansen Hide, Grønfjellsvegen 7, 6095 Bølandet.
- Tove Kvalsund, Grønfjellsvegen 5, 6095 Bølandet.
- Kenneth Frøystad, Grønfjellsvegen 1, 6095 Bølandet.
- Banados Dangel Munoz, Grønfjellsvegen 1, 6095 Bølandet.
- Daniel Marcelo Rabanal, Grønnfjellsvegen 1, 6095 Bølandet.
- Møre og Romsdal fylkeskommune, post@mrfylke.no
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postmottak@fmmr.no
- Statens vegvesen, firmapost-midt@vegvesen.no

Vedlegg, prenta:

1. Plankart - detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad, sist datert 30.3.2016.
2. Reguleringsføresegner, sist datert 30.3.2016.
3. Planomtale, datert 30.3.2016.
4. ROS-analyse, datert 25.8.2015.
5. Uttale frå Statens vegvesen, datert 14.9.2015.
6. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 2.11.2015.
7. Uttale frå barnerepresentanten, datert 2.11.2015.
8. Merknad frå Frøystad Grendalag, datert 19.10.2015.
9. Brev til Fylkesmannen, datert 12.1.2016. Oppmoding om å trekkje motsegn.
10. Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.1.2016. Trekkjer motsegn til magnetfelt og leikeplass.
11. Støyutgreiing, datert 9.2.2016.
12. Brev til fylkesmannen, datert 15.2.2016. Oppmoding om å trekkje motsegn.
13. Brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.2.2016. Opprettheld motsegn.
14. E-post til fylkesmannen, datert 30.3.2016. Nytt planforslag. Oppmoding om å trekkje motsegn.
15. Brev frå fylkesmannen, datert 1.4.2016. Trekkjer motsegn til planforslag.

Vedlegg, ikkje prenta:


1. Uttale frå Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 20.10.2015.
2. Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 3.11.2015.

Bakgrunn:

Frøystad skule vart lagt ned 31.12.2009 med overføring av elevane til Einedalen skule 1.1.2010. Eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere arealet til bustadføre mål og friområde. Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har utarbeidd detaljreguleringsplan for området.

Saksopplysningar:

Formannskapet vedtok i møte 8.9.2015 at detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. skulle leggjast ut til offentleg ettersyn.



Figur 1. Forslag til reguleringsplan for gnr. 20, bnr. mfl. som låg ute til off. ettersyn

I samband med offentlig ettersyn kom det inn følgjande uttalar og merknader til planforslaget:

Statens vegvesen, datert 14.9.2015, rår til at det vert utarbeidd støyfagleg utgreiing.

Kommentar:

Asplan Viak AS har utarbeidd støyfagleg utgreiing. Sjå elles kommentar til fylkesmannen sin uttale nedanfor.

Barnerepresentanten, datert 2.11.2015, meiner barn og unge sine interesser er godt ivaretekne i planen. Barnerepresentanten meiner skogen på nedsida av øvre skuleplan er viktig og at den bør leggjast ut til friområde.

Kommentar:

Sjå kommentar til fylkesmannen sin uttale nedanfor.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, datert 20.10.2015 og Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 3.11.2015, har ikkje merknader til planforslaget.

Frøystad Grendalag, datert 19.10.2015, ønskjer at det vert lagt til rette for ei buffersone mellom øvre plan og bygningsmassane. Buffersona bør ha formål leikeplass. Grendalaget meiner området merka o_LP (leikeplass for fri leik) er bratt og lite eigna til leik, utan at det vert planert. Grendalaget meiner kommunen må opparbeide planlagde parkeringsplass ved grusbanen samstundes med at parkeringsplassen ved skulen vert fjerna. Dette for å unngå parkering langs vegen i byggefeltet.

Grendalaget gir uttrykk for at dei er skeptiske til at kommunen legg til rette for meir konsentrert bebyggelse i krinsen. Grendalaget ønskjer at det vert lagt til rette for einebustader.

Kommentar:

Sjå kommentar til fylkesmannen sin uttale nedanfor.


Fylkesmannen (FM) i Møre og Romsdal, datert 2.11.2015, reiste motsegn til planen fram til nødvendige tiltak mot støy er forankra i plankart og føresegner. FM reiste også motsegn til planen knytt til høgspantlina i området. FM fremja også motsegn til

planen fram til nærleikeplass med funksjons- og rekkjefølgjekrav er sikra i plankart og føresegner.

Kommentar:

Kommunen tok kontakt med Mørenett AS, som stadfesta at viste omsynssone i reguleringsplanforslaget er tilstrekkeleg i høve til krava knytt til magnetfelt. Kommunen utarbeidde forslag til plan som la til rette for nærleikeplass mellom grusbana og framtidig område for konsentrerte bustader.

Herøy kommune sende revidert planforslag (med innteikna nærleikeplass og tilføyingar knytt til støy i reguleringsføresegnene) til fylkesmannen (brev, 12.1.2016). Kommunen oppmoda fylkesmannen til å trekkje motsegnene mot planen.




Figur 1. Forslag til reguleringsplan med innteikna nærleikeplass

Fylkesmannen trekte motsegnene knytt til magnetfelt og nærleikeplass. Motsegna knytt til støy vart oppretthalden (brev, 18.1.2016). Fylkesmannen stilte krav om at det i det minste må liggje føre ein forenkla støyrapport som viser støy ved 1,5 meter og 4 meters høgd, og som angir kva tiltak som skal til for å gi tilfredsstillande støytilhøve ved 1,5 og 4 meters høgd.

Kommunen engasjerte Asplan Viak AS til å utarbeide forenkla støyrapport med tilhøyrande støysonekart.

Figur 2 nedanfor viser støysituasjonen i planområdet i høgd 4 meter over terrenget utan skjermingstiltak. Støynivået ligg i intervallet 55-65 dBA i store delar av det aktuelle utbyggingsområdet.



Figur 2. Støysonekart i høyde 4 meter over terreng utan skjerm

Figur 3 viser støyomfanget 1,5 meter over terrenget. Store delar av utbyggingsområdet har støy over 55 dBA også i denne høyda.



Figur 3. Støysonekart i høyde 1.5 meter over terreng utan skjerm.

Asplan Viak AS har undersøkt effekten av moglege skjermingstiltak. Konsulent gir klart uttrykk for at det er vanskeleg å finne gode løysingar på grunn av dei terrengmessige tilhøva på staden. Konsulent fann det vanskeleg å skildre løysingar i detalj, så lenge det ikkje er fastsett korleis framtidig bygningsmasse skal plasserast og utformast. Mellom anna vil grad av terrengbearbeiding ha stor betydning for den lokale støyutbredelsen.

Asplan Viak AS konkluderte i rapporten med at støyutrekningane bør bli ein del av grunnlaget for ei meir detaljert planlegging og prosjektering av bustader og uteareal. Konsulent anbefaler at framtidig bebyggelse bør leggjast slik at den bidrar til å skjerme uteoppholdsareal der det er mogleg, og at ein så langt det let seg gjere unngår å leggje rom med støyfølsom bruk til dei mest utsette fasadane. I samband

med detaljplanlegginga bør det gjerast nye utrekningar undervegs, som dokumenterer den konkrete situasjonen.

Med bakgrunn i ovannemnde rapport med vedlegg, og forslag til reviderte reguleringsføresegner, sende kommunen på nytt brev til fylkesmannen (brev datert 15.2.2016), med oppmoding om å trekkje motsegna knytt til støy. I forslag til føresegner var det presisert at støyvurderinga frå konsulent skal leggjast til grunn ved vidare planlegging i området.

I brev av 18. februar opprettheld fylkesmannen motsegna. Fylkesmannen meiner kommunen ikkje kan utsetje problemstillinga knytt til støy. Reguleringsplan kan ikkje godkjennast før det er dokumentert korleis tilfredsstillande støytilhøve skal oppfyllest. Eventuell støyskjerming/voll skal visast i plankart og utforming skal gå fram av føresegnene. Dersom det vert lagt opp til at bygningane skal ha støydempande verknad, må dei plasserast konkret i plankartet.


Vurdering:

Det er vanskeleg å leggje til rette for at bygningar på tomta skal ha nokon støydempande effekt. Etter kommunen si vurdering må det etablerast ein støyskjerm langs heile tomta og opp på sidene, dersom ein skal oppnå tilstrekkeleg skjerming. Støyskjermen må vere relativt høg og eventuelle bygningar må leggjast så lågt som mogleg i terrenget og nær inntil skjermen, for at ein skal oppnå tilstrekkeleg skjerming. Skisserte løysing vil gi lite attraktivt uteopphaldsareal bak bebyggelsen. Uteopphaldsarealet vil ligge på skuggesida.

Løysinga vil ikkje skjerme leikeplassen ved grusplassen, på grunn av høgdeskilnad mellom dei to nivåa. For å få til ei tilfredsstillande skjerming av leikeplassen, må det etablerast støyskjerm ved leikeplassen.

Administrasjonen har etter ei grundig vurdering kome fram til at det er vanskeleg å få til ei tilfredsstillande støyskjerming av den tidlegare skuletomta på Frøystad.

Administrasjonen har med bakgrunn i ovannemnde utarbeidd nytt reguleringsplanforslag med tilhøyrande reguleringsføresegner for området.



Figur 4. Nytt forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad

I planforslaget er det meste av skuletomta og grusplassen lagt ut til friområde. Innanfor friområdet er det lagt til rette for at det kan opparbeidast enkle anlegg for opphald, lek og friluftsliv. Området skal nyttast til samling og felles aktivitetar. Det er ikkje tillate å føre opp bygningar innanfor området.

Det er lagt til rette for tre parkeringsplassar i reguleringsplanen. Parkeringsplass P1, ligg like ved grusplassen. Handicap-parkering skal ha prioritet innanfor denne plassen. Parkeringsplass P2, er ein relativt stor plass lokalisert til nedre del av skuletomta. Langs kommunevegen er det lagt til rette for eit mindre parkeringsareal.

Mellom parkeringsplassen P2 og grusplassen er det lagt til rette for gang- og sykkelveg, som sikrar tilkomst til øvre del av friområdet.

Planforslaget vart sendt til fylkesmannen for gjennomgang/vurdering. Fylkesmannen har i brev av 1.4.2016, trekt motsegna til planen. Planen er klar til slutthandsaming.

Konklusjon:

Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad vert å leggje fram for slutthandsaming i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Fosnavåg, 07.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Berit Sandvik Skeide



TEIKNFORKLARING

Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

- Bustader - frittliggjande småhus (FS)
- Bustader - konsentrert småhus (KS)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og tek. infr. (§12-5 nr.2)

- Køyreveg (V)
- Gang-/sykkelveg (GS)
- Anna veggrunn - grøntareal (AV)
- Parkering (P)
- Andre tekniske infrastrukturresear

Grøntstruktur (§12-5 nr.3)

- Grøntstruktur (G)
- Frionråde (F)

Omsynsoner (§12-6)

- Faresone - Høgspenningsanlegg (H370)
- Sikringsone - frisikt (H140)
- Støysone - støysone (H210 - raud, H220 - gul)
- Infrastruktursone - leikeplass (H430)

Juridiske linjer og punkt PBL 2008

- Planen si avgrensning
- Formålsgrense
- Byggjegrænse
- Bygningar som skal fjernast
- Regulert senterlinje
- Frisiktslinje
- Regulert kant køyrebane
- Sikringsonegrense
- Angittomsyngrense
- Faresonegrense

Basiskartet er teikna med svak gråfarge

Eigarform:


- o_ = offentlig formål
- f_ = felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS
Dato for basiskart:
Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89
Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter
Kartmålestokk 1:1000
0 10 20 30 40 m

Dato: 25.8.2015



Detaljreguleringsplan - PBL (2008) § 12-2

FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGN

Herøy kommune

Arealplan-ID:

Forslagstillar:
Herøy kommune
Kartprodusent:
Herøy kommune

Revisjon av plankart		DATO	SIGN.	
A				
B				
C				
SAKSHANDSAMING ETTER PLAN- BYGNINGSLOVA		SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:				
2. gongs handsaming i formannskapet -				
Plan endra etter motsegn frå FM. Endring av skuleområdet frå bustad til friområde			30.3.16	BSS
1. gongs handsaming i formannskapet - utlegging til offentlig ettersyn		164/15	8.9.15	BSS
Kunngjering av oppstart av planarbeid:			24.1.14	BSS
Planen er utarbeidd av:		PLANNR.	TEGNR.	SAKSBEH.
Herøy kommune, Utviklingsavdelinga		201305		BSS

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD

§ 1 - Avgrensing av planområdet

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast og bygningane plasserast som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 2 – Andre bestemmingar

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentrale og kommunale lover og føresegner.

§ 3 - PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 4 – Forhold til kulturminne

Dersom det i samband med utbygginga vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjent, skal arbeidet stansast med ein gong, og regional kulturmynde skal varslast, jf. Lov om kulturminne, § 8, andre ledd.

§ 5 – REGULERINGSFØREMÅL OG OMSYNSONER

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med plan- og bygningslova til følgjande føremål:

Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr. 1)

- Bustader – frittliggjande småhus (FS)
- Bustader – konsentrert hus (KS)
- Leikeplass (LP)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

- Køyreveg (V)
- Gang- og sykkelveg (GS)
- Annan veggrunn – grøntareal (AV)
- Parkering (P)
- Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)
-

Grønstruktur (PBL § 12-5, nr.3)

- Grønstruktur (G)
- Friområde (F)

Sikringssone (PBL § 11-8 a.1, jf. § 12-6)

- Faresone (H370)
- Frisikt (H140)
- Støysone (H210 - raud, H220 – gul)
- Infrastrukturssone – leikeplass

§ 6 - FELLESFØRESEGNER

- a. Detaljreguleringsplanen fastset hovudstrukturen for utbyggingsmønsteret. Dei viste vegane i plankartet ligg fast.
- b. Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

- c. Innanfor byggeområde kan det førast opp trafokioskar, pumpestasjonar eller andre tekniske innretningar der dette er nødvendig. Frittstående bygg til slike føremål skal ha dimensjon, form og farge som er tilpassa bebyggelsen elles i området.
- d. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadene vert så små som mogleg. Bebyggelsen skal tilpassast terrenget på tomta og nødvendige inngrep i terreng og vegetasjon skal utførast så skånsamt som mogleg.
- e. Prinsippa bak universell utforming skal leggjast til grunn i størst mogleg grad, jf. plan- og bygningslova med tekniske forskrifter.
- f. Vegareal er vist i plankartet. I tillegg til vist vegareal kjem nødvendig areal til skjeringar og fyllingar som følgje av detaljprosjektering. Slikt areal kan leggjast på tilgrensande grunn.

§ 7 – BYGNINGAR OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr. 1)

1. Generelt

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningane si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for tida sin arkitektur med eit godt materialval.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke glasfasade. Parkeringsbehovet er føreset dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):
Maks BYA for dei enkelte delområda:

- FS - område: maksimum BYA 30 %.
- KS - område: maksimum 40 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarende krav til parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass. Parkeringsbehovet er føreset dekt på eige areal. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0.5 bil pr. bueining til gjesteparkering.

Dersom samla tal bueiningar overstig 10 i KS1, vert kravet til gjesteparkering redusert til 0.25 bil frå og med 11 bueining.

Som minste opphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av minimum 20 m² eigna areal for leik. Arealet skal gå fram av situasjonsplan. Innanfor KS-område gjeld krav til MUA 15 m². Innan KS-område skal areal til MUA samlast i område med minimum netto leikeareal på 60 m².

2. Frittliggjande småhus (FS1-FS2)

Gjeld mindre del av tomt (gnr. 21, bnr.1), (FS1), som inngår i eldre reguleringsplan (reguleringsplan for Frøystad frå 1976).

Gjeld gnr. 20, bnr. 21, ei eksisterande bustadtomt (FS2). Maksimum tillaten BYA er 30 % for FS2. Bygg skal ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m.

3. Konsentrert småhus (KS1)

Gjeld eksisterande bustadtomt. Maksimum tillaten BYA er 40 %. Maksimum gesimshøgde er 8 meter og maksimum mønehøgde er 9 meter, jf. plan- og bygningslova.

4. Leikeplass (LP1)

Området merka o_LP1 er offentleg og ope for alle. o_LP1 skal i hovudsak nyttast til fri lek. Prinsippa om universell utforming bør så langt råd, leggjast til grunn slik at leikeplassen heilt eller delvis kan nyttast av alle.

§ 8 – UTEAREAL TILHØYRANDE BYGGJEAREAL

- a. Ikkje utbygd del av tomta skal utformast tiltalande. Mur mot offentleg veg skal godkjennast av kommunen.
- b. Ein bør i størst mogleg utstrekning søkje å ta vare på og nytte eksisterande terreng og lokal vegetasjon i området i samband med utbygging og tilplanting. Der planering medfører støttemur mot nabetomt eller veg, kan kommunen påby at planeringshøgda vert senka eller heva slik at høgda på støttemuren vert redusert.
- c. Ved trinnvis utbygging skal utbyggingsareal som ikkje vert teke i bruk med ein gong opparbeidast førebels med vegetasjon el. etter utbyggingsplan.
- d. Innafor kvar eigedom må utbyggjar syte for naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn, og føre dette til avløp til bekk/vassdrag/sjø eller kommunalt leidningsnett etter godkjenning frå kommunen.
- e. Kommunen skal ha rett til å nytte uteareal i samband med naudsynt vedlikehald av kommunaltekniske anlegg som kryssar eller ligg inntil byggeområda.
- f. Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgare enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrsløp gjeld krava ovanfor, men høgda skal ikkje vere over 0,5 m. Sjå elles føresegnene vedkomande frisktlinjer.

§ 9 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL . § 12-5, nr.2)

- a. Vegar og annan veggrunn:
I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o_V1 og o_V2 er del av offentleg tilgrensande planlagt veg.

o_V3 er offentleg tilkomstveg til o_F (friområde).

o_V4 er offentleg tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter (FS2 og KS1).

f_V5 er felles tilkomst for o_P2.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

- b. Gang- og sykkelveg (GS):
o_GS1 og o_GS2 er offentlege gang- og sykkelvegar.
- c. Parkeringsplass (P):
o_P1, o_P2 og o_P3 er offentlege parkeringsplassar i tilknytning til o_F. Handicap-parkering skal ha prioritet innanfor o_P1.
- d. Andre tekniske infrastrukturtraserar (o_AKA).
Gjeld eksisterande avløps- og vassleidningar i grunnen.

§ 10 – GRØNNSTRUKTUR

- a. Grønstruktur (G)
o_G1 er offentlig grønstruktur.
- b. Friområde (F)
Innanfor området kan det opparbeidast enkle anlegg for opphald, leik og friluftsliv. Området skal nyttast for samling og felles aktivitetar.

Det er ikkje tillatt å føre opp bygningar innanfor området.

§ 11 - OMSYNSSONER (PBL. § 12-6)

1. Sikringssone - frisiktsone (H140):
Frisiktsone i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.
2. Støysone – raud (H210) og gul (H220) støysone:
Det er lagt inn raud og gul støysone på plankartet, jf. Statens vegvesen sine støykart.
3. Faresone – høgspentanlegg (H370)
Det er lagt inn faresone i tilknytning til eksisterande luftspenn. Sikringsona er 7.5 meter til kvar side rekna frå senter, jf. gjeldande krav frå Mørenett AS. Linja skal stå inntil ev. jordkabel gir grunnlag for fjerning- Linja inkludert stolpar skal takast ned og fjernast av linjeeigar.
4. Infrastruktursoner – rekkjefølgjekrav – leikeplass (H430)
Som omsynssone, H 430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplass (o_LP).

Nytt forslag til detaljreguleringsplan.

Herøy kommune, 30.3.2016.

Planomtale

Herøy kommune

Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad



Herøy kommune

Innhold

1. Samandrag av planforslag
2. Nøkkelopplysningar
3. Bakgrunn for planarbeidet
4. Planstatus
5. Planområdet
6. Planskildring
7. Konsekvensar av planforslaget

1. Samandrag

Frøystad skule vart lagt ned 31.12.2009 med overføring av elevane til Einedalen skule 1.1.2010. Herøy kommune, ved eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere arealet til bustadføremål (konsentrert) og friområde.

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan med tilrettelegging for bustadføremål (konsentrert) og friområde.

Området på Frøystad er i gjeldande reguleringsplan for området (reguleringsplan for Frøystad, godkjend 30.9.1976), lagt ut til offentleg/allmennnyttig formål (barneskule), bustad, køyreveg og gangveg. Ei omdisponering av areala krev at det vert gjennomført reguleringsendring.

Planframlegget omfattar slike areal i daa:

Område	Ca. storleik, daa
Bygningar og anlegg	
- Frittliggjande småhus, FS1	0.4 daa
- Frittliggjande småhus, FS2	0.8 daa
- Konsentrert småhus, KS1	1.6 daa
- Leikeplass, LP	1.9 daa
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
- Køyreveg (V)	1.8 daa
- Gang-/sykkelveg (GS)	0.65 daa
- Anna veggrunn	0.4 daa
- Parkering (P)	1,5 daa
- Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)	0.2 daa
Grøntstruktur	
- Grøntstruktur (G)	0.1 daa
- Friområde (F)	7,8 daa
Sum areal	17.2 daa

Planarbeidet er vurdert i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova. Arbeidet kjem ikkje inn under føresegnene i forskrifta. Tiltakshavar er Herøy kommune. Planarbeidet er utført av Herøy kommune ved planleggar Berit Sandvik Skeide.

Det er ikkje fastsett kven som skal stå som utbygger innanfor området.

2. Nøkkelopplysningar

Kommunedel:	Leinøy
Stad/adresse:	6095 Bølandet
Forslagstillar:	Herøy kommune
Grunneigar:	Fleire grunneigarar
Eksisterande planstatus:	Reguleringsplan for Frøystad: Offentleg/allmennyttig formål (barneskule), bustad, køyreveg og gangveg
Planområde sitt areal (daa):	17.2 daa
Viktigaste reguleringsføremål:	Bygningar og anlegg (FS og KS-område, leikeplass), samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (køyreveg og gang- og sykkelveg, parkering) og grøntstruktur (grøntstruktur og friområde).
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

3. Bakgrunn for planarbeidet

3.1 Bakgrunn

Frøystad skule vart lagt ned 31.12.2009 med overføring av elevane til Einedalen skule 1.1.2010. Eigedomsavdelinga har etter nedlegginga av skulen vore i dialog med grendalaga i området, samt ulike eksterne aktørar om etterbruk av området. Grendalaget har kome med forslag til utnytting av skulen sitt uteområde. Eigedomsavdelinga ønskjer å omdisponere arealet til bustadføre mål og friområde.

3.2 Formål

Målet med planarbeidet er å leggje til rette for bustadføre mål (konsentrert buform) og friområde innanfor området som tidlegare vart nytta til skule.

Herøy kommune ønskjer som planmynde, å leggje til rette for bustadbygging i området. Planområdet ligg i sentralt i kommunen med relativt kort veg til barnehage, skule og fritidsområde.

Reguleringsplanen vert fremja som detaljreguleringsplan.

3.3 Planprosess

Planarbeidet vart varsla igongsett i januar 2014, med frist for å kome med innspel til planarbeidet sett til 7.mars 2014. Innan fristen kom det innspel frå 5 offentlege instansar og 1 innspel frå grendalag.

Det vart halde informasjonsmøte om planarbeidet på Herøy rådhus 3. mars 2014. I møtet vart det informert om arbeidet og det var høve til å stille spørsmål og kome med kommentarar til planarbeidet.

Herøy kommune utarbeidde forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Formannskapet vedtok i møte 8.9.2015 (sak 165/15) å leggje reguleringsplanframlegget ut til offentlig ettersyn i 6 veker.

I samband med offentlig ettersyn kom det inn 6 uttalar og 2 merknader til planforslaget. Statens vegvesen tilrådde at det vert utarbeidd støyfagleg utgreiing. Fylkesmannen reiste 3 motsegner til planframlegget. Kort oppsummert retta motsegnene seg mot magnetfelt knytt til høgspentline, nærleikeplass og støy. Motsegnene knytt til magnetfelt og nærleikeplass vart raskt avklara.

Fylkesmannen stilte krav om at det må utarbeidast ei støyfagleg vurdering. Herøy kommune engasjerte Asplan Viak AS for utarbeiding av støyvurdering.

Asplan Viak AS konkluderte i rapporten med at støyutrekningane bør bli ein del av grunnlaget for ei meir detaljert planlegging og prosjektering av bustader og uteareal. Konsulent anbefalar at framtidig bebyggelse bør leggjast slik at den bidrar til å skjerme uteopphaldsareal der det er mogleg, og at ein så langt det let seg gjere unngår å leggje rom med støyfølsom bruk til dei mest utsette fasadane.

I samband med detaljplanlegginga bør det gjerast nye utrekningar undervegs, som dokumenterer den konkrete situasjonen.

Med bakgrunn i ovannemnde rapport med vedlegg, og forslag til reviderte reguleringsføresegner, sende kommunen på nytt brev til fylkesmannen (brev datert 15.2.2016), med oppmoding om å trekkje motsegna knytt til støy. I forslag til føresegner var det presisert at støyvurderinga frå konsulent skal leggjast til grunn ved vidare planlegging i området.

I brev av 18. februar opprettheld fylkesmannen motsegna. Fylkesmannen meiner kommunen ikkje kan utsetje problemstillinga knytt til støy. Reguleringsplan kan ikkje godkjennast før det er dokumentert korleis tilfredsstillande støytilhøve skal oppfyllest. Eventuell støyskjerming/voll skal visast i plankart og utforming skal gå fram av føresegnene. Dersom det vert lagt opp til at bygningane skal ha støydempande verknad, må dei plasserast konkret i plankartet.

Administrasjonen kom, etter ei grundig vurdering til at det vanskeleg å få til ei tilfredsstillande støyskjerming av den tidlegare skuletomta på Frøystad. Administrasjonen har med bakgrunn i ovannemnde utarbeidd nytt reguleringsplan med tilhøyrande reguleringsføresegner for området.



Nytt forslag til reguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad

Planforslaget vart sendt til fylkesmannen. Fylkesmannen har i brev av 1. april trekt motsegna.

4. Planstatus

4.1 Reguleringsplan

Det meste av arealet inngår i reguleringsplan for Frøystad (godkjend 30.9.1976). I gjeldende plan er arealet lagt ut til offentlig/allmennytting formål – barneskule, bustad, køyreveg og gangveg.



Øvre del av planområdet inngår i reguleringsplan for Frøystad bustadfelt II frå 2012.

5. Planområdet

5.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Frøystad, like ved innfartsåra (fv 654) til Fosnavåg i Herøy kommune. Området har god tilknytning til overordna vegnett og det regionale kollektivtilbudet.



Lokalisering og avgrensing av planområdet

Frå planområdet er det kort veg til barnehage (Troll-lia). Det er og relativt kort veg til Einedalen skule (1.-7.klasse) og skulefritidsordning.

5.2 Avgrensing

Planområdet grensar i sør/søraust til fylkesveg 654. Delar av den gamle kommunevegen inngår i planforslaget.

I aust og nord grensar planen til eksisterande bustader (reguleringsplan for Frøystad frå 1976). I vest grensar planen til eksisterande bustader, tidlegare landbruksareal og utmark.



Flyfoto med innteikna plangrense

5.3 Storleik og eigedomstilhøve

Planområdet omfattar 17.2 daa. Følgjande eigedommar inngår i planområdet: 20/21, 27,31, 50 og 91.

5.4 Eksisterande busetnad

Delar av planområdet er bebygd. Einebustaden på gnr. 20, bnr. 21 og 4-mannsbustaden på gnr. 20, bnr. 91 inngår i planframlegget.



Den eldste delen av bygningsmassen på skuletomta

5.5 Topografi

Det er stor høgdeforskjell frå nedre del av området (den gamle kommunevegen, ca. 19 meter) og øvre del av området (Grønfjellsvegen, ca. 37 moh). Planområdet ligg vendt mot sør. Området har god soltilgong heile året.

5.6 Vegetasjon, dyreliv og andre naturforhold

Delar av området er kledd med furuskog og lauvskog.

Det er etter det kommunen kjenner til, ikkje registrert raudlisteartar eller andre spesielle naturverdiar i området.

5.7 Kulturminne


I følge tilgjengelege databaser er det ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Det er ikkje SEFRAK-bygningar innanfor området.

5.8 Veg og trafikkforhold

Fylkesveg 654 har ein ÅDT på 3650 (2012) på strekninga nedanfor planområdet. Fartsgrensa er 80 km/t. Dei andre vegane i området er i kommunal eige og har fartsgrense 30 og 50 km/t.

5.9 Støy

Nedre del av planområdet inngår i gul sone på Statens vegvesen sitt støykart. Støykartet viser berekna raud ($L_{den} > 65\text{dB}$) og gul ($L_{den} > 55\text{dB}$) støysone langs fylkesvegen.



Utsnitt fra Statens vegvesen sitt støykart

Trafikkmengda langs fylkesveg 654 er vurdert å kunne kome i konflikt med dei krava som er sett i rettleiaren for handsaming av støy i arealplanlegging (T1442-12). Ein kjenner ikkje til andre støykjelder innanfor området.

5.10 Vatn og avløp

Herøy Vasslag AS opplyser at det er god vasskapasitet i området i dag. Sløkkjevasskapasiteten er også god.

5.11 Private og offentlege servicetilbod

Det er kort veg til næraste barnehage (0.5 km til Troll-lia). Etter det kommunen kjenner til har barnehagen kapasitet til å ta i mot fleire born. Det er også relativt kort veg til Einedalen skule (1.8 km med bil).

6. Planskildring

6.1 Nøkkeldata

Areala er delt inn i følgjande område:

Område	Storleik, daa	Utnytting, BYA	Kommentar
FS1 – FS2	0.4 +0.8	Utnytting, maks BYA=30 %	FS2 er eksisterande bustadeigedom.
KS1	1.6 daa	Utnytting, maks BYA=40%.	KS1 er eksisterande bustadeigedom med 4-mannsbustad.
LP	1.9		Gjeld leikeplass
Køyreveg (V1-V5)	1.8		
Gang- og sykkelveg (GS1-GS2)	0.65		
AV1 og AV2	0.4		Omfattar annan veggrunn-grøntareal i tilknytning til V1 og V3.
Parkering (P1-P2 og P3)	1.5		Gjeld parkeringsplass ved den grusbana og parkering langs kommuneveg.
Andre tekniske infrastrukturtrasear	0.2		Gjeld eksisterande kommunale leidningar i grunnen.
Grøntstruktur	0.1		
Friområde	7.8		
Samla området	17.2		

6.2 Reguleringsformål

6.2.1 Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)

Frittliggjande småhus og konsentrerte småhus (FS1-FS2) og KS1)

Delar av tomt i frå reguleringsplan for Frøystad (planID 197602) inngår i FS1.

Eksisterande bustadhus på gnr. 20, bnr. 21 inngår i FS2.

Maksimum tillaten BYA er sett til 30 % for FS-områda. I FS-områda skal bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 meter og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 meter.

Eksisterande konsentrerte småhus inngår i planen. For KS-området er maksimum BYA sett til 40 %.

Leikeplass (LP)

Det er lagt ut ei område på 1,9 daa til leikeplass.

6.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr. 2)

Køyreveg

I trafikkområde skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o_V1 og o_V2 er del av offentleg tilgrensande planlagt veg.

o_V3 er offentleg tilkomstveg til o_F (friområde).

o_V4 er offentleg tilkomstveg for tilgrensande bustadtomter (FS2, KS1 og KS2).

f_V5 er felles tilkomst for KS1.

I tillegg til vist trafikkareal kjem nødvendig areal til vegskjeringar og fyllingar som kan leggjast på tomtegrunn/tilstøytande naboareal, jf. PBL. § 35. Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon.

Gang- og sykkelveg (GS):

o_GS1, o_GS2 og o_GS3 er offentlege gang- og sykkelvegar.

Parkering

Det er lagt til rette for tre parkeringsplassar i reguleringsplanen. o_P1 ligg like ved o_F (grusplassen). Handicap-parkering skal ha prioritet innanfor o_P1. o_P2 ligg ved tidlegare skuletomt og o_P3 ligg langs kommunevegen o_V4.

Det er elles føresett at kvar bustadeining har naudsynt parkering på eiga tomt, jf. gjeldande krav i plan- og bygningslova.

Andre tekniske infrastrukturtrasear (AKA)

Eksisterande gang- og sykkelveg mellom skuleområdet og byggjefeltet er forutsett fjerna. Vegen er til dels bratt og trafikkfarleg for dei mjuke trafikantane. Ein føreset at gåande og syklande skal nytte vegen bort til bedehuset når dei skal opp i byggjefeltet. Problemstillinga er drøfta med grendalaget og ein har kome fram til at det vil vere ei tenleg løysing.

Det ligg ein del kablar i gang- og sykkelvegtraseen. Den er i planforslaget lagt ut til andre tekniske infrastrukturtrasear.

6.2.3 Grøntstruktur (PBL § 12-5, nr. 3)

Grøntstruktur (G1)

Det er lagt ut eit område til grønstruktur i planen. Området er tenkt som ein buffer mot tilgrensande areal.

Friområde (F)

Eksisterande grusplass og delar av tidlegare skuletomt er lagt ut til friområde. Innanfor friområdet kan det opparbeidast enkle anlegg for opphald, leik og friluftsliv. Området skal nyttast for samling og felles aktivitetar. Det er ikkje tillate å føre opp bygningar innanfor området.

6.3 Omsynsoner (PBL § 12-6)

Sikringssone – frisikt (H140)

Frisikt i vegkryss må ikkje nyttast slik at den på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsona skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegar sitt nivå.

Støysone – støy (raud og gul sone, H210 og H220)

Det er lagt inn omsynsone støy, H210 og H220 på reguleringsplankartet.

Faresone - høgspenningsanlegg (H370)

Delar av eksisterande 22 kV linje inngår i planområdet. Mørenett AS opplyser at linja er relativt gamal og må fornyast om nokre år. Kraftselskapet har ikkje teke stilling til korleis det skal gjerast. Dersom byggjefeltet på Frøystad vert utvida, vil linja bli kabla frå Frøystadskaret og nedom byggjefeltet.

Det er lagt inn omsynssone – faresone for delar av luftspennet i samsvar med gjeldande avstandskrav for 22 kV (7.5 meter ut frå senter på kvar side).

Infrastruktursone – krav om rekkjefølgje (H430) og krav om opparbeiding (H450)

Som omsynssone, H 430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplass, jf. § 12 i rekkjefølgjekrava.

6.4 Risiko- og sårbarheit

Ras og flaum

Området er i følgje www.gislink.no ikkje utsett for snø-, jord-, stein- eller større fjellskred. Området er heller ikkje utsett for flaum eller flaumskred.

Luft- og grunnforureining

I følgje tilgjengelege databaser er området ikkje utsett for luft- eller grunnforureining.

Radon

Det ligg ikkje føre systematisk kartlegging av radonnivået i kommunen. I samband med utarbeiding av reguleringsplan for Frøystad bustadfelt II vart det gjennomført radonmåling. Resultat frå målinga viser radonkonsentrasjonar langt under fastsett grenseverdi

For øvrig vert det vist til krava i TEK 10 når det gjeld spørsmål om tiltak/ev. målingar for nye bygg.

Havnivåstigning

Området er ikkje utsett for havnivåstigning.

Støy

Støyinformatjonen som ligg til grunn for planarbeidet er henta frå Statens vegvesen.

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje forhold knytt til risiko eller sårbarheit eller andre samfunnsmessige konsekvensar som skulle tale i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. ROS-skjema.

6.5 Plankart og føresegner

Plankartet er utarbeidd på bakgrunn av tilgjengeleg grunnkart for området.

Områdeplanen er utforma i samsvar med dei krav som er gitt i Miljøvern-departementet sin rettleiar «Forskrift om kart, stadfesta informasjon, arealplan og digitalt planregister». Jamfør også plan og kart etter ny plan- og bygningslov, datert 1.7.2009.

Føresegnene gir utfyllande reglar for arealbruken innanfor områdereguleringsplanen.

7. Konsekvensar av planforslaget

7.1 Plangrep

Løysinga inneber endring av tidlegare skuleområde på Frøystad, frå offentleg formål til friområde og parkering.

7.2 Støy

Som nemnt i kapittel 5.9 inngår nedre del av planområdet i gul sone på Statens vegvesen sine støykart. Det er lagt inn raud og gul støysone på plankartet.

7.3 Høgspenningsanlegg

Det vert vist til kap. 6.4. Det er lagt inn omsynssone – faresone for delar av luftspennet i samsvar med gjeldande avstandskrav for 22 kV (7.5 meter ut frå senter på kvar side).

7.4 Naturmangfaldlova

Planforslaget er vurdert i høve til prinsippa i naturmangfaldlova og i høve til anna tilgjengeleg kunnskap i databaser. Så langt ein kan sjå, er ikkje planforslaget i konflikt med sårbare artar, naturtypar eller område med særskilt sårbare økosystem.

7.5 Universell utforming

Det vert vist til plan- og bygningslova §§1-1 og 29-3, jf. også TEK10. Ein føreset at PBL og TEK10 vert lagt til grunn for gjennomføring av tiltak etter denne planen.

7.6 Born og unge

Eksisterande grusbane og tidlegare skuleområde er lagt ut til offentleg friområde. Det er også lagt til rette for leikeplass innanfor planområdet. Barn og unge sine interesser er etter kommunen si vurdering godt i vareteke i planen.

7.7 Økonomiske konsekvensar for kommunen

Det regulerte området er i all hovudsak i kommunal eige. Planen vil ikkje få økonomiske konsekvensar for kommunen.

7.9 Risiko og sårbarheit (ROS)

Så langt vi kan sjå av offentlege databaser er det ikkje tilhøve knytt til risiko eller sårbarheit som talar i mot fremja arealbruk. Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering.

Herøy kommune 30.3.2016.

Detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Emne		Er det knytt uakseptabel risiko til følgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, jord-, steinskred eller større fjellskred?	X	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	X	
	d	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?	X	
	e	Er skogbrann/lyngbrann i området til fare for bustader/hus?	X	
	f	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo – medrekna ev. havnivåstiging?	X	
	g	Treng det takast særskilte omsyn til radon?	X	
	h	Er det verneområde – natur i området?	X	
	i	Er det sårbar flora / fauna i området?	X	
	j	Er det automatisk freda kulturminne i området? <i>Kommentar: Ikkje innanfor planområdet.</i>	X	
Omgivnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?	X	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil tiltaket kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?	X	
Verksemd-risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar utgjere risiko?	X	
Brann-/ulykkesberedskap	a	Har området mangelfull slökkjevassforsyning (mengde og trykk)?	X	
	b	Har området problematiske tilkomststruter for utrykkingskjøretøy?	X	
Infrastruktur	a	Er det kjende ulykkespunkt på transportnettet i området?		
	b	Kan utilsikta/ukontrollerte hendingar på nærliggande transportårar inkl. sjø- og luftfart utgjere risiko?	X	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspennetlinjer? <i>Kommentar: Ja. Det er lagt inn omsynssone i planframlegget i forhold til høgspennetlinje.</i>		X
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspennetmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Vassforsyning	a	Er det mangelfull vassforsyning i området?	X	
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet ? - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/spillvatt?	X	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?	X	

Sjekklista er gjennomgått den 25.8.2015 av Berit Sandvik Skeide

LN 3055



Statens vegvesen

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr.	Saksbeh.
- 2. OKT. 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:
2014/007798-007

Dykkar referanse:
2013/566

Vår dato:
14.09.2015

Fv 654 - Herøy kommune - Detaljreguleringsplan for gnr. 20 bnr. 27 m.fl. på Frøystad i Herøy kommune - Offentleg ettersyn - Uttale

Viser til brev av 10.9.2015 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsplan for gnr 20 bnr 27 m.fl. på Frøystad.

Vi forstår det slik at avgrensinga av støysonene på plankartet er teikna utifrå, og er samanfallande med, støysonene i støyvarselkartet utarbeidd av Vegvesenet. Støyvarselkart langs vegnettet er frå Vegvesenet side basert på at det alltid skal gjerast meir nøyaktige utrekningar og vurderingar i samband planlegging av arealbruk som tek sikte på etablering av støyfølsam utbygging innanfor støysonene.

Gjennom ei støyfagleg utgreiing vil ein få avklara om det eigentleg ligg særleg til rette for plassering og oppføring av bustader innanfor varsla støysoner. I og med at det gjennom framlegget ikkje ligg føre ei støyfagleg utgreiing, har ein ikkje konkret kunnskap om kva støytiltak ein eventuelt må gjere i samband realisering av bustader innanfor området som er under planlegging.

I retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442/2012) er det sagt at ei støyfagleg utgreiing er: *“En utredning hvor det dokumenteres at støymessige forhold er ivaretatt i forhold til gjeldende retningslinjer og forskriftskrav. I utredningen skal behov for avbøtende tiltak og tilhørende kostnader synliggjøres.”*

Etter dette rår vi til at det i det vidare planarbeidet vert utarbeidd ei støyfagleg utgreiing i høve til regulering av bustader på areal som er omfatta av støysoner i støyvarselkartet utarbeidd av Statens vegvesen.

Merknader utover dette har vi ikkje til planframlegget.

Plan- og trafikkseksjonen

Med helsing

Birgit Hamre Moe
for Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen, Fylkesmannen

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 Molde

Telefon: 02030
Telefaks: 71 27 41 01
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Kari Bjørnøy, 71 25 84 05

Vår dato
02.11.2015
Dykkar dato
10.09.2015

Vår ref.
2014/539/KABJ/421.4
Dykkar ref.

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Klag nr.	Saksbeh.
- 4 NOV. 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Herøy kommune

Detaljregulering - reguleringsplan gnr20 bnr27 m.fl på Frøystad Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Frøystad skule er lagt ned, og Herøy kommune ønskjer å omdisponere arealet til konsentrert bustadføremaal og friområde. Planområdet utgjer 17,2 dekar, og omfattar fleire eigedommar. Delar av planområdet er bebyggt. Den gamle skulen skal fjernast.

Støy

Deler av planområdet ligg innanfor gul støysone. Det er lagt inn rekkjefølgjekrav i føresegnene § 12 knytt til KS1 når det gjeld støy, og støysone er vist som omsynssone-støysone på plankartet. I føresegnene § 11 gjerast det greie for at det skal utarbeidast detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar og tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12.

Når ein reguleringsplan er på offentleg ettersyn, skal nødvendig støyvurdering vere gjort, og nødvendige tiltak forankra i plankart og føresegner. Vi har **motsegn** til planen fram til nødvendige tiltak mot støy er forankra i plankart og føresegner.

Samfunnstryggleik

Det går ei høgspenline gjennom delar av planområdet. Planen har teke omsyn til denne med ei omsynssone som går 7,5 meter ut frå senter på kvar side. Dette er i følge planen gjeldande avstandskrav for ei line på 22 kV. Det blir ikkje opplyst kva krav denne avstanden tek omsyn til. Fylkesmannen er usikker på om ein avstand på 7,5 meter er tilstrekkeleg til å ta omsyn til magnetfelt rundt høgsentlina.

Strålevernforskrifta stiller krav til at all eksponering frå magnetfelt skal haldast so låg som praktisk mogleg. Stortinget gav våren 2005 sin tilslutning til regjeringa sitt forslag til kva dette vil bety for magnetfelt. Det krevjast utgreiing for nybygg ved felt over 0,4

mikrotesla (μT). Det betyr at ved nivå over dette skal det vurderast tiltak for å redusere eksponering frå magnetfelt.

Statens strålevern har ein tabell med døme på magnetfeltsnivå ved høgspectliner i brosjyren «*Bebyggelse nær høyspentanlegg – informasjon til kommuner og utbyggere*». Tabellen gjev døme på magnetfelt ved ulike spenningsnivå med ulik straumstyrke. For ei 22kV line, alt etter straumstyrka på lina (150A/200A), må ein vere 15 eller 18 meter radielt frå lina før magnetfeltet er nede i 0,4 μT .

Planen må avklare om omsynssona tek tilstrekkeleg omsyn til magnetfelt frå høgspectlina. Høgspectlina må sikrast med ei omsynssone som inkluderer området som er omfatta av magnetfelt over 0,4 μT . Det må knytast føresegn til omsynssona som sikrar at det ikkje kan oppførast bygg eigna for varig opphald i denne sona, jf. plan- og bygningslova § 12-6. Fram til dette er gjort har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Barn og unge

Det er sett av eit areal til leikeplass (LP), som i hovudsak skal nyttast til fri leik. Dette er bra. LP ligg rett ved ein veg, og må difor vere sikra mot trafikkfare. Det er også positivt at eksisterande grusplass med noko tilgrensande areal er sett av til friområde (o_F), der det ifølgje føresegnene kan opparbeidast enkle anlegg for opphald, leik og friluftsliv. Området skal nyttast for samling og felles aktivitetar.

Når det gjeld nærleikeplass for dei aller minste barna, kan vi ikkje sjå at det i plankartet er sett av areal til dette. Der det blir etablert 5 eller fleire bueiningar, skal alle bueiningane innan 50 meter ha slik nærleikeplass. Eigna areal må vere sikra i plankart. I tillegg må føresegnene sikre følgjande:

- minimum storleik på nærleikeplassen (50 m² pr bueining)
- areal smalare enn 10 m skal ikkje reknast inn i leikearealet
- leikeareal skal ikkje vere brattare enn 1:3
- gode sol og vindtilhøve
- ikkje rekne med areal sett av til køyreveg, parkering, fareområde, areal lagt med restriksjonar som hindrar barn sin frie leik
- nærleikeplassen skal vere opparbeidd med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat
- nærleikeplassen skal vere opparbeidd før første bustadeining blir ferdigstilt i kvar sine område

Ut frå rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, og fylkesmannen i Møre og Romsdal si satsing på barn og unge, fremjer vi **motsegn** fram til nærleikeplass med funksjons- og rekkefølgekrav er sikra i plankart og føresegner.

Universell utforming

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har i innspel til planen bede om at det blir teke omsyn til stigningstilhøve på gang- og sykkelveg. Vi ser at stigningstilhøva på staden gjer det utfordrande å finne tilfredsstillande løysingar på dette, men vi legg til grunn at kommunen er merksame på problemstillinga og tilstrebar gode løysingar.

Konklusjon

Vi har motsegn til planen fram til nødvendige tiltak mot støy er sikra i kart og føresegner, omsyn til magnetfelt er sikra i føresegnene og til at nærleikeplass med funksjons- og rekkefølgekrav er sikra i plankart og føresegner.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf: 71 25 84 15

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fra: Camilla Storøy

Sendt: 2. november 2015 18:55

Til: Berit Sandvik Skeide; postmottak

Emne: Detaljreguleringsplan for Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 mfl.

Uttale frå barnerepresentanten:

Eg synest born og unge sine interesser er godt ivaretatt i denne planen. Eg vil likevel legge inn same merknad som i forrige runde: Skogen på nedsida ev øvre skuleplan (frå gamalt av) er ofte i bruk av borna i bygda. Det er viktig at denne held fram å vere eit friområde.

Helsing Camilla Storøy, Barnerepresentanten

Frøystad Grendalag

V/Formann Vidar Hungnes

19.10.2015

6095 Bølandet

Herøy Kommune

6099, Fosnavåg

Innspill på reguleringsplan Frøystad Skole

- ∞ **Lys og tilgang til strøm:** Det må legges til rette for at eksisterende lysmaster og evt. Fremtidige blir koblet i hop med eksisterende lysmaster i byggefeltet. Tilgang til strømuttak mtp. Aktiviteter for hele Kommunen er viktig at det blir tatt hensyn til. Vi tenker da spesielt på isbanen på vinterstid som er ett fellesgode for hele regionen.
- ∞ **Vann:** Det må legges til rette for en Brann/vannkumme som kan benyttes ifbm. med isbane. Det er i dag ingen kummer i nærheten av dette området.
- ∞ **Eksisterende gangvei frå grusbanen til nedre plan:** Dreneringsrør og kummer frå banen går ned gjennom eksisterende gangvei til nedre plan samt elektrisk og lysstolper. Vi ser derfor en stor sparepakke i å beholde denne gangveien ned.
- ∞ **Arealet (skogen) mellom grusbane og skolebygget:** Vi ser det som en stor fordel at det blir en buffersone her mellom øvre plan og bygningsmassene. Vi ønsker å opprettholde området slik den er i dag til lekeplass og iht. Søknad og kart frå oss i 2013. I og med at det ikkje er lagt noen detaljplaner for nedre området burde dette enkelt kunne korrigeres på kartet, og barna trenger ikkje å salderes vekk til fordel for bebyggelse og vinning. Området er klar til bruk og trenger ingen/minimal anleggsvirksomhet begrenset til dugnad i krinsen. Ved å beholde grantre her vil også isbanen bestå mtp. sol og smelting, og området vil fremstå som en perle som blir brukt aktivt av krinsen og barnehagen i området.

∞ **Arealet sydvest for grusbane som er tiltenkt lekeplass slik Dere har foreslått det.**

Det er ett bratt terreng og vi ser ikke hvordan dette området skal kunne benyttes som lekeplass uten å bruke ca. 500.000 i sprengning og vekktransport av steinmasser. Dette området kan ikke benyttes til lekeplass slik vi ser det, men det kan brukes til klatrepark, sykkelløype/turløype/skibakke ned mot grusbane. I så fall er området klar til bruk og med kostnader begrenset til Dugnad i krinsen. Slik vi ser det så er vi samstemte her iht. Møte datert 28.10.15

∞ **Parkeringsplass nord øvre plan:** I og med at det blir ny parkeringsplass her til grusbanen/lekeplass og at parkering på nedre plan blir tatt bort til fordel for bebyggelse må Dere opparbeide dette området i samme tidspunkt som parkering på nedre plan opphører, slik at vi ikke får problemer med parkering i byggefeltet.


∞ **Konsentrert bebyggelse:** Frøystad Grendalag er sterkt imot å presse mange boenheter inn på ett området/ en tomt. Vi og privatpersoner har meldt fra i de tidligere år og gitt uttrykk for at det er eneboliger som er ønsket i krinsen og ikke flermannsboliger. I flere tilfeller er det eneboliger som er blitt omregulert pga. økonomisk vinning, slik vi ser det. Vi vil ha eneboliger der folk bosetter seg for å bli der i ett livsløp slik at engasjementet for krinsen blir størst mulig. Vi synes det er synd å se at økonomisk vinning tydelig er en faktor på Frøystad. Vi håper at Herøy Kommune heller kan legge til rette for eneboliger og se hele krinsen i sammenheng, også mtp. konsekvenser med infrastrukturen til og fra feltet utenfra. I feltet i dag har hver bolig minimum 2 biler. Det ser vi klart og tydelig da parkering på bedehuset, parkering mellom bedehus og skolen blir brukt sammenhengende hele året av de i flermannsboliger. Det er rett og slett ikke nok plass på tomtene til parkering i praksis, og heller ikke tilgjengelig tomt rundt huset slik det normalt er på en enmannsbolig. Til Deres informasjon så er det oppsatt følgende i byggefeltet fra før: 19 eneboliger, en 4 mannsbolig og 7 tomannsboliger. Dvs. 19 eneboliger og 18 flermannsboliger. Vi mener at denne trenden ikke kan fortsette.

- ∞ **Oppsummering:** Vi synes det er gledelig at øvre plan (bane) er forebeholdt fri lek, men vi mener at Herøy Kommunen heller må regulere området mellom grusbanen og skolen til lekeplass. Da kan vi bruke dette området til lekeplass øyeblikkelig og øvre området som Dere har forebeholdt lekeplass trenger da ikke anleggsvirksomhet (se kvoter og bratthet) og kan brukes slik den er til klatrepark/Sykkel/tursti/skibakke med enkle grep.

Når det gjelder Konsentrert bebyggelse/flermannsboliger så ber vi sterkt om at Herøy Kommune reverserer dette og legger til rette for eneboliger i krinsen. Det er i dag like mange eneboliger i byggefeltet som boenheter av 2 manns og 4 manns boliger.

Mvh.

Styret i Frøystad grendalag



Frøystad Grendalag

V/Leiar Vidar Hungnes

11.3.2013

6095 Bølandet

Herøy Kommune

6099, Fosnavåg

SØKNAD OM OVERTAKING AV UTEOMRÅDET VED FRØYSTAD SKULE

Frøystad grendelag, innbygjarane i bygdene Torvik, Frøystad, Espeseth, Skinnes og Røyra hadde årsmøte 11.03.13, med 48 frammøtte.

Vi viser til tidligare korrespondanse og informasjonsmøte i samanheng med vidare bruk av tidligare Frøystad skule og området rundt.

Krinsen står samla og gjorde samrøystes vedtak om å søkje kommunen om overtaking av uteområdet ved Frøystad skule. I samsvar med vedlagte kart, øvre området og nedre området med unntak av bygningsmasse/Areal 2 mål. (sjå vedlagt kart). Grendelaget har allereie investert i området ved å sette opp lysmaster på øvre plan i 2007, i håp om å overta dette. Vi er kjent med at andre grendelag har fått ein startsum Kr. 50.000,- i høve overtaking. Vi søker med dette om lik handsaming, slik at vi så fort som mogelig kan starte med å vidareutvikle området.

Vi ønskjer alle i Krinsen og kommunen hjerteleg velkomne til å bruke området, men vi meiner det vil vere en dårlig ide å ha bruksrett på området slik administrasjonen foreslår. Det vil verte vanskelig å legge ned dugnadstimar og sponing som vi treng og området vil stå ansvarslaust som i dag, på vent og ingen som satser.

Krinsen ønskjer ikkje overtaking av byggmasse. Grunnlag for dette er at krinsen ser at bygget ikkje er stort nok eller brukarvenleg for vårt bruk. Bygget manglar kjøken som er naudsynt, og bærer preg av hærverk, slitasje og betydelige oppgraderingskostnader. Frøystad Krins har bedehuset, eit godt hus som er naturleg samlingsplass for alle i ulike samanhengar for både store og små. I dei seinare åra har det blitt gjort betydelige oppgraderingar, og kjøkkenet står no for tur. Vi samarbeider også med Bø og Sande Grendelag ved andre høve.

Det krinsen først og fremst treng er eit utandørs aktivitetsområde sentralt i bygda. Byggefeltet som står framfor ei stor utviding treng også dette som eit friareal for born, unge og eldre. Det vil gjære bygda meir samla ved ein felles plass og vil gjære det meir attraktivt for folk og busette seg her. Skuleområdet i bygda er allereie eit naturleg området for krinsen og som det er mykje leik og moro i frå før, og har vore i generasjonar. Det vil vi byggje vidare på. Området er svært godt egna til å kunne etablere fleire ulike aktivitetar på en god måte.

I vinter har isbana blitt ein suksess, Vi har hatt over 1500 besøkande og vi har klart å halde den open i 6 veker. Fleire barnehagar og skular har fått benytte seg av den trygge isen. Fleire dagar har det vore over 100 personar på isen samtidig. Det har vore grilling og sosialt samvær på sidelinja samt anna leik og moro for dei utan skeiser. Bygda har fått glød på vidare drift av denne på vinterstid, og ser då at vi treng meir en øvre området for å kunne oppretthalde dette tilbodet. Det vil være øydeleggjande å måtte dele opp øvre plan med ballbinge, leikeapparat, rastebenkar og grillar. Ein treng å lage til infrastruktur og tekniske løysingar for etablering av isdekket, lyssetting, parkeringsplasser og sanitæranlegg med dei erfaringar vi gjorde i vinter.

Vi håper verkeleg at de ser at dette er noko bygda vil, til beste for alle innbyggjarane, at de ser dugnadsviljen og ønsket om å utvikle dette området.

Årsmøtet i Frøystad Krins ber no om at denne saka vert politisk behandla i april 2013. Styret håper på ei snarleg og positiv avklaring.

Vi ønsker at dette brevet også vert sendt til Politikarane i Kommunen snarast råd.

Frøystad grendelag
V/ leiar Vidar Hungnes

Vedlegg: Kart og Kostnadsoverslag



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fylkeshuset
6404 MOLDE

Saksnr
2013/566

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / BSS

Dato
12.01.2016

DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 27 MFL. PÅ FRØYSTAD - OPPMODING OM Å TREKKJE MOTSEGN

Herøy kommune viser til brev frå fylkesmannen (FM) i Møre og Romsdal, datert 2.11.2015, der det vert reist motsegn til forslag til reguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad. Det vert også vist til telefonsamtale med dykkar Kari Bjørnøy i desember 2015.

Fylkesmannen si motsegn rettar seg mot følgjande moment i planforslaget:

- **Samfunnstryggleik**

FM meiner planen må avklare om omsynssona tek tilstrekkeleg omsyn til magnetfelt frå høgspantlina. Vidare må det knytast føresegn til omsynssona som sikrar at det ikkje kan oppførast bygg eigna for varig opphald i sona.

Kommentar: Kommunen har vore i kontakt med kraftleverandøren Mørenett AS for nærare avklaring av problemstillinga FM reiser.

Sitat frå Mørenett AS si vurdering (e-post frå Norleif Nordal, dat. 20.11.2015):

“Har gjort ei utrekning med 15 A last på linja, noko som er over max. last på linja ein kald vinterdag og då får vi resultatet som vist under. Rett under linja er det då 0,2 μ T og 7,5 meter ut frå senterlinje er verdien nede i 0,1 μ T. Gjennom- snittsverdiane gjennom eit heilt år vil ligge betydeleg under dette.”


Reguleringsføresegnene sin § 11, punkt 3 får følgjande tilføyning: “Det er ikkje tillate å føre opp bygningar eller anna anlegg for varig opphald innanfor sona. Dette forbodet gjeld fram til omsynssona ikkje lenger er gjeldande, t.d. dersom høgspantlina vert lagt i jordkabel.”

Konklusjon: Etter kommunen si vurdering tek omsynssona som er vist i planforslaget tilstrekkeleg omsyn til magnetfeltet frå høgspantlina.

- **Barn og unge**

FM fremjar motsegn til planen fram til nærleikeplass med funksjons- og rekkjefølgjekrav er sikra i plankart og føresegn.

Kommentar: Kommunen har utarbeidd nytt forslag til plankart, der det er lagt til rette for nærleikeplass (o_LP2 mellom o_F (friområde) og KS1 (konsentrert småhusbebyggelse). Nærleikeplassen har ein storleik på 0.6 daa og ligg utanfor støysone. Arealet har god soltilgong og er ikkje utsett for framherskande vind.



Forslag til reguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad

Reguleringsføresegnene sin § 7, punkt 4 får følgjande tilføyning: “o_LP2 er nærleikeplass for dei minste borna. Nærleikeplassen skal vere opparbeidd med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat. Leikeplassen skal vere opparbeidd før bustadeining blir ferdigstilt innanfor KS1”.

Det er også lagt inn rekkjefølgjekrav knytt til leikeplassen (jf. § 11 punkt 4), jf. §12 i rekkjefølgjekrava. Sitat: «4. Infrastruktursone – rekkjefølgjekrav – leikeplass (H430). Som omsynssone, H 430, er det vist krav om opparbeiding av leikeplass (o_LP1 og o_LP2), jf. § 12 i rekkjefølgjekrava».

Konklusjon: Etter kommunen si vurdering er det no lagt til rette for ein god nærleikeplass med funksjons- og rekkjefølgjekrav, som sikrar dei minste barna sine interesser innanfor området.

- **Støy**

FM slår innleiingsvis fast at delar av planområdet ligg innanfor gul støysone. Det vert vidare vist til planforslaget sitt plankart og føresegner.

FM presiserer at nødvendige støyvurderingar skal vere gjort og nødvendige tiltak skal vere forankra i plankart og føresegnar ved offentleg ettersyn. FM reiser motsegn til planen fram til nødvendige tiltak mot støy er forankra i plankart og føresegnar.

Kommentar: I samband med utarbeiding av forslag til reguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl., konkluderte kommunen, etter ei grundig vurdering med at planen ikkje gav grunnlag for ei meir detaljert støyvurdering enn den som er vist på forslag til plankart og i reguleringsføresegnene. I plankartet er det lagt inn raud og gul støysone (omsynssone) og det er knytt rekkjefølgjekrav knytt til utbygging av KS1 (jf. §§ 11 og 12).

Etter at FM reiste motsegn til planforslaget, vart Asplan Viak AS ved Alf Idar Småge i Molde engasjert til å utarbeide ei konkret støyvurdering for planen. Asplan Viak AS har kome til same konklusjon som kommunen. Det må liggje føre meir detaljerte planar for utnytting av KS1, før ein kan utarbeide ei god støyvurdering for området.

Konklusjon: Etter kommunen og Asplan Viak AS si vurdering, må det liggje føre detaljerte planar for utnytting av KS1 før det kan gjerast konkrete vurderingar knytt til støy. Pr. i dag ligg det ikkje føre konkrete planar for skuletomta. Kommunen ønskjer å selje tomte ferdig regulert til utbyggar.

Det ligg klare føringar i reguleringsføresegnene, som etter kommunen si vurdering ivaretek problemstillinga knytt til støy.

Oppmoding

Med bakgrunn i ovannemnde informasjon og argumentasjon, oppmodar Herøy kommune fylkesmannen til å trekkje motsegnene mot detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad.

Ta gjerne kontakt med sakshandsamar på telefon dersom de har behov for meir informasjon eller ønskjer å drøfte problemstillingar knytt til saka.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Berit Sandvik Skeide
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk signert og er utan signatur

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

		HERØY KOMMUNE	
		RÅDMANNEN	
Reg.nr.	2013/566	Saksbeh.	BSS
21 JAN. 2016			
Ark.kode P			
Ark.kode S			
J.nr.		Dnk.nr.	
Kassasjon			

Herøy kommune**Detaljregulering - reguleringsplan gnr20 bnr27 m.fl på Frøystad
Oppmoding om å trekke motsegna til planen**

Fylkesmannen fremja i si fråsegn til offentlig ettersyn 02.11.2015 motsegn mot reguleringsplan for gnr 20 bnr 27 m.fl på Frøystad.

Vi har mottatt brev av 12.01.2016, der kommunen kjem med nærare opplysningar og gjer greie for endringar i plankart og føresegner.

Når det gjeld motsegn med høve til magnetfelt og leikeareal, kan fylkesmannen trekke motsegna.

Når det gjeld støyproblematikken, ønskjer kommunen å utsetje utarbeiding av ei støyvurdering til det ligg føre meir detaljerte planar for utnytting av KS1. I føresegnene § 11 punkt 2, blir det stilt krav til utarbeiding av detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar med tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12, og det blir vist til rekkefølgjekrav i § 12 som stiller krav om at støytiltak skal ferdigstillast samstundes med bygning.

Etter fylkesmannens syn er det ikkje høve til å utsetje støyvurderinga slik som kommunen ønskjer. Nødvendig støyrapport skal ligge føre når planen er til offentlig ettersyn, og av denne skal det visast kva som er nødvendige støyreducerande tiltak. Dette framgår av punkt 3.1 i T-1442/12: «så tidlig som mulig i planprosessen, skal det foretas en støyfaglig utredning der støynivåene tallfestes i tabell og/eller i beregningspunkter i kart for representative høyder, som ved fasader og uteoppholdsareal.» Det må i det minste ligge føre ein forenkla støyrapport som viser støy ved 1,5 og 4 meters høgd, og som angir kva tiltak som skal til for å gi tilfredsstillande støytilhøve ved desse høgdene. Vi viser også til Statens Vegvesen si uttale av 14.09.2015, der dei rår til at det blir utarbeidd ei støyfagleg utgreiing for å få avklara om det eigentleg ligg særleg til rette for plassering og oppføring av bustader innanfor varsla støysoner.

Konklusjon

Vi kan trekke motsegna for det som gjeld magnetfelt og leikeplass, men opprettheld motsegn på støy inntil nødvendig støyrapport ligg føre.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
Fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Herøy Kommune

Reguleringsplan gnr20 bnr 27 på Frøystad - Støyutredning

Utgave: 1

Dato: 09.02.2016

DOKUMENTINFORMASJON


Oppdragsgiver:	Herøy Kommune
Rapporttittel:	Reguleringsplan gnr20 bnr 27 på Frøystad - Støyutredning
Utgave/dato:	1/
Filnavn:	Reguleringsplan gnr20 bnr 27 på Frøystad - Støyutredning.docx
Arkiv ID	
Oppdrag:	605105-01–Regplan Gnr 20 bnr 27 m.fl på Frøystad Støyutredning
Oppdragsleder:	Alf Idar Småge
Avdeling:	Samferdsel infrastruktur Molde
Fag	Støy
Skrevet av:	Alf Idar Småge
Kvalitetskontroll:	Ann Kristin Sæther
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

INNHALDSFORTEGNELSE

1	Innledning.....	3
2	Regelverk.....	6
2.1	Retningslinje T-1442/2012.....	6
2.2	NS 8175:2012	7
2.3	Planbestemmelser.....	8
3	Forutsetninger og metode	8
3.1	Generelt	8
3.2	Trafikktall og spesielle forutsetninger.....	10
4	Resultater.....	11
4.1	Utendørs støy.....	11
5	Anbefaling	12
	VEDLEGG A: VANLIGE STØYUTTRYKK OG BETEGNELSE	13
	VEDLEGG B: TEGNING TX001 STØYSONEKART I HØYDE 1,5M OVER TERRENG	
	VEDLEGG C: TEGNING TX002 STØYSONEKART I HØYDE 4M OVER TERRENG	

1 INNLEDNING

Herøy kommune har utarbeidet forslag til reguleringsplan for boliger på gnr 20 bnr 27 på Frøystad i Herøy kommune. Som del av dette arbeidet inngår å dokumentere støyforholdene, der Fv654 er støykilden. Asplan.Viak AS er engasjert av kommunen for å lage støyutredning. Planområdets beliggenhet er vist med blå markør på Figur 1 nedenfor.



Figur 1 Planområdets beliggenhet vist med blå sirkel

I kommuneplanen er området som nå er under regulering avsatt til utbygging, men med krav om reguleringsplan (RP på kartet) før utbygging. Utsnitt fra kommuneplanen er vist i Figur 2.



Figur 2 Utsnitt fra kommuneplanen på Frøystad. RP er krav om reguleringsplan før utbygging.

Reguleringsforslaget er vist i Figur 3 nedenfor. Eksisterende skolebygg skal rives og arealet tilrettelegges for boligformål. I tillegg omfatter reguleringsplanen to eksisterende boliger. Byggeområdet ligger høyere enn vegen, som i kombinasjon med topografien vanskeliggjør effektiv skjerming.



Figur 3 Forslag til reguleringsplan

2 REGELVERK

2.1 Retningslinje T-1442/2012

Gjeldende støyregelverk er Klima- og Miljødepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2012, heretter kalt T-1442.

Med første utgave av denne retningslinjen ble betegnelsen L_{DEN} innført. L_{DEN} er A-veiet ekvivalent støy nivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 5 dB / 10 dB ekstra tillegg på kveld / natt. Tidspunktene for periodene dag, kveld og natt er slik:

Dag: kl. 07 - 19, kveld: kl. 19 - 23 og natt: kl. 23 - 07.

L_{DEN} er nærmere definert i EUs rammedirektiv for støy og periodeinndelingene er i tråd med disse anbefalingene. L_{DEN} -nivået skal i kartlegging etter EU-direktivet beregnes som årsmiddelverdi, det vil si som gjennomsnittlig støybelastning over et år. Også i retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging er årsmiddelverdier lagt til grunn.

Det bemerkes at T-1442 kun omhandler krav som er relevante for det man kaller støyfølsom bebyggelse. Boliger, pleie- og sykehjem, sykehus, skoler og barnehager omfattes av begrepet støyfølsom bebyggelse. Kontorer og næringsbygg omfattes ikke av disse kravene.

Etter EU-direktivets bestemmelse skal L_{DEN} beregnes som frittfeltverdier ved en mottakerhøyde på 4 meter over terreng og kravet skal være tilfredsstillt både ved fasade og på en normal uteplass. Man skal imidlertid ta praktiske hensyn til den situasjonen man har når beregningshøyden fastsettes. For uteplasser bruker man ofte å beregne støykotekart i 1,5 meter høyde over bakken, i tillegg til 4 meters høyde, for å gi et mer reelt inntrykk av støybelastningen der folk oppholder seg. T-1442 angir to støysoner, gul og rød sone, hvor det gjelder særlige retningslinjer for arealbruken. Kort oppsummert er retningslinjene slik: (Se T-1442 for detaljer)

- Rød sone, nærmest støykilden, angir et område som ikke er egnet til støyfølsomme bruksformål og etablering av ny støyfølsom bebyggelse skal unngås.
- Gul sone er en vurderingssone hvor støyfølsom bebyggelse kan oppføres, dersom avbøtende tiltak gir tilfredsstillende støyforhold.

Kriterier for soneinndeling er gitt i Tabell 2-1. Når minst ett av kriteriene for den aktuelle støysonen er oppfylt, faller arealet innenfor sonen.

For øvrige områder (hvit sone i T-1442), vil det normalt ikke være behov for å ta spesielt hensyn til støy fra vegtrafikk, bane eller industri i byggesaker og det kreves normalt ikke særlige tiltak for å tilfredsstille lydkrav i teknisk forskrift.

2.1.1 Vegtrafikkstøy

Tabell 2-1: Kriterier for soneinndeling av vegtrafikkstøy.

	Ekvivalentnivå (år)	Maksimalnivå i nattperioden (kl. 23 - 07)
Gul sone vegtrafikk	L_{DEN} 55 dB	L_{5AF} 70 dB
Rød sone vegtrafikk	L_{DEN} 65 dB	L_{5AF} 85 dB

Krav til maksimalt støynivå i nattperioden gjelder der det er mer enn 10 hendelser per natt og vil i hovedsak kun være dimensjonerende ved svært høye andeler av tungtrafikk eller ved høye andeler tungtrafikk i kombinasjon med lav ÅDT, evt. der bebyggelse ligger svært nær veg.

2.1.2 Generelt

Retningslinje T-1442/2012 er gjeldende ved planlegging av støyende virksomhet inntil eksisterende støyømfintlig bebyggelse eller ved planlegging av støyømfintlig bebyggelse ved eksisterende støykilder, som i dette tilfelle er Fv 60.

Utdrag fra T-1442: *"Ved etablering av nye bygninger med støyfølsomt bruksformål i gul sone, skal kommunen kreve en støyfaglig utredning som synliggjør støynivåer ved ulike fasader på de aktuelle bygningene og på uteoppholdsareal. Utredningen skal foreligge samtidig med planforslag i plansaker eller ved søknad om rammetillatelse i byggesaker.*

Utredningen bør belyse innendørs og utendørs støynivåer ved alternative løsninger for plassering av bebyggelse, og aktuelle avbøtende tiltak. Det skal legges vekt på at alle boenheter får en stille side, og tilgang til egnet uteoppholdsareal med tilfredsstillende støyforhold."

Dette har konsekvenser for bl.a. planløsninger for boenheter og plassering av uteoppholdsareal. Planløsning må være kjent allerede på reguleringsplannivå for at ev. avbøtende tiltak mot overskridelser av innendørs støynivåer i støyfølsomme rom skal kunne beregnes. Likeledes skal man kunne dokumentere at hver boenhet har en stille side og en privat uteplass med tilfredsstillende støyforhold. Iht. tabell 3 i T-1442, så skal minst ett åpningsbart vindu på hvert oppholds- og soverom ligge på stille side.

Dersom retningslinjens anbefalinger kan tilfredsstilles gjennom avbøtende tiltak som ikke er uforholdsmessig kostbare, bør ikke avvik fra anbefalte grenseverdier aksepteres. I forhold til etablering av ny støyfølsom bebyggelse bør ikke høye kostnader ved å tilfredsstille retningslinjens anbefalinger *alene* aksepteres som begrunnelse for avvik. Avvik bør først aksepteres dersom både uforholdsmessig høye kostnader for avbøtende tiltak og hensynet til samordnet areal- og transportplanlegging, eller eventuelt andre tungtveiende interesser, etter en helhetsvurdering tilsier at avvik bør aksepteres. Slike interesser kan f.eks. være estetikk, kulturminner og kulturmiljø. I vurderingen av hvor vidt avvik fra anbefalingene skal tillates, bør et eller flere av kriteriene for avvik i T-1442 kapittel 3.2.1 være oppfylt.

2.2 NS 8175:2012

Krav til innendørs lydtryknivå fra utendørs lydkilder er gitt av teknisk forskrift til Plan- og Bygningsloven og NS 8175:2012 "Lydforhold i bygninger – Lydklasser for ulike bygningstyper". Kravene for boliger er gjengitt i Tabell 2-2 nedenfor og skal dokumenteres oppfylt for eksisterende boliger med støy over grenseverdi for gul støysone.

Tabell 2-2: Utdrag av NS 8175, tabell 4 - lydklasser for boliger. Innendørs lydnivå fra utendørs kilder. Klasse C er minstekrav.

Type brukerområde	Målestørrelse	Klasse C
I oppholds- og soverom fra utendørs lydkilder	$L_{p,A,24h}$ (dB)	30
I soverom fra utendørs lydkilder	$L_{p,AF,max}$ (dB) Natt, kl. 23 – 07	45

2.3 Planbestemmelser

Kommuneplanen har følgende formulering om hvordan støy skal behandles:

I samband med utarbeiding av reguleringsplanar og søknadspåkravende tiltak som grensar mot industriområde med støyande verksemdar, fylkesvegar, riksvegar og andre støykjelder, skal støyforhold vurderast.

Reguleringsbestemmelsene i forlag til reguleringsplan omtaler støy i fellesbestemmelsen på følgende måte:

Som del av søknad om byggjetiltak innan KS1, skal det utarbeidast ei detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak for å sikre at bygningar med tilhøyrande uteareal har tilfredsstillande støytilhøve i samsvar med T-1442/12. Støytiltak skal visast på situasjonsplan og ferdigstillast samtidig med ferdigstilling av bygningane på området.

3 FORUTSETNINGER OG METODE

3.1 Generelt

Støy er beregnet ved hjelp av programmet Novapoint 19.35 basert på Nordisk metode for beregning av vegtrafikkstøy. Metoden gir typisk en usikkerhet på +/- 2 dB.

Alle beregnede støyverdier presentert i denne rapporten er beregnet som frittfeltverdier, dvs. uten fasaderefleksjon. Dette må tas hensyn til ved detaljert beregning av innendørs støyinnivå.

Det er beregnet støykoter for gul og rød støysoner i 4 meter og 1,5 meter høyde over terreng. Beregningshøyden 4 meter over terreng er påkrevd i T-1442 (Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging) og er typisk for en lav 2. etasje. Beregningsnivået 4 meter over mark påvirkes ofte lite av terrengets typiske støyskjerming og påvirkes også i mindre grad av eventuelle støyskjermende elementer langs de aktuelle støykildene. Støykoter ved 4 meter beregningshøyde avgrensar det man kaller støysoner. Beregninger utført i 1,5 meter høyde over terreng er mer representative for støy på uteplasser på bakkeplan og foran en lav 1. etasje. Antydningssvis vil støyinnivået i 1,5 meter beregningshøyde ofte være ca. 1-3 dB lavere enn ved 4 meter beregningshøyde, men dette vil avhenge mye av terrenget, lokale skjærmer og gjerder m.m.

Støykoter er linjer trukket opp og interpolert mellom et endelig antall beregningspunkter satt i et rutenett. Støykoter er derfor generelt noe mer unøyaktige enn beregninger gjort i enkeltpunkter.

På Figur 4 vises sammenhengen mellom trafikkvekst og støyinnivåøkning. Som det fremgår av figuren skal det være en betydelig endring eller avvik i trafikkmengde, og/eller i fordelingen av antall biler i døgnperiodene, før dette gir seg utslag i en merkbar endring av støyinnivået. Eksempelvis vil et avvik mellom faktisk og simulert vegtrafikk på 20 % gi en forskjell i støyinnivå (L_{DEN}) på < 0,8 dB. Dobbelte så stor trafikk gir 3 dB økning av støyinnivå.



Figur 4 Sammenheng mellom trafikkvekst i % og økningen i støynivå i dB.

For å forstå betydningen av forskjell i støynivå og hvordan dette oppfattes er det viktig å vite at verdier for støynivå er forholdstall og at desibelskalaen er logaritmisk. Dette innebærer at et økt støynivå med 10 dB krever en tidobling i lydenergi.

En dobling av lydenergien (3 dB økt støynivå) vil være merkbart, men det må en tidobling av lydenergien (10 dB økt støynivå) til for at støynivået skal oppfattes som dobbelt så høyt. Det samme gjelder for reduksjon av støynivå, det kreves en reduksjon på 2-3 dB for å utgjøre en merkbart forskjell av oppfattet støynivå. Se Tabell 3-1 nedenfor for oversikt.

Tabell 3-1: Oversikt over menneskelig reaksjon på økt støynivå.

Økning av støynivå	Reaksjon
1 dB	Knapt merkbart
2 – 3 dB	Merkbart
4 – 5 dB	Godt merkbart
5 – 6 dB	Vesentlig endring
8 – 10 dB	Dobbelt så høyt

3.2 Trafikktall og spesielle forutsetninger

3.2.1 Vegtrafikk

Støykilden er i dette tilfelle Fv 654. Fylkesveg 16 Torvikvegen og andre lokalveger gir ikke bidrag til totalnivået for det planlagte boligområdet. Underlagsdata for vegtrafikk er hentet fra NVDB¹ og er vist i Tabell 3-2. For støyberegningene er disse tallene framskrevet til år 2036 basert på prognoser for trafikkframskrivning fra NTP². Dette er i tråd med Klima- og Miljødepartementets krav i T-1442 om at støyberegninger skal utføres for en trafikkmengde framskrevet 10-20 år fram i tid. Det henvises til **Feil! Fant ikke referanseilden.** og Tabell 3-1 for hvilken innvirkning dette har på resultatene.

Tabell 3-2: Underlagsdata for vegtrafikk.

Støykilde	Dagens situasjon 2014			Framscrevet situasjon 2036		
	ÅDT Kjt/døgn	TA* %	Fartsgrense Km/h	ÅDT Kjt/døgn	TA* %	Fartsgrense Km/h
Fv654 sør for Frøystadkrysset	3900	8	80	4600	10	80
Fv654 nord for Frøystadkrysset	3900	8	60	4550	10	60

*TA er tungtrafikkandel, angitt i prosent av ÅDT.

Tabell 3-3 viser prosentvis fordeling av trafikken gjennom døgnet for veger i gruppe 1, gruppe 2 og gruppe 3. Fordelingen er hentet fra M-128/2014 og gruppe 1 er vurdert som representativ for vegen.

Tabell 3-3: Døgnfordeling av vegtrafikk.

Periode	Gruppe 1	Gruppe 2	Gruppe 3
Dag (kl. 07 – 19)	75 %	84 %	58 %
Kveld (kl. 19 – 23)	15 %	10 %	22 %
Natt (kl. 23 – 07)	10 %	6 %	20 %

¹ Nasjonal vegdatabank

² Nasjonal transportplan

4 RESULTATER

4.1 Utendørs støy

Figur 5 viser støysituasjonen i planområdet i høyde 4m over terrenget uten skjermingstiltak. Støynivået ligger i intervallet 55 – 65 dBA i store deler av det aktuelle utbyggingsområdet.

Eksisterende boliger som inngår i reguleringsplanen har også høye støyverdier Dette utløser ikke tiltak mot støy, men nevnes fordi boligene ligger innenfor plangrensa.



Figur 5 Støysonekart i høyde 4m over terreng uten støyskjerming



Figur 6 Støysonekart i høyde 1,5m over terreng uten støyskjerming

Figur 6 viser støyutbredelsen 1,5 meter over terrenget. Store deler av utbyggingsområdet har støy over 55 dBA også i denne høyden.

Vi har også undersøkt effekten av mulige skjermingstiltak, men det er vanskelig å finne gode løsninger pga terrengmessige forhold. Det har også liten hensikt å beskrive dette i detalj så lenge det ikke er kjent hvordan framtidig bygningsmasse skal plasseres og utformes. Bl.a. vil graden av terrengbearbeiding ha stor betydning for den lokale støyutbredelsen.

Støysonekart med tegnforklaring ligger som vedlegg til rapporten.

5 ANBEFALING

Vår anbefaling er at støyberegningene som er utført nå blir en del av grunnlaget for detaljert planlegging og prosjektering av boliger og utearealer. Framtidig bebyggelse bør planlegges slik at den bidrar til å skjerme uteoppholdsarealer der det er mulig, og det bør så langt råd unngås å legge rom med støyfølsom bruk til de mest utsatte fasadene. I fasen med detaljplanlegging bør det gjøres nye støyberegninger undervegs som dokumenterer den konkrete situasjonen, slik det er satt krav om i reguleringsbestemmelsen gjengitt i avsnitt 2.3.

VEDLEGG A: VANLIGE STØYUTTRYKK OG BETEGNELSER

Begrep	Benevning	Forklaring
A-veid lydtrykknivå	dBA	Lydtrykknivå (lydens styrke) målt eller vurdert med veiekurve A (L_A , angitt i dBA). Lydnivå er den korrekte betegnelsen for alle dBA-verdier, men i daglig språk brukes ofte støynivå.
A-veiet, ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt	L_{DEN}	A-veid ekvivalent støynivå for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB / 5 dB ekstra tillegg på natt / kveld. Tidspunktene for de ulike periodene er dag: 07-19, kveld: 19-23 og natt: 23-07
A-veide nivå som overskrides 5 % av tiden, Fast	L_{5AF}	L_{5AF} er det A-veide nivå målt med tidskonstant "Fast" på 125 ms som overskrides av 5 % av hendelsene i løpet av en nærmere angitt periode, dvs. et statistisk maksimalnivå i forhold til antall hendelser
Desibel	dB	Angir logaritmisk forhold mellom to verdier. Desibel brukes på to måter: 1) For å angi forholdet mellom to størrelser 2) For å angi absoluttstørrelse ved at man angir forholdet til en referanseverdi.
Ekvivalent lydnivå	$L_{ekv,T}$ $L_{A,ekv,T}$	Gjennomsnittlig (energimidlet) lydnivå over et angitt tidsintervall, f.eks. 1 minutt, 30 minutter, 1 time, 8 timer eller 24 timer. Noen ganger markeres at det er A veid verdi ved en A foran ekv. Normalt er det underforstått.
Fritt felt		Lydtutbredelse uten refleksjon fra vertikale flater (dvs. nærliggende bygninger eller egen fasade). En mottaker i lydfeltet mottar lyd bare i en direkte retning i fra lydkilden. Vi snakker ofte om "frittfelt" i motsetning til lyd tett ved bygningsfasade der refleksjoner fra fasaden bidrar til å øke lydnivået
Lydnivå	L	Lydtrykknivå (lydens styrke) målt eller beregnet i desibel.
Maksimalt lydnivå	L_{maks}	Beskrivelse av høyeste lydtrykknivå for en ikke- konstant lyd. L_{maks} er svært følsomt for hvordan maksimalverdien defineres. (tidskonstant som skal brukes, hvilke topper som skal inkluderes). For å ha entydige forhold brukes faste definisjoner, f.eks. nivået som overskrides 1 % av tiden Beregningsmetoden for vegtrafikkstøy (1996) har definert L_{maks} til det nivået som overskrides en viss prosent av tiden. Her er 5 % som anbefalt verdi.
Støy		Uønsket lyd. Lyd som har negativ virkning på menneskets velvære og lyd som forstyrrer eller hindrer ønsket informasjon eller søvn
Støynivå		Populært fellesuttrykk for ulike beskrivelser av lydnivå (som ekvivalent - og maksimalt lydnivå) når lyden er uønsket.
Veiekurve – A	A	Standardisert kurve (IEC 60651) som etterlikner ørets følsomhet for ulike frekvenser ved lavere og midlere lydtrykknivå. Brukes ved de fleste vurderinger av støy. A-kurven framhever frekvensområdet 2000 - 4000 Hz
Veiekurve – C	C	Standardisert kurve (IEC 60651) som etterlikner ørets følsomhet ved høye nivåer. C-kurven har bare en svak demping av de aller laveste og høyeste frekvenser. Benyttes en del i NS 8175, bygningsakustikk.
ÅDT		ÅDT (Årsdøgntrafikk) er i prinsippet summen av antall kjøretøy som passerer et punkt på en veistrekning i året dividert på årets dager. Antall tunge kjøretøy settes som en andel i prosent.



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksnr
2013/566

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / BSS

Dato
15.02.2016

OPPMODING OM Å TREKKE MOTSEGN - FORSLAG TIL DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR. 20, BNR. 21 MFL. PÅ FRØYSTAD

Herøy kommune viser til brev frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 18.1.2016. I brevet informerte fylkesmannen om at han trekkjer motsegna knytt til magnetfelt og leikeplass i forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 21 mfl. på Frøystad. Fylkesmannen opprettheld motsegn knytt til støy, med bakgrunn i manglande vurdering. Fylkesmannen meiner nødvendig støyrapport skal liggje føre når planen er til offentleg ettersyn.

Sitat frå uttalen til Fylkesmannen: «*Det må i det minste ligge føre ein forenkla støyrapport som viser støy ved 1,5 og 4 meters høgd, og som angir kva tiltak som skal til for å gi tilfredsstillande støytilhøve ved desse høgdene.*»

Asplan Viak AS har på oppdrag av Herøy kommune utarbeidd forenkla støyutgreiing med tilhøyrande kart som viser støysoner ved 1,5 og 4,0 meters høgd. Asplan Viak AS rår til at støyutrekningane som er utført blir ein del av grunnlaget for meir detaljert planlegging og prosjektering av bustader og uteareal. Framtidig bebyggelse bør planleggjast slik at den bidreg til å skjerme uteopphaldsareal der det er mogleg, og ein bør så langt det råd unngå å leggje rom med støyfølsom bruk til dei mest utsette fasadane.

Det er i forslag til reviderte reguleringsføresegner, vist til støyutgreiinga frå Asplan Viak AS. Utgreiinga skal leggjast til grunn ved vidare planlegging i området.

Herøy kommune ber med dette Fylkesmannen å trekkje motsegna til detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 21 mfl. på Frøystad. Det vert vist til vedlegg nedanfor.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Berit Sandvik Skeide
Sakshandsamar

Vedlegg:

1. Støyutredning utarbeidd av Asplan Viak, datert 9.2.2016.
2. Kart som viser støysoner 1,5 meter over terreng, datert 24.11.2015.
3. Kart som viser støysoner 4,0 meter over terreng, datert 24.11.2015.
4. Forslag til reviderte reguleringsføresegner, sist datert 15.2.2016.

Sakshandsamar HK



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/566	Saksbeh.
22 FEB. 2015	
Ark kode P	
Ark kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Ad. oppmoding om å trekke motsegn

Herøy kommune

Forslag til detaljreguleringsplan for gnr 20 bnr 21 mfl. på Frøystad

Fylkesmannen opprettheldt i brev av 18.01.2016 si motsegn mot reguleringsplan på den gamle skuletomta på Frøystad. I brevet blei det stilt krav om at det må ligge føre støyrapport som viser støy ved 1,5 og 4 meters høgd, og som angir kva tiltak som skal til for å gi tilfredsstillande støytilhøve ved desse høgdene.

Fylkesmannen mottok brev frå Herøy kommune av 15.02.2016, med vedlagt støyrapport utarbeidd av Asplan Viak AS. Støyrapporten viser at ved 4 meter over terreng ligg så og seie heile KS 1 i gul støysone, og ved 1,5 meter over terreng ligg store deler av KS 1 i gul støysone. Dette viser at planområdet er krevjande med omsyn til støy, og det er difor Fylkesmannen krev at plankart og føresegner tydeleg viser korleis støykrava skal innfriast.

Støyrapporten rår til at støyberekningane som er utført blir ein del av grunnlaget for byggesaka vidare, og viser til at framtidig bebyggelse bør planleggast slik at den bidrar til å skjerme uteopphaldsareal der det er mogleg, og at ein så langt råd bør unngå å legge rom med støyfølsam bruk til dei mest utsette fasadane. Vidare rår det til at det i fasen med detaljplanlegging bør gjerast nye støyberekningar som dokumenterer den konkrete situasjonen. Føresegnene tar opp i seg desse tilrådingane, slik at det der visast til at detaljert støyvurdering som skildrar nødvendige tiltak skal utarbeidast, krava fastsett i T-1442/12 skal overhaldast og at støytiltak skal ferdigstillast samstundes med bygning. Slik støyrapporten ligg føre gjer den ikkje klårt greie for kva støytiltak som må ligge føre.

Det må gå fram av støyrapporten at støytiltaka innfrir grenseverdiane, som er Lden 55 dB for støyfølsam bebyggelse. Etter Fylkesmannen sitt syn kan ein ikkje, slik Herøy kommune ønskjer, utsetje støyavklåringa til bygningssaka. Plankart og føresegner skal vise kva tiltak som skal til for at støytilhøva blir tilfredsstillande. Dersom det krevst støyskjerming/voll, skal dette visast i plankart og utforming gå fram av føresegnene, og dersom det er bygningane i seg sjølv som skal ha støydempande verknad, må desse plasserast i plankartet. Poenget er at ein reguleringsplan ikkje kan godkjennast før det er dokumentert korleis tilfredsstillande støytilhøve skal oppfyllast.

Med dette opprettheld fylkesmannen si motsegn når det gjeld støy.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Herøy kommune viser til tidlegare kommunikasjon med fylkesmannen vedrørende forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 27 mfl. på Frøystad.

Som de kjenner til, har fylkesmannen reist motsegn til reguleringsplanforslag, med bakgrunn i manglande støyavklaring. Etter ei grundig vurdering, har administrasjonen kome fram til at ein vil legge skuletomta ut til friområde og parkeringsplass.

Vedlagt følgjer "nytt" forslag til detaljreguleringsplan for gnr. 20, bnr. 21 mfl. med tilhøyrande reguleringsføresegner.

Herøy kommune ber fylkesmannen trekkje tidlegare motsegn knytt til reguleringsplanen.

Ber om rask tilbakemelding.

Vedlegg:

- Forslag til nytt reguleringsplankart, 30.3.2016.
- Forslag til reguleringsføresegner, datert 30.3.2016.

Helsing

BERIT SANDVIK SKEIDE

Planleggar/landskapsarkitekt

70 08 13 00 / 70 08 13 82



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
- 5 APR. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Nytt forslag til reguleringsplan
Reguleringsplan gnr20 bnr27 m.fl på Frøystad – trekking av motsegn

Vi viser til brev av 30.03.2016 frå Herøy kommune, der kommunen ber Fylkesmannen om å trekke si motsegn mot reguleringsplan på Frøystad. Motsegna hadde grunnlag i manglande støyavklåring. Planen er no vesentleg endra, der tidlegare område for bustader er erstatta med friområde og parkeringsplass. Fylkesmannen kan med dette difor trekke si motsegn.

Vi har elles ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/552
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/16	Formannskapet	19.04.2016
59/16	Kommunestyret	28.04.2016

KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Møtebehandling:

Epost frå Hugo Brathaug datert 19.04.16 – Klage reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda vart delt ut i møtet.

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Rolf Moltu, Bjørnar Tarberg, Olga Maspanova, Sjøsidan Eiendomsselskap AS og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda vart vedteke endra i møte 28.01.2016. Klagen vert difor ikkje tekne til følge og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/16.

Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Tilråding:

Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Rolf Moltu, Bjørnar Tarberg, Olga

Maspanova, Sjøsiden Eiendomsselskap AS og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda vart vedteke endra i møte 28.01.2016. Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/16.

Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Rolf Bjørnar Moltu
Bjørnar Tarberg
Hugo Bratthaug
Olga og Ljubov Maspanova
Advokat Michael Oscar Åsheim
Sjøsiden Eiendomsselskap
Utviklingsavdelinga

Fylkeshuset 6404 Molde
Nygjerdevegen 3 6076 Moltustranda
Moltuvegen 363 6076 Moltustranda
Øvre Myklebust 17 6092 Fosnavåg
Moltuvegen 332 6076 Moltustranda
moa@help.no
perdyb@tussa.com
Her

Vedlegg:

- 01 – Klage på vedtak frå Rolf Bjørnar Moltu
- 02 - Klage på vedtak frå Bjørnar Tarberg
- 03 - Klage på vedtak frå Olga Maspanova
- 04 - Klage på vedtak frå Sjøsiden Eiendomsselskap AS
- 05 - Klage på vedtak frå Hugo Bratthaug
- 06 - Plankart
- 07 - Føresegner
- 08 - Planomtale
- 09 - K-sak 44/15 eigengodkjenning av reguleringsplan
- 10 - K-sak 05/16 handsaming av klage og endring av reguleringsplan

Saksopplysningar:

Herøy kommune har utarbeidd reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Planområdet er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10, og det er i kommuneplanen frå 2015 vist gang- og sykkelveg langs vegstrekninga. Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for løysingar som skal betrettrafikktryggleiken i området, særskilt for mjuke trafikantar, slik at desse skal oppnå ein tryggare ferdsel langs hovudvegen. Strekninga er også skuleveg for barn- og unge. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta vegtrase for Nygjerdevegen, ei vegstrekning som er ein viktig samleveg til dei mest tettbygde delane av bustadområde på Moltustranda.

Kommunestyret i Herøy godkjenner i møte den 30.04.2015 reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda. Det blei i K-sak 44/15 gjort følgjande vedtak:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015. Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering».

Til vedtak om godkjenning av reguleringsplan kom det inn 5 klager på kommunestyret sitt vedtak. Desse klagene kom frå Hugo Brathaug (eigar av gnr 60 bnr 52), Kristian Driveklepp for grunneigar Gunnar Moltumyr (eigar av gnr 60 bnr 54), Jogeir og Inger Skorpen (eigar av gnr 60 bnr 73), Sjøsiden Eiendomsselskap ASv/Per Helge Dybvik (eigar av gnr 60 bnr 132 og 183).

I samband med kunngjering av kommunestyret sitt vedtak i k-sak 44/15 og handsaming av k-sak 05/16, finn rådmannen grunnlag for å minne om følgjande sakshandsaming: I forkant av klagesakshandsaminga i k-sak 05/16, gjennomførte formannskapet ei synfaring på Moltustranda den 03.11.2015. I etterkant av synfaring blei administrasjonen beden om å sjå på moglegheitene for å imøtekomme klagene frå Rolf Moltu, Inger og Jogeir Skorpen og Sjøsiden Eigedom v/Per Helge Dybvik.

Klagen frå grunneigar Rolf Moltu kom inn vesentleg over den lovfesta klagefristen over forvaltningsvedtaket er ute. Av omsyn til at klagen kom inn såpass lenge etter tidsfristen var ute, ville det gi uheldig presidents for andre typer klagesaker dersom den klagen blei tatt opp til behandling i samband med reguleringsplanen. Dei same vurderingane gjeld for brev som kom frå FAU 02.11.2015.

Momenta som kom frå grunneigar Rolf Moltu, blei likevel teke omsyn til gjennom punkt 4 i k-styret sitt vedtak i sak 05/16. Der blei det sagt at det ved utbygging skal gjerast fysiske tiltak (terrengarrondering) i samband med opparbeiding av den nye vegen, som skal ivareta grunneigar sine interesser knytt til gardsdrift og dyrehald. Det blei lagt vekt på at ei løysing skal utformast i samråd med grunneigar.

Klagene blei handsama i k-sak 05/16, der det blei gjort følgjande vedtak:

«1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Bratthaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan ik-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- **Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisktlinjer mellom eiendomsdelane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankartog føresegnar.**
- **Det blir innarbeidd frisktlinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slikdet går fram av vedlagt revidert plankart.**
- **Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn –tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.**

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidens Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveglangdelar av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteke i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trasé for Nygjerdeveg o_ V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareal til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar. Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Vedtaket blei ekspedert og kunngjort for dei partane med klagerett over vedtak/ending av reguleringsplan. Det har kome inn 4 klager på kommunestyret sitt vedtak i k-sak 05/16: Desse er frå Rolf Bjørnar Moltu, Bjørnar Tarberg, Olga Maspanova, Sjøsidens Eiendomsselskap AS og Hugo Bratthaug.

Pga seinare kjennskap til k-styret sitt vedtak fikk grunneigar Hugo Bratthaug utsett klagefrist til 17.03.2016.

Klagene er framsett skriftleg, grunngjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak blir vurdert som oppfylt. Klagene skal på vanleg måte handsamast av formannskap og kommunestyre i første instans, før evt nytt vedtak som gir ny klagerett og oversending av klager til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Rådmannen vil i den påfølgjande delen kommentere og gjere greie for dei klagene som vedkjem reguleringsplanen og som har kome til kommunestyret sitt vedtak.

Vurdering og konklusjon:

1. Klage frå Rolf Bjørnar Moltu, datert 07.02.2016:

Grunneigar hevder at ny trase for Nygjerdevegen ikkje er tatt med i varsel om planoppstart for denne reguleringsplanen. Det blir vidare vist til plan- og bygningslova og rett til å krevje innløyising. Grunneigar hevder at dersom han ikkje har ei driftsbygning som tillet gardsdrift så har dei resterande områda liten verdig for han. Det blir hevda at det er Myrabakken bustadfelt som er grunnen til at kommunen må bygge ny veg. Grunneigar hevdar den nye vegen vil føre til at han ikkje får sette opp garasje på eigedomen. Det blir vist til framtidig veglinje i kommuneplanen for Nygjerdevegen og grunneigar hevdar at kommunen skulle søkt fylkesmannen om dispensasjon fordi vegen krysser eit område som er avsett til LNF-formål. Grunneigar viser til at forholde kring arrondering av terrenget rundt vegen ikkje er det som landbrukskontoret krev og viser til uttale frå landbrukskontoret av 20.11.2014. Grunneigar hevder at planen har vore revidert og at Nygjerdevegen er teke inn i planen i etterkant av varsel om oppstart. Grunneigar hevdar også at reguleringsplanen berre gjeld for gangveg langs fylkesvegen.

Vurdering av klage (tekst i kursiv):

Rådmannen vil først og fremst presisere at det heilt sidan varsel om oppstart av planarbeid har vore eit mål med planarbeidet at det skal legge grunnlaget for ein ny tilkomst til dei øvre delane av bygda, som erstatning for deler av dagens tilkomstveg (Nygjerdevegen). Dette står skrive på framsida av varslingsbrevet og er grunnen til at planområdet er avgrensa slik det er utforma mot aust og sør i området rundt klagar sin eigedom. Vegen er ikkje innteikna på kartet ved varsel om oppstart. Dette er heller ikkje vanleg å gjere på dette stadiet i planprosessen og høyrer til detaljeringsfasen når varslingsfristen er ute og planforslaget (med detaljer) blir utarbeidd til offentlig ettersyn høyring. Reguleringsplanen gjeld soleis for både gangveg langs fylkesveg 10 og ny trase for Nygjerdevegen. Rådmannen kan soleis ikkje sjå at det er gjort noko feil i sakshandsaminga knytt til varsel om oppstart og omtale av Nygjerdevegen.

Kommunen sitt erverv og planar for utbygging av Myrabakken bustadfelt er ikkje grunnlag åleine for at ny trase for Nygjerdevegen blir regulert og vist i plan. Riktignok vil ei større satsing på bustader i Myrabakken forsterke behovet for ein ny veg. Dagens Nygjerdeveg tilfredstiller ikkje krav til stigning og framkomlegheit for utrykningskøyretøy og vil vinterstid kunne vere eit problem for beredskapen dersom brannbil, politi eller ambulanse ikkje kan ta seg fram langs vegbana pga lokale forhold. Dagens Nygjerdeveg gir heller ikkje tilstrekkeleg rom for å kunne utvide/oppgradere vegstandaren til å møte dei krava som kommunen har i sin vegnormal, då dette vil gi for store inngrep i tilgrensande eigedomar og medføre vesentleg større ulemper for fleire eigedomar med tanke på tilkomst og riving/sanering av hageareal og bygningar, kontra kva som er tilfelle ved bygging av ny veg i ein annan trase. Kommunen har også fått innspel til kommuneplanen knytt til ønske om ny Nygjerdeveg. Det er soleis ei samansett grunngeving for behovet til ny trase for Nygjerdevegen.

Når det gjeld rett til å krevje innløyising viser rådmannen til krava i plan- og bygningslova kap 15, som omhandlar lovfesta regler for innløyising og erstatning ved reguleringsplanar.

Eigedomen til grunneigar blir gjennom reguleringsplanen regulert til bustadformål med tilhøyrande føresegner. Grunneigar har soleis moglegheiter for å sette opp

garasje på eigedomen innanfor dei reglane som følgjer av reguleringsplanen og plan- og bygningslova med tilhøyrande føresegner.

Reguleringsplanen medfører ikkje at driftsbygninga på garden må rivast. Det ligg ikkje inne krav om riving i denne reguleringsplanen. Den nye veglinja er innteikna sør og aust for bygningane på eigedomen og dette i planen.

Når det gjeld det som grunneigar påpeikar knytt til LNF-område, så kan ein gjennom reguleringsplanar endre arealstatus for eit område i kommuneplanen gjennom ein detaljert reguleringsplan. Det er ikkje eit krav om at kommunen må søkje fylkesmannen om dispensasjon for denne endringa. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har vore ein uttaleinstans gjennom heile planprosessen og ikkje hatt innvendingar mot at kommunen gjennomfører ei endring av arealformålet for denne delen av planområdet.

Når det gjeld kravet om konsekvensutgreiing, viser rådmannen til at det i ein tidleg fase (ved varsel om oppstart) blei gjort vurderingar kring dette punktet. Ein kom til at planen ikkje ville få vesentlege verknader for miljø og samfunn, slik at ei konsekvensutgreiing som del av planarbeidet ikkje var naudsynt. Det er heller ikkje andre offentlege instansar som har peika på behovet for konsekvensutgreiing i denne saka.

Rådmannen vil understreke at kommunestyret tidlegare har vore kjend med uttalen frå landbrukskontoret. Denne uttalen blei også kommentert og gjort greie for i saksframlegg ved eigengodkjenning av reguleringsplan. Ein finn ikkje grunnlag for å gjenta desse vurderingane i denne saka og viser til saksutgreiing i k-sak 44/15.

Ein kan ikkje sjå at ovannemnde klage frå Rolf Bjørnar Moltu inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesveg 10 gjennom Moltustranda vart vedteke endra i møte 28.01.2016. Klagen vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/16. Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

2. Klage frå Bjørnar Tarberg, datert 14.02.2016:

Grunneigar viser til at han er råka av 2 ulike reguleringsplanar og hevder han ikkje har vore merksam på konsekvensane av desse planane. Grunneigar er ikkje samd i at andre eigedomar skal kunne passere gjennom eigedomen. Han hevder vidare at garasjen på eigedom gnr 60 bnr 31 ikkje kan brukast i framtida og at det vil vere umogleg å få inn bil og hengar i høve framtidig vegnivå. Grunneigar hevder at området «Leik 2» bør brukast til parkering og at det bør finnast anna areal til leikeplass. Han viser til at det er han som grunneigar som må gi grunn til andre grunneigarar, mens kommunen sitt byggefelt ligg urørt for å bevare kommunen sine interesser. Grunneigar hadde ingen innvendingar på planen då den blei vedtatt. Han viser no til at 3 eigedomer mister sin tilkomst til FV10 og at desse skal ha tilkomst gjennom grunneigar sin eigedom.

Vurdering av klage (tekst i kursiv):

Grunneigar har ikkje valt å klage på vedtaket i k-sak 44/15 om eigengodkjenning av reguleringsplan. Ein vel likevel her å ta klagen opp til realitetshandsaming. Det er riktig det som grunneigar påpeiker at eigedomane gnr 60 bnr 31, 118 og 119 i

framtida skal ha sin tilkomst frå Myrabakken bustadfelt i sør gjennom vegen f_V4. Det er tenkt at denne vegen blir opparbeidd og avslutta i terrenget på ein slik måte at dei nemnde eigedomane kan få køyrbar tilkomst til sine eigedomar. Denne vegløyninga skal vere ei erstatning for den tilkomsten som går tapt ved bygging av fortau på sørsida av fylkesvegen.

Rådmannen viser til at løysingane for nytt veganlegg i godkjend reguleringsplaninneberer ei fortausløyning på sørsida av fylkesvegen, utviding av vegbane frå ei til to køyrebaner og tilhøyrande areal for annan veggrunn tekniske anlegg på begge sider av fylkesvegen. Løysinga med fortau på sørsida av fylkesvegen er vurdert som ein mindre arealkrevjande løysing enn kva som hadde vore tilfelle for ein fullskala gang og sykkelveg med grøft mellom køyreareal og gangveg. Fortau som løysing for mjuketraфикantar er soleis valt med bakgrunn i ei heilskapleg vurdering.

I planprosessen har vore gjennomført ei avveging av ulike interesser i reguleringsplanen. Rådmannen viser til at formålet med ein ny gang- og sykkelveg har vore vekta i høve dei ulike interessene til grunneigarar og naboar langs fylkesvegen. I løpet av høyringsperiodene har ein motteke innspel der grunneigarar og naboar sin interesser knytt til bruk av sine eigedomar har kome tydelege fram. Ein har vurdert det slik at viktigheita av å få på plass eit grunnlag for ny vegløyning, med nytt fortau for mjuke trafikantar, betring av den generelle trafikktryggleiken i området og betreskulevegen for born og unge, har vore overordna andre interesser. Ved godkjenning av reguleringsplanen har omsynet til at dette er skuleveg blitt tungt vekta. Ein har vurdert det slik at ei styrking av barn- og unge sine rettigheter knytt til trygg skuleveg har vore av overordna interesse, og soleis blitt vekta tyngre enn interessene til den enkelte grunneigar/nabo til fylkesvegen.

I høve garasjen på nordsiden av fylkesvegen vil denne framleis ha tilkomst gjennom regulert avkøyrsløse o_V6 og inn på fylkesvegen.

Når det gjeld avtalar om bruk av eigedomen til gnr 60 bnr 31 av andre enn grunneigaren, er dette eit privatrettsleg spørsmål. Dette er noko som grunneigar saman med evt nye rettighetshavarar må bli samde om i fellesskap. Privatrettslege spørsmål er i utgangspunktet kommunen uvedkomande.

3. Klage frå Olga og Ljubov Maspanova, Mushtak Ghazi N, datert 16.02.2016:

Grunneigar viser til at dei forstår at Moltustranda har behov for ny gangveg, men då mister dei parkeringsplassar ved huset til 3 bilar. Dei stiller spørsmål om trafikktryggleiken ved planlagt vegkryss nær deira eigedom.

Vurdering av klage (tekst i kursiv):

Grunneigar har ikkje valt å klage på vedtaket i k-sak 44/15 om eigengodkjenning av reguleringsplan. Ein vel likevel her å ta klagen opp til realitetshandsaming. Reguleringsplanen vil medføre at om lag 70 m² av eigedomen til gnr 60 bnr 413 må avståast til anna veggrunn – tekniske anlegg. Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil

inngå som sideareal til nytt fortau på nordsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Ved utforming av reguleringsplan har ein vore kjend med klagar sin parkeringssituasjon med bilar som står oppstilt sør for huset. Det er likevel slik at andre interesser har måtte få sin prioritet. Ved utarbeiding av reguleringsplan har interesser knytt til arealbehovet for ny fylkesveg gått framfor klagar sine interesser knytt til parkering på ein bestemt stad innanfor sin avgrensa eigedom. Det er vurdert at areal til annan veggrunn kan ikkje reduserast til noko mindre enn det som er vist i plan i høve arealet sin funksjon. Rådmannen legg vekt på at det innanfor eigedomen er moglegheiter for parkering andre stader på tomta. Klagar har soleis moglegheiter for å flytte parkeringsplassane lenger vekk frå Fylkesvegen og utanfor arealet som er avsett til anna veggrunn – tekniske anlegg. Ved interesseavveginga har ein tidlegare lagt vekt på at grunneigar har alternative parkeringsmoglegheiter på eigen grunn. Når det gjeld planlagt kryssløysing, viser rådmannen til at dette er tidlegare vurdert som den mest tenlege trasen for framtidig veglinje til Nygjerdevegen. Ny vegløysing vil gi betre friskt, stigningsforhold og løysingar for gåande og syklande enn kva som er tilfelle for dagens løysing. Ved utbygging av veg i samsvar med reguleringsplan vil t.d skuleborn kunne ferdast på fortau til/frå oppmerka kryssingspunkt ved skuleområdet. Rådmannen meiner dette er ei vesentleg betring av trafikktryggleiken i området.

4. Klage frå Sjøsidan Eiendomsselskap, datert 16.02.2016:

Grunneigar viser til garasje på gnr 60 bnr 183 og behovet for avkøyrsløysing til denne bygningen. Han hevdar tap av tilkomst til garasje vil medføre verdireduksjon og problem med lagring av større og tyngre ting der det må brukast bil. Noko av garasjen er knytt til drift av rorbuene. Grunneigar meiner det burde vere mogleg å få etablert tilkomst/avkøyrsløysing til garasjen. Grunneigar meiner at punkt 2 i vedtaket som blei gjort i k-sak 05/16, ikkje forplikter kommunen i tilstrekkeleg grad til å erstatte det parkeringsarealet på om lag 65 m² som går tapt for grunneigar. Grunneigar viser avslutningsvis til at det ikkje er innteikna avkøyrsløysingar og hevder den einaste vegen som er tilgjengeleg etter utbygging tilhøyrer naboeigedomane. Han viser til at Sjøsidan Eiendomsselskap AS ikkje har rettar i desse areala i dag, og at dersom dei skal kome til eigedomen må køyre over desse areala. Grunneigar hevdar den nye reguleringsplanen vi ha så stor inngripen for Sjøsidan Eiendomsselskap AS at vidare drift med turisme ikkje kan halde fram.

Vurdering av klage (tekst i kursiv):

I høve grunneigar sin klage vedk garasje og tilkomst til denne i reguleringsplan har dette tidlegare vore vurdert i planprosessen. Rådmannen viser til at planen ikkje nektar grunneigar ferdsel over anna veggrunn frå tilstøytande nabo eigedom, men at tilkomst til eigedomane gjennom reguleringsplanen vert samla i ei offentleg avkøyrsløysing. Når det gjeld formuleringa i punkt 2, jfr. K-sak 05/16, viser rådmannen at dette er tilknytt grunnforhandlingar og utbygging av veganlegget. Punktet vedkjem soleis ikkje arealbruken som denne klagesaka omhandlar, eller det som ein skal ta stilling til ved planlegging og bruk av areal i denne detaljreguleringsplanen. Formuleringa i punkt 2 blei tatt med i vedtaket med det siktemål om at parkeringsløysingar skulle inngå som ein del av erstatningsspørsmålet i etterkant av godkjent plan. byggeplan for prosjektet. Punktet råkar soleis ikkje direkte arealbruken i reguleringsplanen.

Når det gjeld avtalar om bruk av eigedomar av andre enn grunneigaren, er dette eit privatrettsleg spørsmål. Dette er noko som grunneigar saman med evt nye rettighetshavarar må bli samde om i fellesskap. Denne reguleringsplan verken tar eller gir private rettigheter utover det som allereie er etablert. Privatrettslege spørsmål er i utgangspunktet kommunen uvedkomande.

Utover det som er kommentert over, har momenta som Sjøsidan Eiendomsselskap viser til i sin klage av 16.02.2016, blitt tidlegare vurdert i k-sak 05/16. Ein kan ikkje sjå at ovannemnde klage frå inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fylkesve 10 gjennom Moltustranda vart vedteke endra i møte 28.01.2016. Klagene vert difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 5/16. Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

5. Klage frå Hugo Brathaug, datert 17.03. 2016:

Klagar fekk utsett klagefrist til 17.03.2016 etter dialog med utviklingsavdelinga og med omsyn til sein kjennskap til kommunestyret sitt vedtak. Brathaug hevdar han ikkje kan akseptere at ein stor del av eigedomen blir teke til gangveg og at det blir ein stor forringelse av eigedomen. Bratthaug stiller spørsmålsteikn ved kvifor ikkje gangvegen kan halde fram, på nordsida av fylkesvegen, og forbi busslomma til Myrabakken. Bratthaug viser då til at ein kan spare seg for inngrep i to eigedomar 60/52 og 54. Grunneigar meiner opplysningane om kor mange kvadratmeter som eigedomen mister som følgje av reguleringsplanen ikkje er 41 m². Bratthaug hevdar dette arealet er større. Grunneigar krev at kommunen må innløyse eigedom 60/52 fordi alt av eigedom framfor huset vil gå med til gangveg og at det då ikkje er meir att av på lita tomt.

Vurdering av klage (tekst i kursiv):

Rådmannen viser til at Bratthaug sine interesser knytt til plassering av gangvegen og grunnavståing har vore kjende ved godkjenning av reguleringsplanen.

Rådmannen finn grunn til å understreke at reguleringsplanen inneberer ei løysing med fortau, framfor fullskala gang- og sykkelveg, som er ei teknisk løysing som er vesentleg mindre arealkrevjande enn gang- og sykkelveg med grøft/rekkverk mellom gangveg og køyreveg og utanforliggjande grøft/sideareal. Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på nordsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Grunngjevinga for å leggje gangvegen på sørsida av fylkesvegen er ut i frå omsyn til ei heilskaplege vurdering. I denne vurderinga ligg hovudvekta på trafikktrygging og formålet med reguleringsplanen. Ein har vurdert det slik at eit fortau vil ha mest effekt i høve trafikktryggleiken dersom det er lokalisert på den sida av vegen med mest bebyggelse, og tettast inn mot dei som vert potensielle brukarar av dette fortauet. Eit fortau på sørsida av fylkesvegen vil medføre eit samanhengande

gangvegssystem frå Moltu skule og vest til eigedom gnr. 60 bnr. 59 når reguleringsplanen blir realisert. Ved eigedom gnr. 60, bnr. 59, vert det lagt til rette for ei kryssing av fylkesvegen for dei mjuke trafikantane. Gangvegen vil her fortsette vidare vestover via planlagt løysing for gangveg i reguleringsplan for Tarberg – Moltumyr. Ei alternativ løysing vil vere å legge fortauet på nordsida av fylkesvegen, men dette er tidlegare vurdert som ei dårlegare løysing. Dette fordi ein då vil ha behov for fleire kryssingspunkt, noko som ein vurderer som negativt og uheldig av omsyn til ferdsel for mjuketrafikantar. Ei slik løysing er ikkje særleg ønskeleg av omsyn til formålet om betra trafikktryggleik langs fylkesvegen – særskilt i høve skuleveg og ferdsel for barn- og unge.

Når det gjeld arealet som Bratthaug må avstå til gangvegen er dette målt til om lag 41 m² og avgrensa til å gjelde formålet anna vegggrunn. Dette ut i frå eigedomskartet som kommunen rår over. Arealet framfor Bratthaug sin eigedom tilhøyrer nr 60 bnr 54 (Kristian Driveklepp).

Når det gjeld Bratthaug sitt krav om innløyasing av eigedom, viser rådmannen til gjeldande rett i plan- og bygningslova kap 15, der det vert skildra grunneigar sin rett til å krevje erstatning/innløyasing som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om innløyasing må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen. Rådmannen vil ikkje ta stilling til evt krav om innløyasing før handsaming av klage på reguleringsplanen er endeleg avgjort.

Rådmannen kan ikkje sjå at det kjem fram nye moment i klagen frå Hugo Bratthaug som gir grunnlag for at kommunestyret bør endre vedtaket som blei gjort i K-sak 5/16. Klager og tilhøyrande saksdokument vert oversendt fylkesmannen i Møre og Romsdal for endeleg avgjerd.

Vurdering og konklusjon

Rådmannen viser til at det gjennom utforming av reguleringsplan har ein arbeidd med å finne løysingar som samla sett, minimaliserer inngrepa i private eigedomar langs fylkesvegen innanfor dei rammene som gjeld. Dette har ein lukkast med i mange tilfelle. Men dersom ein skal oppnå målsettinga med planarbeidet, må enkelte grunneigarar langs vegen avstå areal til det nye veganlegget. Dette vil for enkelte grunneigarar medføre ulemper iform av tapt uteareal og parkeringsplasser. Løysinga med nytt veganlegg vil på den eine sida gi ulemper for nokre av grunneigarane langs vegen i form av at desse må avstå areal, mens den på den andre sida gir fordelar for fleire brukargrupper og ålmenta ved at gangvegen vil bidra til auka trafikktryggleik langs fylkesvegen. For born og unge vil dette kunne innebære ei styrking av deira rettigheter i lokalmiljøet, då gangvegen tilfører eit eige bilfritt areal for denne brukargruppa sin ferdsel langs fylkesvegen, som også er skuleveg. Ein ser også at veganlegget vil kunne få positiv effekt knytt til folkehelse, ved at det blir lagt til rette for eit nytt ferdselsareal for turgåarar i området.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at det er kommunestyret som er det øvste planmynde i kommunen, jfr. PBL. § 3-2. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-1, avgjer kommunestyret ut frå ei skjønsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal nyttast i plansamanheng. Denne vurderinga blir gjennomført som ein planprosess med høyring av dei som har interesser i planområdet og av aktuelle fagorgan. I vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til

kommunestyret å avgjere korleis omsyna / interessene skal vegast i saka. Innafor dei rettslege rammene for lovleg arealbruk, som er sett i PBL§§ 12-5 og 12-6 og moglegheita til å gi nærmare føresegn om utforming og bruk av areal og bygningar etter PBL § 12-7, er det kommunen si skjønnsmessige vurdering kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor eit avgrensa område.

Denne skjønnsmessige vurderinga ligg under kommunen, som planmynde, sitt frie skjønn å fastsetje.

Slik rådmannen vurderer det går den skjønnsmessige vurderinga av saka klart og tydeleg fram av kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan i k-sak 05/16. Til dette høyrer det også vurdering av reguleringsplanen sitt planfagleg innhald, løysingar og vurdering av innspel som følgje av planprosessen. Ein vurderer det slik at vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan er grunngjeve, innspel er handsama og korrespondanse med offentleg partar er dokumentert. I tillegg til dette har reguleringsplanprosessen, gjennom offentlege høyringar, gitt dei som har interesse i området moglegheit til å kunne medverke i planleggingsarbeidet. I løpet av tidsavgrensa høyringsperiodar har private og offentlege partar fått moglegheit til å gjere sine interesser og synspunktgjeldande gjennom skriftlege innspel. Alle innspel som har kome til kommunen innanfor tidsfristane har blitt behandla og vurdert i samband med godkjenning av reguleringsplanen.

Fosnavåg, 18.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Til
Herøy Kommune
Utviklingsavdelingen

Fylkesmannen i
Møre og Romsdal

Bølandet 16.02.2016.

Viser til K-sak 5/16 Klage på vedtak.

Sjøsidens Eiendomsselskap as opprettheld klage datert 22.05.2015.

Det ble under synfaring høsten 2015, bemerket fra undertegnede at tilkomsten til garasje Gnr 60 bnr 183 vil forsvinne, med det resultat at denne ikke lenger kan brukes.

Dette vil medføre en vesentlig verdireduksjon i bygningsmassen, og også problemer med og få lagret større og tyngre ting der det må brukes bil.

Enden av garasjen brukes i dag som lager for drift av rorbudene.

**Det burde her være mulighet og få etablert tilkomst/
avkjørsel.**

Viser videre til punk 2 i K-sak 5/16, der det er skrevet følgende,

sitat: I samband med forhandlinger om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det SØKJAST å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

Denne formulering betyr at kommunene ikke forplikter seg til og erstatte det parkeringsareal på ca 65m² som går tapt for sjøsidens as.

**Kommunene må her få tinglyst skjøte på sjøsidens as,
tilsvarende areal som går tapt pga av utbyggingen.**

Det er også som nevnt tidligere, ikke inntegnet avkjørsel til noen av eiendommene. Den eneste veien som er tilgjengelig etter utbyggingen tilhører naboeiendommen 60/53 og 348.

Her har sjøsiden as pr i dag ingen rettigheter til bruk av veien. Skal vi komme til eiendommene, så må vi kjøre over denne.

Siden disse planene har slik stor inngripen for sjøsiden as, så kan ikke videre drift med turister forsette. Her har det blitt brukt store beløp til nye flytebrygger, renovering av kai, og uthus/fiskehus til foredling og frysing av fisk.

Sjøsiden as vil ta de nødvendige skritt for og unngå slike tap.

Mvh

Sjøsiden Eiendomsselskap as

Per Helge Dybvik

41587522

Bjørnar Tarberg

Moltuvegen 363

6076 Moltustranda

14.02.16

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,

Fylkeshuset, 6404 Molde.

V/Herøy kommune,

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

PS 5/16 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELAR AV FV 10 MOLTUSTRANDA. Vedtak i Kommunestyret 28.01.16 som får innverknad på min Eigedom 60/31

Eg vill hermed klage på Reguleringsplanen som ble vedteke for FV 10 Moltustranda. Då min eigedom har blitt råka av 2 forskjellige reguleringsplanar har eg ikkje blitt gjort oppmerksam på konsekvensane som begge planane gir.

1. Eg protesterer hermed på att andre eigedommar skal kunne passere gjennom min eigedom.
2. Eg protesterer og på att mi garasje ved FV 10, eigedom 60/31 ved avkøyrse V6 ikkje kan brukast som garasje i framtida. Etter det eg ser vill det vere umulig og få inn bil og hengar. Det går ikkje klart av planen om vegen kjem høgare i terrenget.
3. Området Leik 2 i reguleringsplanen for Myrabakken Bustadfelt er tilstøytande to av husa. Og dei kan bruke dette som parkering. Og finne anna areal til Leikeplass. Slik dei vel dette er det eg som må gi grunn til andre grunneigarar. Mens kommunens byggefelt ligg urørt for og bevare kommunens interesser.

Då reguleringsplanen for Myrabakken Bustadfelt ble vedtatt hadde eg ingen innvendingar på den planen. Det som ikkje går fram av den planen er koplingane opp imot reguleringsplanen for FV 10 I plan ID for 201308 som ble revidert 12.02.15. Bakgrunnen for min klage er att 3 eigedommar mister sin tilkomst til FV 10 ifrå sine eigedomar. Eigedomane som blir fråtatt avkøyrse til FV 10 er 60/118-60/118 og 60/43. Dei har blitt informert att dei skal ha veg

igjennom min eigedom, etter at planen for Myrabakken var vedteken. Det var huseigarane som sjølve tok kontakt om dette. Under er utdrag 4.9 Avkøyrslar frå Plan Id 201308.

4.9Avkøyrslar

Reguleringsplan for gangveg Moltu må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt. Planforslaga tek sikte på å rydde opp i eksisterande avkøyrslar langs fylkesvegen. Det er i plankartet for Myrabakken vist kva avkøyrslar som skal stengast ved realisering av nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Desse avkøyrslene skal stengast når gangvegen er etablert og ny tilkomst til dei eigedomane som får stengt avkøyrslar skal skje gjennom ny bustadveg i Myrabakken bustadfelt frå sør f_V4».

Frisikt i avkøyrslar for planområdet si utstrekning langs fylkesveg 10 skal vere etter Statens Vegvesen sine krav i handbok N100.

Grunneigar 60/31

Bjørnar Tarberg

Rolf Bjørnar Moltu

Nygjerdevegen 3

6076 Moltustranda

07.02.16

Fylkesmannen i Møre og Romsdal,

Fylkeshuset, 6404 Molde.

V/Herøy kommune,

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

Klage på vedtak i Kommunestyret i Herøy angående Flytting av trase Nygjerdevegen. Sak PS 5/16!

Eg vill med dette klage til Fylkesmannen i Møre og Romsdal på saksgangen og framferda til administrasjonen i Herøy Kommune. Grunnlaget for klagen er basert på grunnlag av følgjande.


1. I plan oppstart id # 201308 som er vedlagt er Ny trase for Nygjerdevegen ikkje tatt ved. Og ved endring i planforslaget skal grunneigarar varslast om planane på same måte som ved oppstart i den opphavlige planen. Her slår man fast i avsnitt 1.4 at ei konsekvens utgreiing ikkje er nødvendig. Dette sida det er i tråd med overordna arealplan ifrå 2004. Då plan id # 201308 kom ut var eg og landbrukskontoret einig i dette. Og som det blir poengtert i avsnitt 1.3 så har alle varsel vert utført i tråd med regelverk, men dette er frem til ny trase for Nygjerdevegen kjem med i planen. Og vedlegg 1 er vedtaket ifrå Herøy Kommunestyre der oppstart på planarbeidet er forankra. I dette vedtaket er ikkje ny trase for Nygjerdevegen vedteke. Eg blir oppmerksam på planane om ny trase for Nygjerdevegen då dei skal utføre Arkeologiske utgravingar rett øst for mi drifts bygning. Då kontaktar eg Søre Sunnmøre Landbrukskontor for og be dei om ein utallese. Dei har i praksis starta arbeidet med planen, og innhenta utallese frå Landbrukskontoret som hadde ingen innvendingar på planen. Deretter har dei lagt til ei flytting av trase for en kommunal veg, og denne nye trassen går over Landbruksjord i kommuneplanen for Herøy 2013-2025.

Eg har etter Plan og Bygningslova 3 år på og krevje innløyising av heile eigedomen min. Eg eige ca 170 000 kvadratmeter med land på Moltu. Den siste kjente større handelen på Moltu var Myrabakken Bustadfelt som ble kjøpt av kommunen til 92 kroner kvadratmeteren. Om eg ikkje har ei driftsbygning som tillet gardsdrift så har dei resterande områda ingen verdi for meg. Eg tok over gardsbruket og oppgraderte bustadhuset for og drive garden. Eg har ingen planar om og sitte og eige eit stort hus og ei driftsbygning som må vedlikehaldas, når eg ikkje kan bruke det. Eg vill og opplyse att eg driftar 3 andre gardsbruk på Moltu. Og desse vill og no bli liggandes brakk. Det er og Myrabakken bustadfelt som er grunnen til att kommunen må gjere dette. Det er same sakshandsamar som har tilrådd kjøp av Myrabakken til kommunen. Og det er eg som må betale for denne tabben ved att dei stenger ned gardsbruket mitt.

Landbrukskontoret var som eg positive i starten. Men i skrivet ifrå 20.11.14 er det klart att dette vill få konsekvensar for vidare drift på mitt gardsbruk. Så min klage er tufta på att Herøy Kommune her haster igjennom en sak som i utgangspunktet ville kravd ei konsekvens utgreiing. Att dette varselet medfører att der og skal byggast en veg med gangfelt opp og til venstre ved COOP butikken er uforståelig for meg. Og dei må legge vegen inn i hagen min, og så nær mi driftsbygning att eg ikkje eingong for sette opp ei garasje på min eigedom eller anna driftsbygning. Og att dette ikkje skal konsekvens utgreiast er like uforståelig. Dette vill medføre krav om erstatning. I tillegg skal det og nennast att mine første klager ikkje var lagt ved då saka skulle behandlast første gangen i formannskapet. Ikkje før eg klaga og visste frem e-mail kvittering ifrå kommunen. Og den einaste uttaleses som blir framlagt ifrå Landbrukskontoret er den første før noen var klar over att Nygjerdevegen skulle flyttast.

Mine interesser og verdier blir ikkje ivaretatt med dette. Vi har låst opp jorda mi til jordbruksområde i Kommuneplanen vedteke i 2013 fram til 2025. No må eg legge ned drifta og ha ingen inntekter. I tillegg får eg ei stor og ubrukeleg driftsbygning som eg er pålagd og vedlikehalde. Om eg ikkje vedlikehald den i framtida så kommer Kommunen og gir meg ei bot.

Under er bilde ifrå Kommuneplanen for 2013-2025. Den viser att den planlagde vegen vill ta eit ganske stort område av LNF område. Kommunen har ikkje søkt Fylkesmannen om dispensasjon ifrå Kommuneplanen. Området Øst om det blå F1 området er markert med grønt og LNF område.



2. I kommuneplanen som er utarbeid av dei same saksbehandlarane og vedtatt for perioden 2013-2025 er deler av området LNF område. Det var då ikkje nødvendig med og legge om denne vegen. Det som forandra seg etter at kommuneplanen vart vedteken er at Herøy Kommune har kjøpt to tilstøytande eigendomar til min i årsskiftet mellom 2013-2014. Det er slik att vi har ein saksbehandlar som handterer dette som er ifrå bygda vår. Og saman med at politisk leiar for Maritim og Teknisk Komité for Herøy kommune også er ifrå Moltustranda så har man hatt sine forut inntatte meiningar om løysingar. Eg har sjølv i god tid levert inn forslag til alternativ trase for ein veg. Denne vill i hovudsak gå i udyrka mark, men vill gå over land som tidligare var brukt til gardsdrift. Dei andre grunneigarane ønskjer og en slik veg velkommen.

3. Etter synfaring med formannskapet 03.11.15 ble mi og 2 andre grunneigarar si sak utsett, og utviklings avdelinga ble bedt om og kome grunneigarane i møte. Eg har aldri blitt kontakta av Utviklings avdelinga verken før eller etter denne utsettinga. Vedtaket seier att dei skal "Arrondere" vegens skulder for og mulig gjøre vidare gardsdrift. Brev frå Landbrukskontoret på søre Sunnmøre viser klart att vidare gardsdrift er avhengig av att dyra har fri tilgang til driftsbygning. Ei arrondering vill gjere det mulig og jage dyra over vegen. Men det er ikkje det Landbrukskontoret krev. Under er vedtaket som beskriver hvordan dette kan løysast med ei arrondering.

Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at

det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Og her er innspelet ifrå Landbrukskontoret ifrå Søre Sunnmøre. (Se vedlagt Landbruksfaglig Uttale datert 20.11.14)

Det er lagt inn ny tilkomst til Nygjerdevegen – V2 inklusive gang- og sykkelveg, som del av planframlegget. Vi meiner det er ei sers uheldig løysing med omsyn til jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området. Underteikna var på synfaring saman med grunneigar Rolv Moltu den 15.10.14. Moltu er ein aktiv gardbrukar som driv med utegangarsau. V2 inklusive gang- og sykkelveg tek dyrka og dyrkbar mark, og delar av tilkomsten mellom fjøs og innmark/ beite. Sjølv om utegangarsauen går på beite i utmarka store delar av året, er dei på innmarka med tilkomst til fjøs vinterstid og i lamingsperioden. Det er krav om at småfe skal ha tilgang til *trygt tilhaldsrom utanom normal beitesesong* (ref. Dyrevelferdslova).

Det første eg reagerte på var att den opphavlige plan id 201308 frå September 2014 vart utsendt for bare og gjelde FV 10. Den ble revidert 12.02.2015, og dette er visst med rødt skrift i planen. Og som dette bildet under viser er det einaste området med gangfelt langs FV 10 på Moltustranda der den passerer mitt gardsbruk.



HERØY KOMMUNE

Plan-ID: 201308



**REGULERINGSPLAN FOR GANG OG SYKKELVEG – FYLKESVEG 10 MOLTUSTRANDA
PLANOMTALE
Revidert 12.02.2015. SEPTEMBER 2014**

Det første saksbehandlings brot eg da reagerte på var att ved og revidere planen, og ta inn nye områder og regulere vill vere et brot på kunngjeringa av planen. Som man ser under gjelder planen berre for FV 10.

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

1.1 Formål med planen

Målet med planarbeidet er å leggje ny gang og sykkelveg frå Moltu skule og langs Fylkesveg 10 til den sentrale delen av Moltustranda. Resultatet av planprosessen skal vere eit grunnlag for å realisere eit trafikkikkert tilbod for gåande og syklende på vegstrekinga. Dette er ein offentlig reguleringsplan. Framlegget er utarbeidd av utviklingsavdelinga (planavdelinga) i Herøy kommune på vegne av Formannskapet (planutvalet).

I punkt 1.2 er det klart att det arealdelen i kommuneplanen frå 2004 dette gjelder. Nygjerdevegen var ikkje rørt 2004. Dei påpeiker att dette ikkje krev Konsekvens utgreiing sidan det er i samsvar med Arealdelen ifrå 2004. Vegen øst for mi driftsbygning er eit direkte brot på arealdelen ifrå 2004.

1.2 Tidlegare vedtak i saka

Gang- og sykkelvegstrekinga inngår som planlagd gang- og sykkelveg i arealdelen i kommuneplanen, vedteken i Herøy kommunestyre den 16.12.2004. Tiltaket er prioritert i Herøy kommune si planprioritering for 2013.

I punkt 1.3 Planprosess så poengterer dei varsel om oppstart er gjort i samsvar med Forskriftene. Og det er eg samd med frem til revideringa blei et faktum.

1.3 Planprosess

Varsel om planoppstart vart kunngjort 14.06.2013 i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider med frist for innspel til planarbeidet den 01.06.2013. Brev med melding om oppstart har også vore sendt grunneigarar og offentlege høyringsinstansar for uttale.

Det er vidare gjennomført informasjons- og medverknadsmøte den 12.09.2013 på Moltu skule. Referat frå møte følgjer planomtalen som vedlegg.

I punkt 1.4 Konsekvensutgreiing så slår dei fast att dette plan arbeidet ikkje utløyser krav om KU. Då tiltaket er i tråd med overordna plan. Og dette er eg og samd i helt til dei legg inn Nygjerdevegen i Revidert utgåve. Nygjerdevegen har aldri blitt flytta på ein reguleringsplan.

1.4 Konsekvensutgreiing

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-2 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreingar / analyser som ein del av planomtalen.

I punkt 2.3 Viser dei Kommuneplanens arealdel som ligg til grunn frå 2004. Der er Nygjerdevegen der den alltid har vert.

2.3 Overordna planar og retningslinjer

Kommuneplanens arealdel 2004



I gjeldande kommuneplan er det langs FV 10 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Tilgrensande areal i planen er avsett til bustadformål i kommuneplan frå 2004.

I punkt 3.4 Risiko og sårbarheit påstår dei att reguleringa er i samsvar med overordna kommuneplan. Vi har nettopp sett i punkt 2.3 att det stemmer ikkje for Nygjerdevegen om den skal flyttast.

3.4 Risiko og sårbarheit (ROS)

Området som her er under regulering er i samsvar med overordna kommuneplan. Området er prega av etablert busetnad som omkransar dei ikkje utbygde areala som no skal utviklast til bustadformål.

I punkt 4.3 har man fått ifrå Landbruks kontoret i Herøy att der er ingen konsekvensar for landbruk. Men det var før man flytta Nygjerdevegen.

4.3 Konsekvensar for landbruk

Planområdet omfattar areal som har arealtype fulldyrka jord. Areal har formål som bustad, offentlig formål og forretning/kontor i kommuneplanens arealdel. Ein har i planarbeidet søkt å gjere grep for å minimalisere inngrep i desse areala. Grunna tett bebyggelse i området, vil ein måtte gjere løysingar som inneberer flytting av senterlinje og utviding av vegbane for å få plass til ei løysing med fortau innanfor eit avgrensa handlingsrom (tett bebyggelse). Inngrep og konsekvensar for landbruk vil soleis vere minimale i denne saka.

I saksprotokollen er bare FV 10 nemnd. Kor er vedtaket frå Kommunestyret på og flytte Traseen til Nygjerdevegen. Det har aldri blitt bestemt att dei skal sjå på mulighetene til og flytte Nygjerdevegen.

DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG FV10 MOLTUSTRANDA - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.


Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Rolf Bjørnar Moltu

Gardbrukar 60/5 Moltustranda

Vedlegg

- 1 DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG FV10
MOLTUSTRANDA – SLUTTHANDSAMING
- 2 Plan-ID: 201308
- 3 Landbruksfaglig uttale. (Klage Landbrukskontoret.)



TEIKNFORKLARING

Reguleringsplan PBL 2008

Boligbebyggelse - frittliggende småhusbebyggelse

Forretninger

Kjøreveg

Fortau

Gang/sykkelveg

Annen veggrunn - tekniske anlegg

Kollektivholdeplass

Felles for reguleringsplan PBL 1985 og 2008

Regulerings- og bebyggelsesplanområde

Planens begrensning

Formålsgrense

Byggegrense

Bebyggelse som inngår i planen

Regulert senterlinje

Frisiktslinje

Regulert kant kjørebane

Regulert fotgjengerfelt

Målelinje/Avstandslinje

Stenging av avkjørsel

Basiskartet er tegnet med svak gråfarge

Eierform:

o_ = Offentleg formål

f_ = Felles privat formål

Kartopplysninger

Kilde for basiskart: Geovekst AS

Dato for basiskart: September 2015

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89

Høydegrunnlag: NN 1954

Ekvidistanse 1 meter

Kartmålestokk 1:1000

010203040

m

N

Herøy kommune

DETALJPLAN - PBL (2008) § 12-3

Detaljreguleringsplan gang- og sykkelveg Moltu

MED TILHØYRANDE REGULERINGSFØRESEGNER

Arealplan-ID: 1515201308

Forslagstiller: Herøy kommune

Kartprodusent: Utviklingsavdelinga

Revisjon av plankart		DATO	SIGN.	
A	Endringer i plankart etter offentlig ettersyn - avgrensa høyring	12.02.15	AZT	
B	Endringer i plankart etter slutthandsaming - klagebehandling	02.10.15	AZT	
C				
SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN		SAK	DATO	SIGN.
Kommunestyrets vedtak:		44/15	30.04.15	AZT
2. gongs behandling i Formannskapet		71/15	21.04.15	AZT
Offentlig ettersyn frå 17.09.14 til 17.11.14.				AZT
1. gongs behandling i Formannskapet		144/14	16.09.14	AZT
Kunngjering av oppstart planarbeidet			01.06.13	AZT
PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga		PLANNR.	TEGNNR.	SAKSBEH.
		201308	003	AZT

0911564

0911563

32399

325571

6911

325571

6911

REGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG MOLTUSTRANDA FV10 – MOLTU SKULE TIL MYRABAKKEN

PlanID: _____ Arkiv: _____ Eigengodkjenning: _____ Dato: _____

§ 1 - GENERELT

§ 1.1 – GYLDIGHEITSOMRÅDE

Reguleringsføresegnene gjeld for området som på plankartet er vist med reguleringsgrenser. Innanfor grensene skal areala nyttast – og plasserast – slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

§ 1.2 - ANDRE BESTEMMINGAR

Føresegnene kjem i tillegg til ei kvar tid gjeldande sentral og kommunale lover og føresegner.

§ 1.3 – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

§ 1.4 – UNIVERSELL UTFORMING

Det skal sikrast universell utforming på minimum følgjande punkt:

- Gang- og sykkelvegen sitt areal gjennom undergangen skal vere utforma slik at røyslehemma kan nytte anlegget.

§ 1.5 – AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det i samband med tiltak i marka blir funne automatisk freda kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet straks stoggast og det skal takast kontakt med kulturminnemynde.

§ 1.6 – FRISIKT

Frisiktlinjer i vegkryss må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar den frie sikta. Areal innanfor frisiktlinja skal planerast ned til 0.5 meter over tilgrensande vegar sitt nivå.

§ 2 – FELLESFØRESEGNER

§ 2.1 TERRENGINNGREP

Område for anlegg skal ha ei utforming med best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som mogleg.

§ 2.2 – STØY

For område som er utsett for støy ut over grenseverdiane for ny bustadbygging, jf rettleiar T-1442 frå Miljøverndepartementet, skal tiltakshavar dokumentere støysituasjonen i samband med søknad om tiltak. Soverom skal ha vindauge til ei side der støynivået er $L_{den}=55$ dB eller mindre. Private uteareal (MUA) skal leggjast på leside av støykjelda. Viser elles til desse føresegnene sine § 15 vedkomande rekkjefølgje

§ 2.3 – GRAD AV UTNYTTING OG BYGGJEGRENSER

Bebyggelsen skal plasserast innanfor regulert byggegrense. BYA gir tillate bebyggd areal i prosent av tomta sitt nettoareal.

§ 3 - REGULERINGSFØREMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med PBL til følgjande føremål slik:

Bebyggelse og anlegg (PBL § 12-5, nr 1):

Bustader - frittliggjande småhusbebyggelse, FS1
Forretning, F1

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (PBL § 12-5, nr.2):

Køyreveg, o_V1-14 og f_V1-3

Fortau, F

Gang/sykkelveg, GV

Annan veggrunn – grøntareal

Annan veggrunn - tekniske anlegg

Kollektivhaldeplass, busslomme

§ 4 – AREALBRUK

Planområdet er regulert i eit vertikalnivå og areala skal her nyttast til det som går fram av plankartet og desse føresegnene.

§ 5- BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL § 12-5, nr 1):

5.1. GENERELT

Kommunen skal ved handsaming av byggjemelding sjå til at bygningane får ei god form. Bygningen si form skal samsvare med bygningen sin funksjon og gje uttrykk for

tida sin arkitektur med eit godt materialval. Bygningar i same gruppe skal gjevast ei harmonisk utforming.

Kommunen krev at det vert lagt særleg vekt på det samla arkitektoniske uttrykket i høve ei harmonisk områdeoppfatning. Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar på bygningar eller anlegg. Unnateke er glasfasade. Parkeringsbehovet er føresett dekt på eige areal, i hht ei kvar tid gjeldande kommunale krav.

På situasjonsplan skal plassering av garasje (for tal bilar etter parkeringskravet) visast.

Grad av utnytting av tomtene er bestemt av tillate prosent utbygd areal (% - BYA):

Maks tillaten BYA for dei enkelte delområda:

FS - område: maksimum BYA 35 %.

Dersom garasje ikkje vert bygd tilsvarande krav til tal parkeringsplassar, skal parkeringsplass reknast inn i grunnlaget for BYA med 20 m² pr. bilplass.

Som minste oppphaldsareal ute (MUA) på den enkelte tomt innan FS-område skal det setjast av min. 20m² eigna areal for lek. Arealet skal gå fram at situasjonsplan.

5.2 BUSTADER – FRITTLIGGJANDE SMÅHUSBEBYGGELSE, FS1

I område merka FS1 kan det byggjast frittliggjande småhus, med inntil to (2) bueiningar på kvar tomt. Til alle areala høyrer naudsynte anlegg for å oppfylle bygningane sin funksjon.

I område merka FS skal nye bygningar ha ei gesimshøgde som ikkje overstig 6,5 m og ei mønehøgde som ikkje overstig 8,5 m. I område merka FS skal nye garasjar ikkje byggjast større enn 45 m² grunnflate og då berre i ei høgd. Nye garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

5.3 FORRETNING, F1

I området F1 kan det byggjast forretning. Bygningar skal plasserast innanfor regulerte byggjegranser. Det skal leggjast til rette for HC-parkering.

Forretningsbygg kan førast opp med gesimshøgde som ikkje overstig 6.5 m og mønehøgde som ikkje overstig 8.5 meter.

§ 6 – SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL. § 12-5, nr. 2):

I trafikkområdet skal det byggjast køyreveg med tilhøyrande grøft, gang- og sykkelveg, murar, skjeringar og fyllingar (skråningar).

o_V1-14 er offentlig køyrevegar.

f_V er felles private køyrevegar.

Området F er offentlege fortau.

Annan veggrunn - tekniske anlegg sideareal til formålet køyrveg (V1-2) og kan nyttast til tekniske anlegg, grøft/skulder/mur og skråning.

Terreng, gjerde og hekkar langs gater og i kryss skal ikkje vere høgre enn 0,7 m over vegnivået. Ved avkøyrslar og kryss mot fylkesvegen skal det vere friskt over 0.5 meter frå vegnivå. Utover dette gjeld Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.

Avkøyrslar skal ikkje leggjast til veg med fortau eller gang-/sykkelveg med mindre det er vist avkøyrslar eller avkøyrslar på plankartet.

Ved etablering av nye og utbetring av eksisterande avkøyrslar, skal desse utformast etter Statens Vegvesen sine krav til avkøyrslar i handbok N100.

f_V er felles private vegar for kringliggjande eigedomar.

Areal vist som busslomme er offentlig kollektivhaldeplass i tilknytning til Fylkesveg 10.

I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablar. Det vert tillate med etablering av naudsyste kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknytning til offentlig infrastruktur.

Vegskråningar utanom grøfteareal skal tilsåast med stadeigen vegetasjon. Der det er større nivåskilnader i overgang mellom arealformåla vert det tillate med oppføring av murar.

Mindre endringar i skråningsutslag som går ut over arealføremålet vil kunne skje som følgje av uføresette forhold, som til dømes grunnforhold eller feil i kartgrunnlaget. Areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.


** Revidert 12.02.2015*

*** Reguleringsplan godkjent av kommunestyret i K-sak 44/15, 30.04.2015*

**** Føresegner revidert 02.10.2015 i samband med klagebehandling.*

Fosnavåg, _____

Ordfører



HERØY KOMMUNE

Plan-ID: 201308



**REGULERINGSPLAN FOR GANG OG SYKKELVEG – FYLKESVEG 10 MOLTUSTRANDA
PLANOMTALE**

SEPTEMBER 2014

Revidert 12.02.2015.

INNHALD

1 - BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET.....	3
Formålet med planarbeidet	
Tidlegare vedtak i saka.....	
Planprosess	
Konsekvensutgreiing.....	
2 - OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE.....	4
Lokalisering og arealbruk.....	
Leidningar i grunnen og høgspenningsanlegg.....	
Overordna planar og retningslinjer.....	
3 - OMTALE AV PLANFRAMLEGGET	6
Normalprofil	
Planlagd arealbruk.....	
Føresegner og omsynssoner.....	
Risiko og sårbarheit.....	
4 - KONSEKVENSAV PLANFRAMLEGGET	7
Støy	
Landskap	
Konsekvensar for landbruk	
Trafikktryggleik.....	
Naturmangfald.....	
Barn- og unge.....	
Estetikk og miljø.....	
Kulturminne.....	
Avkøysler.....	
5 - MEDVERKNAD I PLANPROSESSEN.....	10
6 – VEDLEGG.....	10

1. BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

1.1 Formål med planen

Målet med planarbeidet er å leggje ny gang og sykkelveg frå Moltu skule og langs Fylkesveg 10 til den sentrale delen av Moltustranda. Resultatet av planprosessen skal vere eit grunnlag for å realisere eit trafikksikkert tilbod for gåande og syklande på vegstrekinga. Dette er ein offentlig reguleringsplan. Framlegget er utarbeidd av utviklingsavdelinga (planavdelinga) i Herøy kommune på vegne av Formannskapet (planutvalet).

1.2 Tidlegare vedtak i saka

Gang- og sykkelvegstrekinga inngår som planlagd gang- og sykkelveg i arealdelen i kommuneplanen, vedteken i Herøy kommunestyre den 16.12.2004. Tiltaket er prioritert i Herøy kommune si planprioritering for 2013.

1.3 Planprosess

Varsel om planoppstart vart kunngjort 14.06.2013 i Vestlandsnytt og på kommunen sine nettsider med frist for innspel til planarbeidet den 01.06.2013. Brev med melding om oppstart har også vore sendt grunneigarar og offentlege høyringsinstansar for uttale.

Det er vidare gjennomført informasjons- og medverknadsmøte den 12.09.2013 på Moltu skule. Referat frå møte følgjer planomtalen som vedlegg.

1.4 Konsekvensutgreiing

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-2 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.

2. OMTALE AV PLANOMRÅDET - EKSISTERANDE TILHØVE

2.1 Lokalisering og arealbruk

Planområdet er lokalisert på nordsida av Gurskøya, langs FV10 i Herøy kommune. Avgrensing av planområdet er vist med svart stipla linje (plangrense) på plankartet og strekk seg frå Moltu skule til Myrabakken.

Området er prega av tett bebyggelse orientert langs eksisterande Fylkesveg 10 som går gjennom bygda. Det er etablert gang- og sykkelveg for ein kort del av strekninga i dag. Tett bebyggelse og mange avkøyrslar til Fylkesvegen skaper utfordringar for planlegging av ny gang- og sykkelveg i dette området.


Det er i dag lokalisert daglegvare forretning (Coop Marknad Moltu) og skule som grensar til planområdet.

2.2 Leidningar, tekniske anlegg høgspenningsanlegg


Ein er ikkje kjent med at det er lokalisert høgspenningsanlegg innanfor planområdet. Vassleidning for Moltustranda Vassverk går gjennom planområdet. Leidningane kjem frå ovanliggjande områder og ligg i tidlegare utbygd gangveg frå butikken til skulen med tilhøyrande kummar. Når det gjeld leidningar for offentleg avlaup er dette prioritert og under planlegging som eit eige prosjekt i regi av kommunen. Ein har ikkje oversikt over el-teleleidningar i området.

2.3 Overordna planar og retningslinjer

Kommuneplanens arealdel 2004




I gjeldande kommuneplan er det langs FV 10 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Tilgrensande areal i planen er avsett til bustadformål i kommuneplan frå 2004.



Kommunestyret har i K-sak 144/93, vedteke «Kommunedelplan for Fylkesveg 10 HP 02 Moltustranda» som inneberer ei omlegging av dagens Fylkesveg 10 og plassering av gangveg på nordsida av vegen.

3. OMTALE AV PLANFRAMLEGGET

3.1 Normalprofil



Løysinga bygger på ei dimensjonering ut i frå Statens vegvesen sine vegnormalar H017. Utgangspunktet er her er fartsgrense og ÅDT. Planforslaget inneheld ei køyrebanebreidde på 6.0 m med grøft/skulder på 0.5 m og 0.25 m tilhøyrande einsidig fortau på 2.5 m. Grøft/skulder for fortau mot sør vert tilpassa eksisterande avkøyrslar og murar langs vegtrasen. For deler av strekninga vert det teke med i reguleringsplan eksisterande gang- og sykkelveg som er etablert frå butikken til skulen.

3.2 Planlagd arealbruk

Arealformåla i planforslaget er køyrveg, annan veggrunn-tekniske anlegg, annan veggrunn-grøntareal, fortau og parkering. Desse formåla med tilhøyrande linjeføring går fram av plankartet. Det er avsett egne soner for friskt i avkøyrslar.

3.3 Føresegner og omsynssoner

Det er i eige vedlegg føresegner som skal utdjupe løysingane i plankartet og som samla vil vere juridiske dokument som skal gjelde for arealbruken i området. Det er teke inn eigne føresegner som skal regulere friskt i avkøysler.

3.4 Risiko og sårbarheit (ROS)

Området som her er under regulering er i samsvar med overordna kommuneplan. Området er prega av etablert busetnad som omkransar dei ikkje utbygde areala som no skal utviklast til bustadformål.

Snøskred

Det kan visast til vedlagt overordna ROS-analyse som på generelt grunnlag understrekar at det i området ikkje er særskilt fare for snøskred, grunna geografiske, topografiske og meteorologiske forhold. Planområdet har eit vanleg vestlandsk kystklima, prega av mykje milde vintrar frå sørvest (SV) og som gir lite snø og ingen oppsamling av snø i fjellsida. Denne fjellsida ligg i le for austlege vindar, som av erfaring fører med seg lite nedbør. Når det gjeld historiske data, ligg det ikkje føre dokumentasjon i databasar eller tilgjengeleg kjelder som tyder på at det har vore hendingar knytt til snøskred i dette området. Det er ikkje teikn til at det har gått skred i området. Ein finn heller ikkje skildringar eller skredhendingar som nolevande kjenner til, og det er ingen historikk er registrert i skrednett sine databasar.

Marine avsetningar

Når det gjeld forholdet til dei marine avsetningane i planområdet, viser ein til at kommunen i samband med utarbeiding av plan har gjennomført synfaringar i området. Det er her ikkje observert teikn til at det skal vere særskilt risiko knytt til byggjegrunden i dette området. Desse opplysningane kan stadfestast ved at det den 12.11.2014 er gitt løyve til oppføring av ei større garasje på gnr 60 bnr 441, og at det ved synfaring knytt til dette byggjearbeidet ikkje er avdekka ustabil byggjegrunn i området. Samtalar med tiltakshavar for denne tomta har heller ikkje gitt opplysningar om at det skal vere særskilt risiko knytt til bruk av dei marine avsetningane som byggjegrunn. Med bakgrunn i desse opplysningane så vurderer ein det slik at det er tilstrekkeleg tryggleiksnivå knytt til bruk av grunnforholda til bustadformål i dette området.

Med bakgrunn i ovannemnde vurderingar og vedlagt dokumentasjon, vurderer ein planområdet til å ha tilstrekkeleg tryggleiksnivå for utbygging til bustadføremål etter TEK10.

Det er utarbeidd eiga risiko og sårbarheitsanalyse for denne reguleringsplanen. Analysen følgjer som vedlegg til denne planomtalen.

4. KONSEKVEN SAR AV PLANFRAMLEGGET

4.1 Støy

Plangrepet tilfører ikkje området nye støykjelder. Det er difor ikkje gjennomført støymålingar i området.

4.2 Landskap

Løysingane innanfor planområdet vil ikkje medføre vesentlege endringar i landskapet. Området er flatt og medfører i hovudsak ei endring av hovudvegssystemet (Fylkesvegen) der ein tek sikte på ei endring i dagens vegbane, og fastsetting av areal til bygging av fortau. Unntaket vil her vere ny løysing for starten på Nygjerdevegen. I Planforslaget blir det lagt opp til ei flytting av vegen frå dagens kryss og lengre mot aust for å oppnå betre framkomst til dei øvre områda i bygda. Ein vonar at løysinga spesielt vil gi ei betring av beredskapen, då med ein enklare tilkomst for utrykningskøyretøy på vinterstid med tidvis glatt vegbane. Løysinga med ny Nygjerdeveg vil generer utslag i terrenget. Det er i føresegene teke inn bestemmelsar som gir høve til bruk av murar og som set krav om tilplanting av skråningar med stadeigen vegetasjon for å dempe dei visuelle verknadane av denne vegløysinga.

4.3 Konsekvensar for landbruk

Planområdet omfattar areal som har arealtype fulldyrka jord. Areal har formål som bustad, offentleg formål og forretning/kontor i kommuneplanens arealdel. Ein har i planarbeidet søkt å gjere grep for å minimalisere inngrep i desse areala. Grunna tett bebyggelse i området, vil ein måtte gjere løysingar som inneberer flytting av senterlinje og utviding av vegbane for å få plass til ei løysing med fortau innanfor eit avgrensa handlingsgrom (tett bebyggelse). Inngrep og konsekvensar for landbruk vil soleis vere minimale i denne saka.

4.4 Trafikktryggleik

Løysingane i planområdet vil styrke trafikktryggleiken for mjuke trafikantar langs fylkesveg 10 på Moltustranda. Gjennom å skilje gåande og syklande frå biltrafikken med fortau, vil trafikkbilete bli differensiert og meir oversiktleg for den samla trafikken i dette området. Plangrepet vil vesentleg styrke trafikktryggleiken og bidra til ein tryggare skuleveg.

4.5 Naturmangfald

Det er ikkje kjent at det eksisterer utvalde naturtypar, prioriterte artar, verneområder, inngrepsfrie naturområder eller kulturminner innanfor planområdet. Desse opplysningane er basert på tilgjengeleg kunnskap i databasen til Direktoratet for Naturforvaltning og tilgjengelege kartdatabaser.

4.6 Barn- og unge

Etter ei samla vurdering vil løysingane i dette planforslaget kunne styrke interessene til barn og unge, då realisering av nytt fortau på strekninga vil skape ein tryggare ferdselsåre langs FV10 til/frå skuleområdet på Moltustranda.

4.7 Estetikk og miljø

Løysingane i planforslaget vil ikkje generere større skjeringar/fyllingar. Det er teke med punkt i føresegne om at der slike terrengutslag gjer seg gjelende, skal desse tilplantast med stadeigen vegetasjon.

Større nivåskilnader i terrenget kan regulerast ved bruk av murar.

4.8 Kulturminne

Det er ikkje registrerte automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennomført arkeologiske registreringar innanfor planområdet i august/september 2014.

4.9 Avkøyrslar

Reguleringsplan for gangveg Moltu må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt. Planforslaga tek sikte på å rydde opp i eksisterande avkøyrslforhold langs fylkesvegen. Det er i plankartet for Myrabakken vist kva avkøyrslar som skal stengast ved realisering av nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Desse avkøyrslene skal stengast når gangvegen er etablert og ny tilkomst til dei eigedomane som får stengt avkøyrslar skal skje gjennom ny bustadveg i Myrabakken bustadfelt frå sør f_V4».

Frisikt i avkøyrslar for planområdet si utstrekning langs fylkesveg 10 skal vere etter Statens Vegvesen sine krav i handbok N100.

5. MEDVERKNAD I PLANARBEIDET

Det har i alt kome 10 innspel til planarbeidet. Desse går fram av vedlegg til denne planomtalen og er kommentert handsama av kommunen i eige vedlegg.

6. VEDLEGG

V1 – ROS-analyse

V2 - Innspel til planarbeidet

V3 - Merknadsskjema – behandling av innspel til planoppstart

V4 - Referat frå informasjon- og medverknadsmøte 12.09.2013.

V5 - Rapport frå arkeologiske registreringar i området



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/552
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
71/15	Formannskapet	21.04.2015
44/15	Kommunestyret	30.04.2015

DETALJREGULERINGSPLAN GANG- OG SYKKELVEG FV10 MOLTUSTRANDA - SLUTTHANDSAMING

Tilråding frå rådmannen:

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Formannskapet - 21.04.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Møtebehandling:

Planleggar Aleksander Zahl Tarberg møtte og orienterte i saka.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 30.04.2015

Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga

Vedlegg:

- 01 – Plankart, sist revidert 12.02.2015
- 02 - Føresegner, sist revidert 12.02.2015
- 03 - Planomtale med vedlegg, sist revidert 12.02.2015
- 04 - F-sak 144/14 – vedtak om offentlig ettersyn
- 05 - Innspel til offentlig ettersyn
 - Innspel frå NVE 20.10.2014 og 02.02.2015
 - Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune 11.11.2014
 - Innspel frå Rolf Bjørnar Moltu 13.11.2014
 - Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.11.2014
 - Innspel frå Statens Vegvesen 13.11.2014
 - Innspel frå Landbrukskontoret 20.11.2014
 - Innspel frå Geir Moltubakk 07.01.2015
- 06 - Innspel til avgrensa høyring
 - Innspel frå Sjøsiden Eiendomsselskap 16.02.2015
 - Innspel frå Ørjan Lillestøl 20.02.2015
 - Innspel frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal 12.03.2015
 - Innspel frå Kristian Driveklepp 12.03.2015
 - Innspel frå Geir Moltubakk 13.03.2015
 - Innspel frå Møre og Romsdal fylkeskommune 17.03.2015

Saksopplysningar:

Herøy kommune ved Utviklingsavdelinga har her utarbeidd reguleringsplan for eit avgrensa område på Moltustranda. Området er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10 og er i kommuneplanen frå 2004 sett av til gang- og sykkelveg. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta løysing for Nygjerdevegen – som er ein viktig og avgjerande samleveg for det mest sentrale bustadområde på Moltustranda.

Oppstart av arbeid med planlegging av ny gang- og sykkelveg i området blei kunngjort i juni 2013, der grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlig uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Det kom inn totalt 10 innspel frå både offentlig og private.

Herøy kommune gjennomførte 12.09.2013 eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule om planarbeid for ny gang- og sykkelveg gjennom bygda. Til dette møte kom det om lag 23 personar. I møtet informerte kommunen om planarbeidet, samstundes som deltakarane fekk stille spørsmål og kome med sin synspunkt knytt til kommunen sitt arbeid. Referat frå møtet følgjer som vedlegg til planomtalen. I samband med varsel om oppstart og utarbeiding av planforslag har det blitt gjennomført ei arkeologisk registrering. Rapport frå dette arbeidet følgjer som vedlegg til planomtalen. Planforslaget for gang- og sykkelveg må sjåast i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt, då desse to planane har samanfallande plangrenser og vert fremja på same tid.

Formannskapet handsama planforslag i F-sak 144/14 og gjorde vedtak om legge planforslaget ut til høyring og offentlig ettersyn i seks veker. Til offentlig ettersyn kom det 7 innspel. Med bakgrunn i innspelet som kom frå Statens Vegvesen Region Midt, blei det vurdert at det måtte gjerast endringar i planforslaget av omsyn til krav

knytt til fylkesvegar.

Endringar etter offentlig ettersyn:

Plankart:

1. Nye juridiske linjer rundt bygg med «Bygg som inngår i plan».
2. Lagt på frisiktsoner i avkøyrslar mot Fylkesvegen etter krav frå Statens Vegvesen.
3. Gitt avkøyrslar namn o_V1-13, f_V1-3
4. Endre formålet «Anna veggrunn – grøntstruktur» til «Anna veggrunn – tekniske anlegg etter krav frå Statens Vegvesen

5. Utvida anna veggrunn til 3.0 meter på nordsida av FV10 etter krav frå Statens Vegvesen.

6. Innskrenka avkøyrslar til 3.0 meter på nordsida av FV10 etter krav frå Statens Vegvesen.

7. Endre grensesnitt mellom planforslag og gjeldande reguleringsplan Tarberg-Moltumyr. Betre samanheng med regulert gangveg.
Forlenga gangveg på sørsida av FV10 frå Myrabakken og vestover. Lagt til «Anna veggrunn – tekniske anlegg».
Endra start på eksisterande Nygjerdeveg til 3.0 meter frå formålsgrense FV10 og sørover er endra til offentleg formål.

8. Endra busslomme med gangveg og areal for busstur og «Anna veggrunn – tekniske anlegg» på nordsida av FV10.

9. Endra plassering av planlagt gangfelt ved Moltu skule.

Føresegner:

Endre § 6 om frisktsoner, avkøyrslar og anna veggrunn. Tekst som er endra er markert med raudt i føresegnene.

Planomtale:

ROS-analyse, utviding av dokument og tekst pga motsegn frå NVE. Markert med raudt i vedlagt planomtale.

Dei ovannemnde endringane har blitt innarbeidd i revidert planforslag av 12.02.2015, som blei sendt på ei avgrensa høyring til råka grunneigarar og naboar og offentleg mynde. Til den avgrensa høyringa kom det 6 innspel til dei endringane som låg føre.

Rådmannen vil nedanfor presentere innspela som har kome til offentleg ettersyn og avgrensa høyring. For detaljar kring planforslaget, viser ein til dei vedlagte plandokumenta og F-sak 144/14.

INNSPEL TIL OFFENTLEG ETTERSYN

01. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), 20.10.2014 og 02.02.2015:

NVE viser til at det i skreddatabasen (www.skrednett.no) ligg store deler av planområdet innanfor aktsemdskart snøskred, noko som også er synt til i ROS- analysen. Det er ikkje gjort noko vidare vurderinga av skredfaren i planomtalen.

Jamfør NVE sine retningslinjer 2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar* skal den reelle skredfaren vere avklart på reguleringsplannivå. Det betyr at det må gjerast ei nærare vurdering av den reelle skredfaren for dei områda der ein ønskjer å opne for utbygging eller der det er eksisterande busetnad. Til dette arbeidet må det nyttast tilstrekkeleg fagleg kompetanse og det må definerast faresonegrenser i samsvar med tryggleikskrava i Byggeteknisk forskrift (TEK10). Skredfaren må avklarast for framtidige og eksisterande byggområde. Eventuelle fareområde må innarbeidast i planen og synast som omsynssone (jf PBL § 12-6) og ha tilhøyrande føresegner som sikrar akseptabel tryggleik før planen kan godkjennast. Dersom det er trong for sikringstiltak, eller at ovanforliggende skog er viktig for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik, rår dei til at dei aktuelle områda vert teke inn i planen.

NVE fremjar motsegn (jf. PBL § 5 -4) til reguleringsplan gangveg Moltu. Grunnlaget for motsegna er at det ikkje er utført kartlegging av skredfaren som kan dokumentere at områda FS1 og F1 er tilstrekkelege trygge for skred jamfør trygggleikskrava i byggteknisk forskrift (TEK10) § 7-3.

Vurdering:

På grunn av ein «glipp» fekk ikkje NVE tilsendt ROS-analysen i heile sitt omfang. Herøy kommune sende brev til NVE med fullstendig ROS-analyse og ei ytterlegare vurdering/presisering av dei lokale tilhøva på staden – både i høve skredfare og byggegrunn. I høve risiko og sårbarheit, er det gjort ei utdjuping av dette i planomtalen, ein viser her til avsnitt markert med raud tekst i planomtalen.

NVE har med brev av 02.02.2015 trekt motsegna knytt til skredfare basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.

02. Møre og Romsdal fylkeskommune, 11.11.2014:

Møre og Romsdal fylkeskommune gjennomførte arkeologiske registreringar i samband med prosjektet. Det blei funne ein rest av eit dyrkingslag (ID 178218) innanfor det varsla planområdet. Forslaget som er ute til offentleg ettersyn er likevel justert slik at kulturminnet ikkje fell innanfor planen. Dei har difor ingen merknader til planen.

I tillegg til veg og gangveg, har planen både bustader og forretningsareal. Planen inneber ingen annan tydeleg intensjon enn stadfesting av eksisterande situasjon for desse to arealkategoriane, men kart og føresegner opnar likevel for noko meir. Dette burde vore synleggjort i planomtalen. Framlegget er likevel slik at det frå fylkeskommunen si side kan godkjennast.

Vurdering:

Innspelet vert teke til vitande. Planforslaget er justert noko mot nord etter offentleg ettersyn og sendt på ei avgrensa høyring. Revidert planforslag er slik ein vurderer det, ikkje i konflikt med registrert kulturminne.

03. Rolf Bjørnar Moltu, 13.11.2014:

Brev nr 1:

Han ser frem til att Moltustranda skal få gang og sykkelveg. Han som grunneigar er innstilt på å strekke seg litt for og få dette til. Men det er eit par punkt han vil nemne; I området vest for skulen har han den einaste gode innkøyrse for dei beitemarkane. Så for han er det viktig at denne innkøyrse blir sperra. På stykket mellom Ryssevik og Nerlid så meiner han at om vegen skal utvidast med 2-3 meter så må det la seg ordne. Men å omregulere halve stykket finner han unødvendig for ei utviding av vegen. Skal ein utvide vegen med 3 meter, så må det vere nok å omregulere den delen. Men som sagt ser han fram til å få betre gang- og sykkelsti på Moltu, så der forventar ha at ein kjem til semje.

Brev nr 2:

Protesterer på den planlagde nye traseen for Nygjerdevegen. Moltu hevdar at ein slik trase vil umogleggjere vidare gardsdrift og dyrehald. Det blir hevda at dette vil få verknader i form av nedlegging av gardsbruk og dei andre gardsbruka som Moltu i dag driftar.

Vurdering:

Brev 1:

På nordsida av vegen er det ikkje regulert meir areal enn kva som er naudsynt for å oppnå formålet med reguleringsplanen. Etter offentleg ettersyn har det blir naudsynt å utvide areal for «anna veggrunn» til eit belte på 3.0 meter, slik at vegløysinga er i samsvar med Statens Vegvesen sine krav til fylkesvegar. Denne justeringa har vore sendt på ei avgrensa høyring.

Brev 2:

Dagens Nygjerdeveg har, slik den i dag ligg føre, ikkje ei tilfredstillande utforming med tanke på framtidig vekst og utvikling av bustadområdet på Moltustranda. Veggen har ikkje tilfredstillande breidde eller stigningsforhold for å vere ein framtidig hovudtilkomst for dei sentrale delane av bustadområdet på Moltu. Veggen har heller ikkje tilfredstillande siktforhold i krysset mellom Nygjerdevegen eller Moltuvegen (fylkesvegen)

Ny trase for Nygjerdevegen er i planforslaget teikna inn aust for tunet til Rolf Bjørnar Moltu. Her er vegen teikna inn med fortau, to køyrefelt og stigningsforhold (1:10) i samsvar med krava i kommunal vegnorm. Det siste som gjeld stigningsforhold er avgjerande for å sikre god beredskap, slik at utrykningskøyretøy kan kome seg opp og fram i terrenget til etablerte og nye bustadfelt. I krysset mot Moltuvegen, vil vegen få vesentleg betre siktforhold enn kva som er tilfelle for dagens situasjon. I sum vil ny løysing medføre ei vesentleg betring av trafikksituasjonen i området.

Rådmannen viser til at ei løysing for ny hovudtilkomst til dei mest sentrale bustadområda på Moltustranda, er svært viktig for vidare vekst og utvikling med nye bustadtomter. Fleire bueiningar i dei øvre og midtre delane av bygda, vil skape meir belastning på eksisterande vegnett og skape eit behov for ein meir framtidsretta tilkomstveg. Rådmannen meiner skissert løysing med Nygjerdevegen vil vere svaret på eit slikt behov. Ny veg vil vere ei berekraftig løysing for ny hovudtilkomst til bustadområda i bygda, auke den generelle trafikksikkerleiken i området og styrke beredskapen gjennom betre framkomst for utrykningskøyretøy.

04. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.11.2014:

Fylkesmannen viser til at NVE har motsegn til planen, då det ikkje er gjort ei kartlegging av skredfare for FS1 og F I. Dette må avklarast før planen kan eigengodkjennast. Utover dette ser dei berre positivt på planforslaget, og kan ikkje sjå at det vil medføre konflikter med andre almenne interesser.

Vurdering:

Innspelet vert teke til vitande. NVE har med brev av 02.02.2015 trekt motsegna knytt til skredfare basert på opplysningar og dokumentasjon frå Herøy kommune.

05. Statens Vegvesen Region Midt, 14.11.2014:

Med sikte på ei meir heilskapleg og eintydig regulering i høve til avkøyrsløysingar m.m. bør planområdet utvidast langs sørsida av gs-vegen, slik at planen omfattar meir av tilgrensande arealbruk utanfor regulert vegføremål.

Det inneber at planen bør femne om areal som ligg innanfor reguleringsforslaget for Myrabakken bustadfelt (jf. brev av 17.9.14 frå kommunen). Sett frå Vegvesenet sin ståstad burde reguleringsforslaga gangog sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfelt Myrabakken med fordel ha vore utarbeidd og fremja som ein og same plan.

Langs nordsida av fylkesvegen bør plangrensa justerast slik at det langs fylkesvegen vert regulert ei sone til annan veggrunn i minst 3 m breidde. Og elles bør planavgrensinga justerast og tilpassast slik at tilstrekkeleg areal til skråningsutslag (fylling/skjering) vert vist og omfatta av planen.

Der det i planframlegget er nytta arealføremålet *grøntareal* på anna veggrunn på sideareal langs offentlege vegar, bør føremålet endrast til *tekniske anlegg*, i og med areala omfattar grøfteareal, skråningsutslag, areal for plassering av skilt m.m.

Etter det vi kan sjå er ikkje planforslaget heilt tilpassa og samordna med reguleringa i reg.planen Tarberg-Moltumyr. Framlegget må gjennomarbeidast meir på dette punkt, og planen må eventuelt utvidast til å omfatte deler av tilgrensande plan, slik at regulert arealbruk heng i hop og er avklarande der dei to reguleringsplanane grensar til kvarande. Gjennom det vidare planarbeidet bør det i tilknytning til busslomma vurderast og avklarast nærare behovet for leskur med tilhøyrande plattformareal.

I planforslaget er avkøyrslene til private eigedomar regulert som offentleg vegareal. Avkøyrslene til private eigedomar må regulerast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentleg vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentleg veg. Og når det gjeld avkøyrslene må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar/areal (gnr. og bnr.) som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

Frisiktsoner i tilknytning til avkøyrslene bør innarbeidast i planen. Og i alle høve bør det i planomtalen gjerast nærare greie for siktkrav i avkøyrslene. Det bør elles i planomtalen gjerast greie for tekniske krav til teknisk utforming av avkøyrslene frå fylkesvegen.

Sett frå vår ståstad er plankartet noko mangelfullt/uklart framstilt i høve til ein del viktig basisinformasjon. Det gjeld m.a.; - eksisterande fylkesveg bør gå tydelegare fram, - profil- /pelnummer på regulert veglinje bør leggjast inn, - eigedomar innanfor og inntil planområdet bør vere påført matrikkelnummer.

I planføresegnene — under § 6 — står det m. a. «...I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekabler. » Tiltak med legging av rør og kablar m.m. på/i vegeigedom-/anlegg må i kvart einskild høve avklarast gjennom løyve og samtykke frå aktuell vegeiar/-haldar.

Statens vegvesen føreset etter dette at forslaget til detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg på Moltustranda vert meir gjennomarbeidd og endra i tråd merknadane/kommentarane vi har framheve i brevet her, før planforslaget vert lagt fram til slutthandsaming og vedtak etter § 12-12 i plan- og bygningslova.

Vurdering:

Rådmannen viser til at ein må sjå på intensjonen bak dei to reguleringsplanane som blir fremja. Planforslaget for gang- og sykkelvegen og Myrabakken grensar til kvarandre og har til ei viss grad mange felles interesser og utfordringar som skal løysast. Med bakgrunn i intensjonen bak dei to planforslaga, ynskjer ein soleis likevel at dei to planane vert fremja som to saker. Kommune har gjennom dialog

med Statens Vegvesen hatt fokus på avkøyrseforholda langs fylkesvegne gjennom arbeid med begge planane. I plan for Myrabakken er det gjort endringar i plandokumenta knytt til avkøyrser og vurderingar kring dette tema. Ein viser her til ovannemnde opplisting og revidert tekst markert med raudt i føresegnar og planomtale. Ein har ikkje motteke uttale frå Statens Vegvesen Region Midt ved avgrensa høyring. Rådmannen føreset soleis at dei ovannemnde justeringane som blei presentert ved avgrensa høyring er akseptert av Statens Vegvesen som tilfredstillande i høve deira brev ved offentleg ettersyn.

06. Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 20.11.2014:

Landbruk vil peike på at ein må ta omsyn til eksisterande tilkomst til dyrka mark. Det gjeld spesielt tilkomsten vest for skulen.

I tidlegare innspel til reguleringsplanen datert 19.07.2012 peika vi på omsynet til jordvernet. Dei ser at det vert teke i vare når det gjeld gang- og sykkelvegen langs med FV 10.

Det er lagt inn ny tilkomst til Nygjerdevegen – V2 inklusive gang- og sykkelveg, som del av planframlegget. Landbrukskontoret meiner det er ei sers uheldig løysing med omsyn til jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området. Det blir vist til at Landbrukssjefen har vore på synfaring saman med grunneigar Rolf Moltu den 15.10.14. Moltu er ein aktiv gardbrukar som driv med utegangarsau. V2 inklusive gang- og sykkelveg tek dyrka og dyrkbar mark, og delar av tilkomsten mellom fjøs og innmark/ beite. Sjølv om utegangarsauen går på beite i utmarka store delar av året, er dei på innmarka med tilkomst til fjøs vinterstid og i lamingsperioden. Det er krav om at småfe skal ha tilgang til *trygt tilhaldsrom utanom normal beitesesong* (ref. Dyrevelferdslova). Landbrukskontoret vil rå ifrå plassering av ny V2 inklusive gang- og sykkelveg som detaljreguleringa syner. Jordvern og ulemper for landbruksdrifta i området må takast omsyn til.

Vurdering:

Ny veglinje for Nygjerdevegen er i kommuneplanens arealdel frå 2014 vist på plankartet som framtidig veglinje i eit område som er lagt ut til bustadformål. Dette inneber at kommunestyre i Herøy har bestemt at området skal nyttast til bustadformål framfor LNF-område eller andre typar arealformål. Rådmannen viser til kommentarar/vurderingar til innspel nr 3 over som grunngjeving for ny Nygjerdeveg.

Med bakgrunn i ovannemnde og med tilvising til overordna kommuneplan, ser rådmannen det slik at landbruksinteressene i dette området blir ei særinteresse som ikkje er i samsvar med den arealbruken som kommunestyret har lagt til grunn for området i perioden 2014-2025. Rådmannen er av ei slik oppfatning at ny Nygjerdeveg er så viktig for utvikling av bustadområda på Moltu, at den blir overordna dei eventuelle særinteressene som er i området i dag. Nygjerdevegen er hovudtilkomst for dei sentrale bustadområda på Moltu og det er soleis av overordna interesse at det blir sikra areal til ein ny hovudtilkomstveg. Rådmannen meiner desse interessene må gå framfor evt landbruksinteresser i området. Innspelet frå Landbrukskontoret sitt innspel blir soleis ikkje teke til følgje.

07. Geir Moltubakk, 07.01.2015:

Viser til at det burde vere mogleg å rette opp/flytte vegen mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens veg. Veggen går nå i ein sving inn mot Moltubakk sin eigedom. Eventuelle ledninger/kabler kan leggest under gangvegen.

Vurdering:

Rådmannen viser til at reguleringsplanen i svært liten grad vil råde Moltubakk sin eigedom. Det er teke omsyn til dei momenta som Moltubakk påpeiker ved at senterlinja til vegen er flytta lenger mot nord enn kva som er tilfelle for dagens vegtrase. Dette av omsyn til vegkurvatur. Inngrep i Moltubakk sin eigedom er avgrensa til om lag 22 m² med «anna veggrunn – tekniske anlegg» som vert sideareal i form av grøft/skulder/mur i tilknytning til nytt fortau.

I reguleringsføresegnene ligg det føre følgjande formulering: «I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekabler. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknytning til offentleg infrastruktur».

INNSPEL TIL AVGRENSA HØYRING

08. Sjøsidan Eiendomsselskap, 16.02.2015:

Viser til mottatt reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda FV10.

Utfrå dei mottatte kart og beskrivelse så er det vanskeleg og sjå klart om tiltaket kjem i konflikt med grensene til eigedom gnr 60. bnr 183, og 132. Det ser også ut til at avkjørsel frå denne eigedomen ikkje er inntegnet. Ber om informasjon om dette.

Vurdering:

Det er teikna inn avkøyrslar til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 53 som vist på plankartet. Desse ligg innanfor eit belte på 3.0 frå regulert grense for vegareal og vert difor regulert som offentlege.

I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrslar langs fylkesvegen (FV10). Etter krav frå Statens Vegvesen har ein blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna utviding av areal for «anna veggrunn – tekniske anlegg» til 3.0 meter. Revidert planforslag er sendt på ei avgrensa høyring. Arealet «anna veggrunn – tekniske anlegg» vil for enkelte eigedomar medføre konflikt med etablert parkeringsplassar nord for FV10. Det er teke med i føresegnene at areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida. Utover dette må eigedomane som blir råka finne alternative løysingar for sitt parkeringsbehov.

09. Ørjan Lillestøl, 20.02.2015:

Flott at arbeidet med gangveg no er starta. Der er særleg trongt mellom eigedomane gnr 60 bnr 347 og gnr 60 bnr 148. Det er ikkje plass til å flytte vegen mot nord (mot husa), då dette er parkering/oppstillingsplass for bilar. Det er knapt slik det er. Regner helder ikkje med at det er planen, men det kom ikkje fram i kartet på en god måte, følte derfor for å presisere dette.

Vurdering:

Rådmannen viser til at det er regulert inn ei felles avkøyrslar for desse eigedomane. I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrslar langs fylkesvegen (FV10). Etter krav frå Statens Vegvesen har ein

blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna utviding av areal for «anna veggrunn – tekniske anlegg» til 3.0 meter. Revidert planforslag er sendt på ei avgrensa høyring. Arealet «anna veggrunn – tekniske anlegg» vil for enkelte eigedomar medføre konflikt med etablert parkeringsplassar nord for FV10. Det er teke med i føresegnene at areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida. Utover dette må eigedomane som blir råka finne alternative løysingar for sitt parkeringsbehov.

Rådmannen kan ikkje sjå at planforslaget medfører særskilte vanskar knytt til parkeringstilhøva for bnr 347. For eigedom gnr 60 bnr 148 vil det ved breiddeutviding av fylkesvegen vere ei utfordring knytt til parkering etter reguleringsføresegnene. Ein legg til grunn at bnr 148 har tilkomst til eit areal på vest og nordsida av bygget på eigedomen, og at det i dette området er moglegheiter for å opparbeide parkeringsareal i tilknytning til vegen som fører til garasjedelen i underetasjen.

10. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 12.02.2015:

Ingen merknad

Vurdering:

Teke til vitande.

11. Kristian Driveklepp, 12.03.2015:

På vegne av Gunnar Moltumyr 60/54, vil han kome med merknad til bemerke reguleringsplanforslaget. Han trur dette vil forringe eigedomen og skape ulemper for dei to avkøyrslene til eigedomen. Han trur at ved å flytte senterlinja lenger ned, vil det ikkje komme i konflikt og det vil bli eit meir oversiktleg kryss til Myrabakken med større siktsoner. Det er også mogleg å fylle masser inn til dagens mur, slik at vegskulderen fyller muren og det blir asfaltert helt inn til muren, med kumrister inne langs muren for overvann. Han trur dette vil bli et bedre og rimeligere alternativ for byggherren.

Vurdering:

Det er teikna inn ei felles avkøyrslle til eigedom gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54 som vist på plankartet. I planforslaget ligg det løysingar som inneberer at fleire eigedomar må nytte seg av felles avkøyrslar langs fylkesvegen (FV10).

Etter krav frå Statens Vegvesen har ein blitt nøydd til å gjere endringar i planforslaget som var ute til offentleg ettersyn, mellom anna har ein blitt nøydd til å endre linjeføringa og vegkurvaturen for fylkesvegen vest for Myrabakken, slik at denne oppnår ei geometrisk utforming i samsvar med vegnormalen. Senterlinja til vegen er ved revidert planforslag tilpassa slik at den møter senterlinja i plan for gangveg på strekninga Tarberg – Moltumyr.

12. Geir Moltubakk, 13.03.2015:

Innspelet er liklydande med det som kom ved offentleg ettersyn. Moltubakk viser til at det burde vere mogleg å rette opp/flytte vegen mot nord slik at det blir unødvendig å bruke grunn på sørsiden av dagens veg. Vegen går nå i ein sving inn mot Moltubakk sin eigedom. Eventuelle ledningar/kabler kan leggest under gangvegen.

Vurdering:

Rådmannen viser til at reguleringsplanen i svært liten grad vil råde Moltubakk sin eigedom. Det er teke omsyn til dei momenta som Moltubakk påpeiker ved at senterlinja til vegen er flytta lenger mot nord enn kva som er tilfelle for dagens vegtrase. Dette av omsyn til vegkurvatur. Inngrep i Moltubakk sin eigedom er avgrensa til om lag 22 m² med «anna veggrunn – tekniske anlegg» som vert sideareal i form av grøft/skulder/mur i tilknytning til nytt fortau. I reguleringsføresegnene ligg det føre følgjande formulering: «I vegareal kan det leggjast VA-leidningar, el-fiber og telekablur. Det vert tillate med etablering av naudsynte kummar, fundament, stolpar og mindre skap som har direkte tilknytning til offentleg infrastruktur».

13. Møre og Romsdal fylkeskommune, 17.0.2015:

Ingen merknad

Vurdering:

Teke til vitande.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen viser til at planforslaget skal legge til rette for nytt fortau langs fylkeveg 10, frå Moltu skule, forbi Myrabakken og fram til den går saman med plangrensa for vedtatt reguleringsplan «FV10 Tarberg — Moltumyr». Målet er å betre tilhøva for mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen gjennom det mest tettbygde området på Moltu. Ein vurderer det slik at ei løysing med fortau i staden for full gang- og sykkelveg, vil vere den rette løysinga for mjuke trafikantar i dette området. Dette av omsyn til mellom anna trafikkmengd, fartsgrense, talet på gåande og syklande, avkøyrslar m.m. I tillegg er det tett busetnad i området. Sistnemnde gjer det utfordrande å finne gode løysingar som ivaretek mjuke trafikantar, samstundes som ein ikkje grip for sterkt inn i eksisterande etablerte bustadtomter som grensar til vegen

Rådmannen viser til at utarbeiding av reguleringsplanar for fylkesvegar er eit utfordrande arbeid og at det er særskilte krav frå Statens Vegvesen si side til desse veganlegga. Dette er noko som mellom anna er med på å «låse» ei rekkje løysingar og val i planforslaget. Ein viser her til at det i etterkant av offentleg ettersyn har vore naudsynt å gjere endringar i planforslaget etter krav frå Statens Vegvesen. Desse endringane er lista opp over, og er endringar som har medført at planforslaget måtte sendast på ei avgrensa høyring. I innspela som har kome til avgrensa høyring, er det særskilt forholda i høve parkering på nordsida som har vore eit gjentakande tema. Rådmannen viser til vurderingane av innspela over, og vil på generelt grunnlag påpeike at areala kan nyttast til parkering inntil det blir aktuelt med breiddeutviding av fylkesvegen. Etter ei evt breiddeutviding av fylkesvegen må grunneigarane som blir råka finne alternative løysingar for parkering på sine eigedomar.

Det er også eit mål med dette planarbeidet å sikre areal for ny hovudtilkomst til dei øvre delane av bygda. Dette medfører ei ny veglinje for Nygjerdevegen som erstatning for deler av dagens vegtrase. Når det gjeld forslag til ny veglinje for Nygjerdevegen og dei innspela som har kom til den, vil rådmannen understreke at ein ser den nye veglinja som heilt naudsynt av omsyn til den bustadutviklinga som det no blir lagt til rette for i området, både av offentleg og privat karakter. Ny veg er også tenkt for å betre trafikktryggleik og beredskap i for nye og eksisterande bustader på Moltu.

Det er i planomtalen gjort ei grundig vurdering av konsekvensane av planforslaget. Risiko og sårbarheit er også vurdert. Det er ikkje avdekt uheldige tilhøve i dette

arbeidet. Rådmannen viser til planomtale og tilhøyrande ROS-analyse. Arealbruken ei vesentleg betring av trafikktryggleiken for denne delen av kommunen. Etter rådmannen si vurdering vil planforslaget innebere eit grunnlag for seinare realisering av eit trafikktryggingstiltak som kan sikre ein tryggare skuleveg på Moltustranda. Dette er også i samsvar med Møre og Romsdal fylkeskommunen sin strategi for mjuke trafikantar. Ein kan ikkje sjå at det er kjent spesielle tilhøve knytt til naturmangfaldet innanfor planområdet jfr. Direktoratet for naturforvaltning sine databaser. Planlagt arealbruk vil difor ikkje innebere noko meirbelastning for naturmangfaldet i området.

Rådmannen meiner plankartet med tilhøyrande dokument som no ligg føre er klart for sluttbehandling.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 23.03.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Til Herøy kommune
Rådhusgata 5
6090 Fosnavåg

Fra Olga Maspanova, Ljubov Maspanova
og Mushtak Ghazi
Moltuvegen 332,
6076 Moltustranda

Klage

Hei.

Sist vi skrevet klagen ,men da fått vi avslag ,p.g. av fristen til å klage vart over.
Vi fått beskjed fra kommune om,at vi kan klage på nytt til 18.02.16.

Saken er :planlegging til å bygge en ny gangveien,kryss på veien ved Moltu skulen ,
og gågata på Moltustranda.

Vi har huset ved skulen nr. 332. Vi forstår ,at Moltu trenger en gågata ,og mye
mer ,men da mister vi parkeringsplasser ved huset, og vi har 3 biler som vi trenger
kvar dag . Også vi forstår ikke ,hvordan det blir sikkerhet til skulebarn,vis det blir
der krysset,som planlagt, det blir mye farligere til å gå over veien,sines vi,og mange
foreldre også.

Men vi håper ,at sammen vi finner løsningen på dette.

Med vennlig hilsen.

Olga Maspanova.
Ljubov Maspanova
Mushtak Ghazi N.

Olga Maspanova
Ljubov Maspanova
Mushtak Ghazi

16.02.16 Moltu

16.02.16 Moltustranda

Tel.45444353
Tel.45444600

olga22m@hotmail.no
carwash1@hotmail.no



Kristian Driveklepp

Saksnr
2013/552

Arkiv
L12

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
DOK / HS

Dato
04.02.2016

K-SAK 5/16 KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Vedlagt følger K-sak 5/16.

Kommunestyret handsama saka i møte 28.01.16 og gjorde slikt vedtak:

1. Herøy kommunestyre tek klagen frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følge. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisktlinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegnar.
- Det blir innarbeidd frisktlinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagen frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagen difor ikkje tekne til følge og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløysingar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følge av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Hilde Bringsvor Skinnnes
e.f.

Kopi:
Inger og Jogeir Skorpen
Hugo Brathaug
Sjøsidan Eiendomsselskap AS v/Per Helge Dybvik
Utviklingsavd. her



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AZT	Arkivsaknr:	2013/552
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/16	Formannskapet	19.01.2016
5/16	Kommunestyret	28.01.2016

KLAGE PÅ VEDTAK - DETALJREGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS DELER AV FV 10 MOLTUSTRANDA

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisktlinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegner.
- Det blir innarbeidd frisktlinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløysingar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følge av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Særutskrift:

Kristian Driveklepp
Inger og Jogeir Skorpen Hugo Brathaug
Statens Vegvesen Region Midt
Sjøsidan Eiendomsselskap AS v/ Per Helge Dybvik
Utviklingsavdelinga her,

Møtebehandling:

Ap v/Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 3:

«3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det inngå å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen»

Planleggar frå Utviklingsavdelinga Aleksander Zahl Tarberg orienterte

Det vart røysta over punkt 3.

Framlegget frå Ap om endring i punkt 3 fekk 15 røyster og fall mot 18 røyster, som røysta for formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vart vedteken

Vedtak i Kommunestyret - 28.01.2016

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisktlinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegnar.
- Det blir innarbeidd frisktlinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløyser som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Møtebehandling:

Planleggar frå Utviklingsavdelinga Aleksander Zahl Tarberg orienterte.

Brev datert 18.01.16 frå Rolf Bjørnar Moltu – Klage på saksbehandling ny trase for Nygjerdevegen, vart delt ut.

KrF, Camilla Storøy kom med slikt tillegg:

Klage datert 18.01.16 vert avvist då den kom inn etter fristen.

Camilla Storøy sitt tillegg vert vedteke mot 1 røyst. Kjell Runde røysta mot.

Ap, Per Kristian Furø kom med slik endring i punkt 3:

«3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det inngå å finne alternative parkeringsløyningar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen»

Per Kristian Furø, Reidun Myrvågnes, Kjell Runde og Sofie Arntsen røysta for endring av punkt 3 frå Ap, Per Kristian Furø. Dei 5 resterande formannskapsmedlemer røysta for tilrådinga frå rådmannen.

Det vart røysta punktvis.

Rådmannen si tilråding vart vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 19.01.2016

1. Herøy kommunestyre tek klagene frå Hugo Brathaug, Kristian Driveklepp, samt brev frå Statens Vegvesen av 26.05.2015, delvis til følgje. Godkjent reguleringsplan i k-sak 44/15 i møte av 30.04.2015, vert endra slik;

- Det blir innarbeidd offentleg avkøyrsløse med tilhøyrande frisisiklinjer mellom eigedomane gnr 60 bnr 52 og 54, slik det går fram av vedlagt revidert plankart og føresegnar.
- Det blir innarbeidd frisisiklinje for gangveg i krysset mot «Nygjerdevegen», slik det går fram av vedlagt revidert plankart.
- Punkt om mellombels parkering innanfor arealformålet «Annan veggrunn – tekniske anlegg» vert fjerna frå reguleringsføresegnene.

2. Herøy kommunestyre kan ikkje sjå at klagene frå Jogeir og Inger Skorpen, Sjøsidan Eiendomsselskap AS, eller resterande deler av brev frå Statens Vegvesen Region Midt og klage frå Kristian Driveklepp og Hugo Bratthaug, inneheld nye moment i høve til det som låg føre og har vore vurdert fram til reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda vart vedteken i møte 30.04.2015. Med unntak av det som er nemnt i punkt 1, vert klagene difor ikkje tekne til følgje og kommunestyret opprettheld sitt vedtak i K-sak 44/15.

3. I samband med forhandlingar om kjøp av grunn til nytt veganlegg innanfor reguleringsplan, skal det søkjast å finne alternative parkeringsløysingar som kan erstatte dei parkeringsplassane som går tapt som følgje av denne reguleringsplanen.

4. Ved utbygging av ny trase for Nygjerdeveg o_V2, skal det gjerast tiltak knytt til bearbeiding av sideareala til vegen, slik at terrenget blir arrondert på ein slik måte at det ivaretek grunneigar sine interesser knytt til drift av gardsbruket og dyrehald. Løysinga skal utformast i samråd med grunneigar.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering.

Vedlegg:

- 1 Klage på vedtak
- 2 Merknader til plan-id 201308
- 3 Tilleggsopplysningar til klage
- 4 Klage på vedtak
- 5 Brev frå Statens vegvesen datert 25.02.15
- 6 Fv. 10 - Reguleringsplan gang- og sykkelveg Moltustranda
- 7 Klage på vedtak - Godkjent reguleringsplan for gang- og sykkelveg FV 10 Moltustranda
- 8 Klage gang- og sykkelveg - FV10 gnr 60 bnr 54
- 9 Om gang/sykkelveg
- 10 Klage FV10 gnr 60 bnr 54
- 11 Klage på vedtak
- 12 Saksprotokoll
- 13 Plankart revidert 02.10.2015
- 14 Føresegner revidert 02.10.2015
- 15 Bileter frå synfaring
- 16 Bileter frå synfaring
- 17 Bileter frå synfaring
- 18 Bileter frå synfaring
- 19 Oversiktskart med lokalisering av planområdet M 1:10 000
- 20 Føresegner
- 21 Plankart
- 22 Planomtale
- 23 Til formannskapet vedrørende sak PS195/15.
- 24 Vedk ny trase for Nygjerdvegen
- 25 Klage på vedtak

Saksopplysningar:

Herøy kommune har utarbeidd reguleringsplan for ny gang- og sykkelveg langs FV10 gjennom Moltustranda. Planområdet er hovudsakleg lokalisert langs fylkesveg 10, og det er i kommuneplanen frå 2015 vist gang- og sykkelveg langs vegstrekninga. Intensjonen med planforslaget er å legge til rette for løysingar som skal betre trafikksikkerleiken i området, særskilt for mjuke trafikantar, slik at desse skal oppnå ein tryggare ferdsel langs hovudvegen. Strekninga er også skuleveg for barn- og unge. Planforslaget viser også eit forslag til ny og framtidsretta vegtrase for Nygjerdvegen, ei vegstrekning som er ein viktig samleveg til dei mest tettbygde delane av bustadområde på Moltustranda.

Kommunestyret i Herøy godkjenner i møte den 30.04.2015 reguleringsplan for gang- og sykkelveg langs deler av fv 10 gjennom Moltustranda. Det blei i K-sak 44/15 gjort følgjande vedtak:

«Herøy kommunestyre godkjenner, i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg FV10 Moltustranda, med tilhøyrande reguleringsføresegner og planomtale inkludert vedlegg, sist revidert 12.02.2015.

Dette er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jfr. PBL § 1-9 og forvaltningslova kap. VI, innan 3 veker frå kunngjering».

Vedtak om godkjenning av reguleringsplan har vore kunngjort med 3 veters klagefrist. Det har kome inn 5 klager på godkjenning av reguleringsplan. Desse er Hugo Brathaug (eigar av gnr 60 bnr 52), Kristian Driveklepp for grunneigar Gunnar Moltumyr (eigar av gnr 60 bnr 54), Jogeir og Inger Skorpen (eigar av gnr 60 bnr 73), Sjøsidan Eiendomsselskap AS v/Per Helge Dybvik (eigar av gnr 60 bnr 132 og 183).

Klagene er framsett skriftleg, grunngjevne og innanfor lovfesta klagefrist på 3 veker. Partane er vurdert til å ha rettsleg klageinteresse i saka og vilkåra for å behandle dette som ei klagesak blir vurdert som oppfylt. Klagene skal på vanleg måte handsamast av formannskap og kommunestyre i første instans, før evt nytt vedtak som gir ny klagerett og oversending av klager til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. Før ein går inn på sjølve klagene og handsaming av desse, finn rådmannen det naudsynt med ei oppsummering av planprosessen til no.

Formannskapet hadde saka til handsaming i møte 03.11.2015, der det blei gjennomført synfaring på Moltustranda. I etterkant av synfaring blei administrasjonen beden om å sjå på moglegheitene for å imøtekomme klagene frå Rolf Moltu, Inger og Jogeir Skorpen og Sjøsidan Eignedom v/Per Helge Dybvik.

Når det gjeld klagen frå grunneigar Rolf Moltu viser rådmannen til at denne har kome etter at den lovfesta klagefristen over forvaltningsvedtaket er ute. Av omsyn til at klagen har kome inn såpass lenge etter tidsfristen var ute, vil det gi uheldig presidens for andre typer klagesaker dersom ein skal ta denne klagen opp til behandling i samband med reguleringsplanen.

Rådmannen rår til at momenta som har kome frå grunneigar Rolf Moltu, blir teke omsyn til ved utbygging, jfr. punkt 4 i tilråding til vedtak. Dette blir gjort på ein slik måte at det vil bli gjort fysiske tiltak (terrengarrondering) i samband med utbygging av den nye vegen, som skal ivareta grunneigar sine interesser knytt til gardsdrift og dyrehald. Det er lagt vekt på at ei løysing skal utformast i samråd med grunneigar.

Klagene frå Jogeir og Inger Skorpen og Per Helge Dybvik er kommentert og gjort greie for i dette saksframlegget. Av omsyn til formålet med planarbeidet, ser ein det som ikkje tilrådeleg å endre reguleringsplanen på dette punktet. Rådmannen vil likevel vise til at det i tilråding til vedtak, punkt 3, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

Når det gjeld brev frå FAU 02.11.2015, så viser ein tilsvarande vurderingar som er gjort i høve klage frå Rolf Moltu. Klagen har kome inn lenge etter at den lovfesta klagefristen er ute, og det vil gi uheldig presidens for andre typer klagesaker dersom ein skal ta denne klagen opp til behandling i samband med reguleringsplanen.

PLANPROSESS MED REGULERINGSPLAN

Utviklingsavdelinga varsla oppstart av planarbeid med ny gang- og sykkelveg for denne veggstrekninga i juni 2013. Arbeidet med reguleringsplan for gangvegen blei sett i samanheng med reguleringsplan for Myrabakken bustadfelt. Sistnemnde var ein reguleringsplan som blei godkjent i 2015. Ved oppstart av planarbeid for gangvegen blei grunneigarar, naboar, tverrbuarar, offentlege uttaleinstansar og lag/organisasjonar blei varsla med eige brev. Til den tidleg oppstartsfasen og varsling av planarbeidet kom det

inn totalt 10 innspel frå offentlege og private partar. Sjøsiden Eiendomsselskap AS, Statens Vegvesen og Inger og Jogeir Skorpen kom med innspel til varsel om oppstart. Desse innspela blei kommentert og gjort greie for av kommunen i planomtalen.

I samband med utarbeiding av planforslaget blei det gjennomført eit ope informasjons- og medverknadsmøte på Moltu skule der det kom om lag 23 personar. I dette møtet informerte kommunen innleiingsvis om planarbeidet, og så blei det avslutningsvis opna for at deltakarane kunne kome med innspel og stille spørsmål til planarbeidet. Kommunen har her lagt til rette for medverknad i planarbeidet slik det følgjer av krava til saksbehandling av reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Formannskapet gjorde vedtak i F-sak 144/14 om å legge planforslag ut til offentlig ettersyn. I samband med offentlig ettersyn kom det inn 7 innspel. Statens Vegvesen Region Midt kom i denne fasen med detaljert innspel til planforslaget, der dei påpeika at det måtte gjerast endringa i planforslaget med omsyn til dei krav som gjeld for arealbruk kring slike type veganlegg. Særskilt gjaldt dette areal som inngår som sideanlegg (annan veggrunn – tekniske anlegg) til fylkesvegen som følgje av vegutvidinga og krav til avkøyrslar, friskt og føresegner rundt desse momenta.

Vidare peika vegvesenet på behovet for ei betre saman kopling med den eldre reguleringsplanen Tarberg - Moltumyr. Som følgje av innspelet frå Statens Vegvesen ved offentlig ettersyn, blei administrasjonen nøydd til å gjere endringar i planforslaget dersom ein skulle kome i mål med planarbeidet. Administrasjonen sende difor eit revidert planforslag med innarbeidde endringar på ei avgrensa høyring til dei som blei vurdert å vere råka av desse endringane. Dei omtalte endringane er nærare skildra i K-sak 44/15. Til den avgrensa høyringa kom det mellom anna innspel frå både Sjøsiden Eiendomsselskap AS og Kristian Driveklepp. Desse innspela blei behandla i samband med godkjenning av reguleringsplan i K-sak 44/15, der det går fram korleis desse innspela er vurdert. For meir detaljar og innhald i reguleringsplanen viser rådmannen til dei godkjende plandokumenta som følgjer vedlagt og saksprotokoll med kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil i den påfølgjande delen av saka skildre og kommentere dei 5 klagene punktvis.

1. Klage frå Hugo Brathaug, datert 14.05 og 27.05.2015

Klagar forventar eit skriftleg svar angåande motteke brev om godkjent reguleringsplan for gang og sykkelveg FV 10 Moltustranda. Hevder han har sendt inn merknad til planen innan fristen og stiller spørsmål ved kvifor den ikkje er vurdert. Brathaug ber om at merknaden blir vurdert og sendt alle råka instansar som dei andre merknadane til planen. Han viser vidare til saksprotokoll der det blir hevda at avkøyrslar er teikna inn på plankartet til eigedomane gnr 60 bnr 31 og bnr 52 og 54. Han stiller spørsmål ved kvar denne avkøyrsla er lokalisert, og ber om ei forklaring på samankopling av reguleringsplanen med den eksisterande planen for FV10 Tarberg- Moltumyr. Brathaug viser til at det i vedtatt gamal plan ligg gangveg på nordsida av vegen. Han stiller spørsmål ved kvifor ikkje den nye gangvegen kan fortsette på nordsida av vegen forbi busslomma og fram til Myrabakken. Han viser til at her er jorda på nordsida av vegen brukt til veg for pumpestasjon, og meiner at det som er igjen av dette jordstykket ikkje er til noko.

Vidare understreker klagar at han ikkje kan godta dei planane som ligg føre for ny gagnveg. At veg, grøft, gangveg skal ende heilt opp i husveggen er heilt utelukka. Han meiner dette vil medføre ein stor forringelse av eigedommen. Han viser også til at grensene i kartet er forandra. Viser til feil i skylddelingsforretning og at det er gjort kjent med eigarane av eigedom 60/54.

Vurdering av klage:

Det er ikkje praksis i saker som gjeld reguleringsplanar at kommunen informerer kvar enkelt grunneigar eller nabo om kva som skjer i planarbeidet til ei kvar tid. Arbeidet med å utarbeide reguleringsplanar er ein lovbestemt prosess som er regulert etter plan- og bygningslova (PBL). Grunneigarar og naboar blir varsla i eige brev ved oppstart av planarbeid, offentleg ettersyn og godkjenning av reguleringsplan slik dei har krav om. Dersom det er aktuelt med avgrensa høyringar som følgje av endringar i planforslag, blir grunneigarar og naboar som vert råka av desse endringane varsla i eige brev og gitt ein frist for å kome med innspel til planarbeidet. Kommunen kan ikkje sjå å ha motteke det innspelet som Brathaug viser til.

Når det gjeld klagen frå Brathaug, er det riktig slik han påpeiker, at avkøyrsla til gnr 60 bnr 31, 52 og 54 ikkje er avmerka i reguleringsplan. Denne har ved utarbeiding av planen dessverre ikkje kome med i revidert forslag blei godkjent etter avgrensa høyring. Intensjonen var her at avkøyrsla mellom eigedomane skulle vidareførast og innarbeidast i reguleringsplan. Ein vil ta denne klagen til følgje og innarbeide ei offentleg avkøyrsla med tilhøyrande frisiktslinjer mellom eigedomane gnr. 60 bnr. 52 og 54.

Reguleringsplanen som det her blir klaga over, er samankopla med ein eldre plan (Tarberg-Moltumyr) gjeldande i området ved Brathaug sin eigedom. Her møter senterlinjene til fylkesvegen kvarandre og skaper ein overgang mellom ny og eldre plan. Denne overgangen er naudsynt for å oppnå riktig linjeføring i høve vegkurvatur for ein samla fylkesveg og kan ikkje endrast utan at ein går vesentleg utover planen sitt avgrensingsområde vestover. Dette har ikkje vore tema for dette planarbeidet og ein finn, av omsyn til ovannemnde, ikkje å kunne imøtekomme denne delen av klagen.

Plassering av fortau på sørsida av fylkesvegen er gjort av omsyn til ei heilskaplege vurdering. I denne vurderinga ligg hovudvekta på trafikktrygging og formålet med reguleringsplanen. Ein har vurdert det slik at eit fortau vil ha mest effekt i høve trafikktryggleiken dersom det er lokalisert på den sida av vegen med mest bebyggelse, og tettast inn mot dei som vert potensielle brukarar av dette fortauet. Eit fortau på sørsida av fylkesvegen vil medføre eit samanhengande gangvegssystem frå Moltu skule og vest til eigedom gnr. 60 bnr. 59 når reguleringsplanen blir realisert. Ved eigedom gnr. 60, bnr. 59, vert det lagt til rette for ei kryssing av fylkesvegen for dei mjuke trafikantane. Gangvegen vil her fortsette vidare vestover via planlagt løysing for gangveg i reguleringsplan for Tarberg – Moltumyr. Ei alternativ løysing vil vere å legge fortauet på nordsida av fylkesvegen, men dette er tidlegare vurdert som ei dårlegare løysing. Dette fordi ein då vil ha behov for fleire kryssingspunkt, noko som ein vurderer som negativt og uheldig av omsyn til ferdsel for mjuketrafikantar. Ei slik løysing er ikkje særleg ønskeleg av omsyn til formålet om betra trafikktryggleik langs fylkesvegen – særskilt i høve skuleveg og ferdsel for barn- og unge.

Når det gjeld planlagt forbruk av areal til nytt veganlegg frå eigedom gnr 60 bnr 52, vil dette etter reguleringsplan vere snakk om 41.5 m². Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Dette er vurdert som naudsynt del offentleg trafikkareal i nytt veganlegg og for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen. Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har. Avslutningsvis for klagen vil ein nemne at dei forholda som grunneigar viser til i høve retting av eigedomsgrenser for gnr 60 bnr 52 er noko som må takast opp med kommunen i eiga sak. Dette er ikkje noko som reguleringsplanen vil endre.

2. Klage frå Sjøsidan Eiendomsselskap AS, datert 22.05.2015

Hevdar han manglar informasjon frå kommunen om kva som har skjedd i saka. Har vore i kontakt med kommunen og fått informasjon om at det ikkje vil bli tillate parkering framfor huset på gnr 60 bnr 132 ved utviding av fylkesveg 10. Klagar hevdar at parkeringsplassane har eksistert sidan huset blei bygd i 1954 og at desse blei brukt for kundar til butikken på gateplan. Butikken er no nedlagt og det er no tre leilegheiter i bygget som bruker desse parkeringsplassane. Klagar hevdar vidare at tilkomst til garasje på bnr 183 vil forsvinne slik planane ligg føre. Hevdar det ikkje er innteikna avkøyrsløse til nokon av eigedomane.

Klagar viser til at planane vil føre til tap av parkeringsplassar til leilegheitene og manglande avkøyrsløse til bnr 132, 183 og 44. Han hevdar dette vil sterkt forringe verdien av desse eigedomane. Det blir vist til at gnr 60 bnr 44 driv turismeverksemd og at det til dette er stort behov for parkering sidan der ofte er 4 til 5 bilar, tilhengar og bubilar. For at det skal kunne haldast fram med turisme, hevdar klagar at parkering ikkje kan forringast i det heile tatt. Klagar viser til at han i dag har ein avtale med nabo om ekstra parkering pga mangel på parkering på eige areal. Klagar hevder reguleringsplanen ikkje legg opp til ei fornuftig løysing.

Vurdering av klage:

Det er ikkje praksis i reguleringsplansaker at kommunen informerer kvar enkelt grunneigar eller nabo om kva som skjer i planarbeidet til ei kvar tid. Arbeidet med å utarbeide reguleringsplanar er ein lovbestemt prosess som er regulert etter plan- og bygningslova. Grunneigarar og naboar blir varsla i eige brev ved oppstart av planarbeid, offentleg ettersyn og godkjenning av reguleringsplan. Dersom det er

aktuelt med høyring som følgje av endring i planforslag, blir grunneigarar og naboar varsla i brev og gitt ein frist for å kome med innspel til planarbeidet.

Endringar i reguleringsplan etter offentleg ettersyn medførte at ein har vore nøydd til å utvide arealet som er avsett til «anna veggrunn – tekniske anlegg» på nordsida av fylkesvegen til 3.0 meter frå regulert vegkant. Arealbehovet for dette formålet kom i brev frå Statens Vegvesen som fagmyndigheit for fylkesvegar. Arealet skal vere offentleg og inngå i veganlegget. Før reguleringsplanen blei eigengodkjent av kommunestyret, blei grunneigar varsla i eige brev gjennom ei avgrensa høyring. Klagar fekk her moglegheit til å kome med innspel til endringane innanfor ein fastsett tidsfrist, noko som ein har registrert at klagar har nytta seg av ved innsendt brev. Innspelet som kom frå Sjøsidan Eiendomsselskap har blitt vurdert i samband med sluttbehandling av reguleringsplan. Behandling av innspelet går fram av K-sak 44/15.

Reguleringsplanen som det blir klaga på inneberer ei løysing som vil krevje om lag 40 m² frå eigedom gnr 60 bnr 132 og 9.5 m² frå bnr 183 og 15 m² frå bnr 44. Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på sørsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen. Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

Klagar viser i sitt brev til at det vert drive turismeverksemd i området, noko kommunen er kjend med. Denne verksemda ligg i all hovudsak utanfor planområdet og blir soleis ikkje direkte berørt av denne reguleringsplanen. Parkeringsplassar knytt til turismeverksemda er vurderer til å ikkje kome i konflikt med dette planforslaget, då det etter observasjonar og synfaring i området kan sjå ut til at turistane parkerer bilane sine vest for den gamle videokiosken og mellom bygningane på eigedomane gnr 60 bnr 132, 183 og 53. Etter observasjonar kan det også sjå ut som om ein av leilegheitene ved i bygget på gnr 60 bnr 132 også nyttar seg av parkeringsarealet her. Parkeringsarealet knytt til turistverksemda ser ut til å ha sin tilkomst via vegen aust for den gamle videokiosken, som i reguleringsplan er teke omsyn til gjennom offentleg avkøyrsløse o_V9.

Det er riktig slik klagar viser til at reguleringsplanen, slik den var godkjend, vil få negativ innverknad på parkeringsplassane framfor leilegheitsbygget på bnr 132. Av omsyn til formålet med reguleringsplan og behovet for annan veggrunn – tekniske anlegg vil ein reduksjon av formålet annan veggrunn tekniske anlegg frå 3.0 m til 1.0 meter vere i strid med det planen skal ivareta.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan ikkje rådmannen tilrå at klagen frå Sjøsidan Eiendomsselskap AS vert tek til følgje. Parkeringsplassane på nordsida av fylkesvegen kan soleis ikkje oppretthaldast.

Med tilvising til punkt 3 i tilråding til vedtak, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

3. Brev frå Statens Vegvesen Region Midt, datert 26.05.2015:

Det har vore avklart om brevet frå Statens Vegvesen Region Midt av 26.05.2015 skal oppfattast som ei klage. Svaret er at dette ikkje skal oppfattast som ei klage, men snarare om ei sterk oppmoding til kommunen. Med bakgrunn i dette finn ein det rimeleg å handsame dette brevet.

Vegvesenet viser til at avkøyrslene til private eigedomar frå fylkesvegen er regulert som offentlege køyrevegar. Vegvesenet har tidlegare framheva at avkøyrslene til private eigedomar må regulerast som private, og då slik at føremålsgrensa mellom offentlig vegareal og privat areal i utgangspunktet vert lagt i ein avstand på 3 m frå kant offentlig veg. Og når det gjeld avkøyrslar må det gjennom planen gå klart og eintydig fram kva eigedomar som skal knytast til dei ulike avkøyrslene.

Det blir vist til at avkøyrslar til private eigedomar bør på plankartet regulerast med avkøyrslspil og visast som illustrasjon. Det må klart og eintydig gå fram av reguleringsføresegnene at avkøyrslene skal ha ei utforming, herunder krav til friskt, i samsvar med vegnormalen – handbok N100. Og vidare bør det gå fram av planen kva eigedomar som er knytt til dei ulike avkøyrslene/avkøyrslspunkta.

Frisiktsone i kryss/avkøyrslar i direkte tilknytning til fylkesvegen er - etter det vi kan sjå - i all hovudsak i tråd med vegnormalen. Det bør teiknast inn siktzone i krysset mellom o GSV og f V1, jamfør punkt E.2.3 i vegnormalen. Og det bør også regulerast frisksiktzone i kryss/avkøyrslar knytt til det kommunale vegnettet.

I føresegnene § 6 er det teke inn ei setning som lyder slik: «Areal vist som anna veggrunn på plankartet nord for Fylkesvegen, kan nyttast til parkeringsareal inntil fylkesvegen er breiddeutvida». Vegvesenet er spørjande til kva som eigentleg ligg i nemnde formulering. Endra bruk av areala innanfor planområdet, før planen er realisert, må i høve til tiltak/bruk i strid med regulert arealbruk handterast og avklarast i tråd med regelverket i plan- og bygningslova. Og spørsmål om parkering langs fylkesveg, utanom forhold som er regulert gjennom planen, må vurderast og avklarast i medhald av vegtrafikklova/ trafikkreglane. Etter dette føreset vegvesenet at setninga om parkering langs fylkesvegen vert trekt ut av framlegget til føresegn.

Statens Vegvesen rår framleis til samordning av arealbruken i reguleringsplanframlegga for gang- og sykkelveg langs fylkesvegen og bustadfeltet Myrabakken gjennom ein og same plan, fylkesvegstrekinga endrast/gjennomarbeidast i tråd med fylgjande punkt i nemnde uttale: Pkt 7: Profil /pelnummer på fylkesvegen bør leggst inn på plankartet. Pkt 8: Det bør presiserast at tiltak med legging av rør og kablar på/i vegeigedomene- /anlegg må avklarast gjennom løyve og samtykke frå vegeigar/-haldar.

Vurdering av klage:

Når det gjeld avkøyrslar; har ein vurdert det slik at reguleringsplanen vil vere mest mogleg eintydig – sett i høve arealbruk - dersom avkøyrslar viser i reguleringsplan framfor avkøyrsele som pilsymbol. Avkøyrslene vil vere meir eintydig og detaljert enn kva som vert tilfelle for piler som punktsymbol. Slik desse er vist i plan vil dei gi eit mest mogleg eintydig bilete knytt til geometrisk utforming og arealbruk. Dersom ein skal regulere inn avkøyrselepillar framfor fullverdige avkøyrslar, vil avkøyrselepillar vere meir unøytaktige i høve forbruk av areal, plassering, utforming, eigarskap etc. Bruk av pilsymbol vil heller ikkje gi eit like eintydig bilete i plan i høve innteikna frisktsoner. Ved at avkøyrslene er regulert som offentleg areal med tilhøyrande frisktsoner og ligg innanfor den sona frå veg som blir definert som offentleg trafikkareal, vil avkøyrslene kunne nyttast av alle. Areal- og eigarforhold som kjem utanfor det offentleg regulerede trafikkarealet som vist i plan vil vere av privatrettsleg karakter og må avklarast mellom eigarar/rettighetshavarar av eigedomane. Det er vidare knytt føresegnar til avkøyrslene både i høve utforming og friskt, noko som er knytt opp mot Statens Vegvesen sin vegnormal handbok N100.

På plankartet er det også teikna inn frisktsoner til dei avkøyrslene som vedkjem fylkesvegen. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje grunnlag for å endre på tidlegare vurdering knytt til avkøyrslar i plan.

I høve den delen av innspelet som gjeld areal til fylling-/skjering og profil/pelnummer til senterline på plankartet, kan ein ikkje sjå at gjeldande nasjonal produkt-spesifikasjon for reguleringsplanar inneheld teiknereglar som tillater kommunen å ta inn dette i plankartet. Plankartforskrifta opnar ikkje for å ta inn desse opplysningane i eit juridisk bindande plankart. Når det gjeld profilnummer/pelnummer er også dette noko som kan endre seg ved ei seinare detaljprosjektering og ein finn det som mest hensiktsmessig at ei evt prosjektering kan inneha fleksibilitet knytt til desse forholda. Punktet som vegvesenet tek opp om rør og kablar er noko ein vurderer som vert tilstrekkeleg regulert gjennom veglova sine føresegnar. Ein føreset at dette blir regulert og forvalta gjennom gravemeldingstenesta som vegvesenet har. Ein finn soleis ikkje grunnlag for å ta dette inn i planforslaget.

Når det gjeld bruken av arealet «annan veggrun – tekniske anlegg» til parkeringsformål, har ein som ein del av klagebehandlingen valt å ta ut dette punktet frå føresegnene. Etter avklaringar med Statens Vegvesen vil ei slik formulering bli oppfatta som trafikkregulerande og det vil soleis ikkje vere riktig etter PBL at denne formuleringen skal vere med i reguleringsplan.

4. Klage frå Inger og Jogeir Skorpen, datert 27.05.2015

Klagar viser til at slik det går fram av plankartet vil utviding av køyrebana mot nord medføre at deira parkeringsplassar forsvinn. Dei hevdar dei vil få større problem vinterstid ved snøbrøyting, med snøsørpe og isklumper som ofte endar i både husvegg/vindaug. Klagar viser til at verdiforringelsen av deira eigedom gnr 60 bnr 73 er stor frå før (ang.kloakkutbygging) og vil bli ytterlegare større ved utviding av køyrebana. Dei opplever at ulempene blir større enn trivselen/fordelane ved å bu der. Konsekvensen av dette blir derfor å be om innløyising av deira bustadhus på eigedom gnr 60 bnr 73.

Vurdering av klage:

Rådmannen viser til at formålet med bruk av «Annan veggrunn - tekniske anlegg» er at dette arealet skal fungere som sideareal til fylkesvegen som ein del av eit samla offentlege trafikkareal. Statens Vegvesen som fagmyndigheit har stilt krav om at det på nordsida av fylkesvegen skal vere eit areal på 3.0 meter med annan veggrunn – tekniske anlegg i tilknytning til fylkesvegen. Innanfor dette arealet er det, utover etablering av tekniske anlegg, tillate med etablering av grøft, vegskulder, mur og skråning. Det er føreset at nærare detaljar kring kva løysing som er mest optimal ved kvar enkelt eigedom vert avklart ved utforming av byggjeprogram for nytt veganlegg når dette skal realiserast. Ein viser til at det i reguleringsføresegnene er sakt at det her skal vere ei best mogleg tilpassing til terreng, landskap og vegetasjon. Alle inngrep skal planleggast og utførast på ein slik måte at verknadane vert så små som moglege. Vidare er det i føresegnene teke med at areal som ikkje vert brukt til annan veggrunn vil kunne nyttast til det føremålet som til liggande areal har.

Reguleringsplanen inneberer ei løysing som vil krevje om lag 55 m² frå eigedom gnr 60 bnr 73. Eigedommen har, etter synfaring og bildedokumentasjon, etablert 3 biloppstillingsplassar mellom fasaden til bustadhuset på eigedommen og dagens fylkesveg. Ved utforming av reguleringsplan har ein vore kjend med klagar sine interesser knytt til parkering framfor huset gjennom innspel til oppstart av planarbeid. Det er likevel slik at andre interesser har måtte få sin prioritet. Ved utarbeiding av reguleringsplan har interesser knytt til arealbehovet for ny fylkesveg gått framfor klagar sine interesser knytt til parkering på ein bestemt stad innanfor sin avgrensa eigedom. Det er vurdert at areal til annan veggrunn kan ikkje reduserast til noko mindre enn 1.0 meter i høve arealet sin funksjon. Rådmannen legg vekt på at det innanfor gnr 60 bnr 73 er moglegheiter for parkering andre stader på eigedommen. Klagar har soleis moglegheiter for å flytte parkeringsplassane lenger vekk frå fylkesvegen. Ein har registrert at klagar har oppført garasje lenger nord på tomte (nærare sjøen), og at desse parkeringsplassane har tilkomst frå fylkesvegen via offentlig avkøyrsløp og gjennom den private vegen som går ned til sjøen. Ved interesseavveginga har ein lagt vekt på at grunneigar har alternative parkeringsmoglegheiter innanfor eiga tomt.

Når det gjeld ulemper som grunneigar viser til knytt til bygging av nytt kloakkanlegg, er dette ikkje noko som vedkjem reguleringsplan eller noko som denne planen har moglegheit til å gjere noko med. I forhold til dei ulempene som klagar framhevar knytt til snøbrøyting, ser ein vanskeleg korleis reguleringsplanen kan ha moglegheit til å kunne påverke desse forholda. Dette er ei problemstilling som ein vil rå klagar til å ta opp med Statens Vegvesen som myndigheit for snøbrøyting langs fylkesvegar. Ein vil soleis ikkje gå nærare inn på desse forholda i denne saka.

Det nye veganlegget er planlagt med følgjande breiddeløysing; annan veggrunn tekniske anlegg 2.0 meter, fortau 2.5 meter + 0.25 meter vegskulder + 3.0 m køyrebane + 3.0 m køyrebane + 0.5 meter vegskulder + 3.0 meter annan veggrunn tekniske anlegg. Arealet som det vil vere behov for til veganlegget er regulert som «annan veggrunn – tekniske anlegg» og vil inngå som sideareal til nytt fortau på nordsida av fylkesvegen. Arealet er vurdert som naudsynt del av nytt veganlegg for å oppnå formålet med reguleringsplanen.

Når det gjeld eventuell innløyasing, vert det vist til plan- og bygningslova sitt kapittel 15. Grunneigar kan krevje innløyasing og erstatning som følgje av godkjent reguleringsplan. Ev. krav om innløyasing må setjast fram seinast tre år etter kunngjering av planen.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan ikkje rådmannen tilrå at klagen frå Jogeir og Inger Skorpen vert tek til følgje. Parkeringsplassane på nordsida av fylkesvegen kan soleis ikkje oppretthaldast.

Med tilvising til punkt 3 i tilråding til vedtak, vil ein ved grunnforhandlingar (før utbygging) søkje å finne alternative parkeringsareal for dei som taper sine parkeringsplassar som følgje av denne reguleringsplanen.

5. Klage frå Kristian Driveklepp (Gunnar Moltumyr), datert 01.06.2015

Klagar viser til at sjølv om eigedom gnr 60 bnr 54 hovudsakleg ligg utanfor reguleringsområdet, er det eit krav om at eksisterande funksjonar som biloppstillingsplass, garasje og generell tilkomst til eigedomen ikkje vert dårlegare enn dagen situasjon. Klagar viser til at andre avkjørslar på planen er blitt teikna inn og gitt namn (sjå o-V1-13 og f_V1-3), men det er ikkje teikna inn for fleire av eigedomane, deriblant gnr 60 bnr 54. Klagar ber om at ei ny planteikning vert lagt fram der alle avkjørslar er tekne med, også avkjørsla til gnr 60 bnr 54, slik at det ikkje er tvil om at avkjørslene blir ivaretekne.

Vurdering av klage:

Det som vedkjem avkøyrslar er teke til følgje og vert innarbeidd i plan. Reguleringsplan vert endra slik at gnr 60 bnr 52 og 54 får ei felles avkøyrslar som dei kan nytte til fylkesvegen.

Etter ei samla vurdering og med tilvising til ovannemnde kan rådmannen tilrå at klagen frå Kristian Driveklepp vert tek til følgje. Avkøyrslar er no vist i reguleringsplan.

Avsluttande vurdering

Med bakgrunn i ovannemnde saksutgreiing viser rådmannen til at formålet med planarbeidet er betring av trafikktryggleiken i området og særskilt trygging av skuleveg for born og unge langs fylkesveg 10 gjennom Moltustranda. Rådmannen viser til at

godkjend reguleringsplan blei utforma av Herøy kommune i dialog med Statens Vegvesen som fagmyndigheit for planlegging av fylkesvegar. Reguleringsplan for gangvegen blir sett i samanheng med den godkjende planen for det nye kommunale bustadfelt «Myrabakken» som skal realiserast på Moltustranda. Dei to planane grensar til kvarandre og har tekniske løysingar som må sjåast i samanheng i høve framtidig utvikling.

Statens Vegvesen har som sektormyndigheit for trafikkplanlegging vore aktive og kome med detaljerte fråsegner og brev, der det går fram ei rekkje tekniske krav til utforming av veganlegget. Desse har i all hovudsak blitt teke inn i planen.

Rådmannen viser til at løysingane for nytt veganlegg i godkjend reguleringsplan inneberer ei fortausløyising på sørsida av fylkesvegen, utviding av vegbane frå ei til to køyrebaner og tilhøyrande areal for annan veggrunn tekniske anlegg på begge sider av fylkesvegen. Løysinga med fortau på sørsida av fylkesvegen er vurdert som ein mindre arealkrevjande løysing enn kva som hadde vore tilfelle for ein fullskala gang- og sykkelveg med grøft mellom køyreareal og gangveg. Fortau som løysing for mjuke trafikantar er soleis valt med bakgrunn i ei heilskapleg vurdering. Her har det vore lagt sterk vekt på lokale forhold som t.d vegtrase, trafikkmengd, topografi, eksistrande bebyggelse, fartsgrense, skuleveg, avkøyrslar, sidevegar, parkeringsforhold m.m.

I planprosessen har vore gjennomført ei avveging av ulike interesser i reguleringsplanen. Rådmannen viser til at formålet med ein ny gang- og sykkelveg har vore vekta i høve dei ulike interessene til grunneigarar og naboar langs fylkesvegen. I løpet av høyringsperiodene har ein motteke innspel der grunneigarar og naboar sine interesser knytt til bruk av sine eigedomar har kome tydelege fram. Ein har vurdert det slik at viktigheita av å få på plass eit grunnlag for ny vegløyising, med nytt fortau for mjuketrafikantar, betring av den generelle trafikktryggleiken i området og betre skulevegen for born og unge, har vore overordna andre interesser. Ved godkjenning av reguleringsplanen har omsynet til at dette er skuleveg blitt tungt vekta. Ein har vurdert det slik at ei styrking av barn- og unge sine rettigheter knytt til trygg skuleveg har vore av overordna interesse, og soleis blitt vekta tyngre enn interessene til den enkelte grunneigar/nabo til fylkesvegen.

Dei lokale forholda for denne delen av Moltustranda, med til dømes orientering av bebyggelse tett inn mot fylkesvegen, gjer at bebyggelsen ber karakteristisk av å vere tett utbygd. Bustadhus ligg her plassert tett inn mot vegbana og eigedomane har eit avgrensa areal til uteopphald og parkering mellom bygningsfasadene og fylkesvegen. Særskilt gjer dette seg gjeldande på nordsida av fylkesvegen. Dei lokale tilhøva gjer det krevjande når ein skal planleggje framtidsretta trafikale løysingar med fortau, utviding av vegbane og areal til anna veggrunn – tekniske anlegg. Når ein skal gjere vegplanlegging i eit området med etablert bebyggelse tett inn mot etablert vegtrase, har det vore tenkt i retning av gateutforming som bakgrunn for valte løysingar. Tett bebyggelse inn mot vegareal gir også stor sjangs for at det kan oppstå interessekonflikter knytt til bruken av areala rundt vegen. Noko som har oppstått i dette tilfellet. På den eine sida vil den nye vegløyisinga samla sett krevje meir areal frå tilgrensande eigedomar. Dette fordi at vegbana blir utvida frå ei til to køyrebaner, samt etablering av nytt foratu på sørsida og nytt areal for annan veggrunn – tekniske anlegg på nordsida av fylkesvegen. Dette vil mellom anna medføre at den nye vegløyisinga vil få eit auka arealforbruk horisontalt, som igjen kjem i konflikt med etablerte private

interessene knytt til utomhusareal og parkeringsforhold. På den andre sida vil grunneigarar og naboar sine interesser her vere å behalde sine etablerte løysingar knytt til parkering, uteareal og avkøyringsforhold, noko som i enkelte tilfelle kjem i konflikt med formålet til reguleringsplanen som skal danne eit grunnlag for å betre den generelle trafikktryggleiken i området.

Gjennom utforming av reguleringsplan har ein arbeidd med å finn løysingar som, samla sett, minimaliserer inngrepa i private eigedomar langs fylkesvegen innanfor dei rammene som gjeld. Dette har ein lukkast med i mange tilfelle. Men dersom ein skal oppnå målsettinga med planarbeidet, må enkelte grunneigarar langs vegen avstå areal til det nye veganlegget. Dette vil for enkelte grunneigarar medføre ulemper i form av tapt uteareal og parkeringsplasser. Løysinga med nytt veganlegg vil på den eine sida gi ulemper for nokre av grunneigarane langs vegen i form av at desse må avstå areal, mens den på den andre sida gir fordelar for fleire brukargrupper og ålmenta ved at gangvegen vil bidra til auka trafikktryggleik langs fylkesvegen. For born og unge vil dette kunne innebere ei styrking av deira rettigheter i lokalmiljøet, då gangvegen tilfører eit eige bilfritt areal for denne brukargruppa sin ferdsel langs fylkesvegen, som også er skuleveg. Ein ser også at veganlegget vil kunne få positive effekt knytt til folkehelse, ved at det blir lagt til rette for eit nytt ferdselsareal for turgåarar i området.

Rådmannen vil avslutningsvis vise til at det er kommunestyret som er det øvste planmynde i kommunen, jfr. PBL § 3-2. Med heimel i plan- og bygningslova § 12-1, avgjer kommunestyret ut frå ei skjønsmessig vurdering kva for områder som skal regulerast og korleis areala skal nyttast i plansamanheng. Denne vurderinga blir gjennomført som ein planprosess med høyring av dei som har interesser i planområdet og av aktuelle fagorgan. I vurderinga vil det ofte vere motstridande interesser som gjer seg gjeldande. Under føresetnad at omsyna er saklege ut frå reguleringsmessige kriterier og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det opp til kommunestyret å avgjere korleis omsyna / interessene skal vegast i saka. Innanfor dei rettslege rammene for lovleg arealbruk, som er sett i PBL §§ 12-5 og 12-6 og moglegheita til å gi nærmare føresegn om utforming og bruk av areal og bygningar etter PBL § 12-7, er det kommunen si skjønsmessige vurdering kva som er hensiktsmessig arealbruk innanfor eit avgrensa område. Denne skjønsmessige vurderinga ligg under kommunen, som planmynde, sitt frie skjønn å fastsetje.

Slik rådmannen vurderer det går den skjønsmessige vurderinga av saka klart og tydeleg fram av kommunestyret sitt vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan i k-sak 44/15. Til dette høyrer det også vurdering av reguleringsplanen sitt planfagleg innhald, løysingar og vurdering av innspel som følgje av planprosessen. Ein vurderer det slik at vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan er grunngjeve, innspel er handsama og korrespondanse med offentleg partar er dokumentert. I tillegg til dette har reguleringsplanprosessen, gjennom offentlege høyringar, gitt dei som har interesse i området moglegheit til å kunne medverke i planleggingsarbeidet. I løpet av tidsavgrensa høyringsperiodar har private og offentlege partar fått moglegheit til å gjere sine interesser og synspunkt gjeldande gjennom skriftlege innspel. Alle innspel som har kome til kommunen innanfor tidsfristane har blitt behandla og vurdert i samband med godkjenning av reguleringsplanen.

Når det gjeld punkt 3 og 4 i tilråding til vedtak, så føreset rådmannen at desse punkta er knytt opp mot utbygging/realisering av veganlegget. Desse punkta er ikkje vurdert til å vere i strid med vedtatt reguleringsplan og ein ser punkta som sjølvstendige moment – politisk prinsippvedtak – som utbyggjar skal ta omsyn til ved realisering av reguleringsplan.

Fosnavåg, 21.12.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Aleksander Zahl Tarberg

Til Utviklingsavdelinga
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Moltustranda, 17.3.2016

Arkivsak nr 2013/552

Oppretthalding av klage på detaljreguleringsplanen for gang- og sykkelveg langs FV 10 Moltustranda

Eg viser til tidligare klage i same sak.

Som eigar av 60/52 kan ikkje akseptere at ein so stor del av min eigedom skal bli tatt til gang og sykkelveg, og dette vil bli ein stor forringelse av min eigedom.

Det eg heiletida har sett spørsmål på er kvifor ikkje gangveg kan forsette på nordsida av vegen forbi busslomma, og til Myrabakken.

Dette fordi ein vil da ha gangvegen på same side som gangvegen er planlagt i reguleringsplanen Tarberg – Moltumyr. Den sluttar, som rådmann skriv i kommentar, at denne gangvegen slutter ved 60/59. Ved å fortsette gangvegen på same side til busslomma, som skal være universell utforma, og til der busslomma sluttar ved Myrabakken, vil ein spare seg for inngrep på to eigedomar 60/52 og 54.

Rådmann skriv også at det ved 60/59 vert det tilrettelagt for kryssing av fylkesvegen for dei mjuke trafikantane. Eg går da sjølvstøtt ut frå at der også vil bli ei kryssing for mjuke trafikantar ved Myrabakken, her dei fleste om ikkje alle vil gå som kjem med skulebussen. Dermed får man to kryssingar av fylkesvegen på ei avstand på 50 meter. Derfor kan eg ikkje forstå at den beste løysinga hadde vore å forlenga gangvegen forbi busslomma.

Ser og at rådmannen skriv at det eg mister er 41 kv.m. når lengda på min eigedom, langs fylkesvegen er vel 20m, og det som vil gå med i breidda er ca 6m, så slit eg med 20m x 6m blir 41,5 kv.m

Derfor vil eg ikkje kunne akseptere dette, og eg vil kome til å forlange at kommuna må løyse ut min eigedom 60/52. Dette fordi alt av eigedom framfor mitt hus vil gå med til gangveg, og da er her ikkje meir igjen på ei lita tomt.

Mvh
Hugo Brathaug
Øvre Myklebust 17
6092 Fosnavåg

Fra: Hugo Brathaug [mailto:hugo@elcontact.no]
Sendt: 19. april 2016 09:23
Til: Olaus-Jon Kopperstad
Emne: Reguleringsplan

Hei

Har sett av det skal være formannskapsmøte i dag der klagen min er en del av dette. Det gjeld gang- og sykkelveg Moltustranda.

Må få lov å komme med en kommentar til det som var referert angående "mine grenser". Du skriv at det er Kristian Driveklepp som eig framfor huset mitt.

Sender ved et gammalt kart som viser bruksarealet til 60/52, slik har det alltid vore.

Etter at planane med gang- og sykkelveg har vorte kjent, og eg fikk tilsendt kart mm. har eg registrert at der er inn teikna ei grense framfor huset, midt mellom huset og vegen.

Har konferert med personar i kommunen som seier " dette er ikkje første gangen det skjer når kart vart digitalisert" .

Grensa vart heller ikkje parallell forskyvt i sørlig retning.

Når eg gjorde eigar av 60/54 (Levald, Øyvind Moltumyr og Kari Lise Driveklepp) merksame på dette, stilte dei seg undrande til dette. Derfor vart der skrive ei fullmakt frå avdøde Gunnar Moltumyr, at dette som har vore mitt bruksareal er mi tomt. Dette har vore gjort kjent med i Herøy Kommune, og eg går og ventar på oppmåling av mi tomt.

Håper også for at du har forståelse for at der blir mykje gangveger. Både over 60/54 og 52, samtidig som der blir det rundt busslomma. Den mest fornuftige plasseringa av et fotgjengerfelt er ved Myrabakken.

Det er tross alt her dei skuleelevane, som kjem med buss skal opp.

Så å flytte gangvegen på nordsida av vegen er kun frå den gamle regulerings planen, og forbi busslomma.

Så kan gangvegen fortsette mot skulen på sørsida av vegen. Det vil bli like heilskap i det som at den skal passere på mi side og krysse over vegen der, slik du omtaler det.

Mvh

Hugo Brathaug
Elcontact as

Brendehaugen 16
6065 Ulsteinvik

Telf. +47 70 01 70 10
Mob +47 951 44 874

Mail: hugo@elcontact.no
Web: <http://www.elcontact.no/>



Eg, Gunnar Moltumyr f 4.8.1931, eigar av g. nr 60 b. nr 54 i Herøy kommune, godkjenner at egedomen g. nr 60 b. nr 52 si grense vert som noverande bruksareal til denne egedomen. Det noverande bruksarealet er frå byte til g. nr 60 b. nr 91, i austleg retning langs oppsett steinmur ovanfor fylkesvegen, til vegen ved b. nr 54. Langs denne vegen i sydleg retning 23 meter som skrive i skyldelingsforretning. Vidare vestover til punkt ved bytelinje mellom b. nr 91 og 52. Vidare i nordleg retning 20 meter til utgangspunktet ved fylkesvegen, som nemnt i skyldelingsforretning.

Dette har alltid vore bruksarealet til b. nr 52. Eg godkjenner at eigaren av b. nr 52 får si tomt oppmålt etter beskrivinga over, og at det vert nedsett nye grensemerke. Dette vert då g. nr 60 b. nr 52 si nye egedomsgrense.

Den nye oppmålinga skal eigaren av 60/52 dekke økonomisk.

Myrvåg den... 14.06.2015

Gunnar Moltumyr



Vitnast av

Vivian E. Strand
Kari Lise Drivelupp



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2015/566
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
65/16	Formannskapet	19.04.2016
60/16	Kommunestyret	28.04.2016

AVVIKLING AV DRAGSUNDBYGG IKS - OVERTAKING AV SELSKAPET

Møtebehandling:

Leiar for eigedomsavdelinga Robert Myklebust orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

1. Herøy kommune tek over passiva og aktiva i Dragsundbygg IKS og løyser ut dei andre eigarane slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Kjøpesummen (totalt kr 5.040.958,-) vert finansiert ved overtaking/bruk av lån (om lag 2,8 mill kr), Herøy kommune sin opptente EK i selskapet (om lag 1,5 mill kr), samt bruk av fondsmidlar (om lag 0,7 mill kr).

Tilråding:

2. Herøy kommune tek over passiva og aktiva i Dragsundbygg IKS og løyser ut dei andre eigarane slik det går fram av saksutgreiinga.
3. Kjøpesummen (totalt kr 5.040.958,-) vert finansiert ved overtaking/bruk av lån (om lag 2,8 mill kr), Herøy kommune sin opptente EK i selskapet (om lag 1,5 mill kr), samt bruk av fondsmidlar (om lag 0,7 mill kr).

Særutskrift:

- Volda kommune
- Sande kommune
- Hareid kommune
- Vanylven kommune
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest Kontroll IKS

Vedlegg:

Ingress:

Dragsundbygg IKS er oppløyst og dei andre eigarkommunene ynskjer å tre ut av selskapet og selge sine eigardelar til Herøy kommune. Totalt er det snakk om i overkant av 1,2 mill kr.

Saksopplysningar:

Dragsundbygg IKS vart beslutta avvikla den 12.08.2015 i representantskapssak 05/2015 og Herøy kommune skulle overta selskapet som eineeigar. Føljeleg måtte IKS-et oppløysast og det kongelege Kommunal- og moderniseringsdepartementet godkjende meldinga i brev datert 15.10.2015.

Representantskapet valgte lovpålagt avviklingsstyre i møte 02.11.2015 og dei avgjorde i eit møte den 18.11.2015 i sak 02/15 at netto eigardel i selskapet per 31.12.2015 skulle leggjast til grunn ved utløyising av dei medeigande kommunane – Hareid, Sande, Vanylven og Volda.

Kommunene Ørsta og Ulstein vart løyst ut av selskapet i 2005 etter same prinsipp som ein har skissert ovanfor.

Herøy kommune tek over alle sktiva og passiva i selskapet frå 01.01.2016. Medeigande kommunar får oppgjør/sin del av eigenkapitalen i selskapet utifrå eigardel.

Eigenkapitalen i selskapet var omlag 2,76 mill kr. Eigendelane utgjorde omlag 5,58 mill kr og sum gjeld omlag 2,82 mill kr.

Ut i frå oppsettet blir det då slik utløyising av dei andre eigarkommunane:

Hareid kommune (10,65%)	kr 294.245,-
Sande kommune (5,86%)	kr 161.904,-
Vanylven kommune (8,68%)	kr 239.816,-
Volda kommune (18,55%)	kr 512.511,-
Sum	kr 1.208.476,-

Herøy kommune sin eigardel etter innløyisinga av Ulstein og Ørsta kommunar i 2005 er 56,26%.

Dragsundbygg IKS hadde eit rekneskapsmessig overskott i 2015 på i overkant av kr 130.000,-. Leigetakarar i bygget er Mattilsynet (ut 2016) og Kystlab.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for økonomi:

Ved å overta selskapet vil Herøy kommune sine vedlikehaldskostnadar auke samstundes som rente- og avdragskostnadane vil auke noko ved at kommunen overtek selskapet si langsiktige gjeld.

Samstundes vil leigeinntektene auke då Mattilsynet (førebels ut 2016) og Kystlab har leigekontrakter som gjer at kommunen vil få leigeinntekter større enn lånekostnadane i 2016.

Fosnavåg, 31.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	SLR	Arkivsaknr:	2016/325
		Arkiv:	B00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/16	Komite for oppvekst	30.03.2016
61/16	Kommunestyret	28.04.2016

TILSTANDSRAPPORT FOR GRUNNSKULEN 2015

Møtebehandling:

Skuleleiar Sølvi Lillebø Remøy og skulefagleg rådgjevar Brit-Synnøve Torvik orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 30.03.2016

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Tilråding:

Kommunestyret tek rapporten til vitande.

Særutskrift:

Vedlegg:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Herøy 2015

Saksopplysningar:

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jf opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008: Kvalitet i skolen punkt 4.5.3 Krav til årleg tilstands-rapport heiter det innleiingsvis:

Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte.

Tilstandsrapporten skal omhandle lærings-resultat, fråfall og læringsmiljø, og den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs kommunestyret.

Rapporten byggjer på opplysningar frå www.udir.no/skoleporten som i er Utdanningsdirektoratet sin portal der all informasjon som vert innmeldt frå skule, vert lagra. Der er dermed ikkje berre læringsresultat, men også mykje anna informasjon om skule, innmeldt gjennom den årlege GSI-rapporteringa for grunnskulen.

Vi har gjort eit utval av informasjon frå Skoleporten, og presenterer denne i vedlagde tilstandsrapport.

Vurderingar:

Skulane arbeider systematisk og godt på mange ulike område, og skuleleiinga har tidlegare sagt at ein forventar positiv utvikling over tid. Dette ser ein resultat av, sjølv om det svingar noko mellom ulike årskull og skular.

Analysene etter nasjonale prøver i 2015 viser fleire årsaker til at somme skular skårar lavare enn forventa dette året; svært lavt fritak, mange minoritetsspråklege elevar på trinna som vart målte (5., 8. og 9.trinn), lite trening i å vere uthaldande nok til å kunne konsentere seg om elektroniske prøver i 90 minutt, lav leseforståing - noko som gjer utslag også i rekning sidan det er mange tekstoppgåver.

Alle skular har analysert og meldt inn funna sine, samt tiltak for vidare arbeid.

Det er noko skilnader i resultat mellom skular. Her ligg det ein stor ressurs, i form av å dele god praksis og lære kva andre gjer for å oppnå gode resultat. Det er etablert nettverk på tvers av alle skular, på barnetrinn og på ungdomstrinn. Desse arbeider godt, og gjer at kompetansen vert løfta på tvers av skular, i tillegg til at ein deler god praksis og metodikk.

Elevundersøkinga viser at det er lite mobbing og høg trivsel i Herøyskulen.

Også dette er resultat av målretta arbeid

Det foregår mykje godt førebyggjande arbeid for å sikre eit godt elev- og læringsmiljø. Ein nyttar programma MOT og Sterk & Klar på ungdomstrinnet, og aktivitetsvakter og andre trivselstiltak mellom elevane på barnetrinnet. Det er innført prosedyrer og malar for handtering av mobbesaker, i tråd med opplæringslova og forvaltningslova. Rektorane får fagleg opplæring og støtte i dette arbeidet. Dette fokuset gir rask handling. Ein er likevel ofte avhengig av å få konkret informasjon for foreldre/ elevar om mobbing, for å kunne gripe tak i sakene. Ofte foregår mobbing på område der lærar ikkje er til stades, i aukande grad på

digitale og sosiale media. Ofte kjem denne type mobbing inn under straffelova, og det er derfor oppretta eit samarbeid med politiet - som handterer slike saker vidare.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 17.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sølvi Lillebø Remøy
Avd.leiar

Sakshandsamar: Brit-Synnøve Torvik



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

HERØYSKULEN

TILSTANDSRAPPORT 2015



«Får eg halde deg i handa,
Halde fast ei lita stund.
Sleppe taket i alt anna
Og berre halde utan grunn»

Tekst: Kjerstin Aune

Innleiing

Målet med denne rapporten er å gje kommunestyret som skuleeigar og andre betre forståing, innsikt og oversikt over sentrale område i det arbeidet som går føre seg i Herøyskulen.

Jfr. Opplæringslova § 13-10, skal skuleeigar årleg utarbeide ein rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa.

I St.meld. nr 31 2007-2008: «Kvalitet i skolen», punkt 4.5.3 - krav til årleg tilstandsrapport heiter det innleiingsvis:

«Det er viktig at de øverste styringsorganene i kommuner og fylkeskommuner har et bevisst og kunnskapsbasert forhold til den delen av grunnopplæringen som de er ansvarlig for, slik at de har mulighet til å følge opp utviklingen i denne sektoren på en god måte».

I 2015 utarbeidde skuleavdelinga, i samarbeid med rektorgruppa, strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia». Ein strategiplan for skuleutvikling 2015 – 2018. Dokumentet inneheld felles visjonar og grunnprinsipp for skulane i Herøy, pedagogiske satsingsmål, fokus på godt elevmiljø og døme på faktorar som støttar læring. Skulane sine utviklingsmål i arbeidet mot meir læring for fleire tek utgangspunkt i dette dokumentet.

Tilstandsrapporten omhandlar utfallet av det arbeidet som blir gjort i skulane, og viser læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den skal vere eit sentralt element i høve til det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. I tillegg kan rapporten verte utvida med fagområde som skuleeigar meiner er formålstenleg ut i frå lokale behov. Rapporten skal handsamast av skuleeigar, dvs kommunestyret.

Rapporten er også utarbeidd med bakgrunn i opplysningar frå www.skoleporten.no og andre faktaopplysningar.

18.mars 2016

Forsidebilde: Elevar frå Stokksund skule


Elevtal i kommunen sine grunnskular pr. 01.01.2016: 1166 elevar

Leikanger skule 	Totalt: 71 elevar 1. 7 2. 12 3. 17 4. 12 5. 10 6. 10 7. 3
Stokksund skule 	Totalt: 167 1. 9 2. 9 3. 11 4. 17 5. 8 6. 12 7. 18 8. 30 9. 23 10. 30
Moltu skule 	Totalt: 46 1. 2. 5 3. 14 4. 3 5. 7 6. 6 7. 8
Einedalen 	Totalt: 193 1. 26 2. 24 3. 35 4. 24 5. 25 6. 29 7. 30

Bergsøy skule avd. Blåhaugen 	Totalt: 155 1. 46 2. 42 3. 40 4. 27
Bergsøy skule avd. Borga 	Totalt: 139 5. 48 6. 48 7. 43
Ytre Herøy ungdomsskule 	Totalt: 226 8. 73 9. 77 10. 76
Nerlandsøy skule 	Totalt: 67 1. 9 2. 7 3. 6 4. 11 5. 12 6. 13 7. 9

Prognose for elevtal 1. klasse:

Skuleår:	f.2005 11-12	f.2006 12-13	f.2007 13-14	f.2008 14-15	f.2009 15-16	f.2010 16-17	f.2011 17-18	f.2012 18-19	f.2013 19-20	f.2014 20-21
Herøyskulen	113	96	128	102	100	113	119	99	80	100
Bergsøy	54	27	44	45	46	41	54	37	35	53
Nerlandsøy	11	11	7	7	9	12	11	12	12	12
Moltu	4	3	13	5	3	8	4	6	2	5
Leikanger	10	12	16	13	7	10	7	6	6	8
Stokksund b.sk	8	19	10	10	9	15	13	17	14	3
Einedalen	26	24	38	22	26	21	30	21	11	19



Tabell for elevtalsutvikling, basert på siste data frå Folketalsregisteret, pr.april 2016.

Kommentar:

Elevtalsutviklinga har samla sett siste åra vist ein gradvis nedgang jfr. folketalsregistreringa, men innvandring har jamna dette biletet noko ut ved skulestart. Utviklinga har variert frå krins til krins og frå år til år. Det kan sjå ut som vi får eit lite oppsving av førsteklasingar dei neste to skuleåra, med ein topp i 2017-18, for så å gå tilbake. Samla sett ser vi at elevtalet i kommunen går ned. I dei komande åra må vi ta høgde for at elevar som kjem som følgje av arbeidsinnvandring kan gå noko ned, medan elevar med flyktningstatus kan gå noko opp.

Ressursbruk i grunnskulen, Herøy kommune:

(data frå Udir/Skoleporten)

Eining: Herøy kommune (M&R)					
Grunnskule, Ressurser, Offentleg, Alle Trinn, Begge kjønn					
Indikator og nøkkeltall	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal herøyskulen	1126	1094	1093	1089	1064
Møre	100	98	101	92	102
Årsverk for undervisningspersonale	98,9	98,9	98,0	97,5	99,7
Antall elevar pr årsverk til undervisning	13,0	12,5	12,6	12,7	12,4
Antall årsverk assistent i undervisninga	18,0	15,0	15,0	13,0	12,0
Antall elevar pr årsverk assistent i undervisningen	62,9	75,1	74,5	86,2	90,1
Antall årsverk assistent pr hundre årsverk lærer	18,1	14,7	15,0	13,0	11,8
Lærertettleik 1.-7. trinn	13,5	12,8	13,0	13,1	12,9
Lærertettleik 8.-10. trinn	15,7	15,7	15,3	15,8	14,9
Lærertettleik i ordinær undervisning	17,1	16,4	16,2	16,2	15,9
Antall årstimar til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjend utdanning	99,9	99,7	99,9	99,7	98,4
Undervisningstimar totalt pr elev	55	57	57	56	58
Lærartimar til undervisning	61499	62212	61927	61080	61317

Eining: Herøy kommune (M&R)			
Grunnskole, Ressurser, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn, 2015-16			
Indikatorar og nøkkeltall	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Årsverk for undervisningspersonale	99,7	3036,1	54942,6
Antall elever per årsverk til undervisning	12,4	11,8	12,3
Antall assistentårsverk i undervisningen	12	467	8020
Antall elever per assistentårsverk i undervisningen	90,1	68,3	75,1
Antall assistentårsverk per hundre lærerårsverk	11,8	15,4	14,6
Lærertetthet 1.-7. trinn	12,9	12,5	13,4
Lærertetthet 8.-10. trinn	14,9	14,0	14,2
Lærertetthet i ordinær undervisning	15,9	16,2	16,9
Andel årstimer til undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	98,4	96,6	96,4
Undervisningstimer totalt per elev	58	60	58

Kommentar:

I Herøy kommune var det i perioden 2011-2015 ein gradvis nedgang i undervisningsstillingar i forhold til elevtal. For inneverande skuleår kan vi sjå ein liten oppgang, + 2,2 årsverk i høve fjoråret (+ 0,8 i høve 2011-12). Ein ser også at det er noko færre elevar pr. lærar inneverande skuleår 12,9 på 1.-7.tr (- 0,2) og 14,9 på 8.-10.tr (- 0,9). Samanliknar vi tala med fylke og nasjon, er tala høvesvis 12,5 og 13,4 på 1.-7.tr og 14,0 og 14,2 på 8.-10.tr. Herøy ligg altså litt over i elev pr. lærar.

Vi ser også at årsverk assistent har gått gradvis ned siste åra frå 18,1 i 2011-12 til 11,8 i 2015-16. Nedgangen heng saman med eit bevisst fokus på at all undervisning skal ha sitt utgangspunkt i klasseromet i regi av ein pedagog, og at behovet for spesialkompetanse også skal utøvast i klasseromet så langt det er til beste for eleven. Det er i klasseromet den tilpassa undervisninga skal ha sin hovudtyngde, og det har vore arbeidd aktivt med god klasseleiing, trygt og godt arbeidsmiljø samt drøfting og samarbeid kring undervisning. Dette, saman med ein friare og meir fleksibel bruk av timeressursen, har også ført til at talet på elevar med behov for spesialundervisning etter §5.1, har gått noko ned.

Grunnleggjande dugleikar:

Dei grunnleggjande dugleikane, slik dei er definerte i Kunnskapsløftet, er å kunne uttrykke seg skriftleg, å kunne lese, å kunne uttrykke seg munnleg, å kunne rekne og å kunne bruke digitale verkty.

Det er naudsynt å meistre desse dugleikane for læring og utvikling i skule og for å kunne delta i arbeidslivet og samfunnet elles.

Resultata varierer frå år til år sjølv om tiltak vert sett inn. Ein må sjå på utviklinga til same elevgruppa over år for å seie noko om kva retning det går. Det gjeld også på individnivået, der samarbeidet mellom skule og heim er sentralt for å få til ei god utvikling hos den einskilde eleven.

Kartleggingar:

Herøyskulen gjennomfører årleg nasjonale kartleggingar innafor dei grunnleggjande dugleikane i 1. – 4. trinn slik:

Trinn	kartleggingsprøve
1.	Rekning Lesing
2.	Rekning Lesing
3.	Rekning Lesing Engelsk
4.	Digitale dugleikar

På mellomsteget og ungdomsteget nyttar alle skulane i kommunen Kartleggjaren – digitale kartleggingsprøver frå Fagbokforlaget. Prøvene vert gjennomført som ein førtest ved skulestart om hausten, og ein ettertest påfølgjande vår, i mai. Her får skulen informasjon om korleis eleven presterer i forhold til kva ein kan forvente av kompetansenivå for årstega 5. – 10.klasse. For at kartleggingsprøvene skal ha noko for seg for elevane sin læring, må resultata analyserast og samanliknast med t.d. resultat frå nasjonale prøver, samt eventuelt andre testar. Då kan ein leggje til rette undervisninga gjennom året for den einskilde elev og for elevgruppa, sett i lys av kunnskapsmåla.

Prøvene vert tekne i faga engelsk, matematikk og norsk (nynorsk).

Nasjonale prøver:

I løpet av hausthalvåret vert det gjennomført nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn, medan 9. trinn gjennomfører nasjonale prøver i lesing og rekning. Kartleggingane av elevane sine læringsresultat skal saman med annan vurdering ligge til grunn for vurdering om tiltak retta mot einskildelevar, grupper, skular eller på kommunenivå.

Resultata på 5. steg er delte inn i tre meistringsnivå. Elevar på nivå 1 vurderer ein å ha svake grunnleggande dugleikar, medan elevar på nivå 3 har høg kompetanse.

På ungdomsteget er prøvene delte inn i fem meistringsnivå, der nivå 5 er høgste kompetansenivå.

Utdanningsdirektoratet har ved hjelp av piloteringskular sett eit landsgjennomsnitt på alle prøver til 50 skalapoeng. Resultata av prøvene blir sett i høve til denne standarden.

prøvetype	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 5. kl	46	49	50
Rekning 5.kl	48	49	50
Engelsk 5. kl	49	49	50

prøvetype	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	48	49	50
Lesing 9.trinn	50	53	53
Rekning 8.trinn	48	49	50
Rekning 9.trinn	52	53	54
Engelsk 8.trinn	48	49	50

Kommentar:

Vi ser at vårt 5. trinn ligg klart under gjennomsnittet både i fylke og på landsbasis i lesing og rekning. Resultata for kommunen har ikkje endra seg sidan i fjor. I engelsk ligg resultatet meir på linje med både fylke og nasjon, men har rett nok gått ned med 1 skalapoeng.

For 8. trinn ligg resultata klart under snittet i både lesing, rekning og engelsk. Det ein derimot registrerer over år, er at resultata ser ut til å auke frå 8. til 9. trinn!

For 9. trinn ser ein at både fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet ligg over 50 skalapoeng både i lesing og rekning. Snittet for 9. klasse i Herøy kommune ligg ikkje langt unna med 50 og 52.

Det er også verdt å merke seg at Herøy kommune ligg lågt på fritak for gjennomføring av nasjonale prøver, både i forhold til elevar med ulike lærevanskar og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Herøy er ein kommune som har aukande tal på elevar frå andre land enn Noreg. Vi har slike elevar i fleire av klassene, og dei gjennomfører prøva på lik linje med dei andre. Dette betyr at dei aller fleste hos oss vert kartlagde og er med i talgrunnlaget.

Nasjonale prøver skal først og fremst vere ein indikator på kompetansenivået på skulane i eigen kommune, og skal vere ein del av grunnlaget for vidare planlegging og tilrettelegging for auka læring – både i klassa og på individnivå. Korleis dette vert praktisert i kommunar vi samanliknar oss med, kan vi ikkje vite. Vi har som mål kvart år å bli litt betre enn oss sjølve året før, og ynskjer sjølvsagt å ha færre elevar på lågaste nivå og fleire på dei høgste nivåa.

Tiltak for å betre situasjonen:

- Grundig analyse av resultata på prøvene med drøftingar i personalet på den einskilde skule for å sjå korleis vi kan betre kompetansen til kvar elevgruppe. Og slik ta omsyn til svingingar innafor dei ulike skulane og elevkulla.
- Barneskulane skal gjennomføre ulike leseprosjekt på den einskilde skule – både i 1. – 4. trinn, på mellomsteget og på ungdomssteget.
- Øvingar i å trene på det matematiske språket
- Øve på ulike lesestrategiar i høve til ulike sjangrar
- Øving i å vere uthaldande i forhold til å meistre ein så omfattande prøve i lengd og arbeidsmengd (90 minutt) som nasjonale prøver utgjer.
- Arbeid i dei stegvise nettverka mellom skulane i forhold til «lesing i alle fag» og «rekning i alle fag».
- Fagdagar innafor 39. skuleveke for å auke kompetansen i forhold til opplæring i grunnleggjande dugleikar.
- Kompetanseheving i forhold til dei grunnleggjande dugleikane gjennom «Ungdomstrinn i utvikling», den nasjonale ungdomstrinnssatsing.

Andre faktorar som skal gi støtte til læring:

I 2015 vart strategidokumentet «Herøyskulen – ein los i leia» utarbeidd. Dette dokumentet erstattar Pedagogisk Plattform og legg føringar for ein strategi for skuleutvikling i åra 2015 – 2018. Visjonen og grunnprinsippa kvalitet, meistring, kunnskap, læring og utvikling er felles for alle skulane. Det skal vere fokus på læringsmiljø, leiarkompetanse, klasseleing, læringsmål og forventningar, samarbeid heim-skule, variert undervisning, menneskesyn og relasjonar m.m.

Paraplyen over det pedagogiske arbeidet i Herøyskulen har vi kalla «Meir læring for alle». Skulane skal ha sine egne utviklingsplanar med utspring i grunnprinsippa og skulen sine egne resultat til ei kvar tid. Det er også viktig å vere bevisst på dei mange sterke sidene i Herøyskulen, og bruke dette som ein styrke. Gjennom SWOT-analyse er desse tre vurdert til dei viktigaste i høve til læring:

1. Kompetanse og fagkunnskap i alle ledd
2. Samarbeid mellom skular i nettverk
3. Høg grad av trivsel mellom tilsette og elevar

Andre positive faktorar som kan vere med å styrke og legge til rette for ein god læringsarena er ei godt kvalifisert leiargruppe med brei fagleg kompetanse, lærarar med formelt godkjend utdanning i alle stillingar, godt innarbeidde nettverk på tvers av skulane og ei støttande foreldregruppe.

Relasjonen mellom lærar og elev og læringsmiljøet er dei viktigaste faktorane for læring. Men skulen har fleire viktige medspelarar i dette som PPT, tverrfagleg samarbeid mellom ulike profesjonar, elevråd, FAU og SU, Kulturskulen, Internasjonal skule og skuleadministrasjonen.

Hausten 2015 vart det oppretta innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar som kjem til Herøy under grunnskuleløpet. Klassa har undervisningslokale ved YHU for aldersgruppa 10 – 15 år (5. – 10. trinn). Der er tilsett lærar i 50 %, som er ei halv skuleveke for elevane. Resten av tida går elevane på sin nærskule. Evalueringa av tilbodet er positiv, og vil bli oppretthalde også i 2016-17.

Men Herøyskulen har også sine utfordringar som t.d. rett prioritering av fellestid, observasjon og rettleiing av læringssituasjonar og betre utnytting av foreldrepotensialet. Det kan også vere utfordrande når støttefunksjonar som IKT og vaktmeister tenester ikkje alltid strekk til slik ei skulle ynskje. Dette stel av dyrebar tid som skal nyttast til læringsarbeid og pedagogisk leiing. Også den aukande problematikken kring sosiale medium med nettmobbing og krenkande ord og handlingar er godt merkbar i skulekvardagen, og det går med noko tid til «brannsløkking».

Pedagogiske satsingar:

Det har vore fleire større satsingar siste åra i Herøyskulen som har hatt som mål å utvikle skulen til ein betre stad å lære. Skuleutvikling er krevjande og krev langsiktig, strategisk og målretta arbeid. Resultat kjem ikkje over natta – vi må ha tålmodigheit og tru på at ting endrar seg over tid. Og det kan vi også sjå at det har gjort. Det har vore arbeid med læringsmiljøet, reglar og rutinar, klasseleiing, vurdering for læring og ungdomstrinnssatsinga med fokus på grunnleggjande ferdigheiter i rekning og lesing. Elevundersøkelsen stadfestar også dette med høg skår på trivsel, læringskultur, støtte frå lærar og meistring bl.a. Det har også vore sterkt fokus på det psykososiale skulemiljøet i fleire år. I år kan Herøyskulen skilte med mobbetal som i praksis er nesten lik null på enkelte skular. Med måltal frå 1 – 5 der 1 er best, ligg Herøy på 1,2. Det skal vi vere stolte av, men talet krev godt vedlikehald!

Karakterar etter 10. klasse og Grunnskulepoeng

Gjennomsnittleg karakterar i ein skala frå 1 - 6

Fag	Herøy	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Norsk hovudmål skriftleg eksamen	3,5	3,3	3,4
Norsk hovudmål standpunkt	3,7	3,8	3,8
Matematikk skriftleg eksamen	2,9	2,9	2,9
Matematikk standpunkt	3,5	3,4	3,5
Engelsk skriftleg eksamen	4,0	3,8	3,7
Engelsk skriftleg standpunkt	4,0	3,9	3,9
Grunnskulepoeng gjennomsnitt av alle karakterer	42,1 (opp 2,2 frå i fjor)	40,7	40,8

Kommentar:

Med tanke på inntak til vidaregåande skule, samt for å styrke gjennomføringsevne i vidaregåande opplæring, er det viktig at elevane har nådd eit høgt kompetansenivå og har god score på grunnskulepoeng når dei går ut av ungdomsskulen.

Herøyelevane har over tid lege høgt på grunnskulepoeng, inntil det datt noko ned for 2 år sidan. I år går talet vesentleg opp med 2.2 poeng og ligg no på 42,1 poeng, eit resultat som ligg godt over snitt for både fylke og nasjon. Vi håper og trur at denne tendensen vil vare og at det er eit resultat av godt og systematisk arbeid over tid. Arbeidet ute i skulane har siste åra dreia meir over til fokus på kompetansemål i faga. Dei store satsingane blir vidareførte med nye delmål som ein fokuserer på. I hovudsak blir det vidare satsing på lesing, rekning, klasseleing, praktisk og variert undervisning og konstruktiv undervegs vurdering. Vi har tru på at dette vil styrke læringa og heve karakterane til elevane.

Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ein del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Lovgrunnlaget for Elevundersøkinga finn du i forskrift til opplæringslova § 2-3 og forskrift til privatskulelova § 2-3. I personopplysningslova § 19 finn du kravet om å informere dei som deltek om formålet, kva resultata skal brukast til, kven som er behandlingsansvarleg og at deltakinga er frivillig. Det er 7. og 10. trinn som deltek.

Ein ser at Herøy kommune held seg bra nært gjennomsnittsverdiane for fylket på dei ulike årsstega som er kartlagt. Område merka med grøn farge viser resultat med positiv eller stabil utvikling i forhold til eigne tal for føregåande år, og som også ligg over resultat for fylket. Kommunen bør vere særleg godt nøgde med resultata for mobbing, som har ein markant positiv utvikling siste åra. Tala er også sterke i høve fylke!

Resultat frå elevundersøkinga hausten 2015 - 7. og 10. trinn henta frå skoleporten:

Tal frå 1 til 5, der 5 er best - med unntak av tala for mobbing, der 1 er best.

Tema	2013-14 Herøy		2014-15 Herøy		2015-16 Herøy		2015-16 M&R	
	7.kl	10.kl	7.kl	10.kl	7.kl	10.kl	7.kl	10.kl
Trivsel, trivest du på skulen?	4,4	4,1	4,2	4,3	4,1	4,0	4,4	4,1
Støtte frå lærarane	4,2	3,7	4,5	4,1	4,4	3,8	4,5	4,0
Læringskultur	3,8	3,3	4,2	4,0	3,8	3,8	4,1	3,8
Fagleg utfordring	3,4	4,1	3,9	4,2	4,0	4,2	4,0	4,2
Motivasjon	3,8	3,4	3,9	3,7	3,8	3,3	4,0	3,5
Vurdering for læring	3,7	3,0	4,0	3,4	3,8	3,0	3,9	3,2
Mestring	4,0	3,9	4,0	4,0	3,9	3,8	4,1	4,0
Mobbing på skulen (Gjennomsnittsverdi ned mot 1 betyr lite mobbing)	1,3	1,3	1,4	1,2	1,2	1,2	1,2	1,2
Andel i prosent som har opplevd mobbing 2-3 gongar pr mnd eller oftare	5,2	4,9	7,5	4,4	2,9	3,2	4,5	3,2

Kommentar:

Når det handlar om trivsel og tryggleik i skulen, er norske elevar i verdenstoppen, og trivsel heng ikkje alltid saman med klassestørrelse. ([Danielsen, 2010a](#)). I undersøkelsen «Ung data» svarer 94 % av ungdomane at dei trivast nokså godt eller svært godt på skulen. Berre omlag 6 % trivast svært dårleg eller dårleg ([NOVA, 2013](#)) (= ung data). Elevundersøkinga frå 2015 syner at 91,8 % av norske elevar på mellomtrinnet trivast godt eller svært godt på skolen. Studier viser at eit godt forhold til læraren har ein sterk samanheng med elevane sin trivsel på skulen ([Danielsen 2010a](#); [Sabot & Pianta, 2012](#)). I fylgje Danielsen er elevane si oppleving av omsorg frå lærarane viktigare enn for eksempel støtte frå medelevar.

Trivsel og mobbing heng saman. I Herøyskulen skårar vi godt på trivsel – heile 96,4 % av 7.klassingane seier at dei trivst på skulen, medan tilsvarande tal for 10. klasse ligg på 91,4 %. I år har det ikkje vore gjennomført foreldreundersøking, men rapportar frå skulane tyder på at dei aller fleste foreldre er godt nøgde med samarbeidet og inntrykket av sin nærskule.

Nokre elevar og foreldre deira har likevel hatt trasige opplevingar i forhold til skulen, og dette er noko vi i skuleavdelinga har fokus på kvar dag. Arbeid med elevmiljø og prosedyrar for å handsame såkalla mobbesaker (opplæringslova §9A), er jamnleg tema både skule- og leiarnivå.

Oppsummering

I fellesskap har ein analysert bakgrunn for dei tala som kjem fram ved målingane i 2015. Dette arbeidet er gjort ute på den enkelte skule, der også FAU er involvert. Skuleavdelinga har prosedyrar for handsaming av resultat frå målingar, der både positive og negative avvik skal rapporterast på. Dette er gjort.

Sjølv om ein del lave målingar på fag kan forklarast med samansetjing av grupper, få elevar i målingsgrunnlaget på somme skular, store utslag ved forholdsvis mange elevar med særlege tiltak som spesialundervisning og norskopplæring for minoritetsspråklege, svært lavt fritak osv., ser vi også område der vi kan gjere eit endå meir målretta arbeid for at elevar skal kunne lære meir. For meir informasjon om dette, viser vi til strategidokumentet for 2015-18 «Herøyskulen - ein los i leia».

Elevane på både 7. og 10. trinn rapporterer at dei i stor grad trivst på skulen og opplever god fagleg og sosial støtte frå dei vaksne i skulen. Dette blir understøtta av foreldra gjennom kontakta heim-skule.

Sjølv om indikatortalet på mobbing er veldig lavt i Herøyskulen – 1,2 – viser det likevel at nokre få elevar ikkje har det så bra som vi skulle ønskt i Herøyskulen. Etterarbeid på dei ulike skulane syner at dette er kjende problemstillingar, der skulane allereie har sett inn tiltak og arbeider med elevmiljøet for å sikre at elevane sine rettar til eit godt og trygt læringsmiljø vert stetta.

Det er viktig for oss alle å vite at kunnskapen som vert målt i dei omtala målingane, er ein liten del av den kompetansen ein legg vekt på at elevane skal tileigne seg. Formålsparagrafen for skulen tilseier at ein skal bygge kompetanse for livet, gjennom utdanning og danning. Dette finn ein igjen i strategien for Herøyskulen, der det står at:

«Vi skal kunne legge til rette for å utvikle trygge og vel fungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, bygge verdar og haldningar som fører dei på rett veg».

Dette kan vanskeleg målast, men er noko vi ser igjen i klasserom og på scener rundt omkring. Trygge og dyktige elevar, innan musikk, dans, drama - og ikkje minst god samhandling og gode relasjonar. Fagleg kunnskap er viktig og vil alltid ha eit sterkt fokus, men som det står i Opplæringslova §1-1:

«Elevane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine, og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong. Elevane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad».

For meir informasjon om status og vidare arbeid, viser vi til strategidokumentet for 2015 – 18 «Herøyskulen - ein los i leia».

Vi viser elles til www.udir.no/skoleporten for meir informasjon om detaljar i måling

17.mars 2016



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/290
		Arkiv:	231

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
7/16	Komite for næring, kultur og idrett	14.03.2016
59/16	Formannskapet	05.04.2016
62/16	Kommunestyret	28.04.2016

LEIGESATSAR HERØY KULTURHUS OG HERØYHALLEN 2016

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 05.04.2016

Leigesatsane for Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016 vert vedteke slik framlagt.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 14.03.2016

Leigesatsane for Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016 vert vedteke slik framlagt.

Tilråding:

Leigesatsane for Herøy kulturhus og Herøyhallen 2016 vert vedteke slik framlagt.

Særutskrift:

Styret for Herøy kulturhus v/ Camilla Storøy, Olaug Andreassen, Fred Hansen

Økonomileiar Geir Egil Olsen

Arrangementsleiar Bjørn Holum

Kulturleiar Eileen Gjerde

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Framlegg til nye leigesatsar
- 2 Gjeldande leigesatsar

Saksopplysningar:

Leigesatsane for Herøy kulturhus / Herøyhallen har ikkje vore handsama sidan 2013 og det er desse satsane har vore brukt fram til no. Det har vore mykje omlegging av både mannskap og drift sidan 2013 og framtida for kulturhuset har vore drøfta ein del. Ein fann ikkje rom for å prioritere arbeidet med nye leigesatsar før drifta hadde stabilisert seg meir.

Vedtak i styret for Herøy kulturhus / Herøyhallen 27.10.15:

1. Leigesatsar for Herøy kulturhus og Herøyhallen

Leigesatsane har vore dei same sidan 2103. Vedlagt ligg framlegg til nye leigesatsar gjeldande frå 2016. Det vart gjort små endringar i framlegget som vart innarbeidd og sendt ut til medlemmane i etterkant for godkjenning.

Vurdering og konklusjon:

Det er framleis ein del uavklarte ting når det gjeld faste leigetakarar og endeleg driftsform, men vi legg no fram eit forslag med meir fleksible leigesatsar som skal gjere det enklare å kombinere fleire utleigeprodukt. Vi held fast på at huset ikkje skal leigast ut utan at det er tilsynsvakter tilstade, men ei viktig endring er at ekstra kostnader skal leggst på leigetakar. Det gjer vi ved å innføre eit punkt der leigetakar skal betale ein timepris dersom arrangementet går utover normal arbeidstid.

Konsekvensar for folkehelse: Ikkje større konsekvensar for folkehelse

Konsekvensar for beredskap: Ikkje større konsekvensar for beredskap

Konsekvensar for drift: Ikkje større konsekvensar for drift

Fosnavåg, 01.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Bjørn Holum, arrangementsleiar

LEIGESATSAR FOR HERØY KULTURHUS OG HERØYHALLEN
Gjeldande frå 01.04.2016

Sist revidert av formannskapet 05.02.2013

1. GENERELT

- 1.1. Det skal ikkje betalast leige for bruk av Herøy Kulturhus/Herøyhallen til trening/øving for lag og grupper som er heimehøyrande i Herøy. Dette inkluderer vask som inngår i vedteken reinhaldsplan. Utgifter til vask utover dette skal betalast av leigetakar
- 1.2. Ved utleige der det er behov for tilsyn utover normal bemanningstid skal det betalast etter følgjande takstar:
 - kr 350,- pr time mand-torsd
 - kr 450,- pr time fred-sønd
- 1.3. Ved fleire like framsyningar etter kvarandre vert leige for framsyning nr 2 30% av grunnleige.
- 1.4. Utleigar kan ved ekstraordinære høve gjere anna avtale. Styret skal orienterast før avtalen trer i kraft.
- 1.5. Det skal sendast skriftleg søknad om treningstider i Herøyhallen. Nye avtalar for treningar og øvingar skal inngåast innan 1. juli kvart år.

2. LEIGESATSAR

2.1.	Grunnleige festsal	kr 3.000
2.2.	Kafeteria/Møterom oppe (inkl kiosk)	kr 1.500
2.3.	Kiosk/kjøken oppe	kr 500
2.4.	Scenesalen	kr 1.000
2.5.	Herøyhallen - heile hallen (350,- pr/t for idr arr)	kr 3.500
2.6.	Herøyhallen - pr sal (150,- pr/t for idr arr)	kr 1.200
2.7.	Garderobe Herøyhallen	kr 160
2.8.	Møterom	kr 300
2.9.	Fritidsklubben	kr 900

2.10. Tillegg til grunnleige

2.10.1. Opprigg/generalprøve dagen før kr 1.900
frå kl 1600. I stadenfor grunnleige

2.10.2. Framsyningar i festsalen

- lokale/amatør kr 1.000
- ikkje lokale/proffe kr 2.000

2.10.3 Arrangement med billettsal

- Seteavgift lokale/amatør kr 10,-
- Seteavgift ikkje lokale/proffe kr 15,-

Desse prisane gjeld også ved bruk av "Billettfabrikken"

2.10.4 "Omførselshandel" i festsalen: kr 2.000 (1 dag)
deretter kr 1.500 pr dag

2.10.5 Lyd og lys utover konferansepakke kr 2.000

2.10.6 Projektor kr 250

2.10.7 Utanbys brukarar av hallen (idretts arr) - 50% tillegg

3. Anna

3.1. Avlysingsgebyr for festsal - mindre enn 30 dagar før, 25 % av leigepris
mindre enn 7 dagar før, 50 % av leigepris
same dag, 100 % av leigepris

3.2 Ved arrangement på heilagdagar (såkalla raude dagar) for eksempel jul, påske, pinse, skal satsane aukast med 30%

LEIGESATSAR 2013 FOR HERØY KULTURHUS / HERØYHALLEN.

Leigesatsane skal gjelde frå 1.01.2013. Leigesatsane skal vurderast av husstyret for Herøy Kulturhus / Herøyhallen og vedtakast av formannskapet. Leigesatsane vart vurdert av styret for Herøy Kulturhus / Herøyhallen i møte 11.12.12.

Leigesatsane vart vedtekne av formannskapet - - -

1.GENERELT.

- 1.1. Det skal betalast halv leigesats ved arrangement i Herøy Kulturhus / Herøyhallen i regi av grunnskulen, kulturskulen, barnehagane og andre kommunale avdelingar. Eventuelle utgifter for ekstra vask etter øving, trening skal betalast av arrangør. For Herøy vidaregåande skule gjeld eigen avtale.
- 1.2 Det skal ikkje betalast leige for bruk av Herøy Kulturhus / Herøyhallen til vanleg trening / øving for lag og grupper som er heimehøyrande i Herøy. Heller ikkje i helgane og skuleferiar. Unntak er eventuelle ekstra utgifter til vask.
 - a) For ekstra i helgane og feriar må det i kvart einskilt høve gjerast avtale (inkl. skriftleg melding / eige skjema) med dagleg leiar om bruk.
 - b) I tilknytning til arrangement, kan styret med bakgrunn i skriftleg søknad, avvike frå leigesatsane og gjere spesiell avtale med leigetakar.

PS! Det skal på førehand sendast skriftleg søknad om leige av kulturhuset / hallen, til treningar, øvingar, planlagde ekstra leige, m.v. til husstyret for Herøy kulturhus / Herøyhallen, om råd før 01. juni kvart år. Søknadane vert i juni behandla og lagt inn i planen for komande skuleår.

1.3. Større arrangement og messer som går over meir enn 3 dagar inkl. riggetid, skal godkjennast i styret.

2. KULTURHUSDELEN.

- 2.1 Ved førebuing av arrangement i festsal / idrettshall kvelden før, etter kl. 22:00 skal arrangør betale for tenestene pr. time. Sjå pkt. 2.17 og 2.18
- 2.2 Opprigging / generalprøve kvelden før. Kr. 1.900
- 2.3 Ikkje inntektsbringande arrangement i festsal. Kr. 2.900
- 2.4 Selskap og liknande i festsal. Kr. 4.500
- 2.5 Inntektsbringande arrangement i festsalen. Kr. 5.200
- 2.6 Aktørgarderobe. Kr. 400
- 2.7 Møterom / Kafeen inkl. Kiosk. Kr. 1.500
- 2.8 Kiosk, veslekjøkken i hovudetasjen. Kr. 500
- 2.9 Møterom i underetasjen (Arnesalen – Dansesalen) Kr. 700

2.10 Kjøkken i underetasjen. Kr. 500

2.11 Kjellarsalen – Scenesalen, inkl. Mindre bruk av kjøkken nede Kr. 1.100

2.12 Arrang. med bill.inntekt. lokale arrangører. 20% av brutto bill.innt.

Minstesats Kr. 2.900 Max. Kr. 6.000

Ved fleire forestill. pr. dag vert leige av 2. forestilling, osv. redusert 30%.

Trykking av billetter pr. stk. Kr. 1,25

2.13 Arrang. med bill.inntekt. For ikkje lokale arrangører. 20% av brutto bill.innt.

Minstesats Kr. 2.900 Max. Kr. 12.000

Ved fleire forestill. pr. dag vert leige av 2. forestilling, osv. redusert 30%.

Trykking av billetter pr. stk. Kr. 1,25

2.14 Ved sal av billetter via DX for eksterne arrangører 5% sals-provisjon.

2.15 Ved sals-utstilling, messe i kaféromet, skal seljar / arrangør betale
20% av brutto sal. **Minstesats Kr. 2.000 Max Kr. 5.000**

(Gjeld samla for utstillingsperioda)

2.16 Ved leige av "selskapsservice" (Berre på huset. / Har til 220 stk.), skal
det betalast med kr. 6,- pr. sett.

Delar av settet etter vurdering.

2.17 Arrangement med maxtid meir enn 12 timar, skal betale pr. time i
tillegg. Leigetida gjeld frå arrangør tek i bruk lokala til dei er rydda. Kr. 500

2.18 Arrangem. med max-tid utover kl. 03.00, skal betale pr. t. i tillegg. Kr. 500

NB! Avlysingsgebyr for festsal - mindre enn 30 dagar før Kr. 2.000

NB! For arrangører som ynskjer å nytte konsertflygel, må arrangøren gjere skriftleg avtale om dette.

NB! Bruk av røyk i festsal, arrangør må gje beskjed om dette i god tid, så alarm kan kopløst ut.

NB! Om event. ynskje om anna hjelp, bestillingar, utstyrsleige, anna: kaffe, pappbeger, m.v., gje skriftleg beskjed i god tid.

NB! Ved arrangement på heilagdaggar (såkalla raude dagar) for eksempel jul, påske, pinse, skal satsane aukast med 30%

3. HERØYHALLEN.

3.1. For leige av Herøyhallen til idrettslege arrangement, skal det betalast leige etter desse satsane:

a) Pr. sal. pr. time Kr. 150

For heile hallen pr. time Kr. 330

- b) For leigetakarar som ikkje er heimehøyrande i kommunen, skal det betalast 50% i tillegg.(Hallen Kr. 495,-)

PS! Tida vert rekna frå arrang. tek i bruk garderobe / sal og til dei forlet dei.

3.2. Leige av Herøyhallen til større arrangement i kombinasjon med Kulturhusdelen:

- a) Herøyhallen pr. gong / dag Kr. 3.500
b) Pr. sal / pr. gong / dag Kr. 1.200
c) Større arrangement m/ bill.innt. 20% av brutto bill. innt.
Minimum **Kr. 3.500 Max. Kr. 13.000**

3.3. **Garderobeavgift.**

Ved leige av garderobar utanom leige av Herøyhallen skal det betalast garderobeavgift: Kr. 160
Event. vask kjem i tillegg. Sjå 3.4

3.4. **Garderobevaske:**

- a) Det skal **ikkje** betalast garderobevaske på kvardagar når Herøyhallen likevel er i bruk.
b) Ved all bruk av Herøyhallen / garderobar der den oppsette vaskeplanen (skule / trening) ikkje dekkjer vasken, skal leigetakar dekkje vasken. F.eks. bruk av garderobar i helgar, skuleferie)
Vask pr. garderobe Kr. 230
Vask av Herøyhallen Kr. 300

4. **Andre lokale til utleige:**

- a) Leige av Komitèrom i kjellaren. Kr. 300
b) Leige av Fritidsklubben. Kr. 900

5. **Leige av parkeringsplassen til tivoli, messer, o.s.v.**

med høve til å nytte toalett og vestibyle, pr. døgn Kr.2.400
Event. ekstra vask kjem i tillegg.

Andreas Kvalsund



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2015/1745
		Arkiv:	410

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
9/16	Komite for næring, kultur og idrett	14.03.2016
60/16	Formannskapet	05.04.2016
63/16	Kommunestyret	28.04.2016

FOSNAVÅG KINO - AUKE STILLINGSHEIMEL

Møtebehandling:

Arrangementleiar Bjørn Holum møtte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 05.04.2016

1. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %.
2. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 14.03.2016

3. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %.
4. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.

Tilråding:

5. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %.
6. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.

Særutskrift:

Arrangementsleiar Bjørn Holum

Økonomileiar Geir Egil Olsen

Personalleiar Jan Vidar Dammen Hjelmset

Kulturleiar Eileen Gjerde

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Fosnavåg kino har frå starten i oktober 2014 til d.d. hatt ein 110 % stillingsheimel til å betene kino og kiosk. Det er tilsett kioskansvarleg i 100 % stilling. Dei resterande 10 % står vakant. I tillegg er det tilsett fire medarbeidarar i *midlertidige tilsettingar* tilsvarande ca. 15 % stilling kvar (totalt 60 %) for å betene kino og kiosk dagleg, unntatt måndagar. Evt. kostnader på timebasis knytt til driftsvariasjonar kjem i tillegg.

Dersom kinotilbodet skal oppretthaldast og tilsettingar skal skje iht. lovverket er det behov for å auke den faste stillingsheimlen med 50 %, til totalt 160 %.

Arbeidstida fordeler seg omlag som følgjer i løpet av ei normal veke:

Vekedag	Arbeidstid	Tal framsyningar	Bemanningsbehov (inkl. kioskansvarleg)
Mandag	1000-1400	0	4 t
Tirsdag	1730-2300	4	6 t
Onsdag	1730-2300	*2	8 t
Torsdag	1730-2300	4	6 t
Fredag	1730-2400	4	10 t
Lørdag	1500-2300	*3	14 t
Søndag	1500-2300	6	14 t
Totalt		23	62

**Årsaka til at tal framsyningar er lavt på onsdagar og laurdagar er ei justering for andre arrangement i konsertsalen. Kiosken er likevel bemanna for å handtere billett- og kiosksal til konsertar, i tillegg til kinoframsyningar. I 2015 vart det synt 304 kinoførestillingar i konsertsalen.*

Besøktal, omsetjing og tal førestillingar samanlikna med andre kommunar:

Kinobedrift	Framsyningar	Besøk	Omsetjing	Snitt besøk	Tal filmar	Folketal 1.1.2015
Fosnavåg kino (2 salar)	1 201	27 845	2 539 330	23	127	8 934
Oppdal kino (2 salar)	1 279	32 572	3 179 100	25	128	6 852
Ulstein: Sjøborg kino	834	30 159	2 698 320	36	123	8 282
Volda Filmteater	463	15 379	1 238 525	33	102	8 977
Ørsta kommunale kino	654	26 126	2 340 335	40	124	10 589

Sande og Hareid med hhv. 2 635 og 5 065 innbyggjarar har ikkje eigne kinoar.

Kulturavdelinga fremja gjeldande sak til budsjettarbeidet for 2016 med forslag om ein auke på 50 % stillingsheimel til drift av kino og kiosk. Framlegget vart ikkje i imøtekome, og rådmann bad om at dette vert vurdert som eiga sak.

Vurdering og konklusjon:

Kommunen har gjort ei bevisst satsing på kultur over mange år, og resultata etter fyrste heile driftsår viser at kommunens innbyggjarar og besøkande set pris på og støttar svært godt opp om tilboda på kinoen og i konserthuset. Prognosane tyder på at kinodrifta vil gå med overskot i 2015. Overskotet inkluderer også kostnadane for midlertidige tilsettingar i 50 %.

Kulturavdelinga sine inntekter frå kino (og konserthus) har nær samanheng med dei produkta som vert selte, og at desse er attraktive og tilgjengelege når kundane våre treng og ynskjer dei. Sjølv om det er tidleg å konkludere med driftsgrunnlaget etter berre vel eit år, meiner rådmannen at ein reduksjon av tilbodet ikkje er vegen å gå no. Ei slik løysing vil truleg også innebære lågare inntekter enn budsjettert.

Dersom kinotilbodet skal oppretthaldast som i dag, og tilsettingar skal kunne skje iht. lovverket, er det behov for å etablere eit nytt fast driftstiltak på 50 % stillingsheimel til ansvar 4062.

Konsekvensar for folkehelse:

Sosialt samvær, saman med generell opplysningsverksemd og formidling av kunnskap er ein viktig del av folkehelsearbeidet. Iflg. SSB har det i perioda frå 1990 til 2010 vore ein nedgang i tida som vert brukt til sosialt samvær som hovudaktivitet per døgn. Det er færre som besøker slekt, naboar og venner, og færre har samtalar med kvarandre. Nedgangen i sosialt samvær gjeld alle aldersgrupper. Sjølv om sosialt samvær som hovudaktivitet vorte mindre mellom 2000 og 2010, har sosialt samvær som biaktivitet auka. Det betyr at det sosiale samværet vi har mens vi utfører andre "viktigare" aktivitetar, erstattar sosialt samvær som hovudaktivitet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Dersom ein finn å ikkje auke stillingsheimlen slik føreslått, må gjeldande 100% stillinga delast på fleire, då det ikkje er ansvarleg å drive kinoframsyningar med berre ein tilsett. Det er grunn til å forvente at ei halvering av kinotilbodet totalt sett vil føre til lågare inntekt.

Fosnavåg, 04.01.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Eileen Gjerde
Kulturleiar

Sakshandsamar: Bjørn Holum



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/359
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
64/16	Kommunestyret	28.04.2016

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015.

Tilråding:

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

Særutskrift:

- Kontrollutvalet
- Rådmannen si leiargruppe

Vedlegg:

- Årsmelding for Kontrollutvalet 2015.

Fosnavåg, 29.03.2016

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

UTSKRIFT

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	06/16	033	29.02.2016

SAK 06/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2015.

Saksopplysning

Viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet 2015.

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

Rett utskrift

Åram, 4. mars 2016

Ida Birgitte Marholm
Sekretær

Utskrift til: **Kommunestyret for behandling**
Saka går direkte til kommunestyret

ÅRSMELDING

FOR

KONTROLLUTVALET

2015

HERØY KOMMUNE

1. INNLEIING

1.1 Heimel

Ansvar for tilsynet med kommunen er lagt til kommunestyret, jfr. KommuneLOVA § 76. Ordninga med kontrollutval i kommunen er heimla i kommuneLOVA § 77 nr 1, der kommunestyret sjølve er pålagt å velje eit kontrollutval til å føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga.

Ein del av kontrollutvalet sine oppgåver er heimla direkte i KommuneLOVA § 77. I medhald av KommuneLOVA § 77 nr. 11 har Kommunaldepartementet gjeve eiga forskrift om kontrollutval som m.a. omhandlar kontrollutvalet sitt formål, samansetjing, saksbehandling, oppgåver, teieplikt med vidare.

1.2 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet sitt hovudmål er å medverke til at kommunen sine oppgåver vert løyste på ein best mogleg måte i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Kontrollutvalet skal på **vegne av kommunestyret** føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen, jf. KommuneLOVA § 77 nr 1. Kontrollutvalet skal vidare sjå til at rekneskapen blir revidert på ein trygg måte og at det årleg vert utført forvaltningsrevisjon, jf. forskrift om kontrollutval (forskrifta) § 77 nr. 4 og forskrifta § 6 og § 9.

Kontrollutvalet sitt formål er dermed todelt. Den eine oppgåva rettar seg mot tilsyn med forvaltninga i kommunen. Den andre rettar seg mot utføringa av revisjonsoppgåvene (rekneskap og forvaltningsrevisjon).

I kommuneLOVA er det ikkje berre lagt til grunn at tilsyn og kontroll skal skje gjennom dei spesielle kontrollorgana (kontrollutval og revisjon), men at alle kommunale organ, folkevalde og administrative, har eit **sjølvstendig ansvar** for tilsyn og kontroll på egne områder.

Kontrollutvalet har som folkevalt organ både formelle og andre rammer for si verksemd. Saksbehandlinga i utvalet må skje i møte, og vedtak skjer etter vanlege prinsipp for dette.

Kontrollutvalet må i stor grad basere seg på det arbeid som blir utført av revisjonen i deira tilsyns- og kontrollverksemd.

1.3 Kontrollutvalet sin plass i organisasjonen

Det **direkte underordningsforholdet til kommunestyret** medfører at kontrollutvalet har ein **uavhengig** ståstad i høve til andre kommunale politiske og administrative organ. Dette prinsippet blir kommuneLOVA (§ 77) og forskrifta om kontrollutval ivareteke gjennom spesielle reglar om m.a. kven som kan veljast til utvalet, nyval, møte- og talerett, saksbehandling, rett til opplysningar, rett til gransking av all kommunal verksemd og til å gjere bruk av sakkunnig hjelp. Det er følgjeleg **berre kommunestyret som kan instruere kontrollutvalet**. Kontrollutvalet er det organet som i praksis utfører det generelle tilsynsansvaret som ligg til kommunestyret.

Kontrollutvalet har då fylgjeleg **ikkje eit tilsynsansvar overfor kommunestyret**, men det hindrar ikkje utvalet i å kunne **uttale seg** om kommunestyret er i ferd med å gjere eller har gjort eit ulovleg vedtak.

Den uavhengige stillinga er grunnleggjande for kontrollutvalet sitt arbeid. Den skal virke til å sikre at kommunane og publikum får ei kontrollordning dei kan ha tillit til. Denne tilliten vil vere avhengig av at dei som blir kontrollerte ikkje skal kunne påverke måten kontrollarbeidet blir utført på, organiseringa av dette eller omfanget det skal ha.

Kontrollorgana må m.a.o. vere **fristilte i høve til dei som skal kontrollerast**, dersom kontrollen skal vere truverdig.

1.4 Kontrollutvalet si samansetjing

For valperioden 2011- 2015 har kontrollutvalet slik samansetjing:

(H, Frp):

Nestleiar:	Frank Lied	1. vara:	Terje Krogset
Medlem:	Selma Håkonsholm	2. vara:	Aksel Kvalsvik
Medlem:	Ingunn Tandberg	3. vara:	Sæmund Helde
		4. vara:	Hilde Ulstein Klungsøyr
		5. vara:	Lena Vågsholm Sævik

(AP, Folk/SP, Krf, V):

Leiar:	Gerhard Ole Furø	1. vara:	Herdis V. Rødskar
Medlem:	Oddbjørg Remøy	2. vara:	Kåre A. Sævik
		3. vara:	Anna Aasmo
		4. vara:	Gunnar Sævik

Gerhard Furø er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Frank Lied som vara.

For valperioden 2015- 2019 har kontrollutvalet slik samansetjing:

(H, Frp, Krf, Folk, Sp):

Nestleiar:	Stian Elveseter	1. vara:	Frank Lied
Medlem:	Hege Nedreberg Vestavik	2. vara:	Terje Krogset
Medlem:	Ove Kåre Remøy	3. vara:	Mette Lokna Nedreberg
Medlem:	Oddbjørg Remøy	4. vara:	Gunnar Sævik
		5. vara:	Malene F. Remøy
		6. vara:	Eilert Geir Kvalsvik

(AP, V):

Leiar:	Gerhard Ole Furø	1. vara:	Anna Aasmo
		2. vara:	Magne Nærø
		3. vara:	Eva Måløy

Gerhard Furø er kommunen sin representant i styret for Vest kontroll med Stian Elveseter som vara.

2. MØTER, SAKSBEHANDLING OG SAKER

2.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet har i 2015 hatt 5 **møte og behandla 36 saker**. Ei oversikt over sakene følger under. Møtebøkene frå utvalet sine møte vart sende kommunestyret som melding etter kvart.

2.2 Saksbehandling/rolle

I kommunelova § 77 og Forskriftene om kontrollutval fastset rollene for kontrollutvalet m.m.

Kontrollutvalet:

Oppgåver ved rekneskapsrevisjon (kap. 4)

Oppgåver ved forvaltningsrev. (kap. 5)

Selskapskontroll (kap. 6)

Særlege oppgåver (kap. 7)

Sekretariatet

Vert ivareteken av Vest kontroll. Medlemskommunane i samarbeidet er: Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda, Ørsta, Selje og Vågsøy.

Revisjonen

sitt arbeid og tilhøve revisjonen tek opp eller informerer om vil framleis vere tilhøve i kontrollutvalet sitt arbeid. Utan omsyn til revisjonsform (rekneskapsrevisjon, revisjon av intern kontroll, forvaltningsrevisjon) er utgangspunktet for revisjonsarbeidet at det skal rettast mot dei **risikoutsette** områda i kommunen.

Revisjonen sitt arbeid vil i stor grad vere avgrensa til å omfatte revisjon av rekneskapen og vurdere økonomiforvaltninga m.m. i kommunen ved å utføre forvaltningsrevisjon, medan kontrollutvalet sitt tilsynsansvar omfattar *alle* deler av forvaltninga.

Rådmannen:

har innanfor kontrollutvalet sitt mynde ikkje høve til å instruere eller avgjere noko overfor sekretariatet.

2.3 Saker i året

Møte nr. 1. 23. februar

- Sak 01 Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen
- Sak 02 Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte
- Sak 03 Gjennomgang av møteprotokollar 2014
- Sak 04 Gjennomgang av møteprotokollar 2015
- Sak 05 Meldingar
- Sak 06 Årsmelding for kontrollutvalet 2014
- Sak 07 Møteplan 1. halvår 2015
- Sak 08 Forvaltningsrevisjonsrapport – Spesialundervisning grunnskulen Herøy kommune
- Sak 09 Kontrollrapport – årsmelding 2014 Skatteoppkrevjarfunksjonen
- Sak 10 Orientering om Sunnmørsbadet m.m. ved ordførar og rådmann

Møte nr. 2. 11. mai

- Sak 11 Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen
- Sak 12 Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte

- Sak 13 Gjennomgang av møteprotokollar 2015
- Sak 14 Meldingar
- Sak 15 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2014
- Sak 16 Kommunerekneskapen m/ årsmelding 2014
- Sak 17 Neste forvaltningsrevisjonsprosjekt
- Sak 18 Opplæring nye kontrollutval
- Sak 19 Møteplan haust 2015

Møte nr. 3. 15. juni

- Sak 20 Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen
- Sak 21 Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte
- Sak 22 Gjennomgang av møteprotokollar 2015
- Sak 23 Meldingar
- Sak 24 Prosjektplan forvaltningsrevisjon – Økonomisk rapportering Herøy kommune

Møte nr. 4. 21. september

- Sak 25 Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen
- Sak 26 Godkjenning av møteprotokollen frå siste møte
- Sak 27 Gjennomgang av møteprotokollar 2015
- Sak 28 Meldingar
- Sak 29 Evaluering kontrollutvalet 2011-2015
- Sak 30 Budsjett for kontrollutvalet 2016

Møte nr. 5 9. november

- Sak 31 Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokollen
- Sak 32 Gjennomgang av møteprotokollen frå siste møte
- Sak 33 Meldingar
- Sak 34 Orientering om kontrollutvalet sitt arbeid
- Sak 35 Revisjonsplanlegging 2015 – Finansiell revisjon
- Sak 36 Tertialrapportering pr 01.09.2015

Det vert vist til kommunestyret sine møteprotokollar for saker frå kontrollutvalet som har vore behandla der.

3. MEIR OM KONTROLLUTVALET SINE OPPGÅVER

3.1 Omfang og avgrensing

Kontrollutvalet sine oppgåver er nærare lista opp i forskrift om kontrollutval kap. 3 til kap. 7.

3.2 Oppgåver

3.2.1 Alminnelege reglar om kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver. Kap. 3 i forskriftene.

§ 4. Tilsyn og kontroll.

Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga på vegne av kommunestyret, i dette sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning. Utvalet kan ikkje overprøve politiske prioriteringa som er gjort av kommunen sine folkevalde organ.

§ 5. Henting av opplysningar

Kontrollutvalet kan hos kommunen utan hinder av teieplikt, krevje alle opplysningar, utgreiingar og alle dokument og gjere dei undersøkingar som dei finner nødvendig for å

gjennomføre oppgåvene. For kontrollutvalet sine medlemmer og deira sekretariat gjelder forvaltningslova sine alminnelige føresegner om teieplikt, jf. Forvaltningsloven § 13 mv.»

- Kontrollutvalet har, med dei tilgjengelege ressursar dei har hatt, ført tilsyn med forvaltinga og revisjonen.
- Utvalet har fått alle opplysningar dei har bede om.

3.2.2 Kontrollutvalet sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon. Kap 4 i forskriftene.

§ 6 Rekneskapsrevisjon.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og kommunale føretak sine årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte, i dette halde seg løpande orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette går føre seg i samsvar med dei føresegner som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar og avtaler med revisor.

- Kommunen sin årsrekneskap for **2014** som har vore avlagde i året, har vore reviderte av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS. Så langt kontrollutvalet kjenner til var lover, forskrifter og standar for revisjon følgde.
- Kontrollutvalet har i sak **15/15** hatt opp sak om revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for **2014**.
- Revisor har gitt skriftlege og munnlege orienteringar om arbeidet sitt til kontrollutvalet.

§ 7 Uttale om årsrekneskapet

Når kontrollutvalet fått revisjonsmeldinga frå revisor, skal utvalet gi uttale om årsrekneskapen før det vert vedteke av kommunestyret. Uttalen vert gitt til kommunestyret. Kopi av uttalelen skal formannskapet ha tidsnok til at det kan ta omsyn til den før organet gir tilråding/innstilling om årsrekneskapet til kommunestyret/fylkestinget.”

- Kontrollutvalet har i sak **16/15** uttala seg om kommunerekneskapen for **2014**.

§ 8 Oppfølging av revisjonsmerknader.

Kontrollutvalet skal sjå til at tilhøve som revisor peikar på vert følgt opp.

Også tidlegare saker som utvalet meiner ikkje er følg opp på ein tilfredsstillande måte skal det rapporterst om. Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret korleis revisjonen sine merknader er følgt opp.

- Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om merknader som ikkje er følgt opp.

3.2.3 Kontrollutvalet sine oppgåver ved forvaltningsrevisjon. Kap. 5 i forskriftene.

§ 9 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det kvart år vert utført forvaltningsrevisjon i kommunen eller kommunen sine verksemdar.

- Det er kommunestyret som i siste instans må sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon.

§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal minst en gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide ei plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Planen skal bygge på ein overordna analyse av kommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlege vurderingar, med den hensikt identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike sektorane og verksemdene.

- Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016 vart behandla i kontrollutvalet i **sak 31/12** og kommunestyret **sak 220/12**.

§ 11 Rapporter om forvaltningsrevisjon.

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret om kva for forvaltningsrevisjonar som er gjennomført og om resultatene av desse.

I kommunen er etablert praksis at kvar enkelt forvaltningsrevisjonsrapport vert behandla i kommunestyret, som såleis også gjer endeleg vedtak.

- Kontrollutvalet behandla i sak 08/15 Forvaltningsrevisjonsrapport – Spesialundervisning grunnskulen Herøy kommune. Kommunestyresak 49/15.

”§ 12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med behandlinga av forvaltningsrevisjonsrapportar vert følgt opp.

Kontrollutvalet skal gi rapporter til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt følgt opp. Det skal også rapportast om tidlige saker som utvalet meiner ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Kontrollutvalet har ikkje hatt forvaltningsrevisjonsrapportar til oppfølging i 2015.

3.2.4 Selskapskontroll. Kap. 6 i forskriftene.

§13 Selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kontrollutvalet skal minst en gang i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeide plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret sjølv som kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Kontrollutvalet avgjer sjølv kven som på deira vegne skal gjennomføre selskapskontroll. Hittil er selskapskontroll utført av kommunerevisjonen.

- Plan og retningslinjer for selskapskontroll for perioden 2012 – 2016 vart behandla i kontrollutvalet **sak 30/12**, og i kommunestyret **sak 219/12**.

§ 14 Selskapskontrollens innhald.

Kontrollutvalet skal sjå til det vert ført kontroll med forvaltninga av interessene ved å eige i dei selskap som er omfatta av slik kontroll, i dette kontrollere om den som utøver kommunen si interesse ved å eige i selskapa gjer dette i samsvar med kommunestyret sine vedtak og vilkår(eigarskapskontroll).

Selskapskontroll kan også omfatte forvaltningsrevisjon.

§ 15 Rapportering om selskapskontrollen.

Kontrollutvalet fastset sjølv korleis utført selskapskontroll skal rapporterast til utvalet, i dette kva innhald slik rapport skal ha. Eit selskap som er omfatta av selskapskontrollen, og den som utøve kommunen sin eigarfunksjon, skal givast høve til å gi uttrykk for sitt syn på dei forhold som omtales i rapporten. Eventuelle kommentarar skal gå fram av rapporten.

Med utgangspunkt i planen for gjennomføring av selskapskontroll skal kontrollutvalet gi rapport til kommunestyret kva kontroller som er gjennomført samt resultat av desse”

I kommunen er etablert praksis at kvar enkelt selskapskontroll vert behandla i kommunestyret, som såleis også gjer endeleg vedtak.

- Kommunestyre vedtok i **sak 183/07 Retningslinjer og rutinar for Eigarskapskontroll og økonomiske engasjement**. I denne saka går kommunen sine egne rutinar for kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement fram.
Etter vedteken plan for selskapskontroll er ei av dei viktigaste oppgåvene til kontrollutvalet å sjå til at nemnde sak vert følgt opp tilfredsstillande frå kommunen si side.
Det er beslutta å revidere retningslinjene. Eiga interkommunal nemnd er i arbeid.
- Rådmennene på Søre Sunnmøre, tidlegare sekretær for Regionrådet og Vest kontroll utarbeida i 2014 ei oversikt over kommunale selskap, samarbeid m.v.. Vest kontroll har ajourført oversikta i den grad dei får meldingar frå kommunane om endringar, nye selskap, selskap som gaddde ut. Ein har no betre oversikt, som då vil lette det totale arbeidet med kontrollane, både for rådmennene og kontrollutvala.
- Når tilhøva no er lagt til rette vert det forventa at kommunen framover fylgjer opp kommunestyresak 183/07 på ein fullt ut tilfredsstillande måte frå 2016. Om ikkje må fleire ressursar setjast i på direkte kontrolltiltak.

3.3 Tilsynsrapportar frå fylkesmannen/statlege tilsyn

Det er etablert eit samarbeid med fylkesmannen vedkomande tilsynsrapportar:

Tilsynsrapportar som vert sendt sekretariata frå Fylkesmannen skal leggjast fram for kontrollutvalet til orientering. Kontrollutvalet skal ha seg førelagt kopi av kommunens svar til Fylkesmannen/tilsynsorganet på rapporten, og ser at evt. avvik vert følgt opp av kommunen. Fylkesmannen oppmodar om at tilsynsrapportar vert behandla i folkevalte organ i kommunen. Rutinen kan supplerast med rapportering frå kontrollutvalet til kommunestyret om oppfølginga av tilsynsrapporten.

Kontrollutvalet har ikkje behandla tilsynsrapportar til oppfølging/orientering i 2015.

3.4 Andre oppgaver

I sak 10/15 hadde kontrollutvalet opp sak om Orientering om Sunnmørsbadet – ordførar og rådmannen var til stades og orienterte.

Kontrollutvalet i Herøy kommune, 29. februar 2016

Gerhard Ole Furø
Leiar

Jostein Støylen
Dagleg leiar Vest kontroll



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2015/525
		Arkiv:	124

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/16	Arbeidsmiljøutvalet	13.04.2016
69/16	Formannskapet	19.04.2016
65/16	Kommunestyret	28.04.2016

PLAN FOR REDUKSJON I DRIFTSUTGIFTER/NEDBEMANNING.

Møtebehandling:

Ap, Svein Gjølseth kom med slikt tillegg til tilrådinga:
Kommunestyret bed administrasjonen jobbe aktivt vidare for å nå målsettinga vedteke i budsjettet for 2016 om reduksjon driftsutgifter/nedbemanning.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken

Tilråding i Formannskapet - 19.04.2016

Kommunestyret sluttar seg til planen for reduksjon av driftsutgifter/nedbemanning slik han går fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret bed administrasjonen jobbe aktivt vidare for å nå målsettinga vedteke i budsjettet for 2016 om reduksjon driftsutgifter/nedbemanning.

Møtebehandling:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 13.04.2016

Kommunestyret sluttar seg til planen for reduksjon av driftsutgifter/nedbemanning slik han går fram av saksutgreiinga.

Tilråding:

Kommunestyret sluttar seg til planen for reduksjon av driftsutgifter/nedbemanning slik han går fram av saksutgreiinga.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Hovudtillitsvalde

Saksopplysningar:

I samband med budsjett 2016 viste det seg at framskrivne driftsutgifter var 7,0 mill. kr høgare enn driftsinntektene. Dette betyr at det ikkje var økonomisk dekning for planlagt drift (oppretta stillingsheimlar m.m.). For å balansere inntekter og utgifter, måtte det gjerast ein rammereduksjon i driftsutgiftene.

Utgangspunktet bør vere at framskrivne driftsutgifter er lavare enn inntektene. Driftsnivået bør difor reduserast med minimum 7,0 mill. kr. Dersom det skal vere rom for investeringar, må driftsutgiftene reduserast ytterlegare.

I K-sak 192/15 vart det gjort slikt vedtak i pkt 9:

«Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg. Kommunestyret ber vidare om at rådmannen i samarbeid med administrasjonen og dei tillitsvalde legg fram ein plan for reduksjon av lønsutgiftene/nedbemanning innan 01.03.2016.»

Eg tek med frå side 18 i saksutgreiinga:

*«**Driftsutgiftene** er barberte ned til eit minimum. Det ser ut til å vere lite å hente dersom ein ikkje går på lønsutgiftene. Kommunen ser ut til å ha ei for høg bemanning i forhold til inntektene, og det ser ikkje ut som det er mogleg å få balanse*

*mellom utgifter og inntekter utan at det vert gjennomført ein **reduksjon i lønsutgiftene/ nedbemanning**. Ei slik nedbemanning bør i hovudsak skje ved naturleg avgang.»*

Det er gjort ein gjennomgang i organisasjonen og eg har fått slik tilbakemelding:

Kultur

4041 Kulturhus og idrettshall:

For 2016 skal EIG investere i skalsikring på kulturhuset, og arbeidet med å definere sonene for dette har så vidt starta. Når dette er på plass vil vi kunne redusere stillingsheimlane for tilsynsvaktene frå 134 % til 100 %.
Forventa innsparing tilsvarande 34 % stillingsheimel.

Eigedom

Innsparingspotensiale omsorgssentera:

På omsorgssentera våre har vi oftare reinhald enn omliggande kommunar. Når vi skal opne nye omsorgsbustader med base for heimeteneste så vert det mogleg å endre på frekvensane / stillingane utan å seie opp nokon.

Omliggande kommunar har reinhald på pasientrom 2 gongar i veka og ingen tilsyn på bada. Her med oss har vi reinhald av pasientrom 3 gongar i veka i tillegg har vi tilsyn på bada 2 gongar i veka. Her er det innsparingspotensiale – dersom vi skal gå over til same frekvens som omliggande kommunar.

Dersom dette vert aktuelt, så må vi også avklare kven tar seg av reinhald utanom reinhaldsplan – ved til dømes smitte. Omliggande kommunar yter ikkje meir reinhald utover reinhaldsplanen.

Myrvåg området

Kommunen ønskjer å få til eit samarbeid mellom reinhaldarane på Myrvåg omsorgssenter og Myrsnipa barnehage/legevakta, og at vi går over til dagvask ved Myrsnipa barnehage. Vi sparar kveldstillegget og sikrar drifta lettare.

Endringane vert tatt etter kvart vi har ledigheit i stillingane, eller så fort vi får avklaring for reinhaldarar som er ute i sjukepermisjon.

Utvikling

Slik det ser ut no vil ei stilling ved utviklingsavdelinga vere den einaste som i løpet av nokre år kan takast som nedbemanning (naturleg avgang).

Økonomi

I krevjande økonomiske tider burde ein styrke ressursane på økonomiavdelinga for å tilstrebe god internkontroll, men tida ikkje er inne for det akkurat no.

Økonomiavdelinga sitt bidrag frå 2017 er å redusere talet på årsverk med 0,3 tilsvarande om lag kr 170.000,-.

Personal

Personalavdelinga har tilsette i alle budsjetterte stillingar.

Servicetorg

Servicetorget har på kort sikt desse reduksjonane:
100 % i 6 månader

100 % i 12 månader

Redusert opningstid har positiv verknad med tanke på arbeidet ein utfører. I vurderinga må ein ta stilling til servicenivået ut til publikum og tilbakeføring av oppgåver til avdelingane.

Pleie og omsorg

Ei 80 % stilling vert ledig frå 1.01.17 (sum totale lønsutgifter kr 516 172).

Bu og habilitering

Ei 50% miljøterapeutstilling i dagtenesta, 20% på Herøy produksjon og nokre småprosent på aktivitetssenteret er haldne vakante. Desse kan vi likevel ikkje kutte permanent, då arbeidet er der, men vi utsette tilsetjing så lenge vi kan, mot at dei få som er igjen må arbeide meir. Det går for ein periode med fleksibelt personell som går inn i ein dugnad for avdelinga, og Herøy kommune.

Tiltaka i Bu-hab er difor:

- Halde stillingar vakante så lenge som det er mogleg.
- «Spare» på vikarvakter/vikarutgifter der det er mogleg.
- Arbeide for å redusere overtidsbruk.
- Halde sjukefråveret så lågt som mogleg.

Barn, familie og helse

Avdeling barn- familie- og helse har per i dag ingen stillingar som er ledige. Det er heller ikkje kjent at vi i den næraste framtida vil få vakanse i stillingar. Dersom det skulle oppstå ledigheit, vil vi vurdere om, og eventuelt kor lenge, det vil kunne vere forsvarleg å halde stillinga ledig.

Avdelinga har per no deler av stillingar ledig. Dette er stort sett 20% av stillingar som vert haldne vakante ved tidsavgrensa permisjon pga. mindreårige barn. I desse tilfella er det umogleg å angi noko tal for reduksjon av lønsmidlar då det er usikkert kor lenge permisjonane vil vare. Dersom det viser seg at deler av stillingar har vore ledige i store deler av året, vil vi komme tilbake til dette på slutten av året.

Barnehage

I samsvar med årsplanen for barnehageavdelinga så ser ikkje barnehageleiar annan mulegheit til reduksjon av lønsutgiftene enn å vurdere vikarbruken strengt. Skulle det i periodar vere færre barn i barnehagane, vil det føre til redusert bemanning der det er mogleg.

Barnehagane er så pressa bemanningsmessig med fulle barnegrupper og auka opningstid, at det ikkje er mogleg å gå under den gjeldande bemanningsnormen med tre årsverk per vanleg gruppestorleik. Ved ytterlegare reduksjon vil barnehagane ikkje kunne oppfylle samfunnsmandatet sitt og ein må vurdere om det lenger er bra for barn å vere i barnehage (forsvarlegheitsprinsippet).

Barnehagestyrarane vil likevel heile tida vurdere når ein kan unngå å bruke vikar.

Skule

Innsparingstiltak:

1. Fortsatt aktiv vurdering av forsvarlegheit før innsetjing av vikar og tilsetjing i vakansar.
2. Innkjøp av det ein MÅ ha.

3. Om nødvendig for å nå innsparingskravet, redusere undervisningstimar, og dermed redusere stillingar. Dette frå 1.august 2016.

Vi kan ikkje kutte stillingar midt i eit skuleår, men kjem til å gjere dette frå 1.august 2016 dersom vi ikkje ligg i løypa til å klare innsparingskravet basert på pkt 1, når vi gjer opp status i mai.

Administrativ leining

Stillinga som assisterande rådmann står ledig.

KOSTRA

KOSTRA- analysen 2013 hadde slik konklusjon:

«Rapporten viser at Herøy gjennomgående er en svært effektivt drevet kommune. Med noen få unntak, har veksten på alle tjenesteområder de siste årene i Herøy vært lavere enn gjennomsnittet for landet. Dette betyr at produktiviteten er betydelig forbedret siste 5 år.

Det er alltid mulig å øke produktiviteten, men Herøy har nok tatt ut potensialet på de store områdene (skole og pleie og omsorg). På kultur og helseområdet har kommunen et nivå som ligger over hva man naturlig skulle forvente av en kommune med Herøys inntektsnivå.

Der hvor kommunen derimot har et betydelig potensial er på brukerbetalingssiden. Gjennomgående er gebyr og brukerbetalinger i Herøy svært lave. Når kommunen heller ikke har innført eiendomsskatt, blir der reelle brukerbetalingssiden vesentlig lavere enn det som er normalt å forvente av en kommune på Herøys størrelse og med det inntektsnivået man har på frie inntekter.»

Vurdering og konklusjon:

Oppsummert er potensialet for reduksjon i driftsutgiftene/nedbemanning slik:

Avdeling	Stillingstorleik	Innsparing
Kultur	0,45 stilling	220.000
Eigedom	Innsparing reinhald	2.000.000
Utvikling	1,0 stilling	700.000
Økonomi	0,3 stilling	170.000
Personal og organisasjon	-	-
Servicetorg	1,0 stilling	650.000
Pleie og omsorg	0,8 stilling	520.000
Bu- og habilitering	Vikarbruk/vakansar	Ikkje talfesta
Barn, familie og helse	-	-
Barnehage	Vikarbruk/fleire barn per avd.	Ikkje talfesta
Skule	Reduserte undervisningstimar	Ikkje talfesta
Administrativ leining	1,0 stilling	1.200.000
Samla innsparing		5.460.000

Rådmannen rår til at kommunestyret legg denne planen til grunn for reduksjon av driftsutgiftene/nedbemanning i samband med budsjett 2017, med unntak av stillinga i Utviklingsavdelinga der det er usikkert når innsparinga kan gjennomførast.

Det vil truleg vere behov for ytterlegare tiltak for å redusere driftsutgiftene. Dette vil eg kome attende til i samband med budsjettprosessen. Her vil det også vere nødvendig med ein ny gjennomgang av oppdaterte KOSTRA- tal i vurderinga av kvar det kan vere eit innsparingspotensial.

Fosnavåg, 09.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	AK	Arkivsaknr:	2012/1352
		Arkiv:	G10

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
15/16	Komite for Helse og omsorg	21.04.2016
20/16	Komite for næring, kultur og idrett	25.04.2016
66/16	Kommunestyret	28.04.2016

OVERSIKT HELSETILSTAND OG PÅVERKNADSFAKTORAR I HERØY 2015 - STATUSRAPPORTERING.

Tilråding:

1. Herøy kommunestyre tek Statusrapport: Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015 til vitande.
2. Hovudpunktene som er peika på i saksutgreiinga (vurderinga) og meir utdjupa i rapporten (kap.3), skal følgjast opp av dei impliserte sektorane.

Særutskrift:

Rådmannen
Kommuneoverlegen
Arbeidsgruppa for folkehelse
Folkehelsekoordinatoren
Møre og Romsdal Fylke, Kulturavdelinga, 6064 Molde

Vedlegg:

Vedlegg

1 Statusrapport - Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015

Statusrapport: Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015.

Saksopplysningar:

Nasjonale og regionale rammer og føringar har løfta fram folkehelse som eit prioritert satsingsområde. Folkehelselova (Lov om folkehelsearbeidet) definerer folkehelsearbeidet som samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel i befolkninga, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som beskyttar mot helsetruslar.

Herøy kommune er tilliks med alle kommunane i landet, pålagde å utarbeide ei oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar. Oversikt og informasjon om helsetilstand i kommunen skal vere grunnlag for alle sektorar sitt ansvar for, og arbeid med folkehelsa både på kort og lang sikt.

Kunnskap om helseforholda i befolkninga er ein føresetnad for å kunne ivareta innbyggjarane si helse.

Oversikt over folkehelsa skal inngå som grunnlag for planlegging etter plan- og bygningslova.

Dette er den fyrste skriftlege statusrapporten over helsetilstanden i Herøy etter at den nye folkehelselova trådde i kraft 1.januar 2012. Denne rapporten tek føre seg informasjon om helsetilstanden og påverknadsfaktorar for befolkninga i Herøy, gjer ei vurdering av konsekvensar og definerer hovudutfordringane i kommunen vår.

Sidan 2013 har Herøy årleg levert Statusrapport for føregåande år i God Helse partnerskapet. Det er ein kort årleg rapport på ca 2 sider som vert sendt til Møre og Romsdal Fylke innan 1. mars. Den skal omtale fylgjande hovudtema:

- Samfunnsutvikling for ein god start i livet.
- Helsevenleg arbeidsliv
- Aktiv, trygg og frisk alderdom
- Trygt og helsefremjande fysisk miljø
- Inkluderingh og deltaking i kultur og frivillige organisasjonar
- Organisering og samhandling, eit kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- Kommuneplan, samfunns-, arealdel 2013 - 2015

Folkehelselova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsestyresmakter set i verk tiltak og samordnar sin aktivitet i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid. Organisatorisk vil det vere viktig at folkehelsearbeidet blir forankra i ordinære regionale og kommunale plan- og styringsdokument.

I denne rapporten, som er vedlagt, har ein del sektorar i kommunen vore med å sagt litt om sin status, definert særlege utfordringar og påverknadsfaktorar og kome med forslag til tiltak. Desse opplysningane er så i tillegg av opplysningar frå UngData-undersøkinga, kartleggingsskjema, informasjons- og dialogsamling med lag og organisasjonar og informasjon frå statistikkbankarar, lagt inn i ulike skjema / tabellar (kap.6) som omhandlar Status, Moglege årsaker og Moglege konsekvensar under 6 ulike hovudområde:

- a) Befolkningssamansetting
- b) Oppvekst- og levekårstilhøve
- c) Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d) Skader og ulykker
- e) Helserelatert åtferd

f) Helsetilstand.

I tillegg er det laga eit samandrag (kap.2) med hovudtrekka om helsetilstanden i Herøy meldt i ei oppsummering frå dei ulike sektorar som har vore med i undersøkinga, og ei kortfatta oppsummering av hovudutfordringar (kap.3) i høve folkehelsa i Herøy i 2015.

Elles er det teke med eit kap. om Statistikkgrunnlag og innhenting av data (kap.4), litt om bakgrunn og lovgrunnlag (kap.5), og eit vedlegg (kap.7) som er eit utdrag frå Kartleggingsskjemaet som kom frå dei ulike sektorar som var med i undersøkinga.

Vurdering og konklusjon:

Hovudutfordringane som arbeidsgruppa for folkehelse har samlast om, er svært viktige område for å imøtekomme dei signala som er fanga opp gjennom undersøkinga og kartlegginga som er gjort. Dei er :

- Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa.
- Andelen elevar i 8.kl, og seinare, som driv fysisk aktivitet, er sterkt minkande fram mot vidaregåande skule.
- Gode oppvekstkår, trygge lokalsamfunn og gode levevanar, er viktig satsing for folkehelsa.
- Enkeltfaktorar som lite fysisk aktive, røyking, snus, psykiske plagar og overvekt har relativt stor påverknad på folkehelsa.

For å kome vidare i dette arbeidet, er det svært viktig med eit tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og spesielt auke samarbeidet med lag og organisasjonar og den frivillige rørsla i kommunen. Ein god dialog med næringslivet vil også vere positivt for å bygge felles arenaer for utvikling av kompetanse og eit helsevennleg arbeidsliv.

Rådmannen rår til at Oversikta helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy i 2015 vert teken til vitande.

Konsekvensar for folkehelse: Statusrapporten skal vere eit grunnlag for alle sektorar sitt arbeid med folkehelse, vere med å gje kunnskap om helseforholda i befolkninga og inngå som grunnlag for planlegging etter plan- og bygningslova.

Konsekvensar for beredskap: Statusrapporten har ikkje direkte konsekvensar for beredskapen i kommunen, men eventuelle tiltak som følgje av rapporten vil kunne få konsekvensar for beredskapen.

Konsekvensar for drift: Statusrapporten har ikkje direkte konsekvensar for drifta i kommunen, men eventuelle tiltak som følgje av rapporten vil kunne få konsekvensar for drifta.

Fosnavåg, 30.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Andreas Kvalsund
Folkehelsekoordinator

Sakshandsamar: Andreas Kvalsund



HERØY KOMMUNE



GOD HELSE

Saman om sunne, trygge og
levande lokalsamfunn

Statusrapport:

Oversikt helsetilstand og påverknadsfaktorar i Herøy 2015



01.04.2016 Herøy kommune

Kartlegging og resultat – grunnlag for planstrategi, kommunale planar og sektorane sitt ansvar for folkehelsearbeidet. Folkehelsetiltak både innanfor og utanfor den kommunale organisasjonen.

INNHALDSLISTE

1. Innleiing.....	4
2. Samandrag	5
3. Kva er Herøy kommune sine hovudutfordringar i høve folkehelsa...	14
4. Om statistikkgrunnlag og innhenting av data	16
4.1 Kommunebarometer for Herøy 2015	16
4.2 Kommunehelsa.....	17
4.3 Folkehelseprofil	18
4.4 Folkehelsebarometer for Herøy 2015	18
4.5 Tilrettelegging for god psykisk helse blant barn og unge	19
4.5.1 Arenaer for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet for psykisk helse på ulike alderstrinn	20
5. Bakgrunn og lovgrunnlag	22
5.1 Folkehelseloven.....	22
5.2 Definisjonar	22
5.3 Forankring av kommunen sitt arbeid med "Oversikta etter folkehelselova"	23
6. Helsetilstand og påverknadsfaktorar	25
6.1 Befolkningssamansetting.....	26
6.2 Folketalsutvikling i Herøy kommune	28
6.3 Oppvekst- og levekårstilhøve.....	30
6.4 Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø	35
6.5 Skader og ulykker.....	39
6.6 Helserelatert atferd	41
6.7 Helsetilstand	48
7. Vedlegg.....	54
7.1 Eit utdrag frå Kartleggingsskjema folkehelse for Herøy	54

FOTOOVERSIKT

1. Framsidebilete – Andreas Kvalsund
2. Side 7 – Servicetorget Herøy kommune
3. Side 7 – Andreas Kvalsund
4. Side 9 – Gro Anette Frøystad Voldsund
5. Side 9 – Gro Anette Frøystad Voldsund
6. Side 10 – Andreas Kvalsund
7. Side 13 – Andreas Kvalsund
8. Side 16 – Monica Kvalsund
9. Side 20 – Monica Kvalsund
10. Side 21 - Skuleavdelinga
11. Side 21 – Andreas Kvalsund
12. Side 24 – Andreas Kvalsund
13. Side 26 – Andreas Kvalsund
14. Side 29 – Andreas Kvalsund
15. Side 29 – Reidun Myrvågnes
16. Side 30 – Andreas Kvalsund
17. Side 30 – Servicetorget
18. Side 31 – Hildegunn Størvik
19. Side 34 – Gro Anette Frøystad Voldsund
20. Side 35 – Andreas Kvalsund
21. Side 38 – Andreas Kvalsund
22. Side 43 – Andreas Kvalsund
23. Side 48 - Bergslia Barnehage
24. Side 49 – Andreas Kvalsund
25. Side 53 – Andreas Kvalsund
26. Side 57 – Andreas Kvalsund
27. Side 58 – Gro Anette Frøystad Voldsund
28. Side 60– Gro Anette Frøystad Voldsund
29. Side 60 - Skuleavdelinga
30. Side 63 – Ole Magne Rotevatn
31. Side 64 – Wenche Moltu

Øvrige bilete er henta frå internett

Rapporten er utarbeida av folkehelsekoordinator Andreas Kvalsund i samarbeid med arbeidsgruppa for folkehelse og sektorane.

Noko av rapporten er bygd på mal for oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar utarbeidd av koordinator i samfunnsmedisin Hege Lorentsen, Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinsk Senter (NGLMS)


1. INNLEIING

Herøy kommune er tilliks med alle kommunane i landet, pålagde å utarbeide ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar. Oversikt og informasjon om helsetilstand i kommunen skal vere grunnlag for alle sektorar sitt ansvar for, og arbeid med folkehelsa både på kort og lang sikt.

Kunnskap om helseforholda i befolkninga er ein føresetnad for å kunne ivareta innbyggjarane si helse.

Oversikt over folkehelsa skal inngå som grunnlag for planlegging etter plan- og bygningslova.

Dette er den fyrste skriftlege statusrapporten over helsetilstanden i Herøy etter den nye folkehelselova trådte i kraft 1.januar 2012. Denne rapporten tek føre seg informasjon om helsetilstanden og påverknadsfaktorar for befolkninga i Herøy (sjå figur under, boks 1). Den har også med vurdering av konsekvensar, definerer hovudutfordringane og ressursane i kommunen vår (2) Dette dokumentet er vidare eit grunnlag for avgjerd om planar, tiltak og vidare innsats framover, som vert utarbeidd som eigen handlingsdel for folkehelsearbeidet (3).



Informasjon om helsetilstanden og påverknadsfaktorar som er avgjerande for helsa, skal følgjast jamleg, i tillegg til oppdatert oversikt kvart fjerde år i samband med planstrategi og rullering av kommuneplanen.

I arbeidet med å dokumentere helseutfordringane, har det vore ei utfordring å gjere tilgangen til datamaterialet så lett som råd. Det er mange kjelder til statistikk og data, og det vil bli for stort og omfattande om alt skal inn i ein rapport. Det er elles eit ynskje både frå administrasjonen og politiske utval at rapportar skal vere kortfatta. I utforminga av denne rapporten har vi difor lagt dette til grunn, og fokusert på at den skal vere brukbar, enkel og lettforståeleg. For at statistikken heile tida skal vere mest mogleg oppdatert, har vi difor valt å legge det meste av datagrunnlaget og tilleggskommentasjonen tilgjengeleg på kommunen si heimeside med lenker til nasjonale og regionale data. Dette er under utarbeiding.

I denne rapporten er det lagt mest vekt på lokale data som har utkrystallisert seg gjennom interne arbeidsmøte, dialogmøte og ungdomsundersøkinga Ungdata. Ut frå vår synsstad, meiner vi denne erfaringsbaserte delen (empirien) av helsekartlegginga er svært viktig. - *Noko kan tellast, men noko må forteljast* (Albert Einstein, fritt omsett av Roar Amdam). Alt som kan tellast finn vi i nasjonale statistikkbankar (sjå flytdiagram side 17), og desse er

grunnlag for dei årlege kommunebarometra frå Kommunal rapport og folkehelseprofilane frå Folkehelseinstituttet. Det som kan forteljast kjem fram i lokale dialogmøte.

Gjennom heile prosessen har det vore samarbeid mellom folkehelsekoordinatoren, arbeidsgruppa for folkehelsearbeidet og sektorane i tillegg av møte med kommuneoverlegen. Målet har vore å bruke same "mal" for arbeidet, både undervegs når det gjeld innhenting av opplysningar, i analysearbeidet og i skriftleggjering av arbeidet.

2. SAMANDRAG

Samandraget listar opp nokre hovudtrekk om helsetilstanden i Herøy meldt i ei oppsummering frå sektorane, men meir utfyllande informasjon står i kapittel 6, der også resultata frå dialogmøta og Ungdata vert omtalt spesielt. I tillegg ein del detaljer i vedlegget – kartleggingsskjemaet.

Oppsummering frå ulike sektorar og organisasjonar

Avdeling Barn, Familie og Helse

I avdeling for Barn, Familie og Helse ser ein at kommunen si folkehelse er utfordra av ulike faktorar. Den fysiske og psykiske helsa vår heng saman.

Psykiske vanskar hos barn og vaksne, overvekt og fedme, rusmisbruk og tilrettelegging for våre nye landsmenn er noko av det vi ser kan gi oss utfordringar.

Psykiske utfordringar hos barn og unge opplever helsetenesta ein auke i. Unge vert stilt overfor store krav kring det å vere god nok både fagleg og sosialt. Mange «strekk ikkje til». Fleire kjem i kontakt med hjelpeapparatet pga sine ulike «vondter» som kan skrive seg frå psykiske belastningar, stress, uro og bekymring.

Blant barn og ungdom ser ein mange tilfeller av overvekt/fedme, der ein tenkjer at feil kosthald og inaktivitet er årsaka. I ein samanheng kan ein tenkje at dette har med t.d. uregelmessige forhold i kvardagen heime å gjere og andre utfordringar som t.d. etter samlivsbrot.

Fleire av seksjonane melder at stress kan gi muskel- og skjelettplager som får folk ut av skule og arbeid. Det å kjenne seg sjuk og ikkje vere i arbeid påverkar oss psykisk og sosialt og kan igjen få negative ringverknader for enkeltpersonar og familiar, som også har ansvar for små barn.

Økonomi og nettverk spelar ei stor rolle i fht familiar si fungering, og har innverknad på kva omsorg borna får, og i kva grad familien deltek i samfunnet elles.

Seksjon for psykisk helsearbeid ser at gode eigna bustadar også er viktig for folkehelsa. Personar med psykiske vanskar har ofte problem med å skaffe seg bustad sjølve sidan dei har låge inntekter.



Det å vere meir tilstades i skulen med ei styrka skulehelseteneste ser ein på som viktig. Det er av stor verdi for alle at eit oppegåande tverrfagleg miljø greier å samhandle og syte for tidleg oppdaging og innsats for dei barn og unge som treng det. I denne samheng må ein samhandle og gi dei rette tilboda til heimen og familiane deira så tidleg som mogleg.

Ei utfordring er at aktivitetstilboda ofte er sentraliserte, det er store avstander og ikkje alle kjem seg fram til tilboda utan buss/bil. Busstilboda er ikkje slik alle kan nytte seg av det, og vegane er ofte utrygge å sykle og gå langs.

Helseopplysning og vegleiing for ein endra livsstil og deltaking i positive aktivitetar vil kunne gi færre helseplager for alle generasjonar i åra som kjem. Trass lett tilgjengeleg kunnskap og informasjon om helse og livsstil ser ein at det er behov for å nytte ulik fagkompetanse i arbeid med folk sin livsstil. Ein tverrfagleg omfattande innsats kan vere avgjerande for å spare samfunnet for helseutgifter i framtida som følgje av ein usunn livsstil.

Det må også nemnast at Herøy kommune har mange ressurssterke personar og familiar, som bidreg i samfunnet og er ein ressurs for seg sjølve og andre. Dette er og vil vere ein styrke for folkehelsa i kommunen.

Barn i barnehagealder i Herøy



Mange barn har ikkje besteforeldre eller anna nær familie. Dette gir eit snevert nettverk og lite impulsar. Fleire har berre mor og/eller far som nær relasjon.

Ein ser aukande inaktivitet for barn på fritida deira. Barn sit mykje stille og er opptekne av data, mobil, ipad, og spel på desse mediane.

Psykisk helse, m.a. pga mange skilsmisser og dårleg samarbeid mellom foreldra.

Ein del barn 0-3 år har dårleg søvnmonster. Barnehagane får beskjed om at dei skal sove lite i barnehagetida. Dette er ofte ikkje bra for barna som viser behov for søvn. Foreldre vil heller at barna skal vere trøtte når dei skal legge seg om kvelden.

Overvekt er og ei utfordring ein ser. Kan det vere trøystespising? Spisevegring i familien? Ein ser foreldre med for lite tid til nærver /samspeil med barna. Travle foreldre. Statusjag, egoisme, sjølvrealisering, skal rekke over formykje? Barn blir stressa av dette. Det verkar vere aukande dette med astma/ allergi/ atopisk eksem. Miljøproblem?

I Herøy har vi mange minoritetsspråklege barn/ familiar. Vi greier ikkje hjelpe barna godt nok til ei god språkleg og sosial utvikling. Ein treng betre «mottakssystem». Det er ikkje nok for mange av barna å få plass i barnehage. Dei treng eit systematisk godt tilrettelagt opplegg for å sikre god språk/omgrepslæring. Dette krev ressursar og kompetanse.

Ein ser og barn som vert stressa og får vanskar med å roe seg av for mykje forskjellige aktivitetar på fritida. Er det foreldra som ser på dette som noko som gir status? Dårleg økonomi hos enkelte fører til at barn som verkeleg treng å gå i barnehage, misser barnehageplassen pga manglande betaling.

Bulyst

Folkehelse er meir enn å halde seg i aktivitet. Det er psykisk og fysisk velvære. Det er bevegelse, men også trivsel, trygghet, forståing og det å bli sett.

Vi ser at det er behov for tiltak som skaper trivsel og aktivitet. Det er også behov for samlingar der det vert gitt tydeleg og forståeleg informasjon til nye grupper. Eksempelvis kan idrettslag, frivilligsentral, store bedrifter, bibliotek invitere til årlege samlingar der det vert gitt informasjon på ein lett forståeleg måte. Dette vil bidra til at nye blir sett, får auka forståing, kjenner på større trygghet ved å vite meir, og det kan føre til at dei nye blir aktivisert. Dugnad er noko som særleg må lærast om, då dette i stor grad er eit norsk omgrep. Det å delta på dugnad kan vere ein faktor i betre livskvalitet og betre folkehelse.



Ein vil også presisere at ulike kulturar ser svært ulikt på dette med aktivitet. I eit fleirkulturelt samfunn som vi no er, er det nødvendig at vi tileignar oss kunnskap om ulike kulturar og deira måte å vere aktive på. Det kan hjelpe oss til lettare å få dei nye med på aktivitetar vi har, og det vil hjelpe oss til betre å legge til rette for aktivitetar som dei vil vere ein del av.

Døme: Korger i ballbingane slik dei kan nyttast til basketball også, basketbane ved kulturhuset og skikkeleg tennisbane er nokre tiltak vi veit er aktuelle for denne gruppa



Vi ser at mange av innvandrarane som kjem hit, er svært glade i naturen vår, og at dei m.a. brukar turløypa på Heid aktivt. Dette gjer at vi vil anbefale meir tilrettelegging av turvegar/ turstiar.

Motivasjon og tilhøyrslø er noko som er nødvendig for å vere delaktige i både samfunn og aktivitetar.

Skuleavdelinga

Mellom skuleelevane i Herøy er det 4 områder som klårt merkar seg ut i forhold til negativ påverknad på elevane si helse.

Desse problemområda er:

- Lite fysisk aktivitet grunna stillesitjande aktivitetar.
- Mykje tid vert nytta på skjerm til spel og sosial media.
- Mobbing, der meir og meir av mobbeproblematikken har bevega seg inn i det skjulte på nett og mobil.
- Dårlig kosthald og problematikk i forhold til overvekt og konsentrasjonsvanskar for ungar i alle aldrar.

Desse 4 problemområda heng på mange måtar saman og danner ein årssakssamanheng som fører til fysisk og psykisk u-helse hos barn og unge i kommunen vår. Dersom vi skal greie å motverke desse risikofaktorane må alle etatar, både offentlege og frivillige, som arbeider med barn og unge, ha dette som fokus i sitt arbeide, og samarbeide tett.

Herøy kommune er ein kommune som kvart år tek imot nye innbyggjarar med utanlands bakgrunn, anten som arbeidsinnvandrarar eller flyktningar. Denne gruppa er i ein særleg sårbar situasjon i forhold til å forstå korleis vårt samfunn og våre helse- og støttetenester fungerer. Språk er ofte ein barriere og feilkjelde som kan gjere at helseoppfølging av barn med minoritetsspråkleg bakgrunn er vanskeleg.



Internasjonal skule for innvandrarar og flyktningar mm

Elevane på Internasjonal skule kan i hovudsak delast inn i tre kategoriar. Ca 70% er arbeidsinnvandrarar, ca 20 % er gifte med nordmenn og ca 10 % er flyktningar. Alle er over 16 år; dei fleste i 20-30-åra.

Når det gjeld folkehelse, har desse gruppene problem på forskjellige område.

Svært mange av arbeidsinnvandrane er skiftarbeidarar; noko som gjer det vanskeleg å delta på organiserte fritidsaktivitetar og bli meir integrerte.

Røyking er ei stor utfordring når det gjeld arbeidsinnvandrarar frå Aust-Europa. Både arbeidsplassar og skule bør informere meir om skadar som røyking kan medføre.



Det burde også vere obligatorisk for alle innvandrarar som bur i Noreg, å lære norsk. Arbeidsgivarane bør legge til rette for at innvandrarane kan få norskopplæring.

Mange av flyktningane slit med traumer etter flukta. Sjølv om dei får informasjon om normale reaksjonar ved det å vere flyktning, kan dei ikkje få nok tid til samtale. Dei treng tett oppfølging og gjerne samtale med psykolog før det går for lang tid. Vi bør vere meir obs på at fleire kan trenge psykologhjelp. Einsemd pga lite nettverk og liten eller inga familie i landet, er også eit problem for enkelte. Kommunen må bruke meir ressursar for å fylgje opp den enkelte flyktning.

Eit anna helseproblem blant mange flyktningar er høgt sukkerforbruk. Det fører ofte til diabetes. Det er viktig at dei får god informasjon om mat og helse.

Pleie og omsorg

Prioritert rekkefølge når det gjeld særlege utfordringar:

1. Tilfredsstillande dekning av fagpersonale med rett kompetanse.
2. Organisering og god logistikk for å møte samhandlingsreforma sin kompleksitet. Dette inneber også bruk av ny teknologi.
3. Stort behov for nytt omsorgssenter med funksjonalitetar også for heimebuande.
4. Forventningsgap mellom folk sine forventningar og ressursar i personalgruppa.



Bu- og habiliteringsavdelinga som har teneste til utviklingshemma og andre med behov for særskilt tilrettelegging



Arbeid og aktivitetstilbod for brukargrupper som fell utanfor arbeidslivet er noko av det viktigaste vi kan peike på, som vi kan sjå/oppleve har betydning for livskvalitet og folkehelse. Det å ha noko meningsfullt å bruke kvardagen på, verkar som sjølve nøkkelen til trivsel og velferd. Det må vere ei viktig målsetting å ta denne problematikken på alvor.

I tillegg til arbeid/meiningsfull aktivitet, vil vi peike på vanskaner med å kunne kome seg dit ein vil /treng /ynskar seg. For mange vert manglande transport, hemmande for opplevinga av fridom. Tiltak her må avbøte på denne utfordringa. Særskilt viktig i distrikt med mindre tilgang til offentlig transport.

Å arbeide for å unngå einsamheit og isolering på fritida, med tilrettelegging av aktivitetar og deltaking i sosiale arenaer, er viktige utfordringar. Det å vere i eit fellesskap med andre er ofte livsnødvendig medisin.



Kulturavdelinga

Kommunen har ei utfordring i å auke deltakinga frå innvandrar og flyktningar i kulturlivet, samt i lag og organisasjonar. Dette kan gjerast gjennom betre informasjon til, og kommunikasjon med målgruppene, og erfaringsutveksling med andre kommunar.

I høve til rehabilitering og modernisering av kulturhuset, er det behov for betre tilrettelegging for faste og midlertidige aktivitetar, samt vidareføring av kommunale investeringar knytt til utskifting av diverse materiell.



Det er behov for auka kjennskap til, og meir kunnskap om kvifor det er viktig å ta vare på kulturminner. Dette kan ma gjerast gjennom informasjonsarbeid og utarbeiding av lokal kulturminneplan.

I høve til førebyggjande aktivitetar og andre folkehelseiltak, er det registrert aukande behov for turløyper og organisert og uorganisert aktivitet i nærleiken av der folk bur, aukande kunnskap om kosthald og vidareføring av kommunale tilskotsordningar til skilting og merking av turstiar.

Det er dei seinare åra registrert nedgang i kulturaktivitetar for barn og unge. Gjennom betre tilrettelegging for aktivitetar der samspel og gruppeaktivitetar har fokus, vil ein prøve å snu denne trenden. Korps og band har særleg behov for tilrettelegging.

Ungdomsråd

Herøy ungdomsråd melder om behov for fleire tilrettelagde møteplassar der ein kan drive workshop og lære å lage sunn og god mat. I høve til offentlege grøntareal, td parkar, kan det murast opp grillar, settast opp volleyballnett og settast ut bord og benkar.



Busstilboda er eit kjent dilemma blant ungdom og eit stort problem. "Heim for ein 50-lapp" er eit veldig godt tiltak, men ordninga skulle vore utvida med fleire faste tidspunkt, særleg på kvelden.

Ungdomen i Indre Herøy har behov for fleire fritidstilbod. Kan betre busstilbod til og frå utkantane i ordninga "Heim for ein 50-lapp" gje opning for deltaking i ulike ungdomsaktivitetar på kveldstid fleire plassar i kommunen?

Ungdomsrådet ynskjer å slå eit slag for sunn mat i kinokiosken, til dømes frukt og salat.


Ungdom veit ikkje kva dei skal gjere om det skjer ei ulykke. Det bør innførast obligatorisk opplæring i skulen.

Mange unge slit med den psykiske helsa gjennom vanskar i kvardagen, skulepress, stress og depresjon. Behov for meir informasjon om mental helse og omsorg, og obligatoriske ordningar om møte med helsesøster på kvart trinn i ungdomsskulen.

Det er mykje snusbruk i ungdomsskule og vidaregåande, og mange opplever gruppepress som fører til at fleire byrjar å snuse sjølv om dei ikkje vil. Skulane og lærarane må ha meir fokus på problemet og innføre ei form for straff då det er 18-årsgrense for å snuse.

Utviklingsavdelinga

Utviklingsavdelinga påverkar folkehelsa i svært mange av dei sakene som vert handsama, og saker og utfordringar er ofte felles for plan og byggesak, men på forskjellige nivå. Sakene som vert handsama er alt frå avfallsdeponi(forureining) til einestadar. Plan- og bygningslova og Teknisk forskrift har i seg det meste av krav for å legge til rette for at dei einskilde innbyggjarane skal få gode vilkår for god helse. Avdelinga sine ansvarsområde er derfor i stor grad styrt av det som står i desse dokumenta, (og mange fleire).



Folkehelseiltak og universell utforming kan opplevast som fordyrande ledd for tiltakshavar. Krava som kommunen stiller i høve til universell utforming, er med å gjere bygg og anlegg meir tilgjengelege for alle, td med livsløpstandard. Dette inneberer at folk kan bu i sine heimar i fleire år enn om husa ikkje var universelt utforma. Det å klare seg lenger i eigen heim, vil truleg vere bra for folkehelsa til den einskulde. Kommunen må arbeide med å synleggjere at bygg med universelt utforma standard vil gje prosjekt betre kvalitet og ikkje nødvendigvis vere fordyrande i eit langsiktig perspektiv.

Kommunen har utfordringar med manglande respekt for LNF og strandsona. Det vert gjeve mange dispensasjonar til grunneigarar som vil bygge og utvikle sin eigen eigedom. Mange spreidde dispensasjonar i LNF og strandsona vil på sikt utfordre tilgjengelegheita og gradvis privatisere områda. Det er liten politisk vilje til å ta omsyn til LNF verdiane som kommunen skal verne for ålmenta. Strandsona som er særleg attraktiv i Herøy, er ein «ikkje fornybar» ressurs som må vernast om. Kommunen må bidra til å auke bevisstheita til at det ikkje er kurant å bygge i strandsona. Der skal ein ta omsyn til svært mange faktorar og det må leggjast til rette for at ålmenta skal kunne ferdast fritt i dei fleste delar av strandsona.

Kommunen må vere tydeleg og god til å inkludere alle, særleg dei svake gruppene, i reguleringsplanprosessar.

Tannhelsetenesta



Tannpleiarane viser til deltaking i 8mndsgruppe på helsestasjonane der dei opplever stor variasjon på kor mange som møter. Dei ser det som svært viktig å få ut info til foreldre så tidlega som muleg. Dei viser til godt samarbeid med helsestasjonane gjennom ein forpliktande samarbeidsavtale med årlege møter.

Gjennom årlege samarbeidsmøter med leiarane i barnehagane, vert det sett fokus på stell av tenner, dagleg kosthald og bursdagsfeiringar. Sporadiske besøk i barnehagane etter ynskje. Alle barnehageborn får utdelt brosjyra "Kosthald, tannhelse og fysisk aktivitet".

I høve til barnehage, skule og vidaregåande, så er det registrert meir Karies i Herøy enn gjennomsnittet i regionen.

Tannpleiarane gjev undervisning til elevar i vidaregåande skule, helse og sosialfag. Ulike viktige tema for desse som skal jobbe med å stelle andre i framtida. Viser til godt samarbeid med vidaregåande skule.

Tannpleiarane er elles innom framandspråklege / innvandrarar gjennom introduksjonsprogram med info om tannstell og offentlege tilbod, alders og sjukeheimane i høve til dagleg reingjering av tenner og munnhule, open pleie med informasjon gjennom brosjyra " God tannhelse heile livet" og årlege samarbeidsmøter med pleie og omsorgsavd..

Lag og organisasjonar

Dei fleste bygder i kommunen har eige grendelag. Dei arrangerer ulike aktivitetar for barn og vaksne, gjer ulike tiltak i bygda som gapahukar, leikeplassar, ballbinge, turløyper, turstimerking, julegrantenning, bygdafestar, m.v. Dei melder om variert oppmøte i høve til dugnadar, arrangement og interesser for å vere med. Ein viktig faktor for å vere med å skape, er økonomisk bistand frå næringsliv, bankar, fylke og kommune.



Herøy har svært mange aktive kor med øvingar kvar veke. Dei arrangerer konsertar, deltek på stevner og festivalar, stiller opp i høve førespurnader og har tradisjonar for å synge på institusjonar. For fleire er rekruttering og økonomi store utfordringar.

Herøy har vore ei stor korpskommune med skulekorps i nesten alle bygder i tillegg av 2 svært aktive amatørkorps. I dei seinare åra har rekrutteringa svinga for mange av skulekorpsa, men etter at det har vorte teke grep, er fleire no på veg tilbake til "normalen".

Når skulekorpsa slit med rekrutteringa, så merkar ein det etter kvart også i vaksnekorpsa. Korpsa arrangerer konsertar, tek på seg speleoppdrag, arrangerer årlege større konsertar, gjerne saman med profesjonelle og besøker sjukeheimane. Utfordringane er jamn rekruttering, tilfredsstillande øvingslokale, og økonomi for å få balanse i dei ulike arrangement og drift. Viktige bidragsytarar er næringslivet og kommunen.



Idrettslaga i kommunen er svært aktive. Dei driv aktivitetar innan handball, fotball, friidrett, badminton, trim- og mosjonsaktivitetar, m.v. Dei fleste har bygt sine anlegg med bistand frå

næringsliv, fylke og kommune. Alle slit med rekruttering etter 12-13 årsalderen. Ei stor utfordring er hallkapasiteten både for eksisterande idrettar og event. etablering av nye idrettar som basketball, volleyball og mosjonsaktivitetar. Idrettslaga er heilt avhengig av næringslivet, idrettsmidlar, fylke og kommunen for å få økonomien i balanse.

Herøy har fått etablert senioruniversitet, ein landsomfattande organisasjon for dei over 60 år. Dei arrangerer temasamlingar innan aksjesparing, arveoppgjer, skatt og ulik kursing, og foredrag, bokkafé og har eige årsmøte. Utfordringar er rekruttering, og vekke interesse for dei ulike tilboda.

I kommunen er det mange interesseorganisasjonar som sanitetslag, lunge / hjarteorganisasjon, pensjonistlag, historielag, helselag, ideelle organisasjonar og fleire interesseorganisasjonar både for barn, ungdom og vaksne. Dei fleste slit med rekruttering, og dei seinare åra har mange lagt ned drifta. For mange er manglande interesse og trong økonomi ei stor utfordring.

Totalt sett må ein seie at frivillige lag og organisasjonar er drivkrefter i mange lokalsamfunn. Forsking viser at deltaking i frivillige organisasjonar er med på å styrke personar si eigen meistring og sosiale støtte. Frivillige organisasjonar er ein stad for utvikling og styrking av menneskelege relasjonar. Det gjev tilhøyrsløse, innflytelse, livskvalitet, og kan bidra til å styrke ferdigheiter og meistring. Derfor er frivillige lag og organisasjonar ein viktig aktør i folkehelsearbeidet i alle kommunar og ein viktig faktor for å oppnå god helse hos den enkelte.

Ungdataundersøking

I februar 2014 hadde Herøy UngData-undersøking mellom elevane i ungdomstrinnet og 1. året i vidaregåande skule. 85 % av elevane deltok. Elevane svarte på spørsmål innan m.a. skule, trivsel, arbeidspress, mobbing, nærmiljø, oppvekst, røyking, snus, alkohol, rusmidlar, foreldre, status, fritid, tilhøyrsløse, fysisk aktivitet, depressivt stemningsleie, einsamheit, medier og forventningar.

NOVA, KoRus Midt-Norge og Conexus som var ansvarlege for undersøkinga saman med kommunen, har oppsummert undersøkinga slik:

- ungdomane i Herøy er aktive og veltilpassande
- dei fleste trivast på skulen og har gode relasjonar til sine foreldre
- 6% av elevane på ungdomstrinnet oppgjev at dei vert mobba kvar veke
- betydeleg fleire jenter enn gutar oppgjev at dei opplever psykiske plager.
- lite aktiv trening på fritida i vidaregåande skule – berre ca 14% i VG1.
- lite fysisk aktivitet i ungdomsåra kan gjere ungdomane dårleg "skikka" når dei kjem ut i arbeidslivet
- ungdomane ynskjer seg eit breiare idretts- / aktivitetstilbod i kommunen for å finne sin aktivitet



Tilsyn vedk. folkehelsearbeidet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte tilsyn med kommunen sitt arbeid med folkehelsa i perioda 27.10.14 – 12.01.15. Fylkesmannen oppsummerer slik:


Tilsynet var ein del av det landsomfattande tilsynet med folkehelsearbeidet i kommunane som fylkesmannen gjer hausten 2014 etter oppdrag frå Statens helsetilsyn.

Tema for tilsynet var kommunen sitt arbeid med løpande oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorane som kan virke inn på denne.

Målsetjinga for tilsynet var å sjå etter at kommunar som ikkje hadde sett i gong systematisk, løpande oversiktsarbeid, kjem i gong med dette.

Fylkesmannen fekk i tillegg i oppdrag å kartlegge det løpande oversiktsarbeidet i kommunar der arbeidet var kome i gong, og ut frå denne kartlegginga gje kommunen ei rettleiande vurdering av status for arbeidet.

Fylkesmannen sin konklusjon var: Det var ikkje påvist avvik under tilsynet.



3. Kva er Herøy kommune sine hovudutfordringar i høve folkehelsa

Ut frå samandrag etter kartlegging og oppsummering, ungdomsundersøkinga UngData, statistiske data og sektorane og organisasjonane sine innspel, syner status fylgjande hovudutfordringar:

- Spesielt unge jenter slit med den psykiske helsa.
- Andelen elevar i 8.kl som driv fysisk aktivitet, er sterkt minkande fram mot vidaregåande skule.
- Gode oppvekstkår, trygge lokalsamfunn og gode levevanar, er viktig satsing for folkehelsa.
- Enkeltfaktorar som lite fysisk aktive, røyking, snus, psykiske plagar og overvekt har relativt stor påverknad på folkehelsa.

Kva bør vi ha fokus på framover?

For å styrke førebygging og minske behandling på lengre sikt, bør kommunen ha tidleg innsats mot barn og unge som innsatsområde, og med fylgjande satsing:

- Tverrfagleg samarbeid, tidleg innsats og låg terskel for å førebygge mobbing, psykisk helse og rus.
- Tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats for å førebygge overvekt og inaktivitet.
- Samarbeide meir tverrfagleg, og med lag og organisasjonar om "Sunne kantiner" i skular mv, og "Sunne salsarenaer" i fritidsarenaene for barn og unge.
- Samarbeide med lag og organisasjonar for bygging av aktuelle arenaer som fremmar folkehelsa.



Fokus i samfunnet forøvrig:

- Eit helsevennleg arbeidsliv.
- Sosiale møteplassar. Sosial støtte fremjar helse og verkar beskyttande mot ulike belastningar.
- Bygge samfunn som fremmar aktiv, trygg og frisk alderdom.
- Auke informasjonen ut i samfunnet frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene.
- Halde dialogmøte, temamøter for å belyse positive- og negative påverknadsfaktorar, og leite fram gode tiltak for å møte desse utfordringane.
- Inkludering og deltaking i frivillige organisasjonar fremmar helse.



4. Om statistikkgrunnlag og innhenting av data

4.1 KOMMUNEBAROMETER FOR HERØY 2015

Kommunebarometeret er ei samanlikning av kommunane i landet, basert på til saman 127 nøkkeltal innan 13 ulike område. Hensikta er å gi avgjerdstakarar – særleg folkevalde i kommunestyret – ei lettfatteleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen driv. Barometeret skal vise det store bildet, og erstattar ikkje grundige og kostbare utredningar om den einskilde sektor. Men det kan vise kommunen kva område eller sektorar det er viktig å sjå nærare på.

Det er ikkje plass til å gå nærare inn på kommunebarometeret i denne rapporten, men den vert teke med som ei stadfesting på at Herøy ligg om lag mitt på treet samanlikna med andre kommunar i landet. Og det kan gi oss ein peikepinn på område som vi kanskje kan finne igjen i Folkehelsebarometeret (side 19).

Herøy er på 167. plass av dei totalt 428 kommunane i landet, og er om lag midt på treet blant kommunane i Møre og Romsdal.

Klipp frå Kommunal rapport:


Rang	Kommune	Fylke	Gruppe	Gruppe innb	GSK	PO	BV	BH	HE	ØK
195	Herøy	Møre og Romsdal	G08	5.000-9.999	216	241	217	288	314	371

Tabellen over viser fylke, kommunegruppe, storleik, plassering totalt og plassering innan grunnskole (GSK), eldreomsorg (PO), barnevern (BV), barnehage (BH), helse (HE) og økonomi (ØK). Dette er dei seks viktigaste av dei 13 kategoriane i målinga, og utgjer til saman 77,5 % av det totale barometeret.

Tala bak kommunebarometeret er henta frå Statistisk sentralbyrås Kostra-database, førebels tal for 2014, Utdanningsdirektoratet, Helsedirektoratet, Grunnskolenes informasjonssystem, Folkehelseinstituttets kommunedatabase og Kommuneproposisjonen 2014. I all hovudsak er det 2014-tall som er nytta, men i nokre tilfelle vert ikkje data for 2014 publisert før til hausten. I dei tilfella er det nytta 2013-tal.



4.2 KOMMUNEHELSEA



Flytdiagrammet viser hvordan data hentes fra ulike kilder og tilrettelegges for publisering i Kommunehelsa statistikkbank. Denne brukes så som kilde for folkehelseprofiler for kommuner og fylker.

Statistikkbanken Kommunehelsa dekkjer eit stort utval emne som er valt ut med tanke på folkehelsearbeidet i kommunane. For mange emne vert statistikk vist som eit gjennomsnitt for fleire år. Dette vert gjort for at grunnlaget skal bli godt nok også for små kommunar.

Tilgang til dei ulike statistikkbankane (sentrale helseregister, statistisk sentralbyrå, regionale statistikkar) finn du på nettet. Når rapporten er ferdigbehandla politisk, vil den vere å finne på: www.heroy.kommune.no/

Folkehelseprofilane er bygt opp som ein fire sider rapport med ei rekkje utsegn på første side, informasjon om eit valt tema på midtsidene og folkehelsebarometeret på side fire. Profilane inneheld nøkkeltal knytt til befolkning, levkår, miljø, skule, levevanar, helse og sjukdom. Tema er valt ut frå eit førebyggingspotensial og kjende folkehelseutfordringar, men innhaldet i kvart einskild temaområde vil også vere eit resultat av kva som er tilgjengeleg statistikk på kommunenivå.

4.3 FOLKEHELSEPROFIL

Folkehelseprofilen er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverker denne, jamfør lov om folkehelsearbeid. Statistikken er frå siste tilgjengelige periode per oktober 2015.

Temaområda som er nemnde under, er valte med tanke på mulegheitene for helsefremjande og førebyggjande arbeid. Indikatorane tek høgde for alders- og kjønnsamansettinga i kommunen, men all statistikk må også tolkast i lys av kunnskap om lokale forhold.

Temaområde i folkehelseprofilen: Befolkning, levekår, miljø, skule, levevaner, helse og sjukdom.

Her er nemnt nokre viktige punkt frå den årleg tilsendte Folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet:


1. Herøy kommune har ein befolkningsvekst på 1% siste året.
2. Andel av befolkninga over 80 år er aukande.
3. Høg inntekt. Lavt utdanningsnivå.
4. Aukande arbeidsledigheit.
5. Andelen barn av einslege forsørgjarar er lavare ein i landet forøvrig.
6. Herøy har god drikkevannsforsyning
7. Elevane trivst på skulen.
8. Mobbing på ungdomsskulen, ca 7%, er om lag som landet forøvrig.
9. Meistringsnivået i 5. kl. i høve til lesing er lågare enn landet forøvrig.
10. Fråfall i vidaregåande, ca 20%, er lågare enn i landet forøvrig.
11. Kvinner som røyker utgjer ca 14%, som landsgjennomsnittet.
12. Overvekt høgare enn landet forøvrig. Spesielt mellom fiskarar og offshorearbeidarar. Kan m.a. vere ustabile levevanar.
13. Personar med psykiske lidningar ligg litt lågare enn i landet forøvrig.
14. Muskell- og skjelettplager er noko høgare enn i landet forøvrig.
15. Hjarte- og karsjukdomar ligg noko høgare enn i landet forøvrig.
16. Lungekreft – nye tilfelle er aukande i høve til landet forøvrig.

4.4 FOLKEHELSEBAROMETER FOR HERØY 2015

I oversikta nedanfor vert nøkkeltall i kommunen, fylket og med landet forøvrig, samanlikna. I figuren og i tal-kolonnene vert det teke omsyn til at kommunar og fylker kan ha ulik alders- og kjønnsamansetning samanlikna med landet. Statistikk utan alders- og kjønnsstandardisering finnes i Kommune helsa statistikkbank, khs.fhi.no. Forskjellen mellom kommunen og landet er testa for statistisk signifikans (ikkje tilfeldig). Sjå www.fhi.no/folkehelseprofiler

Ein «grøn» verdi betyr at kommunen ligg bedre an enn landet som heilheit, likevel kan det innebære ei viktig folkehelseutfordring for kommunen då landsnivået ikkje nødvendigvis representerer eit ynskja nivå. For å få ei meir heilheitleg oversikt over utviklinga i kommunen, kan du lage diagrammer i Kommune helsa statistikkbank.

Les meir på <http://www.fhi.no/helsestatistikk/folkehelseprofiler/finn-profil>.



4.5 TILRETTELEGGING FOR GOD PSYKISK HELSE BLANT BARN OG UNGE

Når barn og unge opplever tryggleik, og har ei kjensle av å høyre til og trivast i lokalmiljøet, legg det eit godt grunnlag for god psykisk helse gjennom heile livet. Kommunane legg premissane for utviklinga av lokalsamfunnet, og kan på den måten påverke barn og unge si psykiske helse ved å stimulere til utvikling av gode lokalsamfunn.

Familie og nære vener er viktige personar for barn og unge i alle aldrar. I løpet av oppveksten blir også personar og relasjonar utanfor familien viktige. Kommunen har verkemiddel for å skape gode rammer for barn og unge når dei utvidar sine sosiale omgivnader.

Lokalsamfunnet, kommunen og fylkeskommunen kan påverke mange av dei arenaene der barn og unge deltek. Det helsefremjande og førebyggjande arbeidet blir best dersom kommunen ser tiltak i eit livsløpsperspektiv, og der ulike aktørar trekkjer i same retning,

4.5.1 ARENAER FOR DET HELSEFREMJANDE OG FØREBYGGJANDE ARBEIDET FOR PSYKISK HELSE PÅ ULIKE ALDERSTRINN

0-3 år: Helsestasjonen og barnehagen er viktige for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet. I tillegg er mange barn og foreldre ein del av uorganiserte nettverk.

3-6 år: Barnehagen og uorganisert leik og aktivitet i nabolag og på leikeplassar er viktig. Mange begynner òg med organiserte fritidsaktivitetar i denne alderen.

6-16 år: Barna utvidar omgangskretsen sin, og det blir meir vanleg å delta i organiserte fritidsaktivitetar. Barna brukar mykje tid både på skulen og i skulefritidsordninga (SFO). I tillegg er skulehelsetenesta og den pedagogisk-psykologiske tenesta viktige i det førebyggjande arbeidet.

16-19 år: Dei fleste går på vidaregåande skule. I tillegg utviklar mange eit sjølvstendig forhold til organiserte og uorganiserte aktivitetar. Nokre unge kjem òg i kontakt med arbeidslivet i denne perioden.



Nabolag og fritidsaktivitetar : Det å vekse opp i nabolag og lokalsamfunn prega av fellesskap, sosial samhandling og organisasjonsaktivitet, fremjar psykisk helse blant barn og unge. For sårbare grupper som har mindre nettverk utanfor heimen, er det særleg viktig å kjenne at ein høyrer til i nabolaget. Dette kan for eksempel gjelde flyktningar, innvandrarar, åleineforeldre og dei som står utanfor skule og arbeidsliv.



Kommunen kan leggje til rette for sosiale møteplassar, leikeplassar og «grøne område» i nærleiken av der folk bur, og kan slik bidra til gode nabolag og eit godt oppvekstmiljø. Utbetring av bustader og bustadstrøk kan auke stabiliteten og trivselen i nabolaget, noko som også er med på å trekkje lokalsamfunn i ei helsefremjande retning.

Å delta i organiserte fritidsaktivitetar som idrettslag, musikkorps og andre frivillige organisasjonar kan verke positivt inn på utviklinga og den psykiske helsa til barn. Aktivitetane gjer det mogleg for barn og unge å samhandle med støttande vaksne, etablere venskap med jamaldrande, gjere ein innsats mot felles mål og oppleve kjensla av meistring.

Tidleg innsats i barnehage og helsestasjon.

I dag går 97 prosent av 3-5-åringane i barnehagen. Barnehagen har ein gunstig effekt på den språklege og sosiale utviklinga til barn. Særleg for barn frå familiar med låg sosioøkonomisk status og innvandrarbakgrunn, er barnehagen viktig. Barnehagen kan dermed vere ein viktig arena for å utjamne sosiale helseforskjellar. Kvaliteten på barnehagar er vesentleg.



Å setje inn hjelpetiltak tidleg gir betre moglegheit for å førebyggje seinare psykiske vanskar og uheldig utvikling. Barnehagar og helsestasjonar er òg viktige for å rettleie foreldre og eventuelt vise familien vidare til andre hjelpetilbod. Barselgrupper kan gi nybakte mødrer eit nettverk som har betydning både for mødrene og barna i ein viktig fase i livet. Helsestyresmaktene tilrår kommunane å samordne tenester som er retta mot barn og unge. Modellen «Familiens hus» er ein måte å organisere ei slik familieteneste på. Tenester som ofte inngår i «Familiens hus» er skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom, barnevern og den pedagogisk-psykologiske tenesta.

Skulen er viktig for den faglege og sosiale utviklinga. Trivsel på skulen er ein av fleire faktorar som verkar inn på elevane sin motivasjon for å lære. I tillegg er trivsel viktig for at barn og unge skal kunne meistre utfordringar i skulekvardagen. Det å oppleve meistring styrkjer sjølvtrivsel og den psykiske helsa til barn.

Ein høg prosentdel av 10.-klassingane seier at dei trivst godt eller svært godt på skulen syner tala i Ungdataundersøkinga. Eit belastande eller stressande skulemiljø aukar risikoen for psykiske helseproblem. Mobbing, faglege vanskar, negative forhold til lærarar og manglande støtte frå elevar og vaksne, gir auka risiko for skulefråvær og psykiske helseplager.



Ca 6 % av elevane seier at dei føler seg mobba på skulen. Når ein vurderer tala, må ein vere merksam på at tala for trivsel og mobbing kan skjule stor variasjon mellom ulike skular i kommunen. Skulen kan bidra til å fremje den psykiske helsa til elevane gjennom å byggje opp eit støttande sosialt miljø, og tidleg fange opp elevar som har faglege vanskar. Samarbeid med foreldre er òg viktig. I tillegg finst det ulike skuleprogram som har vist gode resultat, mellom anna gjennom å auke elevane sin kunnskap om psykisk helse, heve den sosiale meistringsfølelsen, styrkje dei sosiale ferdigheitene og førebyggje mobbing.

Fråfall i den **vidaregåande skulen** er eit omfattande problem over heile landet. I Herøy fråfall ca 20% av elevane. Blant elevar frå familiar med lågt utdanningsnivå er andelen som fell frå høgare enn blant elevar frå familiar med høgt utdanningsnivå. Fråfall reduserer moglegheitene i arbeidsmarknaden, aukar risikoen for uføretrygd, dårlegare levkår og redusert helse. Både norsk og internasjonal forskning viser ein samanheng mellom psykisk helse og fråfall i den vidaregåande skulen. Spesielt kan åtferdsvanskar i barndomen føre til dårlegare skuleprestasjonar, som igjen gir auka risiko for fråfall.



Tiltak som styrkjer barn og unge som slit med faglege og sosiale vanskar, vil vere effektive når det gjeld å førebyggje fråfall. Det førebyggjande arbeidet må starte tidleg og omfatte alle fasar i utdanningsløpet. Aktuelle tiltak i kommunen er å satse på å styrke språk og sosiale ferdigheiter i barnehagane. Vidare er det viktig at skulen satsar på god språkopplæring til alle, og set i verk spesielle tiltak for elevar som har lesevanskar og andre læringsvanskar. Også tiltak som styrkjer det sosiale miljøet på skulen er viktige for å hindre fråfall.

Fråfallet i den vidaregåande skulen er størst blant elevar på yrkesfaga. Tiltak som fleksible opplæringsløp og meir praksis for elevar som strevar med teoretiske fag, tett oppfølging og rettleiing og samarbeid mellom skule og arbeidsliv, har vist gode resultat.

5. BAKGRUNN OG LOVGRUNNLAG

5.1 FOLKEHELSELOVEN


§5. *Oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar i kommunen.*

Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstanden i befolkninga og de positive og negative faktorer som kan virke inn på denne. Oversikten skal blant annet baseres på:

- a) opplysninger som statlege helsemyndigheter og fylkeskommunen gjør tilgjengeleg etter §§ 20 og 25*
- b) kunnskap fra de kommunale helse- omsorgstjenestene, jf. helse- og omsorgstjenesteloven § 3-3 og*
- c) kunnskap om faktorer og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innvirkning på befolkningens helse.*

Oversikten skal vere skriftlig og identifisere folkehelseutfordringene i kommunen, herunder vurdere konsekvenser og årsaksforhold. Kommunen skal særleg være oppmerksom på trekk ved utviklingen som kan skape eller opprettholde sosiale eller helsemessige problemer eller sosiale helseforskjeller.

Folkehelseloven §6 seier at oversikta etter §5 skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunen sin planstrategi etter plan- og bygningslov. Oversikta vil også kunne peike ut sektorane sitt ansvar for folkehelsearbeidet.



Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar

Oversikt og informasjon om helsetilstanden i kommunen skal vere grunnlag for alle sektorar sitt ansvar for og arbeid med folkehelsa både på kort og lang sikt.

Kunnskap om helseforholda i befolkninga er ein føresetnad for å kunne ivareta innbyggjarane si helse.

5.2 DEFINISJONAR

- **Folkehelse:** helsetilstanden og korleis helsa er fordelt i befolkninga
- **Folkehelsearbeid:** samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremje helse og trivsel i befolkninga, førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, eller som beskyttar mot helsetruslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa
- **God helse:** å ha overskot til å meistre kvardagens krav

- **Førebyggjande arbeid** er tiltak som skal redusere sjukdom, skade og for tidleg død, og vert delt i tre område:
 - a) *Universell førebygging* - rettar seg mot heile folkegrupper. Hindre at friske menneskje utviklar sjukdom (- primærførebygging)
 - a) *Selektiv førebygging* - rettar seg mot definerte risikogrupper. Tek sikte på å identifisere risikofaktorar og å hindre at problem får utvikle seg vidare (- sekundærførebygging)
 - b) *Indikativ førebygging* (individretta førebygging) - rettar seg mot personar som allereie har utvikla vanskar. Gi hjelp for å leve best mogleg med dei avgrensingar vanskane gir og å hindre forverring(tertiærførebygging).
Både universell og selektiv førebygging er folkehelsearbeid, medan indikativ førebygging vert å definere som behandling og fell utanfor folkehelsearbeidet (regjeringen.no).
I forhold til førebyggjande arbeid knytt til depresjon, vert omgrepet også nytta.
- c) *Indisert førebygging* - individretta førebyggjande arbeid ved depresjon. Det gjeld i all hovudsak tiltak i gråsona mellom primærførebygging og sekundærførebygging, for å motvirke at folk som alt viser teikn på den psykiske lidinga skal utvikle ein manifest, klinisk sjukdom.
- d) **Fattigdom:** Personar i privathushald som er i risiko for å oppleve levekårsfattigdom. Har per definisjon ei årleg inntekt etter skatt per forbrukseining som er under 60 prosent av medianinntekta¹.
- e) **Helsefremjande arbeid** er tiltak som skal betre føresetnadane for god helse og ta sikte på å fremje trivsel, velvære og meistring av utfordringar i kvardagen.
- f) **Sosial kapital:** sosial støtte, ressursar, tillit, tryggleik som vert tilgjengeleg for folk gjennom deltaking i sosiale nettverk i lokalsamfunnet
- g) **Sosial ulikskap i helse:** menneske med høg utdanning og høg inntekt har betre helse enn personar frå lågare sosiale lag. Dette er både eit folkehelseproblem og eit rettferdsproblem. I forskning vert utdanning, yrke og inntekt nytta som mål for sosioøkonomisk status.
- h) **Tidleg intervensjon (tidleg innsats):** strategiar og tiltak for å utjamne sosial ulikskap, t.d. språkopplæring og gode overgangar mellom barnehage, barneskule, ungdomsskule og vidaregåande skule.



5.3 Forankring av kommunen sitt arbeid med "Oversikta etter folkehelselova"

Dette er eit lovpålagt arbeid etter folkehelselova som skal gjerast kvart 4. år i samband med planstrategi og rullering av kommuneplanen, og fylgjer planperioda. Målet med arbeidet bør vere eit friskare folk, og for å få det til, må vi ha ei oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar slik at vi kan sette inn naudsynte tiltak for å få eit friskare folk.

I november 2014 vart det etter pålegg frå rådmannen, etablert ei arbeidsgruppe for folkehelse med representantar frå pleie og omsorg, familie, barn og helse, kultur, utvikling,

skule og folkehelsekoordinatoren. Andre grupperingar vart også kontakte i høve innhenting av kunnskap.

Metode for innhenting av kunnskap

Det vart i løpet av våren 2015 innhenta kunnskap om helsetilstanden i kommunen frå dei kommunale helse- og omsorgstenestene, andre aktuelle tenester, lag og organisasjonar og drege inn faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse.

Med bakgrunn i fylkeskommunen sin erfaringsinformasjon, og informasjon frå nabokommunar, vart det nytta informasjon og kunnskap frå m.a.:

- UngData-undersøkinga som var gjort i februar 2014.
- dialogmøter basert på kommunikativ metode og dugnadsprinsippet
- målretta informasjons- og kartleggingsskjema som vert sendt ut
- informasjons- og dialogsamling med lag og organisasjonar
- informasjon frå statistikkbankar

Korleis innhenta kunnskap vil bli vurdert og nytta i forhold til relevans for folkehelsearbeidet

All innhenta kunnskap blir viktig grunnlag for arbeidet med kommunal planstrategi og anna overordna plan- og utviklingsarbeid i kommunen. Nokre tiltak kan settast i verk ganske raskt, medan andre meir langsiktige tiltak vert viktige innspel i kommuneplanarbeidet framover.

I høve dei ulike innspel vert utfordringane å finne ut kva kommunen bør eller kan gjere noko med. Mange lag og organisasjonar tilbyr gode folkehelseiltak for ulike grupper i befolkninga. Det er difor viktig med ein god dialog mellom kommunen og det frivillige.

Partnerskap mellom kommunen, det frivillige organisasjonslivet og næringslivet kan vere ein god modell for å vidareutvikle allereie eksisterande tiltak, eller etablere nye tiltak for innbyggjarane.

Innhenta kunnskap må sjølvstendig vurderast i forhold til relevans for folkehelsearbeidet.

Dugnadsmodellen er eit godt verktøy for involvering, engasjement og myndiggjering.

Gjennom denne arbeidsmåten kan ein få fram mange gode forslag til tiltak, oversikt over lokalitetar og namn på ressurspersonar.



Korleis innhenta kunnskap vert vurdert i lys av anna kunnskap om helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen, jf. folkehelselova §5

a) Nasjonalt.

Folkehelseinstituttet og KommuneHelsa sin statistikkbank gjev kommunane nyttig informasjon om helsetilstanden både nasjonalt, regionalt og lokalt.

b) Regionalt.

Fylkeskommunen sin statistikkbank er ei viktig kjelde til kunnskap om ulike befolkningsundersøkingar gjort i fylket vårt, og kan vise tendensar i kommunar som er

nærliggande å samanlikne seg med. Partnerskap for folkehelse, God Helse Møre og Romsdal fylkeskommune er også nyttig nettverk for kompetanseheving og erfaringsutveksling om folkehelseutfordringar. Regional delplan for folkehelsa er også eit nyttig verktøy i folkehelsearbeidet.

c) Lokalt.

Folkehelseprofilen for Herøy kommune, som vert sendt ut frå Folkehelseinstituttet kvart år, gjev eit bilete av hovudtrekka i helsetilstanden i kommunen vår. Dokumentasjon frå dei lokale prosessane med innhenting av kunnskap og påverknadsfaktorar, arbeidet som no er gjort, og skal gjerast kvart 4. år, vil vere med å styrke eller svekke dei resultata som er funne i folkehelseprofilen / folkehelsebarometeret og andre kjelder. "Raude lys" i folkehelsebarometeret (sjå vedlagt) gjev oss ein peikepinn på område vi må gå inn på og sjekke ut nærare.

d) Kommuneoverlegen skal vere ein viktig kvalitetskontrollør gjennom heile prosessen, og ikkje minst i denne fasen der innhenta kunnskap vert vurdert i lys av anna kunnskap om helsetilstand og påverknadsfaktorar.

Refleksjonar omkring omfang, ressursbruk og nytteverdi i forhold til vidare systematisk arbeid med folkehelse. Jmf. folkehelseloven §§ 6 og 7

Innhenting av kunnskap og gjennomføring av idèdugnader med jamne mellomrom, kan truleg bidra til implementering av folkehelseomgrepet i alle sektorar, og etter kvart verte ei bevisstgjerung inn mot at vi alle driv med folkehelsearbeid i større eller mindre grad, dvs. *Helse i alt vi gjer.*

Ei anna metode kan vere arbeidsverkstadar på tvers, dvs fleire sektorar i samarbeid, men det vil vere ei meir ressurskrevjande metode.

Folkehelselova §§ 5, 29 og 30 og forskrift om oversikt over folkehelsen §§ 3 og 4, krev at kommunen skal ha ei løpande oversikt over folkehelsen. Korleis dette skal gjerast vidare må ein kome attende til.

Ei "Oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar" som ein no har utarbeid, skal etter folkehelselova gjerast kvart 4. år og knytast til planperioda. Statusrapportering til fylket, skal gjerast kvart år på nyåret som ein rapport for føregåande år. Begge dokumenta skal sendast fylkeskommunen og fylkesmannen innan oppgjevne datoar.

6. HELSETILSTAND OG PÅVERKNADSFAKTORAR

Forskrift om oversikt over folkehelseutfordringar presiserer i § 3 at kommunane og fylkeskommunen si oversikt skal omfatte opplysningar om og vurderingar av:

- a) Befolkningssamansetting: grunnlagsdata om befolkninga som t.d. tal innbyggjarar, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster osb. Dette kan vere vesentleg for utfordringsbildet for folkehelsa i kommunen, og kan vere med og påverke strategiske val.
- b) Oppvekst- og levestilshøve: er viktige for helse og livskvalitet. Det kan vere t.d. økonomiske vilkår, bu- og arbeidstilshøve, utdanning, sjukefråvær og uføretrygding, fråfall i vidaregåande skule m.m.

- c) Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Ei rekkje miljøtilhøve har effekt på helsa. Det kan vere drikkevasskvalitet, luftkvalitet, smittsame sjukomar, grad av støy, sykkelvegnett og kvalitetar ved nærmiljøet som tilgang til friområde, friluftsområde, sosiale møteplassar osv.
- d) Skader og ulykker: Ulykker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Personskader som følgje av ulykker er nesten i same storleik som kreft, målt i tapte leveår. Ulykker med personskader tek relativt mange unge liv, og er den største dødsårsaken for personar under 45 år.
- e) Helserelatert åtferd: helseåtferd som har synt seg å ha innverknad på helsa. Dette kan t.d. vere fysisk aktivitet, ernæring og bruk av tobakk og rusmiddel. Helserelatert åtferd kan også omfatte seksualåtferd og risikoåtferd som kan føre til skader og ulykker.
- f) Helsetilstand: befolkninga si helse målt ved ulike mål, t.d. risikofaktorar, førebyggbare sjukdomar som t.d. tannhelse, belastningssjukdom, kroniske smerter, hjarte-karsjukdom, diabetes type 2, kreft, trivsel og meistringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær o.l.

Kapittel 6 tek kronologisk føre seg punkt a) – f) over.

Kvart punkt startar med ei generell omtale av tema for å få ei forståing av kva det inneber. Deretter følgjer ei **blå boks** (faktaboks) som seier noko om stoda i Herøy kommune. Under nokre tema kjem utfyllande informasjon eller grafar som synleggjer ein trend, ei utvikling eller ei utfordring.

Vidare kjem tre ulike tabellar. Den første tabellen, **tabell 1** viser Status(statistikk med "harde fakta"), Mogleg årsak og Mogleg konsekvens for å få betre innblikk i stoda for Herøy, og med fokus på særlege trekk som utmerkar seg for kommunen vår.

Tabell 2 viser "Helsefremjande og førebyggjande tiltak" som eksisterer i kommunen pr. i dag.

Tabell 3 kjem med "Innspel til moglege framtidige tiltak". Desse er ikkje i prioritert rekkefølge, men er basert på sektorane m.v. sine faglege vurderingar av ynskjelege tiltak som kan bidra til å betre helsa i lokalbefolkninga.



Same malen vert så fylgt for alle dei 6 hovudområda nemnt over (a- f), i påfølgjande sider.

6.1 BEFOLKNINGSSAMANSETTING

Befolkningsutvikling vert gjerne sett på som den eine store indikatoren for regional utvikling, og vekst i befolkninga er avgjerande for kommunen sitt inntektsgrunnlag og tilgang på arbeidskraft. Auke i tal innbyggjarar er avgjerande for kommunen sine planar når det gjeld omfang og kvalitet på dei ulike tenestene retta mot innbyggjarane i framtida. Utfordringsbildet knytt til befolkningsutviklinga kan vere vesentleg for folkehelsa i kommunen, og kan vere med og påverke strategiske val.

Herøy hadde 8934 innbyggjarar pr. 1.januar 2015. (8963 pr 01.06.15)

Samfunnsanalysen Regionale utviklingstrekk i Møre og Romsdal syner m.a. at Herøy hadde moderat vekst i folketallet mellom 1995 og 2010, men frå 2011 til 2015 har folketallet vore mykje aukande.


Dei siste åra frå 2005 – 2015 har veksten vore moderat frå +5% til +12,1 %.

Herøy har hatt varierende fødselsoverskot dei siste åra frå +53 i 2011 til 0 i 2013. Nettoflyttinga har også variert frå +ca 140 i 2012 til 0 i 2013.


Det er to ting som merkar seg ut :

1. Færre born vert fødde og fødselsoverskotet minkar sjølv om folketallet aukar.
2. Innvandringa gir flytteoverskot, men den innanlandske flyttinga er negativ.

Fødselsoverskot, 1980-2014



Folketalspyramide, 1990, 2015 og 2025



Forklaring:

Dei oransje søylene viser talet på kvinner i kommunen i ulike aldersgrupper i 2015.

Dei blå søylene viser det same for talet på menn i 2015.

Den grøne heiltrukne lina viser talet på kvinner i 1990.

Den grøne stipla lina viser korleis talet på kvinner er forventa å utvikle seg til 2025.

Den gule heiltrukne lina viser talet på menn i 1990.

Den gule stipla lina viser korleis talet på menn er forventa å utvikle seg til 2025.

6.2 FOLKETALSUTVIKLING I HERØY KOMMUNE

Befolkningssamansetting: Status		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Folketal 2015 8934 pr 01.01.2015	Folketalsvekst: 1% Folketalsvekst: 87 personar Fødselsoverskot: -3	Fylgjande område hadde nedgang i folketallet siste 10 åra: Kvalsvik, Sævik, Runde, Voldsund, Bø, Tjørvåg, Jøsok og Nørvåg. Elles vekst.	Utfordring i forhold til å ha nok arbeidsplassar Utfordringar i forhold til integrering mellom innvandrarar og etnisk norske
		Auke av innvandrarar	
		Lavt fødselsoverskot, men auka nettoflytting	
Nettoinnflytting	Innanlands: 27 inkl. inn- og utvandring:	Nye vegsamband gjer kommunikasjonen lettare. Ein kan bu i Herøy og arbeide i nabokommunane, eller omvendt	Trykk på skulane i sentrum
		Folketalet går ned i utkantane	
Innvandrarbefolkning	2014: 5-9% med innvandrarbakgrunn	Flest innvandrarar frå Litauen og Polen	

Innbyggjarar – antal og prosent	0-19 år: 2268 / 25.5% 20-69 år: 5573 / 62,4% 70-100 år: 1090 / 12.1%	Forlite arbeidsplassar i Herøy som krev formell kompetanse / utdanning. Mange, særleg kvinner buset seg andre plassar.	
Innbyggjarar 67 år Innbyggjarar over 80 år	Ca 5% av innbyggjarane i Herøy er i 2015 over 80 år. Kommunestatistikken bereknar at i 2040 vil 9% av innbyggjarane vere over 80 år.	"Forsørgarbyrda" vert høgare jo fleire eldre det er, samanlikna med personar i yrkes aktiv alder.	Kan verte auka trykk på helse- og omsorgstenester Ei stadig veksande gruppe med friske eldre som ressurs
Personar som bur åleine		Herøy har færre som bur åleine enn i landet forøvrig	Sjukdomsbiletet meir prega av kronisk og samansette helseproblem og demens Fleire eldre utan pårørande i nærmiljø kan gje eit større press på innlegging i sjukeheim



Befolkningssamansetting: helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen

- Bygging av konserthus og kino
- Bygging av hotell
- Bygging og bruk av turveg og turløyper
- Merking av turstiar på fjellet som vil gje auka bruk
- Grupperetta aktivitetar og informasjon for befolkninga som ikkje er organisert
- Frivilligsentral
- Møteplassar tilrettelagt i befolkninga, også for innvandrarakar, i regi av m.a. Frivilligsentralen
- Læringsordning
- Frivillige lag og organisasjonar = sterkt kulturliv
- Bygging av eigna bustadar tilpassa eldre
- Tilpassa transportordningar



Befolkningssamansetting: Innspel til moglege framtidige tiltak

- Utvikling av nye arbeidsplassar i kommunen.
- Prioritere gode bu- og oppvekstmiljø, bustadfelt der leikeplassar vert opparbeid frå start
- Meir tilrettelagt aktivitet i basseng for spesielle grupper
- Legge tilrette for byggefelt der folk ynskjer å busette seg.
- Fleire bustader / bukollektiv tilpassa eldre

6.3 OPPVEKST- OG LEVEKÅRSTILHØVE

Oppvekst- og levekårstilhøve omhandlar både bu- og arbeidstilhøve, utdanning og økonomiske vilkår. Inntekt og økonomi er grunnleggjande påverknadsfaktorar for helse, og forskning har synt at det er ein samanheng mellom inntektsnivå og helsetilstand. Låg utdanning og inntekt aukar sannsynet for dårleg sjølvopplevd helse, sjukdom og for tidleg død, dvs. sosial ulikskap i helse.



Arbeid omfattar m.a. tilknytning til arbeidslivet, sjukefråvær og uføretrygd. Utdanningsforhold omfattar t.d. del med høgare utdanning og fråfall i vidaregåande skule. Levekår vert definert i eit samspel mellom individuelle faktorar og ressursar, og dei mulegheiter ein har til å realisere desse frå arenaer som skule, arbeid, m.m.

Norske helseundersøkingar syner ei bekymringsfull utvikling i overvekt og fedme blant ungdom og vaksne, og med fleire overvektige barn på landsbygda. Det er mange med udiagnostisert diabetes, og alt tidleg i barneåra er det reduksjon i fysisk aktivitet. Vi har færre som røyker, men fleire som snusar, og vi har eit rekordhøgt og stigande alkoholforbruk (Folkehelserapporten 2014)



I Herøy er det pr 1.01.2015 628 foretak. Deri 68 nyetableringar.

Etableringsgrada i Herøy i 2014 var 11, mot snitt M&R som var 10. Etableringsgrada i Noreg var 14.

Bedriftene i Møre og Romsdal klarar seg betre enn i landet for øvrig. 33% av dei nyetablerte bedriftene i 2007 var fortsatt i drift etter 5 år.

Færre som har fullført grunnskule i 2014 enn i 1994. Sjå tabell under

Fleire som fullfører vidaregåande skule i 2014 enn i 1994.

Fleire kvinner (21%) enn menn (14%) tek universitets- og høgskuleutdanning 2014 i forhold til 1994. Lang utdanning ca 4% av begge kjønn

Tal kvinner pr 100 menn i Herøy i 2014 er 85 / 100

522 personar pendla ut av kommunen i 2014 til Ulstein. 251 pendla inn frå Ulstein

Ca 280 pendla ut til Sande, Hareid og Ålesund tilsaman, og ca same talet inn.

Ca 80 pendla ut til Ørsta og Volda tilsaman, og om lag det same inn

Ca 1000 personar pendla ut av kommunen i 2014 innan sekundær- og servicenæringar.

Ca 630 pendla inn til kommunen innan same næringane

I 2014 auka sysselsetninga (145 pers) meir enn folketalet auka (87 pers)

Herøy har eit nasjonalt tyngdepunkt innan maritime næringar, og eit fylkestyngdepunkt innan fiskeri og havbruk.

Ca 42% av dei sysselsette i Herøy er knytt til servicenæringar, deri 25% menn

Ca 22% i høve til sekundærnæringar, deri ca 16% menn

Ca 17% i høve til helse- og sosialtenester, deri ca 14% kvinner

Ca 8% i høve til jordbruk, skogbruk og fiske, deri ca 7% menn.

I Herøy er ca 1700 personar sysselsette innan servicenæringar i 2014

Ca 910 personar innan sekundærnæringar

Ca 680 innan helse- og sosialtenester

Ca 340 innan jordbruk, skogbruk og fiske

I Herøy er det litt fleire menn enn kvinner som er sysselsette innan servicenæringar. Innan sekundærnæringar er det dobbelt så mange menn som kvinner. Innan helse- og sosialtenester er det hovudsakleg kvinner som er sysselsette.

I Herøy er det ca 105 elevar som tek studie- og spesialiseringsfag, ca 55 elevar som tek teknikk- og industriproduksjon og ca 35 elevar som tek helse- og oppvekstfag. Resten av elevtalet på ca 300 totalt, fordelar seg over 10 andre fagkretsar.

Av vidaregåande skulelevar frå Herøy går ca 150 i Ulstein vgs, 135 i Herøy vgs og 18 elevar i Volda vgs. Resten av elevane frå Herøy går på 10 ulike andre vgsular.


I Herøy er ca 6% av personane under 18 år knytt til låginntektsfamiliar

I Herøy er det i 2014 ca 1400 hushald med mor-far-barn, litt færre enn i 2006. Vi har ca 850 parhushald utan barn. Det er ca 80 fleire enn i 2006. Vi har ca 1150 åleinebuande hushald mot ca 900 i 2006.

Ca 83% av bustadane i Herøy i 2014 er einebustadar. Det er ein nedgang på ca 7% i forhold til 2006. Resten fordelar seg på tomannsbustadar, rekkehus, småhus og bustadblokk

I 2014 var det 62 bustadar under bygging / igangsette, og 35 ferdigstilte

Utdanningsnivå 16 år og eldre fordelt på kjønn, 1994 og 2014



Kommunestatistikk Herøy kommune 2015

Oppvekst- og leverkårstilhøve: Status		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Låginntekts hushald	Frå 7,1% i 2008 til 6,5% i 2012 for 0-17 år Alle aldre frå 7,8% i 2008 til 7,6% i 2012	Låg arbeidsløyse før hausten 2014 Vanskar i offshore-næringane har gitt auka arbeidsledigheit	Låg inntekt fører til at barn ikkje får ta del i aktivitetar på lik line med vener - Arbeidsløyse kan ha negativ innverknad på helsetilstand. - Ved nedsett arbeidsevne, aukar risikoen for langvarig sjukefråvær og tidleg tilbaketrekking frå arbeidslivet.
Arbeidsløyse	01.01.2016: 4,3% og 199 personar. 01.01.2015: 91 personar	Problem startar ofte i overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule.	- Sosial ulikskap i helse. - Kostnader for kommunen og samfunnet.
Nedsett arbeidsevne	01.01.2016: 401 personar med nedsett arbeidsevne (3%)	Grunnane er komplekse og samansette: fysisk og psykisk sjukdom, belastningar i livssituasjon, livsstilsfaktorar, usikker arbeidssituasjon, utdanningsnivå, haldningar til og praksis i samband med sjukmelding og uføretrygging, jobbtilbod i området og bortfall av arbeid for innbyggjarar utan høgare utdanning.	- Gode resultat gjer det lettare å kome inn på neste utdanningsnivå - Tilgang til utdanningsinstitusjonar aukar sannsynet for at ungdom vel utdanning.
Sjukefråvær, legemeldt	Overgang til A-ordning har hindra NAV å ta ut i 2015 (2. kvart.) 31.12.2014: 5,8%	Grunnar til fråfall: Psykiske eller psykososiale problem, manglande motivasjon, skuletrøytte, feil val, fysisk sjukdom, vanskelege heimetilhøve og rusproblem. Grunn til låg% høgare utdanning: Ein stor prosent av den mannlege befolkninga reiser på sjøen.	Mange kan kome i vanskar økonomisk. Einsemd, psykiske plager og redusert funksjon for barn og vaksne - Risikofaktorar: Foreldra sin psykiske sjukdom, misbruk av rusmiddel, vald i heimen, foreldrekonfliktar, foreldre som av andre årsaker ikkje klarer å ivareta borna på tilstrekkeleg vis.
Uføretrygda	01.01.2015 var det 529 personar. 23 pers. var under 30 år.	Ein del kvinner reiser til storbyen. Nærheit til yrkesretta vidaregåande kan gjere at ein vel yrkesretta utdanning med fagbrev og stopper der.	- Tidleg identifisering og iverksetting av hjelpetiltak aukar sannsynet for at borna klarer seg bra.
Mottakarar av sosialhjelp	I 2015 var det 142 personar som mottok sosialhjelp, ein nedgang på 42 pers.	Flytting, samværsbrot og familiestruktur i endring - Utviklinga kan forklarast med at det har blitt ein lågare terskel for å ta kontakt og/eller melde frå til barnevernet.	- Positive haldningar i lag og organiasjonar bidreg til at ungdomar som er einslege mindreårige flyktningar vert godt integrert, får seg utdanning og vert uavhengig av hjelp frå det offentlege på sikt.
Fråfall i vidaregåande skule	I 2015 var det 87% som fullførte VG1,84% VG2,68% VG3, 69% VG3/VG4 påbygg	Auka migrasjon over landegrenser, fleire flyktningar og asylsøkjjarar, men også arbeidsinnvandring.	
Grunnskule mv høgaste utdanningsnivå	Høgaste fullførte utdanningsnivå i 2013: Grunnskulenivå: 33,1% Vidaregåande eller høgare nivå: 48,1% Universitet og høgskule- kort: 16,3%. Universitet og høgskulenivå –lang: 2,4%	Barn som har vore på flukt i lag med ein eller to foreldre og eventuelt søsken, ofte over lang tid, dei er ofte traumatiserte og har omfattande behov for hjelp	
Separasjonar og skilsmisser	2011: 15 skilsmisser / 12 separasjonar 2012: 8 skilsmisser / 13 separasjonar 2013: 6 skilsmisser / 22 separasjonar 2014: 17 skilsmisser / 15 separasjonar		
Barnevern	Fleire familiar med behov for bistand		



Ein pang start og flott målgang for Verdensdagen 2014, aktivitetsdag for eldre.

Oppvekst- og levekårstilhøve: Helsefremjande og førebyggjande tiltak

- Herøy har oppfølgingsteneste (OT) for elevar i vidaregåande skule.
- Lærlingeordning
- Frivilligsentral med tilbod om ulike aktivitetar
- Barnas Turlag gruppe i regi av Turistforeininga
- Fritidsklubb, juniorklubb og tysdagsklubb (utviklingshemma)
- Folkebibliotek med bøker, media og datatenester gratis til disposisjon for brukarane
- Mange positive utbyggingar i kommunen siste åra: Sunnmørsbadet, fleire kunstgrasbaner, klubbhus, aktivitetspark i Tjørvåg og på Bergsøya, ballbingar i snart alle bygder, konserthus og kino, turveggar mm
- Herøy er IA bedrift
- Kvardagsrehabilitering
- Frivilligsentralen har tilbod om ulike lavterskel aktivitetar og møteplassar

Oppvekst- og levekårstilhøve: Innspel til moglege tiltak

- Styrke og vidareutvikle Fritidsklubben
- Styrke skule- og helsestasjonstenesta
- Styrke tilbodet med miljøarbeidar i skulane
- Utvikle det tverrfaglege samarbeidet
- Bygge fleire tilpassa boligar for ulike grupper.
- Etablere fleire tilbod til dei som fell utanfor idrett, musikk og frivillige.
- Bygging av fleirbrukshall ved Einedalen skule
- Bygge fleire turveggar
- Bygge helseløyper som eldre kan nytte
- Etablere fleire aktivitetar og opplevingar for eldre.

6.4 FYSISK, BIOLOGISK, KJEMISK OG SOSIALT MILJØ

Ei rekkje miljøtilhøve har innverknad på helsa vår, t.d. støy, drikkevannskvalitet og luftkvalitet. Men også tilgong på friområder, grøntområder, sykkelveggar og nærmiljøkvalitetar har innverknad.

Det Fysiske miljøet handlar m.a. om utemiljøet i form av trafikk, forureining, tilgong til leike- og aktivitetsområder. Det handlar også om det fysiske innemiljøet. Universell utforming er også en del av det fysiske miljøet.

I høve til Det kjemiske og biologisk miljøet er vern mot smittsame sjukdomar eit viktig folkehelseiltak. Oversikt bør samordnast med smittevernlova

Det sosiale miljøet kan forståast som den sosiale aktiviteten som foregår m.a. i nærmiljøet og er tilgjengeleg for innbyggjarane. Men det sosiale miljøet handlar også om tilgjengelige arenaer for uformelle møteplassar eller universielt utforma uteområder.

Kvart år vert det registrert fleire tusen tilfelle av sjukdom som skuldast smitte frå mat eller drikkevatn. Situasjonen er generelt god i Noreg samanlikna med andre land i Europa. Dette skuldast eit godt utbygd mattilsyn, eit sterkt importvern, og at vi i 100 år har ført ein målretta nedkjemping av smittestoff blant dyr (Folkehelseinstituttet).



- 99% av innbyggjarane i 2013 var knytt til vassverk med tilfredsstillande analyseresultat med omsyn til E.coli / koliforme bakteriar.
- Når det gjeld radon, er det ikkje avdekka noko problem
- Butilhøve og tryggleik, som til dømes tiltak for å hentre trafikkulykker eller annan personskade, vert i stor grad styrt av reguleringsplanar og andre arealplanar.
- I kommunen er det i aukande grad akseptert fråvik frå gjeldande planar i enkeltsaker, noko som i ein større samanheng kan svekke planane sin intensjon om å sikre gode og trygge bumiljø
- Siste tilsyn i barnehagane frå fylkesmannen var i 2009. Herøy kommune har innført tilsyn med dei private og kommunale barnehagane anna kvart år, og rapporterar vidare til fylkesmannen.
- **Smittevernsituasjonen** i kommunen er stabil. Utfordringane er knytt til følgjande:
 - oppretthalde høg oppslutning om det offentlege vaksinasjonsprogrammet. Særskildt viktig er det å sikre at målet om 95% dekning av meslingsvaksineringsprogrammet vert nådd.
 - det er ei årleg utfordring å forebygge utbrot av meningitt (hjernehinnebetennelse) mellom ungdom, og då særskildt i russetida. Informasjon og vaksinasjon samt beredskap ved event utbrot er viktige tiltak som må oppretthaldast.
 - gjennomføring av årleg influensavaksining til personar med kronisk sjukdom og personar over 65 år.
 - kontinuerlig informasjon til ungdom om forebyggjande tiltak for å unngå seksuelt overførbare sjukdomar som td chlamydia.
- **Tuberkolosesituasjonen** i kommunen er stabil og oversiktleg.
 - Det vert årleg gjennomført eit fåtall behandlingstiltak i samsvar med sentrale retningslinjer. Dette gjeld personar som får oppblussing av tuberkulose som følgje av annan sjukdom.
 - Mottak av flyktningar eller oppretting av asylmottak krev at kommunen har eit systematisk kartleggingsarbeid i samsvar med sentralt fastsette retningslinjer og lovverk.
- Herøy har hatt utarbeida trafikktryggingssplanar sidan 2002, der prioriteringar for opparbeiding av **gang- og sykkelveg**ar og andre tryggingstiltak er høgt prioritert, men manglande prioriteringar vedk. midlar har gjort at byggingar har gått seint.
- **Elevundersøkingar:** Elevane på 7. og 10. trinn blir kartlagde i læringskultur, elevdemokrati, faglege utfordringar, felles reglar, trivsel, meistring, støtte frå lærer, støtte frå heimen, motivasjon, vurdering for læring og mobbing.
 - * svak oppgang (i positiv lei) i alle kategoriar bortsett frå trivsel og mobbing på 7. trinn som går litt ned.
 - *høgare skor på 7. trinn enn i 10. trinn, bortsett frå trivsel, mobbing, faglege utfordringar og motivasjon, som er noko høgare på 10. trinn.
 - *det har vore jobba aktivt med **vurdering for læring og klasseleiing** i perioden 2013-14-15 i Herøyskulen.
 - *Det **psykososiale miljøet** har også hatt stort fokus, og kan kanskje sjåast i samanheng med at resultata synast stigande i kategoriar som elevdemokrati og felles reglar på begge trinn, samt betre resultat i trivsel og mobbing i 10. trinn.
 - Alt-i-alt er resultata for Herøyskulen i ei positiv utvikling.
- Tilbod om -) i regi av Bergsøy IL for 2.-7.klasse er eit verifullt supplement til den ordinære SFO-ordninga, særleg for dei eldre barneskuleelevane.
- **Det sosiale miljøet:** Tilbakemeldingane tyder på at Herøy har mange flotte møteplassar, spesielt knytt til lag og organisasjonar. Men vi registrerer likevel ein del unge som opplever einsemd og depresjon og som har vanskar for å finne seg til rette, eller finne sin plass.
- **Litt om ungdata:** Dei aller fleste elevane trivast godt på skulen, men ca 20% av elevane gruer seg for å gå på skulen. Ca 66% av ungdomane melder at dei har ein venn dei kan stole på. Ungdomane meiner her er tilfredsstillande i høve til idrettsanlegg (70%), og kulturtilbod (65%). Ca 47 – 60% melder at møteplassar opplevast passande. Dei eldste ynskjer meir "passande" lokalitetar.
 - Ca 65% av elevane i 8. kl driv fast aktivitet i eit idrettslag – minkande til 31% i vidaregåande skule.
- Det er oppretta **asylmottak for einslege mindreårige** flyktningar på Urheim i Fosnavåg frå februar 2016. Det er gjort avtalar om inntil 40 flyktningar i alderen 15 – 18 år.

Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Status	Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Drikkevatt: Herøy har i dag 6 vasslag: Herøy Vasslag, Moltustranda Vassverk, Stemmedalen Vasslag, Nerlandsøy Vasslag, Kvalsvik Vassverk, Runde Vassverk. Alle vassverka levere tilfredsstillande vasskvalitet etter forskrifta. Einskilde delar av kommunen har ikkje tilgang på vatn frå organisert vassverk	Sikre vasskjelder Stemmedal Vasslag har slite med høge fargetal	Ei utfordring i beredskapssamanheng
		Risiko for smitte av t.d. e.coli kan vere eit problem for ei mindre sårbar gruppe personar dersom det ikkje er tilfredsstillande vasskvalitet.
	Manglande utbyggingar i Jøsok/Voldnes, Bø/Sande og delar av Runde	I høve til smittevern er det viktig å oppretthalde ei god og trygg vassforsyning i samsvar med sentralt fastsette retningslinjer og kvalitetskontroll.
Radon. Det er utført 125 målingar i skule / barnehage i 2014. Høgste verdi 390 bq/m ³ . Seinare kontrollmålt og godkjent. Strålevernforskrifta rår til at opphaldsrom ikkje bør overskride 100 – 200 bq.	Dårleg ventilasjon. Eldre bygg oppfyller ikkje nye radonkrav. Liten radonfare på våre kantar. Alle nye bygg vert bygt med radonsperre.	Liten risiko for helseskade. Radongass kan utvikle lungekreft. Dersom bygningar med høge radonverdiar er opphaldsrom, skal desse fylgjast opp med trinn-2-målingar
Trafikktryggingstiltak: Mange unge brukar sykkel. Herøy har hatt utarbeida trafikktryggingssplan sidan 2002. Gjeldande trafikktryggingssplan er 2015-2018. Det er gjort barnetrakkregistrering i 2012. Til tross for auka antal køyretøy, går ulykkestalet ned. Manglande trygge og sikre gang- og sykkelveggar, gjer at ein del elevar får tilbod om buss til og frå skulen. I trafikktryggingssplanen er eit stort antal trafikktryggingstiltak opplista og lagt inn i framtidige planar for prioritering og utføring. Trafikkopplæring i grunnskulen er eit viktig tiltak som vert gjort med jamne mellomrom	Mange utsatte vegstrekningar i Herøy manglar gang og sykkelveg	Ein får auka bilbruk. Større risiko for ulykker som fylgje av meir trafikk og deling av køyrebana med andre trafikkantar
	Tryggare køyretøy. Oftare kontroll.	Mange vert køyrde til skulen av foreldre etc, og gjer det utrygt for gåande / syklande.
	Manglande sikkerheit / trygghet	Tryggare ferdsel for alle trafikkantar
Skulemiljø / mobbing: Ungdataundersøkinga syner at 93-97% av elevane i ungdomstrinnet trivast på skulen, og dei aller fleste har gode relasjonar til sine venner. Ungdata undersøkinga syner at det skjer ei gradvis forverring av opplevd livskvalitet ut over i ungdomsåra med ei markert forverring ved overgang til vidaregåande. 4% i 8. kl til 11% i 1. vidaregåande	Årsakene kan vere samansette og komplekse, og kan vere skulemiljø, læringsmiljø, heimemiljø og individuelle faktorar.	

melder at dei vert mobba kvar veke. Jentene melder ein klart dårlegare livskvalitet enn gutane opp over i tenåra.	Reklame og påverknader via sosiale medier kan også vere med på å forsterke vanskane som dukkar opp.	
Utbygging av Gang- og sykkelvegar har ikkje hatt høg nok prioritet i Herøy til å henge med i samfunnsutviklinga. Lange strekningar rundt i kommunen manglar, spesielt i tilknyting til skule- og aktivitetsområder. Tilgang til nærturterreng: Herøy har lett tilgang på rekreasjons- og nærturterreng.	Ikkje høgt nok prioritert område. Det er stort behov for tryggare sykkelveg mellom bygdene og spesielt i tilknyting til skule og aktivitetsområder. LNF-områder og fjellområder er ikkje utbygt	Manglande gang- og sykkelveg ar aukar bilbruken, som igjen gjev større risiko for ulykker som følgje av meir trafikk og deling av køyrebanar med andre trafikkantar. Barn vert køyrt til aktivitet Meir forureining Færre høve til fysisk aktivitet. Tilgang til natur gjev høve til leik og fri utfolding, kreativitet og fysisk aktivitet
Det er oppretta asylmottak for einslege mindreårige mellom 15-18 år på Urheim i Fosnavåg	UDIs anslag er på 20.000-25.000 asylsøkere i 2015 og meir enn 30.000 i 2016. I tillegg kjem kvoteflyktningar	Integreringsmyndigheitene ber kommunane busette fleire flyktningar enn dei hittil har bede om. Passande husvære og arbeid skapar hindringar



Fysisk, biologisk, kjemisk og sosial miljø: Helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen

- Barnerepresentant som tek vare på barn og unge sine interesser i plansaker
- Utgreiing av konsekvensar for folkehelsa i all sakshandsaming
- Klimaplan
- Innsamling av plast og papir i SSR
- Brukarmedverknad i kommunen: Eldreråd og ungdomsråd for alle aktuelle saker til uttale i forkant
- Herøy har mange frivillige organisasjonar som tek vare på det sosiale miljøet til born og unge
- Siste par åra har 5 frivillige organisasjonar merka turstiar i sine nærfjellområde
- God barnehagedekning
- Skulefritidsordning (SFO) i dei største skulane.
- Fotballfritidsordning i regi av Bergsøy IL.
- Det vil vere behov for Systematisk helsehjelp inkl. oppfylgjande smitteverntiltak til asylsøkjjarar
Dette må dekkjast opp av tilskot som kommunen får i samband med etablering av mottak for mindreårige.

Fysisk, kjemisk, biologisk og sosialt miljø: Innspel til moglege framtidige tiltak

- Utarbeiding av nærturkart for dei nære fjellområda våre.
- Prioritere utbygging av trygge gang- og sykkelveggar.
- Etablere sykkelparkeringsplassar med tak over i tilknytning til offentlege bygg.
- Opparbeide fleire turveggar / turløyper i kommunen.

6.5 SKADER OG ULYKKER

Ulykker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Personskader som følgje av ulykker er nesten av same storleik som kreft, målt i tapte leveår. Ulykker med personskader tek relativt mange unge liv, og er den største dødsårsaka for personar under 45 år.

Folkehelseinstituttet si grunngjeving for val av indikator: Sjølv om dødelegheita av skader og ulykker har gått nedover sidan 1950-talet, er skader forårsaka av ulykker framleis eit helseproblem, spesielt blant barn, unge og eldre. Blant eldre er hoftebrot spesielt alvorleg fordi det kan føre til redusert funksjonsevne og trong om hjelp, og dermed redusert livskvalitet. Blant ungdom og unge menn er trafikkulykker årsak til både redusert helse og tapte liv. Det er eit stort potensiale for førebygging av ulykker. Personskader behandla i sjukehus syner berre omfanget av dei mest alvorlege skadane som følgje av ulykker.



- Registrerte døgnopphald i sjukehus for ferdigbehandla pasientar frå Herøy i 2015 er lik 0
- Antal liggedøgn for utskrivingsklare pasientar frå Volda sjukehus har gått kraftig ned frå ca 150 i snitt pr. mnd i 2011 til 4-5 i snitt i 2013 og ca 10-12 i 2015.
- Registrerte ulykker i Herøy i perioda 2010 – 2015: 57 ulykker, 69 skadde, 7 hardt skadde og 62 lettare skadde. Ulykkene fordeler seg over heile året.
Trafikkantgruppe: Bilfører 35, passasjer 14, stor motorsyssel 4, Lett motorsyssel 4, sykkel 4, fotgjenger 6.
Flest skadde i alder 15-17år:12personar, 18-20år:8, 21-24:9, 25-34:7, 35-44:8, og 45-54:8.
Dei aller fleste ulykken ligg langs FV654 og langs Hjelmsetvegen, Nærø-krysset, Frøystad-Røyra, Tjørnvåg og Myrvåg-Dragsund.
- Herøy kommune hadde null liggedøgn på utskrivningsklare pasientar frå Ålesund og Volda sjukehus i 2015. Dette tyder på at kommunen har lagt veldig godt til rette for å ta imot utskrivingsklare pasientar. Det er avsett 2 sengeplassar i Myrvåg Omsorgsenter til øyeblikkeleg hjelp – innlegging.
- Det er ikkje rutinar for utlevering av Sandstrøbøtter i Herøy kommune.
- Eigeomsavdelinga gjennomførte årskontroll av leikeplassar ved skular og barnehagar i 2015. Det vart nytta interne ressursar. I 2013 vart det nytta eksterne ressursar.
- Barnetrakkundersøkinga som vart gjort i 2012 avdekkar m.a. kvar borna føler seg utrygge i trafikken, og til og frå skulen. Det er svært viktig å legge til rette for trygg ferdsel til og frå skule og aktivitetar.

Innleggingar for Herøy (antal pr 1000 innbyggjarar) pr pasientgruppe pr år. Nokre utplukka grupper

	Innleg- g- ingar totalt	Kreft- sjuk- domar	Hjerte- innfar kt	Lunge- beten- nelser	Nyre, urin, prostata	Hjerte- sjuk- domar	Buk og bekken	Hjerne- slag mm	Fordøy- ings- systeme t
Herøy 2012	360	15	14	7	17	14	3,5	15	16
Herøy 2014	328	15	14	6	17	14	3,5	10	22
Ulstein 2012	295	12	12	5	11	13	3	12	16
Ulstein 2014	226	15	8	3	12	11	2	8	15

Ser ein tala etter 2. tertial 2015, har fleire av gruppene nærma seg for dei 2 kommunane

Skader og ulykker: Status	Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Sjukehusinnlegging etter ulykker mm Akuttskade hofte / lår pr. 1000 i 2012: 0,8 Akuttskade hofte / lår pr. 1000 i 2014: 1,1 Diabetes inkl. komplikasjonar i 2012: 1,6 Diabetes inkl. komplikasjonar i 2014: 1,0	Ulike årsaker og diagnoser	Trong om akuttmottak i Volda sjukehus Redusert funksjon og livskvalitet
Trafikkulykker: I 2010 vart det 15 trafikkulykker. I 2015 var det 3 trafikkulykker. Det har ikkje vorte drepte i trafikkulykker i Herøy i tidsromet 2010-2015	Betre bilar, betre vegar, betre trafikkopplæring, meir kontroll. Enkelte vegstrekningar og vegkryss er meir ulykkesbelasta enn andre.	Ulykker og langtidsopphald kan få konsekvensar for plassane for korttidsopphald / øyeblikkeleg hjelp i Myrvåg Omsorgsenter.

Skader og ulykker: Helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen

- Myrvåg Omsorgsenter: 2 plassar for øyeblikkeleg hjelp, og utskrivingsklare pasientar frå sjukehus.
- Herøy har gjennomført fleire rosanalyser (ROS)
- Herøy har ein ROS-modul i kvalitetslosen. Nokre bruker den og andre gjer det på annan måte.
- Vi har ein kriseplan som ligg oppdatert i Kvalitetslosen
- Gode rutinar for kommunal brøyting og strøing.
- Årleg kontroll av leikeapparater i barnehage og skule
- Sandkasser vert utplasserte etter ynskje
- Brannførebyggjande dag / brannveke på hausten / kampanjar
- Brannøvingar i kommunale institusjonar kvart år, delvis 2 årleg
- Trygt heim for ein 50-lapp (drosjeordning for ungdom)
- Tryggleik i skulane, gjennomgang av branninstruks med elevar og tilsette
- Alle 1. klassingar får utdelt refleksvestar av politiet
- Aksjon skulestart om hausten der politiet er tilstades og fylgjer med. Bilbelte. Ikkje for mange i bilen. Fart i skuleområdet.

Skader og ulykker: Innspel til moglege framtidige tiltak

- Viktig å prioritere tilrettelegging av trygg ferdsel til skule og aktivitetar.
- Årlege haldningsskapane tiltak / kampanjar knytt til bruk av refleks, redningsvest og bilbelte.
- Sykkeltroll for 5. klassingar saman med politiet
- Trafikkalt grunnkurs opp mot sertifikat for alle 10. klassingar
- Brannførebyggjande brosjyre / kampanjer / eldre / sam.arb. heimetenesta. (Brannvesen)
- Fallførebyggjande brosjyre til utlevering
- Brosjyre til heimebuande eldre inkl. informasjon om m.a. kosthald, fysisk aktivitet
- Betre tilrettelegging i sentrum for å betre tilgjenge for rullestol og rullator, m.a. vedk. plassering av reklameskilt, fjerning av is på tak, strøing på gåveggar / fortau
- Utlevering av sandstrøbbøtter til eldre etter ynskje.

6.6 HELSERELATERT ÅTFERD

All åtferd som kan ha innverknad på helsa, kallar vi helse-relatert åtferd. Det kan til dømes vere fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel. Helse-relatert åtferd kan også omfatte seksualåtferd og risikoåtferd som kan føre til skader og ulykker.



Førstegongsfødande i Herøy røyker mindre, men erstattar i ei viss grad røyken med snus. Det har vore ei sterk auke i snusbruk blant unge dei siste tiåra, også blant unge kvinner. Det er bekymringsfullt at så mange unge jenter snuser, fordi det kan føre til at fleire gravide vil bruke snus i åra som kjem. Snusing i svangerskapet gjev risiko for fosteret som på mange måtar er lik risikoen ved røyking i svangerskapet. Det er sterke haldepunkt for at snusing i svangerskapet gjev auka risiko for lav fødselsvekt, for tidleg fødsel og dødfødsel.

I ungdata-undersøkinga syner resultatet at ca 7% av elevane i 1. vidaregåande skule røyker dagleg (Herøy). 2% av 10.klassingane røyker.

Same undersøkinga syner at 18% av elevane i 1. vidaregåande snusar dagleg. 7% av 10. klassingane.

11% av elevane i 1. vidaregåande (Herøy) og 8% av 10. klassingane drikk alkohol 1-3 gongar i månaden.

47% - 37% av elevane i hendsvis 1.vidaregåande (Herøy) og 10. klassingane, melder at dei enkelt kan skaffe seg hasj / marihuana på 2-3 dagar.

Når det gjeld Fysisk aktivitet syner Ungdata-undersøkinga at deltaking i organisert trening i idrettslag går jamt attende frå 8. klasse til 1.vidaregåande skule. På tilsvarande måte skjer det eit fall i uorganisert trening / friluftsliv i same overgangen.

Eit apropos er det også at 18% av elevane i 1. vidaregåande (Herøy) og 14% av elevane i 8.kl. seier dei aldri eller sjeldan har gjort så mykje fysisk aktivitet at dei har vorte andpusten eller sveitt.

Helsesøstra i skulehelsetenesta har prosedyre på å vege og måle høgda på elevane i 3. og 8. klasse. Det er registrert overvekt på elevar i desse klassetrinna i fylgje folkehelsestatistikken.

Overvekt inkl. fedme for 17-åringar er høgare enn fylket og landet forøvrig (folkehelsebarometer)

I Herøy er det eit aktivt LAN-miljø. Ungdomar møtest i store arrangement i fleire av skuleferiane. Aktiviteten er eit positivt og rusfritt tilbod til ungdom, men er prega av mykje stillesiting. Våken heile natta gjennom og et i stor grad usunn mat og drikk brus, og spelar data, ofte fleire dagar i strekk.

Overvekt og fedme for menn i Herøy er generelt høgare enn i landet forøvrig. (35% mot 25%)

Fysisk inaktivitet er høgare i Herøy enn fylket og landet forøvrig. (Fylkesstatistikk)

Tannhelsa melder at 89,3% av 3-åringane i Herøy er utan tannrote mot 93% på Søre Sunnmøre totalt. Dei melder vidare at 8,8% av 18-åringane i Herøy er utan tannrote mot 15% på Søre Sunnmøre totalt. Tabellen samla for alle mellom 3 og 18 år viser at det er meir karies i Herøy enn gjennomsnittet for Søre Sunnmøre

Muskel- og skjelettplager er høgare i Herøy enn fylket forøvrig (fylkesstatistikk)

Alkoholkonsumet har auka for den vaksne befolkninga dei siste 10 åra

Ungdomen rusar seg stadig mindre, viser folkehelsebarometeret, snitt 3,6% mot 12% i fylket f.ø.

I arbeidet med fråfall i den Vidaregåande skulen, er det behov for å ha ei heilskapleg og langsiktig satsing med omfattande samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar.

Kosthald

Kommunen bør ha særleg fokus på tidleg innsats i høve kosthald og fysisk aktivitet. Det er grunn til uro når helsestasjonen registrerer ei auke i overvekt blant barn og unge. Oppgåva med å måle og vege elevane tek ikkje så lang tid, men dei elevane som vert fanga opp ved ei slik screening må følgjast opp. Denne oppfølginga må skje over tid, då det tek tid å endre levevanar. Eit samarbeid med foreldra er avgjerande. Helsestasjonen har prosedyrar for oppfølging, men helsesøstrene treng samarbeidande partar og ressursar i eit slikt arbeid slik at eleven får best mogleg oppfølging og resultat.

Helsesøstrene opplever at det å motivere foreldre til endring av levevanar som gjeld heile familien, er det det tyngste, og mest tidkrevjande arbeidet, og dessverre noko ein ofte ikkje lukkast med. Ein ser at ei endring i heile familien sine levevanar er det som skal til, for å oppnå endring i uheldig vekt hos barn og unge.

Når det gjeld overvekt og fedme, er det eit paradoks i kombinasjonen av gode/sunne aktivitetstilbod i kommunen og kantine/kiosk som freistar med mykje usunn / helseskadeleg kvardagsmat for ein kropp i vekst. For barn og unge med langt mellom måltida og pengar i lomma er dette ei felle. Det er ofte både enklare og billigare å velje det usunne framfor det sunne alternativet.

Helsestasjonen har materiell med informasjon om kosthald og har materiell som kan nyttast i samtalar med borna og foreldra. Kreftforeininga har også utarbeidd plansjar om kosthald og fysisk aktivitet til bruk i helsestasjonen. Desse kan nyttast i samtalar med elev og foreldre.



Røyking.

"Fritala" går ned – tobakksbruken går ned blant dei unge. "Fritala" går ned frå 48% til 43% i 2015. Hovudårsaka kan vere at røyking har vorte eit mindre problem då færre røyker.

"Fri" handlar også om snus som har vorte styrka spesielt på dette området, og no går også snustala ned blant dei unge.

I 2015 var det registrert 2 gravide som røykte i starten av svangerskapet. Det vert i svangerskapsomsorga gitt informasjon om skadeverknader ved røyking i svangerskapet.

Rus og psykisk helse


Folkehelserapporten 2014 syner at alkoholkonsumet i Noreg har auka med ca. 40% siste 20 åra (frå 15 år og oppover). Det er framleis fleire menn enn kvinner som brukar alkohol, med unntak av vin. Det er elles ei auke i forbruk av alkohol blant kvinner dei siste åra. Del eldre over 70 år med problematisk alkoholkonsum har auka frå under 0,5 prosent til 4,5 prosent.

Resultat frå Ungdataundersøkinga syner at ungdomen rusar seg stadig mindre, medan vaksenbefolkninga rusar seg stadig meir, jf. Folkehelse rapporten 2014.

Kommunepsykologen.


Kommunepsykologen vegleiar kvar veke i seksjon for psykisk helse, er vegleiar i individuelle saker for psykomotorisk fysioterapeut, vegleiar for PPT og barnevern, samarbeidar med ergoterapeut, flyktingtenesta, kommunelegane, smertegruppe, kriseteam, og direkte klientarbeid mot enkeltpersonar, klinisk arbeid, og støtte og rådgiving mot ulike seksjonar.

Nokre grafar frå Ung-Data-undersøkinga i 2014



Fritid – organisert:


Hvor mange ganger den siste måneden har du vært med på aktiviteter, møter eller øvelser i følgende organisasjoner, klubber eller lag? (Andel «Minst én gang»)



ungdata

Fritid – organisert:

Er du, eller har du tidligere vært, med i noen organisasjoner, klubber, lag eller foreninger etter at du fylte 10 år?



ungdata

Helserelatert åtfærd: Status		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Fysisk aktivitet	Ungdata-undersøkinga syner at 56% i 8.kl minkande til 18% i 1.VGS trener eller konkurrerer i eit idrettslag. 81% av elevane i 8.kl trener / trimmer på eiga hand minkande til 60% i 1.VGS	Idretten toppar laga så ikkje alle får vere med. Tid framfor dataskjermen. Vert køyrd til og frå aktivitet. Mykje organisert aktivitet – mindre fri aktivitet	Dårleg motorikk Utvikling av livsstilssjukdomar på sikt
Kosthald	I fylgje barnevekststudien dei seinare åra, har 16% av 3. klassingane utvikla overvekt / fedme Dei unge tyr ofte lett til usunnmat – ynskjeleg med sunne alternativ, m.a. i Sunnmørsbadet og i kinoen	Auka tilgang til usunne produkt og betre økonomi. Det er i dag stort fokus på kosthald i media Kursa er eit ledd i å få dei unge til å ete meir fisk i kvardagen.	Dårlegare tannhelse. Utvikling av livsstilssjukdomar på sikt. Det kan resultere i betre tilgang på sunne matvarer etter kvart
	I 2014 og 2015 vart det avholdt fiskesprellkurs i Herøy for barnehagetilsette	Knapp tid om morgonen, betre økonomi, tilgjenge til butikk nær skulen med bollar, brus og energidrikk.	Helsemyndigheitene meiner at fisk er noko av dei sunnaste vi kan ete.
	Mange elevar i ungdomsundersøkinga et sjeldan eller aldri frukost (78% i 8.kl og 52% i 1. vidaregåande et frukost kvar dag)	Lite samling rundt frokostbordet og måltid for øvrig Kanskje vert barn av fedre som er sjømenn og heime store delar av året, oftare køyrde til og frå aktivitetar, i motsetning til dei som har foreldre med mindre tid	Auka inntak av energidrikk. Svingingar i blodsukkernivået høgt / lavt. Utan frukost dårlegare konsentrasjon, humør og arbeidslyst.
Overvekt og fedme	Overvekt og fedme i Herøy ved sesjon 1, kjønn samla, viser i snitt 2011-2014: 28,7%. Landsgjennomsnittet: 21%		
Fysisk inaktive	Statistikkbanken viser at 17,6% av herøyværingane er fysisk inaktive	Ein stor del av ungdomen sit mykje på data, et og drikk usunt og mange nyttar delar av natta	Utviklar overvekt og fedme i tidleg alder som er vanskeleg å hanskast med seinare i livet.
Røyking	17% av kvinnene i Herøy røykte i 2005. 13% røyker i 2014	Innføring av røykelova i 2004. Ikkje inn å røyke lenger	
	Ungdata-undersøkinga syner at dei unge røyker mindre enn tidlegare.	Mellom dei unge har mykje av røyken blitt erstatta med snus.	Nedgong gjev mindre risiko for luftvegssjukdomar (asma, emfysem, bronkitt,

	Ungdata-undersøkinga syner at ca 7% av elevane i 10.kl røyker sjeldnare enn ein gong i veka		kronisk obstruktiv lungesjukdom), kreft og hjarte- karsjukdom og redusert dødlegheit
Rus	Ungdata-undersøkinga syner at 7% av 10.klassingane og 18% av vg1-elevar har drukke seg synleg berusa 2-4 gongar siste halvår	Auka tilgang til drikkevarer, betre økonomi, meir reising og billegare alkohol.	Vaksne kan vere dårlege rollemodellar med negative påverknader overfor barn og unge. Vald i nære relasjonar. Helseskader og livsstilsjukdomar.

Helserelatert åtferd: Helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen.

- Herøy 10 på topp
- Kulturskule
- Fødselsførebuande samtalar og heimebesøk til familiar med nyfødde barn, helsestasjon / jordmor
- Helsestasjon for ungdom
- Helsesøster knytt til skulane
- Helsesøsterteneste på vidaregåande skule
- Fiskesprellkurs for barnehagane
- Bra mat-kurs og praktisk matlagingskurs implementert i introduksjonsprogrammet for flyktningar
- Matombringning
- Natteramnordning

Helserelatert åtferd: Innspel til moglege framtidige tiltak

- Bygging av turveg rundt Myklebustvatnet - helseløypestandard
- Etablering av turveg rundt Djupvikvatnet i Myrvåg
- Bygging av gapahukar i fjellet som viktige møteplassar for auke av aktivitet og turglede
- Styrke skulehelse- og helsestasjonstenesta og tenesta for rus og psykisk helse
- Kompetanseheving kosthald og fysisk aktivitet for tilsette i helsestasjon, barnehage og skule
- Aktivitetsplan for barn og unge og aktivitetsplan for vaksne i regi av lag og organisasjonar
- Aktivitetstilbud til barn og unge som er lite fysisk aktive / uorganisert ungdom
- Etablering av "Retningsliner for mat og måltid i barnehage og skule" i alle barnehagar og skular, for foreldre til 3. klassingar i risikograppa, og for ungdom (8. klasse) i samarbeid med skulane.
- Vasskjølarar i alle skulane
- Auke tannhelsa for barn, unge og eldre.
- Førebyggjande tiltak for born og unge med utgangspunkt i funn i Ungdataundersøkinga

6.7 HELSETILSTAND

Helsetilstand er befolkninga si helse målt ved ulike mål, til dømes risikofaktorar, førebyggbar sjukdom, trivsel og meistringsressursar eller meir indirekte mål som sjukefråvær o.l.

Helsetilstande i Noreg har vorte mykje betre gjennom det siste århundret. Levealderen har auka dramatisk. For kvart tiår har gjennomsnittleg levealder auka med 2-3 år. Auken er størst i gruppene med høg inntekt og høg utdanning. Vi kan lese meir om helsetilstanden i Noreg i rapporten "Helsetilstanden i Norge".



Årsaker til sjukdom og plager er samansatt. Levekår, levevanar, oppvekstmiljø og arv spelar ei stor rolle.

Trivsel og meistring er avgjerande for å kunne oppleve god helse. – Trivsel i notida gjev god helse for framtida. Ungdata og tilstandsrapporten for Herøyskulen syner stort sett at ungdomen trivst og har det bra, både i heimen, skulen og på fritida. Det er likevel grunn til å vere merksam på erfaringane som kjem fram gjennom Ungdata-undersøkinga og erfaringar frå dei ulike sektorane og kommunespsykologen.

Oppsummering frå Ungdata-undersøkinga syner at:

- Ca 95% av elevane på ungdomstrinnet trivast på skulen.
- Dei fleste elevane oppgjev at dei har gode relasjonar til sine vener.
- Ca 90% oppgjev at dei har gode relasjonar til sine foreldre.
- Ca 6% oppgjev at dei vert mobba veke.
- Berre ca 14% av elevenane i vg1 oppgjev at dei trenar aktivt.
- 2% i 8. og 14% i vg1 oppgjev at dei har blitt tilbode Marihuana.
- 7% av elevane i Vg1 oppgjev at dei røyker dagleg

Det knytter seg bekymring til den psykiske helsetilstanden i ungdata mellom dei unge, og då særleg for jentene. Desse utviklingstrekk er i samsvar med det ein ser elles i landet. Når det gjeld plaging, mobbing, trugslar eller utfrysing, er det ikkje stor prosent som seier at dei har vorte utsatt for dette. Men for dei det gjeld, er det veldig vanskeleg og kan få alvorlege konsekvensar for framtida. Derfor er det avgjerande at kommunen har gode strategiar for korleis ein kan førebygge, og korleis ein skal gripe det an når det skjer. Ungadatarapporten viser:

- Betydeleg fleire jenter enn gutar oppgjev at dei opplever psykiske plager.
- Ca 13% av jentene i ungdomstrinnet og 26% av jentene i vg1 opplever høg grad av depressivt stemningsleie.
- Viktig å vere Obs på den unge befolkninga med dårlege leseferdigheiter, fysisk inaktive og fedme.

Herøy kommune har tilsett kommunepsykolog i 100% stilling. Tenesta har i tillegg psykiatrisk sjukepleiar, dagsenter for psykisk sjuke, og bustadar for denne gruppa. Kommunepsykologtenesta har gjennomført KID-kurs våren 2015. Tenesta kan gje tilbod om Kurs i Depresjonsmeistring (KID-kurs) til ungdom og vaksne

I høve til psykiske lidningar og legemiddelbrukarar viser folkehelsestatistikken at Herøy har ca 120 personar pr 1000. Litt lågare enn landet for øvrig som i snitt har 130 pr 1000.


Sjukefråvær er det sagt litt om under pkt. 6.2

Rusrelaterte vanskar er det sagt litt om under pkt. 6.5.

Det er registrert ei **auke i bruk av legemiddel** til behandling av diabetes (30-74 år) frå 25% i 2007 til 30% i 2014. Det er registret ein liten nedgang i bruk av legemiddel i høve hjarte-karsjukdom og kolesterolsenkande legemiddel. Dette er tal som gir signal om at vi bør sette inn førebyggjande tiltak tidleg i barneåra, jf. dokumentasjonen frå helsestatistikken som syner overvekt og fedme mellom 3. klassingane.

Depressivt stemningsleie:

Samlemål på depressivt stemningsleie (se nøkkeltallsrapport for definisjon)




ungdata



Mobbing, plaging og utfrysing – utøver:

Hender det at du er med på plaging, trusler eller utfrysing av andre unge på skolen eller i fritida?



Minst ukentlig: Flere ganger i uka+omtrent en gang i uka.

ungdata



Helsetilstand: Status		Mogleg årsak	Mogleg konsekvens
Trivsel og meistring	Ungdata syner 95% av elevane i ungdomstrinnet trivast på skulen. Ca 70% av elevane synast det er svært bra i høve til idrettsanlegg i kommunen. I høve til kulturtilbodet ca 66%..	Det har vore satsa mykje på ungdomen og tilrettelegging dei siste 10 åra. Ungdomsrådet har gjort ein flott jobb.	Fleire ungdomar vil kome attende til kommunen og busette seg etter endt utdanning ute.
Kronisk sjukdom generelt	Sjå dei ulike lidingar for Herøy under	Auke i bruk av medikament kan bety auka del eldre, større alderssamansetting, fleire med lidingar, fleire som vert fanga opp enn tidlegare eller endra retningslinjer for behandling – eller ein kombinasjon.	Alle kroniske sjukdomar kan føre til redusert livskvalitet, auka kostnader for den einskilde og samfunnsøkonomiske konsekvensar.
Diabetes (sukkersjuka)	Auke i bruk av legemiddel til behandling type 2 – diabetes (30 – 74år) 25,7% pr 1000 i 2007 til 30,6% i 2014	Arv, overvekt, for lite fysisk aktivitet	Skade av blodårer og indre organ, auka risiko for hjartefarkt, hjerneslag og amputasjon, nyresvikt, nedsett syn, nedsett kjensle i beina og impotens hjå menn.
Hjarte- og karsjukdomar	Brukere av primærhelsetenesten (0-74år) i 2010: 122 pr 1000, og 118 pr 1000 i 2014.	Ein liten nedgang. Arvelege faktorar i samspel med miljøfaktorar som røyking, høgt blodtrykk, høgt kolesterolnivå og diabetes	
	Midlar mot hjarte- og karsjukdomar (0-74år) 144 pr 1000 i 2008, 148 pr 1000 i 2014	Ein liten auke	
	Spesialisthelsetenesten 20 pr 1000 i 2008 mot 18 pr 1000 i 2014.	Ein liten nedgang	
Lungesjukdomar	Kols, (+45år) spesialisthelsetenesten: 2 pr 1000 i 2008, 3 pr 1000 i 2014	Røyking, luftforureining i arbeidsmiljøet eller utandørs, arvelege faktorar, allergi og overkjensle.	Pustevanskar, hoste, trøttheit, psykiske og sosiale konsekvensar.
	Kols og asma, Legemiddelbrukarar (45-74år) 74 pr 1000 i 2008, 84 pr 1000 i 2014		
Muskel- og skjelettlidingar	Muskel og skjelettplager (0-74 år: 191 pr 1000 i 2008, 191 pr 1000 i 2014 Bruddskader: 149 pr 1000 i 2008, 130 pr 1000 i 2014	Arv, over-, under- og feilbelastning, skader.	Redusert livskvalitet, sjukefråvær, uføretrygd.
	Muskel og skjelettplager (15-29år): 171 pr 1000 i 2008, 170 pr 1000 i 2014. Bruddskader: 82 pr 1000 i 2008, 68 pr 1000 i 2014		

Psykiske vanskar	Samla legemiddelbrukarar mot psykiske lidingar (0-74år) (NO5a, NO6a, NO5b) 125 pr 1000 i 2008 , 119 pr 1000 i 2014 Antidepressiva : 51 pr 1000 i 2008, 54 i 2014 Sovemidler og angstdempande. 97 pr 1000 i 2008, 85 i 2014 ADHD-midler : 4 pr 1000 i 2008, 3,6 pr 1000 i 2014	Ein liten nedgang Tap av nære relasjonar, samlivsbrot, konflikhtar, psykiske plagar, rusmisbruk eller vald i familien, mobbing på skulen, digital mobbing, einsemd, traumatiske opplevingar, arvelege faktorar. Høgare krav til teoretisk kunnskap i skulen og mindre praksisfag kan også vere belastande. Konkurranse i kvardagen (t.d. i forhold til kor mange som likar deg og innlegga dine på nett)	Lidingar og kostnader
Kreft	Dødelegheit for kreft i aldersgruppa 0-74år er for menn 126 pr 1000 i 2008 og 120 pr 1000 i 2014. For kvinner i same aldersgruppe viser tala 110 pr 1000 i 2008 og 106 pr 1000 i 2014.	Utvikling av kreft: Livsstilssjukdomar som kosthald, røyking, stoff i miljøet, fedme, alkohol, infeksjonar og fysisk aktivitet påverkar kreftisiko.	Lidingar og kostnader



Helsetilstand: Helsefremjande og førebyggjande tiltak i kommunen

- Helsestasjon for ungdom
- Skulehelseteneste
- Kommunepsykolog
- Førebyggjande tiltak og OppfølgingsTeneste (OT) i vidaregåande for elevar som av ulike grunnar fell ut av skulen
- Miljøarbeidar i skulen
- Aktivitetstilbod for heimebuande eldre på omsorgsentra, Nasjonalt barnevaksinasjonsprogram, helsestasjon
- Nasjonalt vaksinasjonsprogram. 95%-100% dekning.
- Vaksinasjonspoliklinikk for utsette grupper, reisevaksinering, yrkesvaksinering 1 dg. Veka

- Meningokokk-vaksinering av elevar i vidaregåande skule
- 2 helsesøstre har ICDP-kurs (kurs i samspel mellom foreldre og barn)
- Kvardagsrehabilitering
- Sjå andre helsefremjande og førebyggjande tiltak under dei andre kapitela.
- Stor spennvidde i tilbod i regi av lag og organisasjonar.

Helsetilstand: Innspel til moglege framtidige tiltak

- Styrke skulehelse- og helsestasjonstenesta
- Framhald av kommunepsykolog i 100% stilling.
- Styrke tenesta for psykisk helse



Olaus-Jon Kopperstad
Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Andreas Kvalsund
Andreas Kvalsund
Folkehelsekoordinator

Arbeidsgruppa for folkehelse:

Elisabeth Strand Slettestøl
Randi Kvalsund Taklo
Hilde Hestås
Ole Magne Rotevatn
Eileen Gjerde
Andreas Kvalsund

Torill Myklebust / Trond Vegard Vatne

7. VEDLEGG

7.1 EIT UTDRAG FRÅ KARTLEGGINGSSKJEMA FOLKEHELSE FOR HERØY

Det vart m.a. stilt liknande spørsmål til alle sektorar / organisasjonar som nemnt under:

- 1) Kva er dei største utfordringane i kvardagen for (sektorar / organisasjon)?
- 2) Kva er dei positive og negative påverknadsfaktorane til desse utfordringane?
- 3) Aktuelle tiltak i høve til påverknadsfaktorane

Sektor / gruppa det gjeld	Status / Definer særlege utfordringar eller påverknadsfaktorar	Forslag til tiltak
Avdeling, barn, familie og helse Førebyggjande helse barn og unge	<u>Psykisk helse er truga av :</u> -lite vaksenkontakt -mobbing -dårleg sjølvbilde -forhold før og etter eit samlivsbrot <u>Fysisk helse:</u> -overvekt og fedme -feilernæring -lite fysisk aktivitet -mykje stillesitting <u>Integrering, språk og forståelse ifht familiar med ulik kulturell bakgrunn.</u>	Auka skulehelseteneste Meir tverrfagleg samarbeid ifht heim g skule. Kommunalt tverrfagleg livstilsteam bestående av lege, fysioterapeut, helsesøster, ernæringsfysiolo og event. psykolog. Samarbeide meir med t.d. Saniteten om event. "sunne kantiner" i skular og fritidsarena for barn og unge.
Legetenester	- Overvekt - Muskel og skjelettplager - Psykiske utfordringar	- Måtehald kosthald - Tilrettelegging for fysisk aktivitet - Grupperetta aktivitetar - Informasjon/ helseopplysning
Alle helsetenester	Psykisk helse påverkar: -- dårleg sjølvbilde - redsel for å delta i organiserte aktivitetar - stress og angst for å ferdest åleine i skog og mark - einsemnd/isolasjon	- Auke i bruk av fritidskontakter - Auke i tilrettelegging av grupper for trening og aktivitet

Vaksne mellom 18 og 75 år 	Vidare påverknig: - røykevaner - lite friskluft - lite sosialt nettverk - liten fysisk aktivitet - kan nytte seg lite av kulturtilbod - bruk av medikamenter - utfordringar med å bruke offentlig transport - låg inntekt - vanskar med å skaffe seg eigna bustad sentralt Fysisk helse: - mykje stillesitting - muskel og skjelettplager - overvekt og fedme - diverse biverknadar av medikament - hjerte- kar og luftvegsplager	- Auke bruk av miljøterapi – i staden for medikamentbruk - Bygge eigna gode bustadar sentralt - legge til rette for gode transportordningar - legge til rette for bruk av aktivitet i basseng og bruk av turstiar, fjell og fjøre - oppfordre personal til å motivere meir for aktivitet/mindre for stillesitting - informasjon om sunnt kosthald - omlegging av røykevaner - «Kurs i depresjonsmestring» - «sjølbilde kurs»
Barnevern Familie med lite nettverk og dårlig økonomi Barn som lever i ein vanskeleg omsorgssituasjon	- Sosialt isolerte - Dårlig eller manglande bustad - Forringa livskvalitet som påverkar livskvaliteten - Arbeid og utdanning Dårlege oppvekstvillkår vil skade fysiske og psykiske helsa	NAV vil ha ei sentral rolle i forhold til: - Økonomisk hjelp - Hjelp til å skaffe bustad - Hjelp til å kome seg i arbeid/kome inn på arbeidsmarknaden Barnevern i samarbeid med Helse ha ansvar i forhold til nettverksarbeid. Tidleg oppdaging med iverksetting av forebyggjande tiltak
Bulyst Arbeidsinnvandrar	Trivsel, Forståing, Tryggheit, Aktivitet Vere obs på at ei tenkjer annleis enn oss om aktivitet	Arrangere samlingar, særleg tilpassa denne gruppa, for eksempel i "frivillige organisasjonar Lett forståeleg informasjon Personleg invitasjon Tilrettelegging av anlegg i høve til deira behov

Barnehageavdelinga 	Mange barn har ikkje besteforeldre eller nær familie i Herøy. Dette gjeld arbeidsinnvandrarar og nokre enisk norske familier. -Stillesittjande barn, opptatt av data, mobil, ipad og spel -Psykisk helse/skilsmisse -Opplever ein del dårleg samarbeid mellom foreldre som går frå kvarandre. -Manglande informasjon -Dårleg søvnmønster barn 0-3 år. -Egoistiske foreldre – barn skal helst ikkje sove på dagtid for då får foreldra ikkje lagt dei tidleg om kvelden. Barna gir uttrykk for at dei har behov for søvn i barnehagetida.	Fleire offentlege / sosiale møteplassar Tilrettelegge for meir fysisk aktivitet, auka aktivitetstilbod Meir samtale, veiledning. Vurdere hjelp frå barnevernet. Samarbeide med helsestasjonen om veiledning
Internasjonal skule Flyktningar	-Traumar, Einsemd, Høgt sukkerforbruk blant enkelte -Krigsopplevingar - Innser konsekvensar av flukta etter ei tid i eit fredeleg land; depresjon pga alt dei har mist	Samtale psykolog Meir informasjon om verknader av å vere flyktning (normale reaksjonar)
Arbeidsinnvandrar	Røyking. Uregelmessig arbeidstid. Vanskeleg med organiserte fritidsaktivitetar med uregelmessig arbeidstid	Bør vere obligatorisk for alle å lære norsk
Bu- og habiliterings- avdelinga Utviklingshemma og andre brukargrupper som fell utanfor ordinært arbeidsliv, og som treng eit betre og breiare tilbod knytt til eit «arbeids/aktivitetstilbod».	Avhengig av politisk satsing nasjonalt og lokalt. Avhengig av økonomisk prioritet, sett opp mot andre viktige tiltak både i statleg og kommunal regi. Statleg prioritering av VTA-tiltak til grupper som ikkje kan fungere godt nok i ordinært arbeidsliv.	Planlegging og bygging av Herøy ressurscenter på kommunalt nivå. Mål: Skape ulike/differensierte arbeidsplassar. Ulike menneske har ulike preferansar! Lokalpolitisk tilbakemelding i høve nasjonale satsingar. Ei utviding av TT-korttilbodet.

«Transportfridom» til dei som ikkje er i stand til å køyre / forflytte seg sjølv.  	Manglande offentlig transport har negativ innverknad på opplevd handlefridom. Dyrt med drosje. Er avhengig av lommeboka. Fører til passivitet. Ikkje ein «eigen» bil til disposisjon = mindre grad om handlekraft/fridom. Bur i eigne leilegheiter/bustadar. Har lite sosialt nettverk. Har ikkje eit arbeidstilhøve eller aktivitetstilbod. Ikkje forståing for konsekvens av handlingar. For lite fysisk aktivitet. Medisinering kan ha konsekvens på/for fedmeproblematikk.	Tilskotsordning til eigen bil.(NAV?) Ha ein «eigen» bil til disposisjon som andre kan køyre for seg?! Politisk fokus ifht å få betre tilbod kring offentlig transport både kommunalt og interkommunalt. Støttekontakt. Hjelpe dei som er einsame til å «finne» kvarandre. Bygge nettverk. Legge til rette for sosiale møteplassar. Få eit arbeid, eller eit aktivitetstilbod. Råde til, motivere og tilrettelegge for eit sunt kosthald. Organisere fysisk aktivitet til dømes turgrupper, slik at motivasjonen får litt hjelp av ein «lovnad» om eit sosialt fellesskap. Bassengtrening i nytt badeland.
Kulturavdeling Innvandrarar Leigetakarar Alle, og særleg born og unge Born og unge 	Auka deltaking i kulturlivet, samt i lag og organisasjonar: Kulturhuset: Tilrettelegging for faste og midlertidige aktivitetar. Kulturminner: Auka kjennskap til- og meir kunnskap om kvifor det er viktig å ta vare på kulturminner. Folkehelsetiltak: Førebyggjande aktivitetar Musikk: Behov for fleire aktivitetar for barn og unge der samspel har fokus.	Betre informasjon til, og kommunikasjon med målgruppa. Erfaringsutveks. Rehabilitering og modernisering av kulturhuset. Vidareføre kommunale investeringar knytt til utskifting av div. materiell. Utarbeide lokal kulturminneplan. Informasjonsarbeid knytt til kvifor ivaretaking er viktig, samt søknads-moglegheiter. Turløyper, samt organisert og uorganisert aktivitet i nærleiken av der folk bur. Auka kunnskap om mat. Vidareføre kommunale tilskotsmidlar til skilting og merking av turløyper.

Ungdomsrådet   	Ungdomen er opptekne av møteplassar. Transport i høve til "Fram flexx" (bussordning) Kinosnacs: Mykje godt , men usunt Førstehjelp: Lite opplæring/info i grunnskulen Psykisk helse: Lite kjent med at mange slit med vanskar, stress, press og/eller depresjon. Øvingslokale: Mange fine plassar på kulturhuset + musikkbrakka Snus: Det er mykje snus-bruk og ein opplever gruppepress Grøne areal: Lite aktivitet i parken Herøy LAN: Ein fin stad der ungdom er sosiale og blir kjent Rusmisbruk: Det er lett å få tak i både alkohol og narkotika, både på privatfest og på gata. Enkelte startar i svært ung alder. Mange drikk alt for mykje når dei drikk. Jobb for ungdom: Vanskeleg å kome inn i arbeidslivet	Ynskjer å pusse opp fritidsklubben og skape meir aktivitet. Transportordning innført for heile kommunen Selge sunn mat til dømes frukt og salat. Obligatorisk opplæring i førstehjelp i skulen. Info om mental tilstand/omsorg Få til øvingslokaler rundt om i krinsane. Meir fokus på snus-problemet og kan vurdere innføre av straff då det er 18-års grense. Mure opp grillar, sette opp volleyballnett i parken. Burde fått kulturstøtte om dei søker om det Meir førbyggande. MOT er veldi bra og det seminaret (Bry deg) som var med Gard Varholm, faren til ho jenta som døde og politiet skulle ha vore ei årlig ordning for alle 8.klassinga. Folk skulle lært at det går an å drikke litt og ikkje bli dritings. Det skulle vore ei slags utplasseringsordning slik at ungdommar fikk arbeidstrening og fikk referanser dei kunne vise til når dei søkte jobb.
Pleie- og omsorgsavdelinga Sjukeheimspasientar 	Treng tilfredsstillande dekning av personale (kvalifisert og tilstrekkelig med tid) Har vakante stillingar, spesielt for lege- og sjukepleiegruppa Samhandlingsreforma har ført til meir aktiv behandling og nye, utfordrande oppgåver. For å løyse det treng vi rett fagkompetanse.	➤ Endring av ansvar for arbeidsopp-gåver; tenkje nytt på kven som gjer kva. Eks sjukepleiar treng ikkje ha ansvar for aktivitetstilbod ➤ Betre rekrutteringsarbeid ➤ Auka legedekning i sjukeheim ➤ Eigen sjukeheimslege ➤ Stenge gjennomfartstrafikk ved Herøy omsorgssenter

	Oppgåvene ute i kommunen vert meir komplekse, medan legane organiserer seg i interkommunale legevaktdistrikt - Ha tilgang til eit trivelig og skjerma uteområde - Nye mattradisjonar og andre kulturar. - Mange ynskjer for menyval og måltidsrytme	➤ Tilpasse mattilbodet slik at det vert tilnærma lik standard for alle grupper ➤ Meir opplysning og kunnskap om ernæring ➤ Tettare samarbeid mellom avdeling og kjøkkenpersonalet ➤ Fortløpande matmerking av alle produkt gjer at alle veit kva dei et.
Heimebuande	Ernæring (gjeld også heimebuande) Treng tilfredsstillande dekning av personale (kvalifisert og tilstrekkelig med tid) ➤ Lege ➤ Sjukepleiar ➤ Fysioterapeut ➤ Ergoterapi ➤ Miljøarbeidarar/kultur ➤ Mange er einsame	➤ Må få seniorsenter; ein møteplass med ulike aktivitetstilbod. Kommunen må setje av ressursar for å koordinere tilbod som frivillige er med å drive ➤ Aktivitetsvenn / frivillig besøksteneste ➤ Godt samarbeid med skule og barnehage
Alle som brukar eller arbeidar på helse- og omsorgssenteret på Eggesbønes	Dårlege bygningsforhold hemmar teneste, både fagleg og miljømessig: ➤ Behandlingsrom for lege, fysio, hår-, fot-, tannpleie m.m. ➤ Manglar møte- og undervisningsrom ➤ Manglar lokalitetar for å handtere smitte/isolasjon ➤ Matsalen er ein for stor møteplass rundt måltid. Manglar rom for aktivitet og miljøtiltak	➤ Nytt omsorgssenter som har desse funksjonane ➤ Smittevernplan (infeksjonskontroll-program) ➤ Plass til mindre grupper
Tilgang på frivillige (pårørande og andre)	Samarbeid med kommunen ➤ For å få kontinuitet i det frivillig arbeidet må det vere ei systematisk oppfølging/koordinering frå leiinga i kommunen si side ➤ Kommunen må gi nødvendig opplæring og tilrettelegging ➤ Kommunen må gi god tilbakemelding og kontinuerlig oppfølging ➤ Det må verte status å vere frivillig ➤ Det må vere triveleg for pårørande å kome på besøk	➤ Lage lokale som kan fungere som møteplassar for frivillig arbeid ➤ Prioritere personallressursar til kontakt/samarbeid med frivillige ➤ Det må leggjast til rette for det gode samværet / kvalitetstid

Personaldilemma 	➤ Det er eit gap mellom det personalet kan gjere og det folk forventar ➤ Fokus på fag druknar lett i nye oppgåver. Gamal kvardag møter nye behov ➤ Mangel på faglært arbeidskraft. Hender er ikkje hender, men kompetanse. ➤ Fleire menn i yrket ville gitt mangfald og fleire innfallsvinklar ➤ Samsvar mellom oppgåver og ressursar ➤ Det er utfordrande å nyttiggjere seg av frivillige fordi ein treng meir personell ved auka aktivitet ➤ Ved bruk av velferdsteknologi er der endå mykje upløgd mark..	➤ Nytenking og ny teknologi må ligge til grunn for nye tiltak ➤ Ny ansvarsfordeling der deler av arbeidet vert overført til andre yrkesgrupper ➤ Nye stillingar for å dekke nye oppgåver og fleire pasientar ➤ Informasjon, kunnskap og forventningsavklaring om tenestene ➤ Deltaking i mannleg rekrutteringsprosjekt frå Trondheim
Skuleavdelinga Herøyskulane Elevar i grunnskulen, 1.-10.klasse 	1. IKT/PC/Skjermbruk Risikofaktorar: - Mindre aktive p.g.a:- pc/skjerm, mindre fysisk kontakt med vener i fritida - Spel - Voldelige spel - Stillesitting - Nettmobbing – skjult mobbing - Lite kreativt – mister evner til tiltak - Kombinert med dårleg kosthol risikerer ein fedme - «Feil bruk» av sosiale medier - rapport som seier at fleirtalet av bhg barn vil heller halde på med nettbrett enn å leike med andre barn. Beskyttelses faktorar: - Foreldre kan vere både ein risikofaktor og ein beskyttelses faktor - avgrense tida barna får vere på skjermaktivitetar. Skape aktivitetar i staden for passivitet	Plan mot mobbing – rutiner som avdekkar og arbeider mot også nettmobbing. Meir fysisk aktivitet i friminutt og timar. Problemfelta knytt til IKT/PC/skjermbruk – in aktivitet og mobbing heng veldig tett saman. Mobbeprobblem heng ofte klart saman med problemfeltet ikt/skjerm/nettbruk. I arbeidet med slike problem har vi også kopla på førebyggjande avdeling i politiet då ein del av det som skjer på nett og mobil også kjem inn under straffelova.

	Manglande fysisk aktivitet p.g.a. høg aktivitet på skjerm: <u>Risiko:</u> Skuleskyss, pc/skjerm, mindre fysisk kontakt med vener i fritida Fysisk aktivitet: - fleire og fleire kjem med meldingar til skulen om at dei ikkje kan ta del i vanleg kroppsøving eller må ha eige opplegg Klasseskilje mellom aktive og inaktive barn – klasseskilje mellom heimar som legg til rette for aktivitet og følgjer dette opp <u>Beskyttelsesfaktorar:</u> * Aktive heimar som følgjer opp og legg til rette for fysisk aktivitet. * Meir opplysing mellom folk generelt om kor viktig fysisk aktivitet er for helsa vår	Gå /sykle til skulen Øyremerka midlar til uteaktivitetar Bevegelse/aktivitet i timane. Meir fysisk aktivitet – treng betre lovheimling enn den som er på 5.-7.klasse no
	Mobbing: <u>Risiko:</u> Minskar læring Sosiale problem Manglar nettverk Varige skader Drop out elevar Lite nettvett og god tilgang til alle mulege media <u>Beskyttelse:</u> Godt heim/skulesamarbeid Godt skulerte partar i skulekvardagen tydelege tiltak, god kartlegging godt samarbeid heim/skule	-Gode rutiner -Vilje til å gjere noko. -Sosiallærar eller liknande helsesøster i skulen -kursing av personale -tett samarbeid med naturlege partnara -Arbeid med definisjonen, klargjering av kva som er mobbing. Sosiale arena/meistring Arena for samhandling Foreldremøter Trivselstiltak: samlingar, leikar, uteskule Vakter som fungerer Elevvakter/trivselsvakter Faste innslag/ rutiner i alle klasser/heile skulen



	Kosthald: <u>Risiko:</u> -Folkesjukdom -Fedme -Dårleg konsentrasjon -Mykje mat/feil mat -Mykje bruk av snop og brus -E-stoff -Ikkje alle har med skulemat eller et frukost før dei kjem -Ueigna mat både til frukost og skulemat -Svolten og ukonsentrerte <u>Beskyttelse:</u> * Meir kunnskap mellom folk generelt om kva kosthald kan ha å seie for å motverke fysisk og psykisk sjukdom. * Meir kunnskap om korleis feil kosthald kan skape problem med konsentrasjon og åtferd hos barn.	Frukt/mat/mjølke i skulen Haldningsarbeid i høve feilernæring Tema i undervisning, ikkje berre i mat og helse faget. Foreldrekurs i samarbeid med helsestasjonen Skulefrukt for alle Skulelunsj ein gong i mnd Dette problemfeltet heng klart saman med in aktivitet og dårleg fysisk helse
Elevar i grunnskulen med innvandrar- eller flyktningebakgrunn. 	Innvandringsrelaterte problem: <u>Risiko:</u> - mykje språkproblem i forhold til å informere foreldre og barn om helseutfordringar eller tilbod som kan motverke helseutfordringar - forståingsproblem i forhold til system for helseoppfølging - andre samværsformer og kultur i forhold til fysisk aktivitet og kosthald - lite og sårbart nettverk i forhold til familien	Samarbeid med bedrifter som har mange arbeidsinnvandrarar i forhold til informasjon Tverrfagleg samarbeid i forhold til opplysning og oppfølging av elevar og heimar Samarbeid med internasjonal skule dersom foreldra går der i forhold til å få forklart korleis vårt samfunn fungerer.

Utviklingsavdelinga <u>Plan og byggesak</u> Folkehelseiltak og universell utforming kan opplevast som fordyrande ledd for tiltakshavar / utbyggjar LNF og strandsone 	Krava som kommunen stiller for å oppnå uu og folkehelseiltak kan opplevast som fordyrande i første omgang sjølv om det ikkje nødvendigvis er det i eit lenger perspektiv. Manglande respekt for LNF-område Mange dispensasjonar frå planverket Grunneigar vil bygge og utvikle sin eigen eigedom Politiske nivået er lite restriktive når det gjeld nedbygging av LNF-område	Synleggjere ovanfor tiltakshavar/utbyggjar at bygg med uu og folkehelseiltak kan gje prosjekt betre kvalitet og ikkje vere fordyrande i eit langsiktig perspektiv. Auka bevisstheit på at det må vere gode argument for å få innvilga disp.søknadar Synleggjere konsekvensen av mange dispensasjonar over tid Meir informasjon og betre kommunikasjon mellom tiltakshavar og kommunen Meir informasjon og betre kommunikasjon mellom administrasjonen og det politiske styret
<u>Byggesak</u> Administrasjonen må forhalde seg til. Universell utforming Uteopphaldsareal Renovering av bygg Nye private byggeprosjekt	Utbyggjar vil ofte unngå krava som kommunen stiller, som td. heis. Tiltakshavar/utbyggjar vil sleppe krav om tilstrekkeleg UOA Verneinteresser UU og folkehelseiltak kan vere eit fordyrande ledd	Støtte seg meir til fagekspertisen med argument når vi «bygger sak». Sende saka på høyring til berørte brukargrupper Utfordre tiltakshavar på å bygge bygg som er tilgjengeleg for alle. Kvalitet og brukarvenleg bygg kan vere ei styrke. Informasjon og kommunikasjon med tiltakshavar/utbyggjar. Sjå forslag ovanfor.
<u>Plan</u> Reguleringsplanar Forureining -støy -Støv -Deponi -Utslepp -osv	Reguleringsplanane legg ofte føringar for alt av leikeplassar, gang- og sykkelveggar, UOP, friområde, forureining mm. Mange av dei same utfordringane som for byggesak, men plan må handtere dei i planverket Får ikkje innspel og merknadar tidleg nok Svake grupper (eldre, barn, menneske med nedsett funksjonsevne) har vanskeleg for å nå gjennom med sine innspel	Førebygge utfordringane gjennom medverknad og høyringar. Mange av dei same tiltaka som med byggesak. Tydeleg kommunikasjon på krav og god sakleg oppbygging av argument er stikkord Førebygge gjennom medverknad og høyring. Enda større openheit og gjere det lettare å kome med innspel

Den offentlege tannhelsetenesta 2 timar undervisning til 8. klasser Tannpleiar har undervisning til elevar i VG1 og VG2. Helse og sosialfag (HVG) Årlege samarbeidsmøter med leiarane i barnehagane Framandspråklege / Innvandrarar som deltek i norskundervisning Intro-program Alders og sjukeheim Open pleie og omsorg 	Stor variasjon på kor mange som møter. Viktig å få ut info tidleg. Risikoalder for karies Viktig tema for desse som skal jobbe med å stelle andre i framtida. Fokusere på dette viktige temaet. Set fokus på stell av tenner. Dagleg kosthald / bursdagsfeiringar. Pga. lav bemanning har det vore lite besøk ute i barnehagane dei siste åra. Viktig med rett info om tannstell og offentleg tilbod. Viktig med rett info om tannstell og offentlege tilbod. Dagleg reingjering av tenner og munnhole Få kjennskap til brukargruppa Stor variasjon på kor mange som møter. Viktig å få ut info tidleg. Viktig tema for desse som skal jobbe med å stelle andre i framtida. Fokusere på dette viktige temaet.	Vidareføre opplegget. Vidareføre opplegget Vidareføre opplegget som er likt for alle vidaregåande skular i Møre og Romsdal. Tannhelsepersonell besøker barnehagane dersom dei tek kontakt, også i forhold til foreldremøte. Grupper av barn på besøk på tannkl. Vi stiller med undervisning til desse når vi blir kontakta. Tannpuss kvar kveld Tannpleiar deltek på Fagdagar med undervisning Få ut informasjon til brukargruppa. Brosjyra « God tannhelse heile livet» Vidareføre opplegget. Vidareføre opplegget som er likt for alle vidaregåande skular i Møre og Romsdal.
--	---	--





HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2015/1351
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
21/16	Valnemnd	28.04.2016
67/16	Kommunestyret	28.04.2016

VAL AV VARAMEDLEM I RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE 2015-2019

Tilråding:

Som varamedlem for Trine Elisabeth Eiksund i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2015-2019 vert vald Johannes Kvalsvik.

Særutskrift:
Den valde

Vedlegg:

Tilråding frå NHF Nord Vest

Saksopplysningar:

I K-sak 173/15 til råd for menneske med nedsett funksjonsevne for perioden 2015-2019 vart desse valde:

Medlemer:

Sølvi V. Myrhol
Janne Remøy Endresen
Nina Breivik Bendal
Trine Elisabeth Eiksund
Mona Voldsund Høybakk
Karly Ingunn Teige

Varamedlemer:

Svein Håvard Sævik
Karl Inge Voldsund
Sigmund Nymark
Hilde Lid Hole
Solveig Katrin Dahlstrøm

Fosnavåg, 30.03.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinneres

Hilde, kan du orientere Idar Tarberg? Han etterlyst dette.

Fekk fylgjande beskjed frå NHF Nord Vest då eg etterlyste varamedlem for Trine:

Hei,

Vi har snakket med Johannes Kvalsvik, og han kan gjerne stille som enten medlem eller varamedlem i rådet. Mail adressen til Johannes er johannes@tussa.com, mobil [99308211](tel:99308211).

Med vennlig hilsen

Nelly Torvik
Regionkontorleder Nord Vest
[Norges Handikapforbund](#)

Mobil: [46 80 98 73](tel:46809873)



cid:image001.png@01D161B7.1931
D260



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LME	Arkivsaknr:	2016/481
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
68/16	Kommunestyret Valstyret	28.04.2016

FRITAK FRÅ POLITISKE VERV - BJØRNAR TORVHOLM SÆVIK

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Særutskrift:
Bjørnar Torvholm Sævik
Gruppeleiar i Krf

Vedlegg:

Søknad av 04.04.2016 frå Bjørnar Torvholm Sævik

Saksopplysningar:

Bjørnar Torvholm Sævik søker fritak frå politiske verv.

Han er 5. varamedlem for Krf i Herøy kommunestyre og 3. varamedlem i komite for oppvekst.

Kommunelova §15. Uttreden

2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjønne sine plikter i vervet.

Om ein varaplass blir ståande ledig og ordføraren finner det nødvendig skal han sende saka til Valstyret som foretar nytt valoppgjør.

Kommunelova § 16, 2. ledd

2. Hvis medlemmer av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Er et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmer inn i den nummerorden de er valgt.

Valglova 14.2 (2)

(1) Fylkesordføreren eller ordføreren skal sørge for at fylkesvalgstyret eller valgstyret foretar nytt valgoppgjør dersom en representantplass i fylkestinget eller kommunestyret blir stående ubesatt.

(2) Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner dette nødvendig.

(3) Er antallet av vararepresentanter eller av en gruppes vararepresentanter blitt utilstrekkelig, og forholdet ikke kan avhjelpes ved nytt valgoppgjør etter annet ledd, kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige vararepresentantplassen. Gruppen underretter deretter fylkesvalgstyret eller valgstyret, som velger vedkommende som vararepresentant dersom valgbarhetsvilkårene er oppfylt.

(4) Er kommunestyrevalget holdt som flertallsvalg, utpekes kandidaten til den ledige plassen av kommunestyret. Tredje ledd annet punktum gjelder tilsvarende.

(5) For øvrig gjelder §§ 11-11 og 11-13 tilsvarende

Dersom Bjørnar Torvholm Sævik får fritak og Krf si varaliste skal supplerast går Annfrid Bjørg Aurvåg inn som siste varamedlem iflg valresultatet 14.09.2015.

Krf si gruppe i Herøy kommunestyre vil då sjå slik ut:

1. Camilla Storøy, 6095
2. Ole Arne Brubakk, 6098
3. Linn-Therese Hansen Sævik, 6094
4. Edel Kvalsund Goksøyr, 6098

1. Birgitte Sævik Pedersen, 6094
2. Mona Grethe Ryssevik, 6090
3. Anniken Kessler-Myking, 6092
4. Øyvind Magnus Kopperstad, 6098
5. John Terje Berg Nerem, 6091
6. Dag Johan Flattun, 6090
7. Annfrid Bjørg Aurvåg, 6080

Dersom Bjørnar Torvholm Sævik får fritak vert val av ny varamedlem i komite for oppvekst meldt opp til valnemnda.

Fosnavåg, 07.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Lisbeth Moltu Espeseth

Sakshandsamar: Lisbeth Moltu Espeseth

----- Opphavleg melding -----

Emne: Søknad om fritak Bjørnar T. Sævik

Dato: 2016-04-04 23:31

Frå: bjornarts <bjornarts@tussa.com>

Til: arkiv@heroy.kommune.no

Hei.

Yrkesfaglege komplikasjonar har ført til at eg ser meg nødt til å sende inn denne søknaden om fritak frå mitt verv i kommuna. Det er synd å måtte kome med denne meldinga, men yrkesmoglegheiter går meg forbi med varavervet.

Mvh Bjørnar T.S

Søknad om fritak frå varaverv i Kommunestyret

Eg, Bjørnar Torvholm Sævik, ynskjer hermed å søkje fritak for varavervet for KRF i kommunestyret og i komite for oppvekst for resten av valperioda. Dette grunna komplikasjonar i min utdanning og yrkespraksis. Viser til kommunelova sin § 15.2.

Kommunelova sin § 15.2 seie:

«Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»

I forklaring til kommunelova heiter det bl.a.:

«Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører.»

Som journalist krev det av meg, ei objektiv stilling til politiske styringsorgan i samfunnet, noko mitt folkevalte verv har gjort vanskeleg. I min journalistiske kvardag er eg rekna som inhabil når det kjem til eit hav av saker då eg etter vervet å beteikne er politiskar. Eg kan ikkje lage journalistiske produkt med tilknytning til politikk, noko som omfamnar mykje. Dette har eg også fått beskjed om vil hindre meg i å få jobb i større nasjonale redaksjonar. Partipolitisk uavhengigheit er ein viktig faktor for potensielle arbeidsgivarar. Eg skal no søkje meg ut i praksis i akkurat desse større redaksjonane og er redd for at dette varavervet vil gjere meg uaktuell og hindre meg å oppnå mine yrkesmål. Praksisen vil også truleg hindre meg i å ta del i eventuelle kommunestyremøter i det komande studieåret.

Mine foreløpige utdanningsplanar peikar også på ei framtid utanfor distriktet noko som også vil komplisere mine evne til å oppfylle eventuelle plikter knytt til mitt verv.

Dette er altså grunnen til at eg ynskjer å søkje fritak. Eg håpar på forståing for dette valet, og håpar på medhald i saka.

Med vyrdsam helsing Bjørnar Torvholm Sævik



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2016/576
		Arkiv:	033

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
22/16	Valnemnd	28.04.2016
69/16	Kommunestyret	28.04.2016

VAL AV POLITISKE REPRESENTANTAR TIL FOSNAVÅG KONSERTHUS AS 2016-2019

Tilråding:

Som representantar og styreleiar i Fosnavåg Konserthus for perioden 2016-2019
vert valde:

Særutskrift:
Fosnavåg Konserthus AS
Dei valde

Saksopplysningar:**F-sak 98/12**

Til representantar i Fosnavåg Konserthus for perioden 2012-2015 vert valde:

Representant:

Kirsti Hammerø
Henry Jøsokbakke

Personleg vara:

Knut Johan Voldsund
Janita Westbø Remøy

Epost frå Fredrik Remøy datert 20.04.16:

«Det skal veljast nye styremedlem for Fosnavåg Konserthus. Herøy Kommune har rett på 2 styremedlem, inkludert styreleiar»

Fosnavåg, 20.04.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnes

Delegerte saker frå avdelingane

DS 85/16 Gnr 5 m.fl - Frådeling av tomter til utbyggingsformål 15.03.2016 00:00:00

Sunnmøre Jordskifterett

DS 86/16 Gnr 76 Bnr 38 - Frådeling av eksisternade nausttomt 15.03.2016

00:00:00 Arnkjell Brandal

DS 87/16 Marine Harvest Eggesbønes AS 38/285- Løyve til riving av tilbygg og etablering av parkeringsplass 02.03.2016 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 88/16 Jostein Nærø - 24/88 - fasadeendring 30.03.2016 00:00:00 Jostein Nærø

DS 89/16 Gudjon Ørn Emilson - 37/387 - garasjebygg 30.03.2016 00:00:00 Gudjon Ørn Emilson

DS 90/16 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Mellombels bruksløyve 01.04.2016 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 91/16 Jan Helge Langberg - 81/24 - Garasje 04.04.2016 00:00:00 Jan Helge Langberg

DS 92/16 Ferdigattest rehabilitering skorstein - 37/146 13.04.2016 00:00:00 Cementprodukt as

DS 93/16 Ingmar Jøsokbakke 87/4 - Ferdigattest 12.04.2016 00:00:00 Cementprodukt AS

DS 94/16 Jan Petter Osnes - 31/86 - Garasje 20.04.2016 00:00:00 Jan Petter Osnes

DS 95/16 Storneset grannelag 56/29 - Løyve til oppføring av gapahuk 11.04.2016 00:00:00 Malin Elise Dypvik

DS 96/16 Redningsselskapet - 34/1 - Flytebrygge 11.04.2016 00:00:00 Regionskontor RS Fyrtårn Ålesund

DS 97/16 Martin Bøe - 16/134 - Garasje 30.03.2016 00:00:00 Martin Bøe

DS 98/16 Per Ola Kleppe - 83/1 - Ombygging/fasadeendring 30.03.2016

00:00:00 Per Ola Kleppe

DS 99/16 Ferdigattest 31/112 01.04.2016 00:00:00 Tømrer Service as

DS 100/16 Sigmund Aksnes - 56/61 og 106 - Garasjebygg 30.03.2016

00:00:00 Sigmund Aksnes

DS 101/16 Ferdigattest naust i rekke 54/71 06.04.2016 00:00:00 Arkitekt Ivar

Sulebakk

DS 102/16 Elisabeth Gigernes - 27/79 - tilbygg 04.04.2016 00:00:00 Elisabeth

Gigernes

DS 103/16 Herøy kommune 83/18,19 Rammeløyve for oppføring av tilbygg og

igangsetjing av grunn- og rivingsarbeid 29.03.2016 00:00:00 Ose

Ingeniørkontor AS

DS 104/16 Geir Kleppe - 86/2 - Redskapsbod 01.04.2016 00:00:00 Geir

Kleppe

DS 105/16 Herøy kommune 34/84 - Løyve til oppføring av støttemur

01.04.2016 00:00:00 Aurvoll og Furesund AS

DS 106/16 Ferdigattest - 31/188 - heile prosjektet 08.04.2016 00:00:00

Tømrer Service as

DS 107/16 Herøy kommune 83/18,19 - Igangsetjingsløyve for oppføring av

tilbygg til Leikanger skule 12.04.2016 00:00:00 Ose Ingeniørkontor AS

DS 108/16 Westplast AS 25/47 - Igangsetjingsløyve for utlegging av

betongflåte 30.03.2016 00:00:00 CONPLAN AS

DS 109/16 Ferdigattest - tilbygg 50/13 13.04.2016 00:00:00 Asplan Viak as

DS 110/16 Lidvar Husøy - 46/82 - Støttemur og terrasse 15.04.2016 00:00:00

B.Tarberg as

DS 111/16 Vidar Knotten - 35/159 - Tilbygg 15.04.2016 00:00:00 Vidar

Knotten

DS 112/16 Terje Hungnes - 16/84 - Naust, kai og flytebrygge 11.04.2016

00:00:00 Terje Hungnes

DS 113/16 Skotholmen as - 11/162 - Riving av bygg 18.04.2016 00:00:00

Prosjektbygg as

Referatsaker

Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2015/417
		Arkiv:	004

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
4/16	Arbeidsmiljøutvalet	29.02.2016

ÅRSRAPPORT AMU 2015

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten til vitande.

Særutskrift:

- Kommunestyre
- Rådmannen si leiargruppe
- Arbeidstakarorganisasjonane

Møtebehandling:

Det vart påpeika manglar i oversynet over vara i AMU. Personal- og organisasjonsleiaren vil kontrollere og rette opp manglane.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 29.02.2016

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrapporten til vitande.

Saksopplysningar:

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) skal etter Arbeidsmiljølova § 7-2 (6) gje ein årleg rapport over arbeidet i utvalet, samansetning, møteverksemd til styrande organ og til arbeidstakarorganisasjonane.

Leiar i AMU vert vald for eit år om gongen, medan medlemmar vert vald for to år. Leiarvervet alternerer mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Medlemmar AMU 2015:

Namn	Funksjon	Nemning	Kommentarar og endringar
Olaus-Jon Kopperstad	Leiar	Rådmann	
Arnulf Goksøy	Nestleiar	Ordførar	
Olaug Andreassen	Medlem	HVO	
Eli Karin Kvalsund	Medlem	HTV	
Oddbjørn Vinjevoll	Medlem	HTV	
Marina Hoff Myking	Medlem	TV	
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP	Medlem til 18.11.2015
Jonny Hundsnes	Medlem	AP	
Tor-Sindre Steinsvik	Vara	Varaordførar	Vara til 18.11.2015
Camilla Storøy	Vara	Varaordførar	Vara får 19.11.2015
John Nerem	Vara	KRF	Vara til 18.11.2015
Ann-Kathrin Storøy	Vara	H	Vara frå 19.11.2015
Ole Brubakk	Vara	KRF	Vara frå 19.11.2015
Silje O. Gjelseth	Vara	AP	
Jarl Martin Møller	Vara	Tilsett/leiar	Vara frå 19.11.2015
Rolf Sivertsen	Vara	TV	Vara til 18.11.2015
Marita Siv Pedersen	Vara	TV	
Kjartan Paulsen	Vara	TV	Vara til 18.11.2015
Sunniva Karlsen	Vara	HTV	Vara til 18.11.2015

Møter i 2015:

Møtedato	Tidspunkt	Stad	Møterom
20.04.2015	14:00	Herøy rådhus	Formannskapssalen
01.06.2015	14:00	Herøy rådhus	Møterom 1
21.09.2015	14:00	Herøy rådhus	Møterom 1
30.11.2015	14:00	Herøy rådhus	Formannskapssalen

Utvalet har i hovudsak handsama og vore involvert i desse sakene:

- Rapportering og gjennomgang av sjukefråværet per tertial
- Årsrapport AMU 2014
- Oppsummering HMS-arbeidet 2014
- Overordna HMS-plan 2015
- Retningsliner for tobakksbruk hjå Herøy kommune
- Presisering kring verneombod for leiarar
- Arbeidsmiljøprisen 2015
- Mandat og retningsliner for Arbeidsavklaringsutval (AAU) hjå Herøy kommune
- Endring av verneområde hjå Herøy kommune
- Handlingsplan inkluderande arbeidsliv (IA-plan) 2015-2018
- Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

Referatsaker:

- Reinhold kommunale bygg

Orientering/drøfting:

- Eigedomsleiar orienterte om utviklingsplan kommunale bygg 2015-2020

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen vurderer det slik at nærværande årsrapport gjev eit oversiktleg og representativt oversyn over mangfaldet og hovudlinene i utvalet sitt arbeid i 2015.

Konsekvensar for folkehelse:

Eit vel fundert og systematisk arbeid i Arbeidsmiljøutvalet vil over tid ha positiv verknad på arbeidsmiljøet særskilt og helsa generelt for tilsette i organisasjonen.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Eit vel fundert og systematisk arbeid HMS-arbeid monitorert av Arbeidsmiljøutvalet, vil ha positiv verknad på den generelle drifta av organisasjonen, og i høve særskilte prosjekt og tiltak.

Fosnavåg, 12.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	AKE	Arkivsaknr:	2012/176
		Arkiv:	441

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
5/16	Arbeidsmiljøutvalet	29.02.2016

SJUKEFRÅVÆR 3. TERTIAL OG HEILE 2015

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Særutskrift:
Kommunestyre
Rådmannen si leiargruppe
Arbeidstakarorganisasjonane
Hovudverneombodet

Møtebehandling:

Personal- og organisasjonsleiaren gjorde kort greie for saka og svarte på spørsmål.

Rådmannen meinte sjukefråværet samla sette var akseptabelt, særleg sett i lys av den økonomiske- og ressursituasjonen kommunen er i og har vore i.

HVO presiserte at det var somme arbeidsstasjonar/bygg som ikkje er tilfredsstillande.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 29.02.2016

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

Tabell 1 nedanfor viser sjukefråværet for 1., 2., og 3. tertial.

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune. 1. tertial, 2. og 3. tertial 2015									
L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	1. tertial	K	L	2. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. ink	8,69	1,31	7,37	4,52	1,4	3,12	5,32	1,03	4,29
Økonomi (>10)	5,71	3,21	2,51	15,14	0,79	14,35	9,87	1,45	8,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	37,56	0	37,56	11,57	0	11,57	0,39	0,39	0
Servicetorget (<10)	8,87	8,87	0	0,88	0,88	0	14,25	3,14	11,11
Utviklingsavd. (<10)	7,12	1,66	5,26	2,07	0,84	1,23	5,44	3,53	1,91
Barnehageavd. (<40)	13,63	3,06	10,57	8,35	2,93	5,41	12,32	3,46	8,86
Grunnskuleavd. (<25)	7,32	2,44	5,27	5,38	0,87	4,51	5,32	1,5	3,82
Anl. og drift (<15)	11,58	3,22	8,36	4,89	0,42	4,47	0,8	0,8	0
Brannvern (<30)	1,09	1,09	0	0,28	0,13	0,15	1,23	0,95	0,28
Helse (<40)	8,01	0,98	7,02	6,61	0,74	5,86	2,55	0,67	1,87
Pleie og omsorg (<30)	12,08	2,45	9,63	8,87	1,98	6,89	7,04	2,14	4,9
Bu og hab. (<75)	16,05	2,99	13,07	8,02	2,28	5,74	7,94	3,11	4,84
Barnevern (<10)	14,16	0,71	13,45	8,08	0,74	7,34	5,28	2,45	2,82
Kultur (>10)	3,52	2,85	0,67	3,43	2,68	0,75	5,69	1,95	3,73
Eigedom (<40)	12,26	2,7	9,56	8,96	2,32	6,64	22,29	3,21	16,38
NAV kommune (10)	15,51	6,23	9,26	17,4	2,77	14,69	13,64	2,27	11,37
Totalt fråvær	10,53	2,41	8,12	7,25	1,55	5,7	7,52	2,04	5,48

Tabell 2 nedanfor viser det totale sjukefråværet i 2015.

Avdeling	Heile 2015	K	L
Personal og org. inkl. HTV, HVO og lærl. (<20)	6,18	1,25	4,93
Økonomi (>10)	10,21	1,83	8,38
Fellessekr. (<5)	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0
IKT (<5)	17,4	0,13	17,27
Servicetorget (<10)	6,71	3,25	3,46
Utviklingsavd. (<10)	4,89	1,98	2,9
Barnehageavd. (<40)	11,4	3,16	8,24
Grunnskuleavd. (<250)	5,97	1,54	4,43
Anl. og drift (<15)	5,4	1,35	4,05
Brannvern (<30)	0,92	0,82	0,1
Helse (<40)	5,68	0,8	4,98
Pleie og omsorg (<300)	9,3	2,19	7,11
Bu og hab. (<75)	10,48	2,79	7,69
Barnevern (<10)	7,38	1,13	6,25
Kultur (>10)	4,23	2,49	1,74
Eigedom (<40)	14,71	2,75	11,96
NAV kommune (10)	15,5	3,67	11,83
Totalt fråvær	8,42	2	6,42

Tabell 3 viser sjukefråværet i 3. tertial i 2014 og 2015

Tertialviserfråværet i % Herøy kommune 3. tertial 2014 og 3. tertial 2015						
L= Langtidsfråværet, K=Kortidsfråværet						
	2014			2015		
Avdeling	3. tertial	K	L	3. tertial	K	L
Personal og org. inkt	7,29	1,82	5,47	5,32	1,03	4,29
Økonomi (>10)	1,58	1,15	0,43	9,87	1,45	8,41
Fellessekr. (<5)	0	0	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	36,57	4,07	32,5	0,39	0,39	0
Servicetorget (<10)	1,3	1,01	0,29	14,25	3,14	11,11
Utviklingsavd. (<10)	2,08	2,08	0	5,44	3,53	1,91
Barnehageavd. (<40)	14,46	3,21	11,25	12,32	3,46	8,86
Grunnskuleavd. (<25)	6,61	1,61	5	5,32	1,5	3,82
Anl. og drift (<15)	3,18	0,68	2,5	0,8	0,8	0
Brannvern (<30)	2,56	1,29	1,28	1,23	0,95	0,28
Helse (<40)	5,72	1,2	4,52	2,55	0,67	1,87
Pleie og omsorg (<30)	9,07	2,01	7,06	7,04	2,14	4,9
Bu og hab. (<75)	12,79	1,6	11,19	7,94	3,11	4,84
Barnevern (<10)	2,9	1,95	0,94	5,28	2,45	2,82
Kultur (>10)	0,7	0,7	0	5,69	1,95	3,73
Eigedom (<40)	13,47	2,59	10,84	22,29	3,21	16,38
NAV kommune (10)	2,68	2,68	0	13,64	2,27	11,37
Totalt fråværet	8,27	1,8	6,32	7,52	2,04	5,48


Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde eit samla sjukefråværet i 3. tertial 2015 på 7,52%. Det betyr at kommunen ligg om lag akkurat på mål for nærværet som er 92,5%. Dersom vi samanliknar med same tertial 2014, har vi ein reduksjon i fråværet med 0,75%.

Generelt endrar sjukefråværet seg gjennom året, og ligg ofte på eit høgare nivå i 3. tertial. Langtidsfråværet er det som gjev størst utslag på statistikken og for 3. tertial 2015 er det på 5,48%. Samanliknar vi igjen 2014 og 2015, skil det over ein prosent.

Dersom vi ser på det gjennomsnittlege fråværet for heile 2015 (sjå tabell 2) og samanliknar med tertial 1., 2. og 3., ser vi at variasjonane i fråværet kjem tydeleg fram. Om vi til dømes ser på Eigedomsavdelinga ser vi at fråværet i 3. tertial var på 22,9%, medan det for heile året låg på gjennomsnittleg 14,71%. I avdeling for Bu- og habiliterings som har hatt ein nedgang i sjukefråværet gjennom heile året ser vi at 3. kvartal ligg med 7,94% fråværet, medan gjennomsnittet for året ligg på 10,48%.

Diagrammet viser tertialvist fråvær dei tre siste åra, dvs. 2013, 2014 og 2015.



Vurdering og konklusjon:

Generelt ser vi av både tabell 1 og 2 at sjukefråværet varierer mykje frå den eine avdelinga til den andre. Avdelingar med få tilsette vil få ein større prosentvis utslag enn avdelingar med mange tilsette. Døme på dette er Personal- og organisasjonsavdelinga eller IKT- avdelinga som har få tilsette.

11 av 18 avdelingar har ein nedgang i sjukefråværet frå 3. tertial 2014 til 2015, noko som isolert sett er svært positivt.

Dersom vi ser på utviklinga av sjukefråværet i 2015, er det særleg verdt å merke nedgangen i sjukefråvær hos Pleie- og omsorgsavdelinga som har hatt ein jamn nedgang i 2015. Avdelinga hadde i 1. tertial eit sjukefråvær på 12,08, gjekk ned til 8,81 i 2. tertial og hadde for 3. tertial eit sjukefråvær på samla 7,04%. Noko som ligg godt under målsetjinga til Herøy kommune.

Ei anna avdeling som har hatt markant nedgang er Bu- og habiliteringsavdelinga med ein nedgang på 8,11% frå 1. til 3. kvartal. Andre avdelingar som kan skilte med nedgang i same periode er Barnevern som har gått frå 14,6% til 5,28%, Anlegg og drift frå 11,58% til 0,8% og avdelingane Nav kommune, helse og grunnskulen har også hatt ein nedgang på om lag 2%. Det er og grunn til å vise til markant nedgang hos IKT-avdelinga som har under ein halv prosent fråvær i 3. tertial.

Ei av dei avdelingane som har hatt ei negativ utvikling er Eigedomsavdelinga, med ein auke på 10% sjukefråvær. Når det er sagt er det grunn til å understreke at det er ei svært samansett avdeling og med til dels tungt fysisk arbeid, der mellom anna reinhald og

vedlikehald ligg. Det går også fram av statistikken av variasjonane gjennom året har vore store.

Tabellane syner også ein oppgang i sjukefråvær i dei små avdelingane, mellom anna Servicetorget, men det er grunn til å understreke at i ei avdeling med få tilsette gir ei endring i nærværet stort utslag.

Samla sett er det mykje positivt å lese ut av statistikken, sjølv om der er ein liten auke frå siste tertialrapport. Dei store avdelingane har ei fin utvikling i nærværet, og det kan synes som om fråværet kan stabilisere seg inn i mot det som er målsetjinga til Herøy kommune dersom vi ser på siste tertial. Ser vi der i mot på årsfråværet, har vi ein veg å gå.

Herøy kommune er ei IA-verksemd og det vert jobba målretta med sjukefråvær, både gjennom førebygging og oppfølging av sjukmelde. Med utgangspunkt i dei tala som no føreligg er det mange som gjer ein god jobb og med synleg resultat.

Konsekvensar for folkehelse:

Auka nærvær vil ha positive følgjer for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Lågt sjukefråvær har konsekvensar for drifta. Det vert mindre arbeid med å følgje opp dei sjukmelde og leige inn vikarar. Der blir betre kontinuitet i tenestene.

Fosnavåg, 15.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen- Hjelmeseth
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ann Kristin Eiken

Ⓢ Jm



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
15 FEB. 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		7767/2016/	Henny Totlandsdal	08.02.2016

Nerlandsøybrua - orientering om vedtak i Samferdselsutvalet 03.02.2016


Det vart gjort følgjande vedtak i Samferdselsutvalet 03.02.2016 :

«Samrøystes vedtak i Samferdselsutvalet - 03.02.2016

Samferdselsutvalet tek forprosjektrapporten fv 20 Nerlandsøybrua til vitande. Samferdselsutvalet ber om at brualternativ 10 - Over havna med maksimum 20 m seglingshøgde - i forprosjektrapporten leggjast til grunn i det vidare arbeidet med planlegging av ei ny Nerlandsbru.»

Dette vedtaket vil vere førande for vidare arbeid med prosjektet.

Med helsing


Per Ove Nydal
Seksjonsleiar infrastruktur


Henny Totlandsdal
Rådgivar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2014/412
		Arkiv:	000

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
44/16	Formannskapet	08.03.2016
48/16	Kommunestyret	17.03.2016

ENDRING AV VALDAG FOR FOLKERØYSTING OM KOMMUNEREFORM

Tilråding:

Valdagen vert sett til torsdag 19. mai 2016.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 08.03.2016

Valdagen vert sett til torsdag 19. mai 2016.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 17.03.2016

Valdagen vert sett til torsdag 19. mai 2016.

Særutskrift:

Politisk sekretariat
Kommunestyret

Saksopplysningar:

Vanylven kommune skal ha folkerøysting måndag 25. april

Hareid kommune skal ha folkerøysting torsdag 19. mai

Ulstein kommune skal ha folkerøysting torsdag 19. mai

Det er pr. dags dato ikkje gjort vedtak i Sande kommune om folkerøysting.

Fosnavåg, 25.02.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde B. Skinnes



HERØY KOMMUNE

R - utf

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Kommunestyresalen
Dato:	29.02.2016
Tid:	13.00 – 15.50

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Stian Elveseter	Nestleiar	
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	
Ove Kåre Remøy	Medlem	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

Forfall:

Varamedlemer som møtte:

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
Sigrid Torbjørnson	Konsulent	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	
---------------	----------------------------	--

Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møte:

Olaus Jon Kopperstad	Rådmann. Under orientering på slutten av møtet, og sak 5/16.	

Andre som møtte:

--	--	--

Gerhard Furø

Hege Nedreberg Vestavik

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
01/16	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
02/16	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
03/16	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015
04/16	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016
05/16	MELDINGAR
06/16	ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015
07/16	MØTEPLAN 2016
08/16	KONTROLLRAPPORT – ÅRSMELDING 2015
	SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

SAK 01/16 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vart godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vart vald Hege Nedreberg Vestavik.

SAK 02/16 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet den 09.11.2015.

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 09.11.2015 vart godkjent.

SAK 03/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	24.09, 22.10, 19.11, 10.12
Formannskapet	29.09, 13.10, 03.11, 17.11, 24.11, 01.12
Maritim og teknisk komite	22.09, 20.10, 08.12
Administrasjonsutvalet	21.09, 30.11
Arbeidsmiljøutvalet	21.09, 30.11
Eldrerådet	21.09, 23.11, 12.10
Komite for næring, kultur og idrett	12.10, 30.11
Komite for helse og omsorg	15.10, 26.11
Komite for oppvekst	23.09, 11.11
Plan og byggenemnd	02.10
Råd for msk med nedsett funksjonsevne	23.11
Valnemnd	09.11, 23.11, 10.12, 05.11
Valstyret	01.12

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møtebøker.

SAK 04/16 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2016

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	28.01, 18.02
Formannskapet	19.01, 09.02
Maritim og teknisk komité	26.01, 16.02
Komité for næring, kultur og idrett	15.02
Komité for helse og omsorg	11.02

Komite for oppvekst	27.01
Plan og byggenemnd	01.02
Valnemnd	28.01, 15.02

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til gjennomgådde møtebøker.

SAK 05/16 MELDINGAR

Vedlegg

1. Rutinar post og journalføring m.m. – Arkivplan for Herøy kommune
Statsarkivet i Trondheim: Tilsyn med arkiva i Herøy kommune. Tilsynsrapport av 12.05.2014.
Rådmannen var innkalla for å orientere om rutinar for post og journalføring. Dette vart gjort på slutten av møtet. Sjå Orientering.
2. E-post frå Bjarne Kvalsvik av 19.02.2016.
Bjarne Kvalsvik har i e-post av 19.02.2016 stilt spørsmål om det er rett og i tråd med lovverk at rådmann kan fatte vedtak som er endelege og ikkje kan påklagast. Saka gjeld vedtak med avslag på forespørsel om kjøp av areal. Kvalsvik opplyser at han har stilt spørsmål om dette vedtaket i kommunestyret.

Rådmannen fekk spørsmål vedkomande e-posten frå Kvalsvik om kjøp av areal. Han vil sende over korrespondansen i denne saka til sekretariatet.

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldinga og orienteringa om postrutinar og journalføring til vitende.
2. Kontrollutvalet stiller spørsmål om rådmannen kan avgjere forespørslar om kjøp av kommunal eigedom utan behandling i kommunestyret, og om slike vedtak ikkje kan klagast på.

SAK 06/16 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2015

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2015.

Saksopplysning

Viser til vedlagte årsmelding for kontrollutvalet 2015.

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek til etterretning kontrollutvalet si årsmelding for 2015.

SAK 07/16 MØTEPLAN 2016

Saksopplysning

I 2016 er det sett opp møte 29. februar, 4. mai (alt. 1 rekneskap), 30. mai (alt. 2 rekneskap), 21. september og 30. november.

Vi diskuterte om møteplanen inkl. talet på møte passer til utvalet sin aktivitet.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset møteplan i samsvar med framlegget.

SAK 08/16 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2015 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Vedlegg

- Kontrollrapport 2015 frå Skatteetaten, av 12.02.2016
- Årsmelding 2015 Skatteoppkrevjaren, av 20.01.2016
- Årsrekneskap 2015 for skatterekneskapen, av 20.01.2016
- Årsmelding interkommunal arbeidsgiverkontroll 2015, av 14.01.2016

Saksopplysning

Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren, Skatterekneskapen og Årsmelding interkommunal arbeidsgiverkontroll.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna intern kontroll.
- Rekneskapsføringa, rapporteringa og framlegginga av rekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane.
- Utføringa av arbeidsgivarkontrollen.

Ikkje tilfredsstillande:

- Det er ikkje utført arbeidsgivarkontroll i tilstrekkeleg omfang. Det var utført 4,3% kontrollar mot ei krav på 5%. I 2014 var det utført 3,2% mot eit krav på 5%. Dette er likevel vesentleg betre enn i 2014. Viser til Årsmelding 2015 Skatteoppkrevjaren, pkt. 4.4.

Innkrevjinga/skatteinngangen:

- Det vert vist til Skatteetaten sin kontrollrapport, pkt. 3. og
- Årsmeldinga frå Skatteoppkrevjaren pkt. 3, samt skatterekneskapen.
- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2015 var kr 248.459.791. I 2014 var den kr 231.215.893. Dvs. ein auke kr 17.243.898, 7,45%. Viser til Årsmelding for Skatteoppkrevjaren pkt. 1.3.2 side 9.

Samrøystes vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding, Skatterekneskapen og Årsmeldinga interkommunal arbeidsgiverkontroll vedkomande Herøy kommune for 2015.

ORIENTERING

Rådmann og ordfører var innkalla for å informere om journalføring av post og då særleg e-post. Ordfører møtte ikkje, men rådmannen møtte.

Rådmannen gjorde ein enkel gjennomgang av regelverket og handteringa av post/e-post sendt den enkelte saksbehandlar. Han opplyser at det er sett fokus på dette, og det har blir mykje betre. Men ein har ingen garanti for at den enkelte saksbehandlar følgjer rutinane, slik at alt som skal journalførast vert gjort.

MØTET SLUTT.

Møteprotokollen går til:

Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte
Rådmann til orientering
Ordfører til orientering

NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Rådmannen

Saksnr
2016/502

Arkivkode
601

Dato
18.04.2016

ORIENTERING OM RAMMEAVTALE GRUNNENTREPRENØR- TENESTER

Vestlandsnytt hadde 8. april d.å. ei heilsides reportasje med overskrifta «Krev slutt på «entreprenørmonopol» i Herøy kommune». Bakgrunnen for reportasjen er eit felles brev datert 4. april d.å. som er sendt kommunen frå 11 entreprenørar i regionen vedkomande rammeavtalen kommunen har med grunnentreprenør. Reportasjen og brevet inneheld ein del påstandar og feil opplysningar som ein vil orientere om i dette notatet.

Kommunen har ei rekke rammeavtalar både gjennom ulike innkjøpssamarbeid med andre kommunar og eigne innan ulike innkjøpsområde. Bakgrunnen for bruk av rammeavtalar er m.a. å oppnå betre prisar, forenkle innkjøpsprosessane og ikkje minst å få prioritet hos leverandør slik at ein får levert varer og tenester til rett tid.

Kommunen har hatt rammeavtale med grunnentreprenør frå 2006. Den første var gjeldande frå 2006-2010 og den andre frå 2010-2014. Desse avtalane hadde ei øvre ramme på oppdrag etter rammeavtale på 500.000 kroner. Oppdrag over denne ramma skulle utlysast på anbod.

Gjeldande rammeavtale vart utlyst på anbod i samsvar med lov om offentlege anskaffingar i 2014 for ein periode på 2 år med opsjon på 1 + 1 år til. Anslag på totalverdien på avtalen var i utlysinga 15-25 mill.kroner. Det var ikkje sett noko øvre grense for oppdrag under rammeavtalen. Overraskande nok var det berre ein entreprenør som leverte anbod. Kontrakt vart skriven i mai 2014 og vart gjort gjeldande frå 1. juli 2014. Gjeldande avtale vart prolongert våren 2016 og er no gjeldande til 1. juli 2017, med moglegheit for forlenging med 1 år til.

Den vesentlege forskjella mellom tidlegare og gjeldande rammeavtale er at rammeavtalen no kan nyttast på prosjekt over 500.000 kroner.

I reportasjen i Vestlandsnytt og i brevet frå entreprenørane synest det som om kontraktsvilkåra i tidlegare og ny rammeavtale er blanda vert det sett fram ein del påstandar som ein finn grunn til å kommentere. Disse er:

- Det er feil slik det vert påstått at rammeavtalen som var utlyst i 2014 berre skulle omfatte mindre vedlikehald av kommunale rørleidningar og veganlegg. I utlysinga står det at avtalen gjeld graving, sprenging og massetransport m.m.
- Avtalen har heller ikkje ei ramme på 6 mill. kroner pr. år. Anslått totalverdi på avtalen er imidlertid i utlysinga anslått til 15 – 25 mill. kroner.
- Dei årlege kjøp frå entreprenør etter rammeavtale har ikkje vore i den storleiksorden som vert påstått i brevet frå entreprenørane. Rammeavtalen vart gjort gjeldande frå 01.07.2014. Innkjøp av entreprenørtenester ved bruk av rammeavtale kan variere svært mykje frå år til år. I 2014 var totale innkjøp via rammeavtale med entreprenør vel 7 mill. kroner ekskl. mva. fordelt på gammal og ny rammeavtale. I 2015 var kjøp via gjeldande rammeavtale vel 19 mill.kroner ekskl. mva.
- Det vert sett fram påstand som tyder på at entreprenørane meiner tildeling av oppdrag etter rammeavtale er direktetildeling. Det er ikkje rett. Kommunen praktiserar ikkje direktetildeling av oppdrag slik det vert påstått fleire stadar i reportasjen.
- Administrasjonen har hatt utfordringar med økonomisk avslutning av prosjekt så fort som ønskeleg og det er sjølv sagt beklageleg. Alle prosjekt blir imidlertid rapporterte tertialvis 3 gongar i året til både formannskap og kommunestyre i ein eigen tertialrapport. I desse rapportane er alle prosjekt oppførte med grunnlagsdokumentasjon og økonomisk oversikt. Ein vil gjere merksam på at dei fleste anleggsprosjekt også omfattar andre kostnader enn sjølve grunnentreprenørarbeidet. T.d. kan dette vere grunnkjøp, konsulentkostnader, prosjektleiing, arkeologiske utgravingar, materialar og teknisk utstyr som pumpestasjonar, slamavskiljarar og rørleidningar som vert kjøpt inn frå andre gjennom eigne konkurransar. Ein kan såleis ikkje ut frå tertialrapportane lese kva som er entreprenørkostnad eller andre kostnader. Normalt vil det heller ikkje framgå ved økonomisk avslutning då den dreiar seg om totale kostnader i forhold til løyving. Alle kostnader på eit prosjekt vert ført på prosjektnummer så alle kostnader kan hentast fram i rekneskapen til ei kvar tid.
- Ein av grunnane til at kommunen inngår rammeavtale er å forenkle innkjøpsprosessane. Bakgrunnen for at ein i 2006 inngikk rammeavtale på entreprenørarbeid var at ein hadde store problem med å få inn tilbod på slike arbeid. I nødsfall var ein også nøydd til å leige inn entreprenørar utan at det var gjennomført anbodskonkurranse etter gjeldande reglar. Dei siste 10 åra med stor aktivitet har det vore vanskeleg for kommunen å få inn anbod på anleggsprosjekt i det store og heile. Enten det har vore store eller små oppdrag. Rammeavtale har vist seg å vere ein effektiv måte å få gjennomført kommunen sine både små og mellomstore anleggsoppdrag.
- Praksisen med rammeavtalar er utan tvil praktisk og ressursparande for kommunen. M.a. med bakgrunn i dei rimeleg tungvinte og tidkrevjande prosessane som det offentlege er pålagt i lov om offentlege innkjøp heilt ned til den minste ting.
- Ein kjenner seg ikkje igjen i påstandane om useriøsitet og ulovleg praktisering i bruk av rammeavtalen.

Sluttkommentar:

Sidan avtalen vart inngått i 2014 har tidene endra seg drastisk innan nær sagt alle næringar. Det er dårlegare økonomiske tider/føresetnader for både privat og offentleg verksemd som i sterk grad påverkar aktivitetsnivået. Antal bygge- og anleggsprosjekt har hatt ein drastisk nedgang som truleg vil halde fram i fleire år frametter. Så også i Herøy kommune. Ein har såleis forståing for at det no er ein sterkare konkurranse om dei prosjekta som måtte vere i marknaden. Til no har ein ikkje sett at dette har gjort seg vesentleg utslag i lågare prisar,

men det vil truleg kome. Kommunen vil med dette som bakteppe sjølvsagt måtte vurdere å legge fleire av dei litt større oppdraga ut på anbod i staden for å bruke rammeavtale. Når det er sagt er ein imidlertid, overfor kontraktspart, forplikta til å halde seg til det grunnleggande i avtalen.

Med helsing

Olaus-Jon Kopperstad

R- lut

HERØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

U T S K R I F T

frå

M Ø T E B O K

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	05/16	033/17	29.02.2016

SAK 05/16 MELDINGAR

Vedlegg

1. Rutinar post og journalføring m.m. – Arkivplan for Herøy kommune
Statsarkivet i Trondheim: Tilsyn med arkiva i Herøy kommune. Tilsynsrapport av 12.05.2014.
Rådmannen var innkalla for å orientere om rutinar for post og journalføring. Dette vart gjort på slutten av møtet.
2. E-post frå Bjarne Kvalsvik av 19.02.2016.
Bjarne Kvalsvik har i e-post av 19.02.2016 stilt spørsmål om det er rett og i tråd med lovverk at rådmann kan fatte vedtak som er endelege og ikkje kan påklagast. Saka gjeld vedtak med avslag på forespørsel om kjøp av areal. Kvalsvik opplyser at han har stilt spørsmål om dette vedtaket i kommunestyret.

Rådmannen fekk spørsmål vedkomande e-posten frå Kvalsvik om kjøp av areal. Han vil sende over korrespondansen i denne saka til sekretariatet..

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek meldinga og orienteringa om postrutinar og journalføring til vitende.
2. Kontrollutvalet stiller spørsmål om rådmannen kan avgjere forespørslar om kjøp av kommunal eigedom utan behandling i kommunestyret, og om slike vedtak ikkje kan klagast på.

Rett utskrift

Åram, 04. mars 2016

Ida Birgitte Marholm
Sekretær

Utskrift til: **Rådmann for tilbakemelding, jf. pkt. 2.**
Kommunestyret til orientering, jf. pkt. 2.

R- best

Olaus-Jon Kopperstad

Fra: Olaus-Jon Kopperstad
Sendt: 9. mars 2016 12:12
Til: 'Hans Sande'
Kopi: Arnulf Goksøyr; Jarl Martin Møller (jarl.martin.moller@heroy.kommune.no)
Emne: SV: Spørsmål i kommunestyret.

Hei,

Administrasjonen arbeider med å få oversikt over alt kommunalt areal (ubebygd) og gjere ei vurdering kva som kan avhendast. Denne oversikta er ikkje klar på noverande tidspunkt. Pga. fleire oppseiingar i avdelinga kan eg heller ikkje stipulere når dette er klart.

Før denne oversikta er klar, ynskjer rådmannen ikkje å behandle enkeltsaker. Dette er ikkje eit avslag på søknaden, men ei orientering om at det vil ta litt tid før denne oversikta ligg føre, og før ein deretter kan ta stilling til enkeltsøknader.

Dette til orientering.

Helsing

OLAUS-JON KOPPERSTAD

Konstituert rådmann

7008 1300/ 7008 1304

www.heroy.kommune.no

Fra: Hans Sande [mailto:hanssande@tussa.com]
Sendt: 9. mars 2016 10:18
Til: Olaus-Jon Kopperstad
Emne: VS: Spørsmål i kommunestyret.

Fra: Hans Sande [mailto:hanssande@tussa.com]
Sendt: 7. mars 2016 09:48
Til: 'olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no'
Emne: SV: Spørsmål i kommunestyret.

Herøy kommune v/Konstituert rådmann
Olaus-Jon Kopperstad.

Takk for deres orjentering i saken, men finn ikkje svar på mine spørsmål til deg.

1. Har avdelingsleier Jarl Martin Møller fullmakt til å avslå søknad om kjøp av kommunale eigendommer uten å gå om våre folkevalte organ? Og kva tid har han fått slikt løyve ?

2. Dette avslaget er endelig og kan ikkje påklagast vidare, skriv han, Kva lov heimel er fatta på ?

Håper på snarlig svar før eg går videre med saken.
På førehand takk.

Med hilsen
Hans Sande.

Fra: Helge Sande [<mailto:helgesande@hotmail.com>]
Sendt: 29. februar 2016 16:13
Til: Hans Sande; A Marte
Emne: VS: Spørsmål i kommunestyret.

Sendt fra min Sony Xperia™-smarttelefon

---- Opprinnelig melding ----

Emne: VS: Spørsmål i kommunestyret.

Sendt: 29. feb. 2016 3.43 p.m.

Fra: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>

Til: "Helge Sande (helgesande@hotmail.com)" <helgesande@hotmail.com>

Kopi: "Jostein Støylen (Jostein.stoylen@vestkontroll.no)" <Jostein.stoylen@vestkontroll.no>

Hei,

Nedanfor er svaret som vart sendt til Bjarne Kvalsvik.

Helsing

OLAUS-JON KOPPERSTAD

Konstituert rådmann

7008 1300/ 7008 1304

www.heroy.kommune.no

Fra: Jarl Martin Møller
Sendt: 19. februar 2016 12:37
Til: Olaus-Jon Kopperstad; Bjarne Kvalsvik
Emne: SV: Spørsmål i kommunestyret.

Bakgrunn for vårt svar er tidlegare korrespondanse der søkjar har bedt om å få kjøpe omsøkt område. Denne saka vart overført frå eigedom til utvikling mai 2015.

Søkjar sin henvendelse:

23/01 2013.

Søknad om kjøp av Skogen i Sandeskaret, Gnr15 Bnr3.

Ønsker og kjøpe skogen i Sandeskaret av Herøy Kommune.

Vil gi dere et bud på 1kr pr m2. Skogen er sterkt skada etter

orkanen i romjula 2011. Eg er eigar av skogen som grensar til 15/3,

14/8. Planen på sikt er å etablere et byggefelt der å regulere det.

I vår første svarbrev opplyste vi om følgjande:

Vi arbeider for tida med å skaffe oss ei oversikt over ledig areal, eigd av Herøy kommune, som er klargjort og kan seljast til private interessentar.

Sandeskogen er ein eigedom med eit samla areal på om lag 28,5 dekar og er i kommuneplanens arealdel vist som LNFR-område (landbruks-, natur og friluftsfomål, samt reindrift. Eigedomen er i den overordna kommuneplanen ikkje tenkt nytta til utbyggingsområde. Det ligg heller ikkje føre planar om ei omregulering av dette området som kommunen kjenner til pr dato. Ein kan med bakgrunn i dette ikkje tilrå eit sal av denne eigedomen til det formålet det blir søkt om.

Søkjar søkte på nytt i desember 15 der han opplyste om følgjande:

I 2006 overtok eg jorda som har gått i arv i generasjonar.

Eg driv fortsatt med dyr for å halde landskapet vårt intakt og for å drive vidare til neste generasjon.

Eg har etterkommarar som ønsker å ta over å drive vidare når den tid kjem og eg synst det er viktig

å legge eit godt grunnlag for dei.

Eg driv blant anna med utgangarsau.

I den forbindelse kunne eg tenkt meg å ha eit større beiteområde og meir beite til sauene.

Så langt har eg måtta leige beite.

Eit av stykka eg eig er g/bnr 14/8 i Sandeskaret. Til det grensar 15/3 som Herøy Kommune eig.

Mitt ønske er å kunne få kjøpe 15/3 med Herøy Kommune for å kunne slå saman dei to stykka til eit godt beiteareal for utgangarsau.

Der er pr. idag mykje skog. Mykje av den kan eg ta ut til tømmer/ved og ein del av den blir fint til le for sauene.

Etter vår vurdering :

Vi arbeidar med å få oversikt over alt kommunalt areal (ubebygd) og gjere ei vurdering kva som kan avhendast. Denne oversikta er ikkje klar på noverande tidspunkt. Pga. fleire oppseiingar i avdelinga kan eg heller ikkje stipulere når dette er klart.

Det er ikkje klagerett på slike avgjerder.

Helsing

JARL MARTIN MØLLER

Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: Olaus-Jon Kopperstad
Sendt: 19. februar 2016 08:39
Til: Jarl Martin Møller
Kopi: Bjarne Kvalsvik
Emne: Spørsmål i kommunestyret.

Sjå vedlegg som vart lagt fram av Bjarne Kvalsvik i møtet.

Bjarne Kvalsvik stilte spørsmål om det som står om klage. Svar på dette kan sendast han på mail.

Helsing

OLAUS-JON KOPPERSTAD

Konstituert rådmann

7008 1300/ 7008 1304

www.heroy.kommune.no

Fra: skanner@heroy.kommune.no [<mailto:skanner@heroy.kommune.no>]
Sendt: 19. februar 2016 09:33
Til: Olaus-Jon Kopperstad
Emne: Vedlegg